




VALG

Valhandbok

Oversikt over regelverket som gjeld
ved gjennomføring av val



Kommunal- og
moderniseringsdepartementet

INNHALDSLISTE

1	INNLEIING.....	9
2	TIDSPUNKT FOR VAL - VALDAGEN	9
3	VALORGANA OG DELEGERING	11
3.1	VALORGANA	11
3.1.1	Valstyret.....	11
3.1.2	Røystestyret	11
3.1.3	Fylkesvalstyret.....	12
3.2	OMGREPET VALFUNKSJONÆR	12
3.3	SAKSBEHANDLINGSREGLAR FOR VALSTYRET/FYLKESVALSTYRET	13
3.4	DELEGERING AV MYNDIGHEITA TIL VALSTYRET	13
4	RØYSTERETT, MANNTAL OG VALKORT	14
4.1	KVEN HAR RØYSTERETT?	14
4.2	ANSVAR FOR MANNTALSFØRINGA.....	14
4.3	IKT OG MANNTALET	14
4.3.1	<i>Uttrekk frå folkeregisteret per 2. januar – førebels manntal</i>	<i>15</i>
4.4	GRUNNLAGET FOR MANNTALET. ANSVARET TIL FOLKEREREGISTERMYNDIGHEITENE....	15
4.5	KVEN SKAL MANNTALSFØRAST I KOMMUNEN?.....	15
4.5.1	<i>Personar registrerte som busette i kommunen</i>	<i>15</i>
4.5.2	<i>Personar busette på Svalbard og Jan Mayen.....</i>	<i>16</i>
4.5.3	<i>Personar busette i utlandet. Søknad om innføring i manntalet.....</i>	<i>16</i>
4.5.4	<i>Tilsette i diplomatiet eller konsulatvesenet og husstanden deira.....</i>	<i>16</i>
4.6	UTLEGGING AV MANNTALET TIL OFFENTLEG ETTERSYN	17
4.7	KOPIAR AV MANNTALET TIL DEI SOM STILLER LISTE VED VALET	17
4.8	OPPLYSNINGAR SOM IKKJE SKAL LEGGJAST UT TIL ETTERSYN	18
4.9	GRUNNLAG FOR OPPDATERING AV MANNTALET FRAM MOT VALDAGEN.....	18
4.9.1	<i>§ 1 a) Krav om retting av feil, oppdaga feil eller klage</i>	<i>18</i>
4.9.2	<i>§ 1 b) Flyttemelding som ikkje var blitt registrert då manntalet vart skrive ut ...</i>	<i>19</i>
4.9.3	<i>§ 1 c) Søknad om manntalsføring frå utanlandsbuande.....</i>	<i>19</i>
4.9.4	<i>§ 1 d) Melding om at utanlandsbuande har flytta tilbake til Noreg.....</i>	<i>19</i>
4.9.5	<i>§ 1 e) Erverv av norsk statsborgarskap.....</i>	<i>20</i>
4.9.6	<i>§ 1 f) Melding om dødsfall</i>	<i>20</i>
4.9.7	<i>§ 1 g) Melding om at ikkje-norsk statsborgar med røysterett er flytta ut avlandet</i>	<i>20</i>
4.10	OPPDATERING AV MANNTALET.....	20
4.10.1	<i>Vilkår for oppdatering fram til valdagen</i>	<i>20</i>
4.10.2	<i>Ingen må dobbeltførast eller falle heilt ut.....</i>	<i>20</i>
4.10.3	<i>Veljaren har gjeve førehandsrøyst</i>	<i>21</i>
4.10.4	<i>Underretning til veljarar som oppdateringar har konsekvensar for.....</i>	<i>21</i>
4.11	PRODUKSJON, UTFORMING, UTSENDING OG BRUK AV VALKORT	21

4.11.1	<i>Lovgrunnlaget</i>	21
4.11.2	<i>Kven skal ha valkort?</i>	21
4.11.3	<i>Grunnlaget for produksjon av valkort</i>	22
4.11.4	<i>Utsending av valkort</i>	22
4.11.5	<i>Tidspunktet for produksjon og utsending av valkort</i>	22
4.11.6	<i>Kva opplysningar skal elektroniske valkort innehalde?</i>	22
4.11.7	<i>Kva opplysningar skal valkort på papir innehalde?</i>	22
5	REGISTRERING AV PARTI I PARTIREGISTERET	23
5.1	KRAV TIL SØKNADEN	23
5.2	ENDRING AV PARTINAMN	23
5.3	AVREGISTRERING	24
5.4	OPPDATERING AV OPPLYSNINGAR I REGISTERET	24
5.5	PARTILOVNEMNDA	24
6	KVEN SOM KAN VELJAST	24
6.1	STORTINGSVAL	24
6.1.1	<i>Kven som kan veljast til Stortinget</i>	24
6.1.2	<i>Utelukking frå val til Stortinget</i>	25
6.1.3	<i>Tidspunkt for å kunne veljast til Stortinget</i>	25
6.1.4	<i>Fritaksgrunnar for val til Stortinget</i>	25
6.2	FYLKESTINGSVAL OG KOMMUNESTYREVAL	25
6.2.1	<i>Kven som kan veljast til fylkesting og kommunestyre</i>	25
6.2.2	<i>Utelukking frå val til fylkesting og kommunestyre</i>	26
6.2.3	<i>Tidspunkt for å kunne veljast til fylkesting og kommunestyre</i>	27
6.2.4	<i>Fritaksgrunnar for val til fylkesting og kommunestyre</i>	27
7	LISTEFORSLAG OG BEHANDLINGA AV DESSE	28
7.1	INNLEING	28
7.2	INNLEVERINGSFRIST	28
7.3	INNLEVERING AV LISTEFORSLAG	28
7.4	OVERSKRIFT PÅ LISTEFORSLAG	29
7.5	KANDIDATANE	29
7.5.1	<i>Kor mange kandidatar skal/kan førast opp?</i>	29
7.5.2	<i>Identifisering av kandidatane</i>	30
7.5.3	<i>Vedlegg</i>	31
7.6	UNDERSKRIFTER PÅ LISTEFORSLAG	31
7.6.1	<i>Registrerte parti</i>	31
7.6.2	<i>Uregistrerte grupper</i>	32
7.7	TILLITSVALD OG TILLITSUTVAL	34
7.8	VALSTYRET/FYLKESVALSTYRET SI BEHANDLING AV LISTEFORSLAGA	35
7.9	UNDERRETNING TIL KANDIDATANE	36
7.10	ENDRINGAR I LISTEFORSLAG ETTER AT INNLEVERINGSFRISTEN HAR GÅTT UT	36
7.10.1	<i>Generelt</i>	36
7.10.2	<i>Endringar etter at innleveringsfristen har gått ut</i>	37
7.10.3	<i>Om ein kandidat døyir etter at listeforslaga er godkjende</i>	37
7.11	GODKJENNING AV VALLISTENE	38

7.11.1	<i>Frist</i>	38
7.11.2	<i>Underretning til forslagsstillarane</i>	38
7.12	KLAGE.....	38
8	RØYSTESETLAR	39
8.1	INNLEING.....	39
8.2	PLIKT TIL Å TRYKKJE RØYSTESETLAR	39
8.3	RØYSTESETLAR TIL FØREHANDSRØYSTEGJEVINGA OG VALTINGET	40
8.4	RØYSTESETLAR TIL FORSLAGSSTILLARANE	40
8.5	KVA SOM SKAL STÅ PÅ RØYSTESETELEN.....	40
8.6	FELT FOR Å ENDRE PÅ RØYSTESETLANE	41
8.6.1	<i>Stortingsval</i>	41
8.6.2	<i>Fylkestingsval og kommunestyreval</i>	41
8.7	STORLEIKEN PÅ RØYSTESETLANE	41
8.8	PAPIRKVALITET OG FARGE	41
8.9	SKRIFTSTORLEIK, BOKSTAVTYPE OG TOSIDIG TRYKK	42
8.10	TELJEMERKE, KODAR OG LIKNANDE.....	43
8.11	ENDRINGAR PÅ RØYSTESETLANE	43
8.11.1	<i>Stortingsval</i>	43
8.11.2	<i>Kommunestyre- og fylkestingsval</i>	43
8.12	RETTLEIING TIL VELJARANE	44
9	VALMATERIELL	44
9.1	MATERIELL SOM BLIR SENDT UT TIL VALSTYRA	44
9.1.1	<i>Offisielle røystesetelkonvoluttar</i>	44
9.1.2	<i>Avkryssingsrøystesetel</i>	45
9.2	MATERIELL SOM VALSTYRA SJØLVE MÅ ANSKAFFE	46
9.3	UNIVERSELT UTFORMA VALUTSTYR	47
10	FØREHANDSRØYSTEGJEVING – INNANRIKS	48
10.1	TIDLEGRØYSTEGJEVING	48
10.1.1	<i>Opningstid for tidlegrøystegjeving</i>	49
10.1.2	<i>Tilrettelegging, framgangsmåte, valmateriell og manntal</i>	49
10.2	TIDA FOR ORDINÆR FØREHANDSRØYSTEGJEVING INNANRIKS	51
10.2.1	<i>Opningstider</i>	51
10.3	TILGJENGELEGHEIT OG TILRETTELEGGING FOR VAL	51
10.3.1	<i>Universell utforming</i>	52
10.3.2	<i>Aktivitetsplikta til kommunen</i>	52
10.3.3	<i>Krav til lokala der førehandsrøystegjeving skal skje – val av lokale</i>	53
10.3.4	<i>Tilrettelegging i lokala</i>	54
10.4	STAD FOR FØREHANDSRØYSTEGJEVINGA	55
10.4.1	<i>Innleiing</i>	55
10.4.2	<i>«[...] der valgstyret ellers beslutter[...]»</i>	56
10.4.3	<i>På kjøpesenter</i>	56
10.4.4	<i>På skular, universitet og høgskular</i>	57
10.4.5	<i>I fengsel og militærleirar</i>	57
10.4.6	<i>På helse- og omsorgsinstitusjonar</i>	57

10.4.7	<i>Ambulerande røystegjeving</i>	58
10.5	KUNNGJERING AV FØREHANDSRØYSTEGJEVING.....	58
10.6	RØYSTEMOTTAKARANE	58
10.6.1	<i>Talet på valfunksjonærar ved røystemottak</i>	59
10.6.2	<i>To røystemottakarar</i>	59
10.7	FORBOD MOT VALAGITASJON MV	59
10.7.1	<i>Valagitasjon</i>	59
10.7.2	<i>Opplysningar om forbruket av røysetelar</i>	59
10.8	LEGITIMASJON.....	60
10.9	FRAMGANGSMÅTEN VED FØREHANDSRØYSTEGJEVINGA.....	61
10.9.1	<i>Utgangspunkt og hovudregel</i>	61
10.9.2	<i>Veljarar som er manntalsførte i eigen kommune – rett i urne</i>	61
10.9.3	<i>Dersom elektronisk manntal ikkje er tilgjengeleg – beredskapssituasjon</i>	62
10.9.4	<i>Bruk av røysetelkonvolutt i «særlege tilfelle»</i>	63
10.9.5	<i>Dersom veljaren ikkje finst i manntalet eller allereie er kryssa av</i>	64
10.9.6	<i>Dersom veljaren er manntalsført i ein annan kommune</i>	64
10.9.7	<i>Stempel på røysetelen</i>	64
10.9.8	<i>Urner</i>	66
10.9.9	<i>Talet på valfunksjonærar ved røystemottak</i>	67
10.9.10	<i>Generelle føresegner</i>	67
10.9.11	<i>Rett til assistanse ved røystegjevinga</i>	68
10.9.12	<i>På helse- og omsorgsinstitusjonar</i>	68
10.9.13	<i>På pasientrom og i trygde- og omsorgsbustader</i>	68
10.9.14	<i>Ambulerande røystegjeving</i>	69
10.9.15	<i>Veljarar med nedsette kognitive evner</i>	69
10.10	FOR SEINT INNKOMNE FØREHANDSRØYSTER	70
10.10.1	<i>Gjeldande rett</i>	70
10.10.2	<i>Praktiske tips til rutinar</i>	71
11	FØREHANDSRØYSTEGJEVING – UTANRIKS	71
11.1	INNLEING.....	71
11.2	TID FOR FØREHANDSRØYSTEGJEVINGA UTANRIKS, PÅ SVALBARD OG JAN MAYEN	71
11.3	KORLEIS FØREHANDSRØYSTE	71
11.4	STAD FOR FØREHANDSRØYSTEGJEVINGA.....	72
11.5	MATERIELL TIL FØREHANDSRØYSTEGJEVINGA	72
11.6	STEMPEL PÅ RØYSESETLAR AVGJEVNE UTANRIKS.....	73
12	RØYSTEGJEVING PÅ VALDAGEN	73
12.1	TID FOR RØYSTEGJEVINGA – VAL ÉIN ELLER TO DAGAR	74
12.2	TID FOR RØYSTEGJEVINGA – OPNING OG LUKKING AV VALLOKALA.....	74
12.3	UNIVERSELL UTFORMING	75
12.4	STAD FOR RØYSTEGJEVINGA.....	75
12.4.1	<i>Talet på vallokale</i>	75
12.5	KUNNGJERING AV TID OG STAD FOR RØYSTEGJEVING	76
12.6	MATERIELL TIL RØYSTEGJEVINGA I VALLOKALET	76
12.7	ORDENSREGLAR, FORBOD MOT VALAGITASJON MV. I VALLOKALET	77
12.8	FORBOD MOT VELJARUNDERSØKINGAR OG LIKNANDE I VALLOKALET	78

12.9	RØYSTEGJEVING I VALLOKALET.....	78
12.9.1	<i>Innleiing</i>	78
12.9.2	<i>Logistikk i vallokalet</i>	78
12.9.3	<i>Framgangsmåte og rutinar ved røystegjeving</i>	79
12.9.4	<i>Elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen</i>	81
12.9.5	<i>Papirmanntal – mottak av «framande røyster»</i>	81
12.9.6	<i>Veljarar som ikkje står i manntalet i kommunen</i>	82
12.9.7	<i>Veljarar som er kryssa av i manntalet / som har førehandsrøysta</i>	82
12.9.8	<i>Rett til assistanse ved røystegjevinga</i>	82
12.9.9	<i>Røystegjeving rett utanfor vallokalet</i>	83
12.9.10	<i>Veljarar med nedsette kognitive evner</i>	84
13	FORSEGLING OG OPPBEVARING AV VALMATERIELL	84
13.1	KRAV TIL FORSEGLING	84
13.2	TØMMING AV URNER	84
13.2.1	<i>Førehandsrøystegjevinga</i>	84
13.2.2	<i>På valtinget</i>	85
13.3	OPPBEVARING OG TRANSPORT AV VALMATERIELL.....	85
14	PRØVING OG GODKJENNING AV FØREHANDSRØYSTEGJEVINGAR.....	87
14.1	NÆRARE OM GODKJENNINGSPROSESSEN FOR FØREHANDS- OG VALTINGSRØYSTER	87
14.2	TIDSPUNKT FOR PRØVING AV FØREHANDSRØYSTEGJEVINGAR	88
14.3	OPNING AV FØREHANDSRØYSTEGJEVINGAR AVGJEVNE I RØYSTESETELKONVOLUTT..	89
14.4	VILKÅR FOR GODKJENNING AV FØREHANDSRØYSTEGJEVINGAR.....	89
14.4.1	<i>Innleiing</i>	89
14.4.2	<i>Dei enkelte vilkåra</i>	90
14.5	FEILSENDE FØREHANDSRØYSTEGJEVINGAR	94
14.6	FLEIRE RØYSTESETELKONVOLUTTAR FRÅ SAME VELJAR	94
14.7	AVKRYSSING I MANNTALET	94
15	PRØVING OG GODKJENNING AV VALTINGSRØYSTEGJEVINGAR	95
15.1	INNLEING.....	95
15.2	PRØVING AV VALTINGSRØYSTEGJEVINGANE	95
15.2.1	<i>Innleiing</i>	95
15.2.2	<i>Vilkår for godkjenning av valtingsrøystegjevingar lagde i urna</i>	95
15.2.3	<i>Vilkår for godkjenning av røystegjevingar i særskilt omslag</i>	96
16	PRØVING OG GODKJENNING AV RØYSTESETLAR.....	97
16.1	INNLEING.....	97
16.2	VILKÅR FOR GODKJENNING AV RØYSTESETLAR.....	97
16.3	REGISTRERING AV BLANKE RØYSTER	101
16.4	RØYSTESETLAR SOM IKKJE ER EINSLYDANDE MED DEI OFFISIELLE	102
16.5	KVA TYDER RETTINGAR PÅ RØYSTESETLAR.....	102
17	OPPTELJING AV RØYSTESETLAR.....	103
17.1	PRINSIPP FOR OPPTELJING.....	103
17.2	MANUELL FØREBELS OPPTELJING	104

17.3	MASKINELL OPPTELJING (SKANNING).....	104
17.4	FØREBELS OPPTELJING.....	105
17.4.1	<i>Kva tid skal den førebelse oppteljinga ta til?</i>	105
17.4.2	<i>Framgangsmåten ved den førebelse oppteljinga</i>	106
17.5	ENDELEG OPPTELJING	106
17.5.1	<i>Kva tid skal den endelege oppteljinga starte?</i>	106
17.5.2	<i>Framgangsmåten ved endeleg oppteljing</i>	107
17.6	UTBYTING AV RØYSTESETLAR UNDER OPPTELJING	107
17.7	OVERSENDING AV VALMATERIELL TIL FYLKESVALSTYRET.....	107
17.8	KRAV TIL KVITTERING FOR OVERLEVERING AV VALMATERIELL	108
18	VALOPPGJER VED STORTINGSVAL	109
18.1	VALDISTRIKT VED STORTINGSVAL. TALET PÅ STORTINGSREPRESENTANTAR	109
18.2	FORDELING AV MANDATA PÅ VALDISTRIKTA VED STORTINGSVAL	109
18.3	FORDELING AV DISTRIKTSMANDATA MELLOM VALLISTENE. KANDIDATKÅRINGA	110
18.4	RIKSVALSTYRET SI FORDELING AV UTJAMNINGSMANDATA	111
18.5	FULLMAKTER TIL DEI VALDE REPRESENTANTANE. UNDERRETNING TIL DEI VALDE.....	112
19	VALOPPGJER VED FYLKESTINGSVAL	113
19.1	FYLKESVALSTYRET SI FORDELING AV REPRESENTANTPLASSANE	113
19.2	KANDIDATKÅRINGA	113
20	VALOPPGJER VED KOMMUNESTYREVAL	114
20.1	VALSTYRET SI FORDELING AV REPRESENTANTPLASSANE	114
20.2	KANDIDATKÅRINGA	115
21	PROTOKOLLERING AV VAL	116
22	KONTROLL OG GODKJENNING	116
22.1	STORTINGSVAL.....	116
22.1.1	<i>Fylkesvalstyret sin kontroll av valet</i>	116
22.1.2	<i>Fleire oppteljingsstader</i>	117
22.1.3	<i>Statsforvaltaren sin kontroll av stortingsvalet i Oslo</i>	117
22.1.4	<i>Stortinget sin kontroll av valet</i>	118
22.2	KOMMUNESTYREVAL.....	118
22.3	FYLKESTINGSVAL.....	119
22.4	LOVLEGKONTROLL	119
22.5	OMVAL.....	120
23	KLAGER OVER VALET	120
23.1	KVEN HAR KLAGERETT?	120
23.2	KVA KAN DET KLAGAST OVER	120
23.3	SÆRREGLAR SOM GJELD KRAV OM RETTING I MANNTALET OG KLAGE KNYTT TILLISTEFORSLAG	120
23.4	KLAGEFRIST	121
23.5	KRAV OM SKRIFTLEGHEIT	121
23.6	KVAR KLAGA SKAL SETJAST FRAM.....	121

23.7	KVEN SOM ER KLAGEINSTANS.....	121
23.7.1	<i>Stortingsval</i>	121
23.7.2	<i>Kommunestyreval og fylkestingsval</i>	121
23.8	KLAGEBEHANDLINGA OG FØLGJENE AV DENNE.....	122
23.9	KLAGER OVER FORHOLD SOM IKKJE KAN RETTAST	122
24	OPPBEVARING, AVHENDING OG TILINKJESGJERING	
	AV VALMATERIELL.....	123
24.1	INNLEING.....	123
24.2	UBRUKT VALMATERIELL	123
24.3	BRUKT VALMATERIELL	123
24.3.1	<i>Konvoluttar</i>	123
24.3.2	<i>Røystesetlar</i>	123
24.3.3	<i>Valkort</i>	124
24.3.4	<i>Avkryssa manntalslister</i>	124
25	VALOBSERVASJON.....	124
25.1	RAMMEVERKET – DEI INTERNASJONALE FORPLIKTINGANE VÅRE	124
25.2	VALLOVA § 15-10.....	124
25.3	FØREMÅLET MED VALOBSERVASJON.....	125
25.4	SÆRLEG OM OSSE/ODIHR	126
25.4.1	<i>Om OSSE/ODIHRs ulike former for valobservasjon</i>	126
25.5	INTERNASJONALE FORPLIKTINGAR, STANDARDAR OG RETNINGSLINJER FOR VAL GENERELT	127
25.6	AKKREDITERING AV VALOBSERVATØRAR	128
25.6.1	<i>Søknad om akkreditering</i>	128
25.6.2	<i>Akkrediteringskort</i>	129
25.6.3	<i>Rettleiing for valobservatørar</i>	129
25.7	VALOBSERVATØRANE SINE FORPLIKTINGAR	129
25.8	LOKALE MYNDIGHEITER SINE FORPLIKTINGAR	131
26	LOKALE FOLKERØYSTINGAR	131
27	ULIKE FØRESEGNER	132
27.1	GENERELT	132
27.2	FORSØK.....	132
27.2.1	<i>Avgrensingar</i>	133
27.2.2	<i>Søknader</i>	133
27.3	BEREKNING AV FRISTAR.....	133
27.3.1	<i>Å gå over fristen</i>	134
27.4	UTGIFTENE VED STORTINGSVAL.....	134
28	ANNA LOVGJEVING SOM GJELD FOR VAL.....	134
28.1	FORVALTNINGSLOVA OG OFFENTLEGLOVA.....	134
28.1.1	<i>Innleiing</i>	134
28.1.2	<i>Offentlegheit</i>	135
28.1.3	<i>Innsyn i søknad om fritak frå å stå på valliste</i>	135
28.1.4	<i>Offentlegheit i samband med oppteljing av røyster</i>	135

28.1.5	<i>Innsyn i røystesetlane</i>	136
28.1.6	<i>Inhabilitet</i>	136
28.2	STRAFFELOVA.....	136
28.2.1	<i>Kjøp og sal av røyster og utilbørleg røstepåverknad</i>	136
28.2.2	<i>Urettkomen valdeltaking</i>	137
28.2.3	<i>Etterfølgjande påverknad av valresultatet</i>	137
28.3	ALKOHOLLOVA	137
28.4	FLAGGING PÅ VALDAGANE	138
29	KYRKJEVAL	138
29.1	REGELVERKET FOR KYRKJEVALET. ANSVARET FOR GJENNOMFØRING AV KYRKJEVALET	138
29.2	TID OG STAD FOR RØYSTEGJEVING VED KYRKJEVALET	138
29.3	SAMARBEID MELLOM VALMYNDIGHEITENE I KOMMUNANE OG SOKNERÅDA .	139

1 INNLEIING

Gjennomføring av val til Stortinget, fylkesting og kommunestyre skjer i samsvar med lov 28. juni 2002 nr. 57 (vallova) med seinare endringar og valforskrifta av 2. januar 2003 med seinare endringar.

Denne handboka gjev ei oversikt over regelverket som gjeld ved gjennomføring av val. Handboka gjer greie for føresegnene i vallova og valforskrifta basert på førearbeida til vallova og tolkingar departementet har gjort i samband med brev og telefonførespurnader frå kommunane, fylkeskommunane og statsforvaltarembeta. Vallova og valforskrifta må lesast parallelt med handboka.

Stortinget har vedteke mellombelse endringar i vallova basert på forslag frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet i Prop. 89 L (2020–2021). Forslaga skal bidra til ei smittevernfhagleg forsvarleg gjennomføring av valet og vil blant anna syte for at veljarar som er pålagde karantene eller isolasjon på grunn av covid-19, får høve til å røyste, og å gje kommunane auka fleksibilitet ved gjennomføringa av røystinga. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har også vedteke midlertidige bestemmelsler i valforskrifta, som pålegg valstyret å syrgje for at røystegjevinga gjennomførast på ein smittevernfhagleg forsvarleg måte.

Desse endringane er omtalte i eigne felt med oransje boks. Smittevernrettleiaren er omtalt i eigne felt med raud boks. Fleire stader blir det vist til nemnde boksar med grøn skrift.

Det er viktig at valstyra syter for å gje valfunksjonærar og særleg røystemottakarar nødvendig opplæring. Det er heilt avgjerande for ei korrekt gjennomføring av valet. Mange av dei feila som skjer, kunne vore unngått med ei grundigare opplæring.

Handboka er lagd ut på Internett: www.valg.no. Ho blir jamt oppdatert ved behov.

Valdirektoratet vart formelt oppretta 1. januar 2016. Direktoratet har blant anna ansvar for å støtte kommunane og fylkeskommunane i den praktiske gjennomføringa av val.

Departementet har utvikla eit elektronisk valadministrasjonssystem til bruk ved val. Dette datasystemet har fått nemninga EVA og består av to ulike delsystem: eit administrasjonssystem (EVA Admin) og eit system for maskinell oppteljing (EVA Skanning). Administrasjonssystemet er nytta av alle kommunar og fylkeskommunar. EVA Skanning vel kommunane og fylkeskommunane sjølv om dei ønskjer å bruke. EVA blir drifta og forvalta av Valdirektoratet. Valdirektoratet forvaltar i tillegg nettstaden valgresultat.no og utarbeider valprognosar.

Det finst ei eiga brukarrettleiing for bruk av systemet på valmedarbeidarportalen til Valdirektoratet: <https://valgmedarbeiderportalen.valg.no>.

Valstyret har plikt til å syte for å setje inn tiltak for å sikre ei smittevern­fagleg forsvarleg gjennomføring av førehandsrøystegjevinga og valtinget ved stortingsvalet i 2021, jf. valforskrifta §§ 26 a og 30 a. Dette vil mellom anna seie at det må setjast inn tiltak som bidreg til at sjuke valfunksjonærar og røystestyremedlemer ikkje deltek i førehandsrøystegjevinga og røystegjevinga på valtinget, og at det er sett inn hygienetiltak samt kontaktreduserande tiltak. Valstyret må gjere ei konkret vurdering ut frå lokale tilhøve av kva tiltak som er naudsynte å setje inn for å sikre ei smittevern­fagleg forsvarleg gjennomføring av valet.

Valstyret skal syte for at det er mogleg å halde ein avstand på minst éin meter til andre under røystegjevinga. Det kan likevel i somme situasjonar vere vanskeleg eller umogleg å halde eit slikt avstandskrav i tilfelle der veljaren har behov for assistanse ved røystegjevinga. Det er difor gjort unntak frå regelen om éin meters avstand i slike tilfelle. I så fall bør gjeldande råd om bruk av personleg verneutstyr følgjast så langt som mogleg.

Stortings- og sametingsvalet 2021 gjennomførast i ei krevjande tid som følgje av covid-19-pandemien. Valet skal gjennomførast og alle røysteføre skal få høve til å røyste.

Det ligg eit ansvar på fleire for at valet blir gjennomført på ein smitteførebyggjande måte. Dette føreset:

- Alle tek eit individuelt ansvar for å utøve godt smittevern under covid-19-utbrotet. Det betyr at dei tre hovudprinsippa for smittevern må overhaldast av alle. Det betyr at sjuke personar skal halde seg heime, syte for god hand- og hostehygiene og godt reinhald, halde tilrådd avstand til andre enn sine nærmaste og generelt redusert kontakt mellom personar.
- Eit godt samarbeid mellom valmedarbeidarar, veljarar og andre som har oppgåver knytte til valg gjennomføringa
- Kommunar og fylkeskommunar må i god tid før valet skaffe ei oversikt over kva personar og verksemdar som har oppgåver knytte til valg gjennomføringa
- At alle som er involverte i gjennomføringa av valet må få informasjon om smitteverntiltaka som gjeld, og må inkludrast i beredskapsplanar. Sjå Informasjonsmateriell om covid-19 på nettsidene til [Folkehelseinstituttet](#) og [Helsedirektoratet](#).
- Kommunane og fylkeskommunane må gjere ei risikovurdering av arbeidsmiljøet for dei som arbeider med valet, enten som administrativt tilsette eller som innleigde valmedarbeidarar. Det vil også seie at arbeidsgjevar bør gjere ei individuell vurdering av tilsette som tilhøyrrer gruppa [høgare risiko](#) for alvorleg forløp av covid-19, med tanke på behov for tilrettelagt arbeid.
- At arbeidsgjevar basert på risikovurderinga utarbeider ein plan og sett inn tiltak for å hindre smittespreiing. Dette er særleg viktig i valg gjennomføring, der svært mange menneske er involverte over ein kort periode. Les meir om risikovurdering på nettsidene til Arbeidstilsynet.
- At arbeidsgjevar tek ansvar for å sikre tilgang på verneutstyr i dei tilfella det er naudsynt, samt naudsynt opplæring i bruken av dette.

Sjå meir i [smittevernrettleiaren for valg gjennomføringa under covid-19-utbrotet](#).

2 TIDSPUNKT FOR VAL - VALDAGEN

Vallova § 9-1 fastset at stortingsval haldast i alle kommunar på ein og same dag i september månad i det siste året av kvar stortingsperiode. Fylkestings- og kommunestyreval haldast i alle kommunar på ein og same dag i september månad kvart fjerde år. Vala skal haldast i det andre året av kvar stortingsperiode. I samsvar med § 9-2 set Kongen fast valdagen til ein måndag.

Kommunestyret kan sjølv vedta at det på éin eller fleire stader i kommunen skal haldast val også søndagen før den offisielle valdagen, jf. vallova § 9-2 andre ledd.

3 VALORGANA OG DELEGERING

3.1 Valorgana

Føresegnene om valstyre, røystestyre og fylkesvalstyre går fram av kapittel 4 (§§ 4-1 til 4-3) i vallova. Riksvalstyret, som berre blir oppnemnt i samband med stortingsval, er regulert i § 4-4.

3.1.1 Valstyret

Etter vallova § 4-1 skal det i kvar kommune vere eit valstyre som blir valt av kommunestyret sjølv. Kommunane kan ikkje leggje til grunn at den tidlegare ordninga med formannskapet som valstyre blir vidareført. I uttrykket «*kommunestyret sjølv*» ligg at myndigheita til å velje valstyre ikkje kan delegerast.

Valstyret er eit kommunalt folkevalt organ heimla i særlov, jf. kommunelova § 7-2 bokstav i. Dette inneber at reglane i kommunelova for slike organ skal brukast. Reglane om kven som kan veljast, følgjer av kommunelova §§ 7-2 og 7-3. Ein må sjå til at krava til kjønnsmessig representasjon i kommunelova §§ 7-5, 7-6 og 7-7 blir oppfylt.

Kommunestyret kan for eksempel ikkje velje medlemene av formannskapet som valstyre dersom det fører til at krava i kommunelova til kjønnsmessig samansetjing ikkje blir oppfylte.

Valstyret har ansvaret for å førebu og gjennomføre valet på kommunalt nivå.

3.1.2 Røystestyret

Dersom røystegjevinga går føre seg fleire stader i kommunen, skal eit røystestyre med minst tre medlemmer administrere røystegjevinga på kvar stad. Eit røystestyre er eit kommunalt folkevalt organ heimla i særlov, jf. kommunelova § 7-2 bokstav i. Dette inneber at reglane i kommunelova for slike organ skal brukast. Medlemene i røystestyra vil etter kommunelova vere folkevalde, og reglane i kommunelova om rettar og plikter for folkevalde gjeld for medlemene.

Røystestyret skal bestå av minst tre medlemmer, jf. vallova § 4-2.

Elles kan kommunestyret fastsetje kor mange medlemmer det skal vere i røystestyra. Røystestyra kan setjast saman av kommunalt tilsette og/eller politikarar. Dersom ein vel politikarar, bør ein syte for ei samansetjing med representantar frå fleire parti.

Ein kan òg velje personar som ikkje er politikarar, så lenge dei er folkeregisterførte som busette i kommunen, jf. kommunelova § 7-2 andre ledd bokstav b.

**Dette kravet gjeld ikkje for stortingsvalet 2021, sjå oransje boks nedanfor.*

*Som følge av pandemien er det vedteke ei mellombels føresegn i kommunelova § 7-2 a om valbarheit for røystestyremedlemer ved stortingsvalet i 2021. Kravet om at røystestyremedlemer må vere folkeregisterførte som busette i kommunen, gjeld ikkje ved dette valet. Endringa er gjort for å gjere det enklare å rekruttere til røystestyre.

Kommunestyret vel medlemer til røystestyra og leiarar/nestleiarar. Val av røystestyre kan delegerast til valstyret, jf. vallova § 4-2.

Det er ikkje krav om at røystestyret skal veljast blant personar som bur i den aktuelle røystekrinsen. Det er likevel ikkje noko til hinder for å følge eit slikt prinsipp når røystestyra skal veljast.

Det er etter vallova § 9-3 (4) avgrensingar i kva oppgåver listekandidatar kan ha ved gjennomføringa av val. Listekandidatar kan ikkje veljast til røystestyra, og dei kan heller ikkje tenestegjere som røystemottakarar eller valfunksjonærar.

Grunngjevinga er at det er prinsipielt uheldig at kandidatar som sjølve stiller til val, har direkte kontakt med veljarane i røystesituasjonen. Føresegna gjeld berre dei som er listekandidatar ved det aktuelle valet. Dei som var listekandidatar ved kommunestyrevalet og fylkestingsvalet, er ikkje av den grunn utestengde frå å kunne tenestegjere ved stortingsvalet, så sant dei ikkje er listekandidatar også ved dette valet.

3.1.3 Fylkesvalstyret

I samsvar med vallova § 4-3 skal det i kvar fylkeskommune vere eit fylkesvalstyre som fylkestinget sjølv vel. Elles gjeld tilsvarende reglar for fylkesvalstyret som for valstyret.

3.2 Omgrepet valfunksjonær

Det følgjer av lova at oppgåva til røystestyret er å administrere valgjennomføringa på røystestaden. I dette ligg at røystestyret har ansvar for at valavviklinga skjer i samsvar med reglane i vallova og valforskrifta. Røystestyret kan sjølv utføre alle oppgåvene valgjennomføringa krev. Lova pålegg likevel ikkje røystestyra å utføre alle oppgåvene sjølve. Det er heller ikkje eit krav i lova at alle som utfører oppgåver i vallokala, skal vere medlemer av røystestyret.

Kommunen kan for eksempel engasjere kommunalt tilsette, studentar, skoleelevar og pensjonistar som valmedarbeidarar. Gjeremåla deira kan for eksempel vere å gje praktisk rettleiing til veljarane. Dei kan krysse av i manntalet, stemple røystesetlar og sjå til at veljarane legg røystesetlane i valurna. Dei kan også telje opp røystesetlar, dersom ein skal gjere ei førebels opteljing på røystestaden.

Det vil likevel vere røystestyret sitt ansvar å føre møtebok, der styret protokollfører kva

som skjer på røystestaden.

Lova bruker nokre stader omgrepet røystemottakar om alle som tek imot røyster under røystegjevinga. Ved førehandsrøystegjevinga oppnemner ein røystemottakarar. Kommunane bestemmer sjølve kven som skal oppnemnast.

Omgrepet valfunksjonær er nytta som ei samlenemning om alle personar som har oppgåver i vallokala eller oppgåver knytte til gjennomføringa av valet. Det vil seie både røystestyremedlemer, røystemottakarar og andre som hjelper til.

Vallova § 9-3 fjerde ledd fastset at listekandidatar ved kommuneval ikkje kan oppnemnast som valfunksjonærar i vallokala i den aktuelle kommunen og at listekandidatar ved stortingsval og fylkestingsval ikkje kan oppnemnast til valfunksjonær i vallokala i ein av kommunane i vedkomande valdistrikt.

Valforskrifta § 25a slår fast at listekandidatar ved stortingsval eller fylkestingsval, ikkje kan oppnemnast som valfunksjonær i vallokala ved førehandsrøystegjevinga i kommunane i vedkomande valdistrikt. I samsvar med kommunelova § 7-3 (6) kan heller ikkje kandidat ved kommunestyrevalet veljast til røystestyre i kommunen. Ein kandidat ved stortingsvalet eller fylkestingsvalet kan ikkje veljast til røystestyre i nokon av kommunane i valdistriktet.

Stortings- og sametingsvalet 2021 vil bli prega av covid-19-pandemien. Ved årets val kan det bli behov for fleire valfunksjonærar enn normalt. Som følgje av pandemien vil kanskje fleire veljarar førehandsrøyste, og det kan også bli eit større omfang av ambulerande røystegjeving, fordi veljarar i isolasjon må røyste heime. Det same vil gjelde nokre veljarar som er i karantene. Det bør også takast høgde for at røystemottakarar/røystestyremedlemer kan kome i isolasjon eller karantene.

Det er opna for å opprette ekstra vallokale ved lokale smitteutbrot for å spreie veljarar på valtinget. Ekstra vallokale vil krevje fleire valfunksjonærar samt eige røystestyre. Kommunane må også planleggje bemanning ved røystestader for veljarar i karantene.

Kommunane må ta med dette i vurderinga si i beredskapsplanen sin. Det bør sjåast på alternativ for å rekruttere valfunksjonærar ved t.d. å samarbeide med andre kommunar om ei sams reserve med valfunksjonærar. For å gjere det enklare å rekruttere til røystestyre, er det vedteke at kravet til at røystestyremedlemer må vere folkeregistrert busette i kommunen, ikkje gjeld ved dette valet.

3.3 Saksbehandlingsreglar for valstyret/fylkesvalstyret

Reglane i kommunelova om saksbehandling i folkevalde organ gjeld tilsvarende for valstyret/fylkesvalstyret. Styra må såleis ta avgjerder i møte, og dei må følgje reglane om opne/lukka dører, om dei er vedtaksføre og anna, jf. kommunelova kapittel 11.

Dei enkelte kommunane og fylkeskommunane bestemmer sjølve organiseringa av dei administrative valoppgåvene.

3.4 Delegering av myndigheita til valstyret

Føresegnene i kommunelova om delegering av myndigheit til administrasjonen skal brukast, jf. kommunelova § 13-1 sjette ledd.

Kommunedirektøren kan gjevast vedtaksmyndigheit som ligg til valstyret etter lova. Det er likevel avgrensingar når det gjeld omfang og sakstype.

Delegeringsretten gjeld i «*saker som ikke har prinsipiell betydning*». Dette er ein skranke både for kva valstyret kan delegere, og for korleis delegeringsfullmakta kan nyttast. Det er ikkje høve til å delegere generell avgjerdsmyndigheit i saker som må vurderast å vere av prinsipiell betydning. Delegeringsvedtaket må lesast med den avgrensinga at den som har fått delegert myndigheit, har plikt til å gå tilbake til valstyret dersom ei enkeltsak innanfor ei generell fullmakt må vurderast å ha prinsipiell betydning. Kva som er av prinsipiell betydning, må setjast fast ut frå karakteren til og konsekvensane av vedtaket. Føresegna gjev dermed valstyret eit vidt rom for å vurdere kva som i det enkelte tilfellet er forsvarleg og føremålstenleg.

Det er ikkje mogleg å gje eksakte svar på kva som er rekna for å vere av prinsipiell betydning slik at myndigheita ikkje kan delegerast. Som ei rettleiing kan ein seie at saker som er av rein praktisk art, sjeldan vil vere av prinsipiell betydning. Det vil typisk vere gjeremål som å setje opp manntal og leggje det ut til alminneleg ettersyn, kome med kunngjeringar, lage lister over klager, underrette veljarar og kandidatar, trykkje røstesetlar og liknande. Prøving og godkjenning av kurante førehandsrøystegjevingar har ikkje noko prinsipielt å seie, og kan også delegerast.

Ei myndigheit som typisk vil ha noko prinsipielt å seie, og som dermed ikkje kan delegerast, er for eksempel å ta avgjerder om listeforslag og om ei tilbakekalling av listeforslag skal godkjennast, og dessutan forkasting av røystegjevingar.

Denne opprekninga av eksempel på kva som er av prinsipiell og ikkje-prinsipiell art, er ikkje meint å vere uttømmande.

4 RØYSTERETT, MANNTAL OG VALKORT

4.1 Kven har røysterett?

Ved stortingsval har ein norsk statsborgar røysterett dersom desse vilkåra er

oppfylte (jf. vallova § 2-1): Norske statsborgarar som

- vil ha fylt 18 år innan utgangen av valåret og som
- ikkje har mista røysteretten etter Grunnlova § 53 og som
- er eller har nokon gong vore folkeregisterført som busett i Noreg. Tilsette i diplomatiet eller konsulatvesenet og husstanden deira har røysterett sjølv om dei ikkje oppfyller busetjingskriteriet.

Ved kommunestyre- og fylkestingsval har følgjande personar røysterett, jf. vallova § 2-2:

- alle som har røysterett til stortingsval
- statsborgarar i andre nordiske land (det vil seie Danmark, Island, Finland eller Sverige), har fylt 18 år innan utgangen av valåret og har vore registrerte som busette i Noreg seinast 30. juni i valåret
- andre utanlandske statsborgarar som har fylt 18 år innan utgangen av valåret og har vore registrerte som busette i Noreg samanhengande dei tre siste åra før valdagen

Når det gjeld butid for utanlandske statsborgarar, er det eit krav at butida er registrert som samanhengande dei tre siste åra.

4.2 Ansvar for manntalsføringa

Departementet har ansvaret for å rette opp i manntalet og omarbeide oppdateringane som blir overførte frå folkeregistermyndigheita). Dette ansvaret er delegert til Valdirektoratet¹. Det skjer gjennom valadministrasjonssystemet EVA, som alle kommunar og fylkeskommunar har tilgang til.

Valstyra skal syte for at personar med røysterett som har vore busette utanfor landet i meir enn 10 år, blir førte inn i manntalet i kommunen der personen sist var registrert som busett. Desse veljarane må søkje valstyret om innføring. Det kan dei gjere samtidig med at dei røystar.

4.3 IKT og manntalet

Kommunane kan sjølv vedta å ta i bruk ei ordning med elektronisk avkryssing i manntalet på valtinget, jf. vallova § 9-5 a. Røystestyret skal da krysse av i det elektroniske manntalet både for veljarar som er manntalsført i vedkomande krins, og for veljarar som er manntalsførte i andre krinsar i kommunen. Røystestyra i kommunar som nyttar denne ordninga, tek altså ikkje imot såkalla «framande røyster» i særskilt omslag, og avkryssinga skjer også for desse veljarane direkte i vallokalet.

¹ <https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2017-01-23-79>

4.3.1 Uttrekk frå folkeregisteret pr. 2. januar – førebels manntal

Folkeregistermyndigheita skal stille eit uttrekk av folkeregisteret pr. 2. januar i valåret til disposisjon for kommunar og fylkeskommunar.

Bakgrunnen for det er at kommunane og fylkeskommunane har behov for tilgang til manntalsopplysningar før skjeringsdatoen 30. juni, for å kontrollere om dei føreslegne kandidatane er valbare, og for å kontrollere underskriftene på vallistene før dei skal godkjennast per 1. juni (jf. punkt 7.11). Kommunane har også behov for å vurdere røystekrinsinndelinga.

Det førebelse manntalet skal leverast direkte frå folkeregistermyndigheita til EVA.

Uttrekket er basert på røysterettsvilkåra per 2. januar i valåret, og vil ikkje vere noko reelt manntal etter lova. Det vil også naturleg nok innehalde feilinformasjon knytt til røysterett, sidan det er opplysningane per 30. juni som skal leggjast til grunn for manntalet og valbarheita.

4.4 Grunnlaget for manntalet. Ansvar til folkeregistermyndigheitene

Det er folkeregisteret som dannar grunnlaget for manntalet, jf. vallova § 2-5.

Folkeregistreringa skjer i samsvar med lov 9. desember 2016 nr. 88 om folkeregistrering (folkeregisterlova) og forskrift til folkeregisterlova (folkeregisterforskrifta) fastsett 14. juli 2017 av Skattedirektoratet. Forskrifta har detaljerte reglar om kvar ein person skal reknast som busett. Valmyndigheitene kan ikkje ta avgjerder om manntalsføringa som er i strid med folkeregistreringa.

Etter vallova § 2-5 har folkeregistermyndigheita ansvar for å stille til disposisjon for valmyndigheitene opplysningar om kven som skal førast inn i manntala til kommunane. Opplysningane skal overførast til EVA.

4.5 Kven skal manntalsførast i kommunen?

4.5.1 Personar registrert busette i kommunen

Det er folkeregisteret per 30. juni i valåret som blir lagt til grunn for manntalet. Alle personar som har røysterett, skal manntalsførast i den kommunen der dei var registrerte som busette på dette tidspunktet. Det har altså ikkje noko å seie om veljaren flyttar etter 30. juni og dermed vil vere registrert som busett i ein annan kommune på valdagen, jf. vallova § 2-4 første ledd.

Det er datoen når folkeregisteret får melding om flyttinga, som er avgjerande, ikkje den faktiske flyttedatoen. Om ein person flyttar frå Lillevik til Storevik kommune den 20. juni og melder frå om flyttinga først 1. juli, skal vedkomande manntalsførast i Lillevik kommune. At det er datoen når folkeregisteret får melding, som er avgjerande, inneber også at det ikkje har noko å seie for veljarane om folkeregisteret ikkje er heilt oppdatert når det gjeld flyttemeldingar som er mottekne innan 30. juni. I slike tilfelle sender folkeregisteret etterfølgjande melding til valstyret, som må syte for å oppdatere manntalet.

4.5.2 Personar busette på Svalbard og Jan Mayen

Personar med røysterett som er busette på Svalbard og Jan Mayen, skal manntalsførast i den kommunen på fastlandet der dei sist var folkeregisterførte som busette, jf. vallova § 2-4 andre ledd.

4.5.3 Personar busette i utlandet. Søknad om innføring i manntalet

For norske statsborgarar er det ikkje eit vilkår for røysterett å vere busett i Noreg på valdagen. Etter folkeregisterlova § 4-3 blir ein person som flyttar til eit land utanfor Norden for å busetje seg der, registrert som utflytta. Alle norske statsborgarar som har røysterett, blir automatisk førte inn i manntalet i den kommunen der dei var registrerte som busette på utflyttingstidspunktet i den første 10-årsperioden etter utflyttinga.

Når utanlandsopphaldet har vart i meir enn 10 år, sluttar den automatiske manntalsføringa. Dei som då ønskjer å delta ved valet, må sende søknad om å bli innførte i manntalet. Søknaden skal sendast til den kommunen der vedkomande sist var registrert som busett.

Ein søknad om manntalsføring skal innehalde ei erklæring om at veljaren framleis er norsk statsborgar. Det er ikkje krav om nokon attestasjon av statsborgarskapet. Erklæringa frå søkjaren er nok. I dei fleste tilfelle skjer søknaden om innføring i manntalet ved at veljaren fyller ut og skriv under på omslagskonvolutten som blir brukt ved utanriks røystegjeving. Søknaden kan likevel fremjast i eit eige brev, jf. vallova § 2-4 tredje ledd. Søknader som er feilsende, må sendast til rett kommune.

Personar som har røysterett og har røysta, og som søkjer om innføring i manntalet fordi vedkomande har budd i utlandet i meir enn 10 år, skal førast inn i manntalet. Slik røystegjeving med søknad må vere valstyret i hende innan klokka 17.00 dagen etter valdagen. Sjå nærmare under punktet om valstyret og oppdatering av manntalet.

4.5.4 Tilsette i diplomatiet eller konsulatvesenet og husstanden deira

Tilsette i diplomatiet eller konsulatvesenet, og husstanden deira, har røysterett uavhengig av om dei nokon gong har vore registrerte som busette i Noreg, jf. vallova § 2-1 første ledd siste punktum.

Dersom dei nokon gong har vore registrerte som busette i Noreg, skal dei førast inn i manntalet i den kommunen der dei sist var registrerte som manntalsførte. Manntalsføringa skjer automatisk, uavhengig av lengda på utanlandsopphaldet. Dersom dei ikkje har vore folkeregisterførte som busette i Noreg nokon gong, skal dei manntalsførast i Oslo, jf. vallova § 2-4 fjerde ledd.

4.6 Utlekking av manntalet til offentlig ettersyn

Vallova legg til grunn at folkeregistermyndighetene så snart som mogleg etter skjeringsdatoen 30. juni overfører manntalsopplysningane (rådata) til EVA. Kommunane får tilgang til manntalet i EVA, og kan skrive ut manntalet frå systemet. Så snart det lèt seg gjere, skal valstyret leggje manntalet ut til offentlig ettersyn, jf. vallova § 2-6 første ledd. Det er ikkje fastsett nokon bestemd dato for utlegginga, men det er føresett at det skal skje så snart det lèt seg gjere.

Valstyret skal kunngjere tid og stad for utlegginga og opplyse om høvet til og framgangsmåten for å krevje feil retta, jf. vallova § 2-6 (2).

Vallova har tidlegare pålagt valstyret å setje opp ei liste over dei som har søkt om innføring i manntalet, men utan å ha blitt innført, og å gje desse melding. Ei slik føresegn er ikkje vidareført, sidan alminnelege forvaltningsrettslege prinsipp allereie pålegg offentlege myndigheiter plikt til å gje aktuelle personar slik informasjon.

4.7 Kopiar av manntalet til dei som stiller liste ved valet

Valforskrifta § 3 fastset at alle som stiller liste ved valet, har rett til eitt gratis eksemplar av manntalet. Det er likevel eit krav at dei bestiller dette innan fristen som valstyret set. Lova opererer ikkje lenger med ein bestemd frist. Fristen skal gjere det mogleg for valstyret å gjere ei samla bestilling. Forslagsstillarane må gjerast merksam på den fristen valstyret har vedteke. Det kan til dømes skje ved kunngjering eller direkte førespurnad til forslagsstillarar i valdistriktet.

Forskrifta § 3 fastset at eit krav om manntalseksemplar må setjast fram for valstyret i den vedkomande kommunen. Forslagsstillarar til fylkestingsval og stortingsval må såleis setje fram krav overfor valstyra i dei ulike kommunane i valdistriktet.

Forslagsstillarane har ikkje krav på å få meir enn eitt eksemplar av manntalet. Det er likevel ikkje noko i vegen for at dei kan få tilgang til fleire eksemplar, dersom dei sjølte tek på seg kostnadene knytte til dette. Etter forskrifta kan forslagsstillarane også be om oppgåver over bestemte grupper veljarar (typisk førstegongsveljarar), dersom dei sjølte betaler for det. Det er fastsett eigne retningslinjer for kven som kan få desse opplysningane, og korleis dei skal leverast ut.

Manntalsavskrifter og eventuelt anna materiell som byggjer på manntalet, kan berre brukast til politiske føremål. Det er ikkje høve til å overlate manntal til utanforståande med mindre føremålet er politisk omarbeiding. Med overlate er meint både sal og utlån. Med «utanforståande» er meint dei som ikkje er medlem av eller har anna tilknytning til partiet. Manntal skal ikkje nyttast til kommersielle føremål. Føresegnene er ikkje til hinder for at partia lèt ikkje-medlemmer – for eksempel ein datasentral – få tilgang til opplysningane i manntalet for å omarbeide opplysningane til det politiske føremålet til partiet/gruppa. Manntalet kan også nyttast til politiske føremål som ikkje har direkte tilknytning til valarbeid.

Det er ikkje høve til å kople manntalet til andre offentlege register.

Valstyret må halde oversikt over utleverte manntalseksemplar, sidan dei skal syte for at dei blir leverte tilbake seinast innan to år.

Valstyret bør syte for at dei som får manntalsavskrifter, blir gjorde kjende med regelverket.

4.8 Opplysningar som ikkje skal leggjast ut til ettersyn

Datatilsynet har gjeve uttrykk for den oppfatninga at tidlegare personopplysningslov (lov 14. april 2000 nr. 31) § 12 ikkje gav heimel for å ta personnummer med i manntal som skal sendast til politiske parti. Grunngevinga er at det ikkje ligg føre sakleg behov for det.

Valforskrifta § 4 slår fast kva opplysningar som skal med i utleggingsmanntalet. Det skal berre innehalde namn, adresse, fødselsdato og ev. manntalsnummer og krinsopplysningar til dei manntalsførte.

4.9 Grunnlag for oppdatering av manntalet fram mot valdagen

Etter vallova § 2-3 andre ledd skal manntalet oppdaterast på grunnlag av meldingar frå folkeregistermyndigheita fram til laurdag før valdagen. Det sikrar eit likt manntal for heile landet når valtinget opnar. Manntalet blir i dei fleste tilfelle oppdatert automatisk etter filer Valdirektoratet får frå folkeregistermyndigheita. Manntalet skal oppdaterast på grunnlag av oppdateringar frå folkeregistermyndigheita fram til og med laurdag før valdagen.

Dei enkelte valstyra har likevel ansvar for å oppdatere manntalet med eventuelle manuelle endringar som ikkje kjem via oppdateringane frå folkeregistermyndigheita. Det gjeld berre innføring av norske statsborgarar som har budd i utlandet i meir enn 10 år, og som søker og gjev ei røyst fram til og med fristen kl. 17.00 dagen etter valdagen, og dessutan oppretting av feil etter klage som ikkje er ein del av oppdateringane som kjem frå folkeregistermyndigheita.

Valforskrifta § 1 inneheld føresegner om kva forhold som kan danne grunnlag for oppdatering, dvs. innføringar i eller strykingar frå manntalet slik dette låg føre då det vart overført frå folkeregistermyndigheitene.

4.9.1 § 1 a) Krav om retting av feil, oppdaget feil eller klage

Det er ikkje ofte det førekjem feil i manntalsutkasta, men det kan sjølvsagt skje. Det er presisert at krav om retting etter forskrifta § 1 bokstav a ikkje gjeld flyttingar etter 30. juni. At nokon flyttar etter skjeringsdatoen og såleis står manntalsførte i ein annan kommune enn der vedkomande er folkeregistrert som busett på valdagen, er ikkje ein feil. Det er ikkje høve til å oppdatere manntalet på grunnlag av flyttemeldingar mottekne etter 30. juni. Det er folkeregisteropplysningar som skal leggjast til grunn når det gjeld kvar personar med røysterett var busette den 30. juni i valåret. Det er ikkje høve til å føre manntalet i strid med folkeregisteropplysningar på dette tidspunktet.

Dersom manntalet ikkje stemmer overeins med folkeregisteropplysningane, må valstyret rette dette så snart det blir merksam på feilen, anten det skjer på bakgrunn av krav om retting eller fordi valstyret sjølv er blitt merksam på feilen. Kan feilen rettast via overføringar frå folkeregistrermyndigheita til EVA, skal ikkje valstyret sjølv rette i manntalet.

Legg manntalet til grunn feil opplysningar, er manntalsføringa ugyldig. Dersom valstyret ikkje følgjer opp eit krav om retting i manntalet, vil det såleis vere ein feil ved valavviklinga som ein kan klage på etter dei alminnelege klagereglane i vallova kapittel 13. I eit slikt tilfelle må manntalet oppdaterast dersom klaga blir teken til følgje.

Det kan også tenkjast at strid om manntalsinnføring kjem av usemje knytt til om den aktuelle veljaren har røysterett eller ikkje. Striden står altså ikkje om kvar vedkomande eventuelt skal manntalsførast, men om røysterettsvilkåra er oppfylte. Kjem valstyret til at vedkomande ikkje har røysterett, kan veljaren klage på avgjerda etter klageføresegnene i kapittel 13. Dersom klagaren får medhald, må valstyret oppdatere manntalet.

4.9.2 § 1 b) Flyttemelding som ikke var blitt registrert da manntallet ble skrevet ut

4.9.3 Det er ikkje alltid folkeregisteret er fullstendig oppdatert med registrering av flyttemeldingar som er mottekne innan skjeringsdatoen. Veljaren blir strøken i manntalet til fråflyttingskommunen og ført inn i manntalet til tilflyttingskommunen. Det skjer automatisk i EVA.

4.9.4 § 1c) Søknad om manntallsføring fra utenlandsboende

Når valstyret tek imot ein søknad om innføring, skal opplysningane i søknaden leggjast til grunn og vedkomande førast inn i manntalet dersom veljaren sist var folkeregisterført i den aktuelle kommunen. Valstyret må først kontrollere opplysningane til søkjaren når det gjeld kvar vedkomande sist var folkeregistrert som busett. Feilsende søknader må sendast til rett kommune.

4.9.5 § 1 d) Melding om at utenlandsboende har flyttet tilbake til Norge

Dersom ein veljar har vore utanlandsbuande i kortare tid enn ti år og flyttar tilbake til den tidlegare heimkommunen sin, fører ikkje heimflyttinga til tiltak verken frå EVA eller frå folkeregisteret. Vedkomande er automatisk innført i manntalet til rett kommune. Det skjer i EVA.

I andre tilfelle skal det skje endringar i manntalet.

Desse tilfella kan tenkjast:

- 1) Ein veljar som har budd ute i kortare tid enn ti år, flyttar tilbake til ein annan kommune enn der vedkomande var busett på utflyttingstidspunktet. Folkeregistermyndigheita sender melding via overføringar til EVA, slik at vedkomande veljar blir ført høvesvis inn og ut av manntalet.

2) Ein veljar som har budd ute i meir enn ti år, flyttar tilbake til Noreg og buset seg i den kommunen han budde då han flytta ut. Folkeregistermyndigheita sender melding via overføringar til EVA. Veljaren blir ført inn i manntalet til kommunen.

3) Ein veljar som har budd ute i meir enn ti år, flyttar tilbake til Noreg og buset seg i ein annan kommune enn der han budde då han flytta ut. Folkeregistermyndigheita sender melding via overføringar til EVA. Veljaren blir ført inn i manntalet til den nye busetjingskommunen.

4.9.6 § 1 e) Erverv av norsk statsborgerskap

Dersom erverv av norsk statsborgarskap fører til at ein person får røysterett, sender folkeregistermyndigheita straks melding til EVA, og vedkomande blir ført inn i manntalet. Det skjer automatisk i EVA.

4.9.7 § 1 f) Melding om dødsfall

Dersom nokon som er innført i manntalet, døyr før valdagen, skal vedkomande strykast frå manntalet. Unntak gjeld i tilfelle der vedkomande allereie er kryssa av i manntalet for å ha gjeve godkjend førehandsrøyst. Det skjer automatisk i EVA.

4.9.8 § 1 g) Melding om at stemmeberettiget, ikke-norsk statsborger er flyttet ut av landet Dersom ein utanlandsk statsborgar med røysterett ved lokalval flyttar ut av landet, er vilkåra for røysterett ikkje lenger til stades. Vedkomande skal derfor strykast frå manntalet. Folkeregistermyndigheita sender melding via overføringar til EVA.

4.10 Oppdatering av manntalet

4.10.1 Vilkår for oppdatering fram til valdagen

Valforskrifta § 2, jf. § 1, fastset at det berre er visse forhold som kan føre til oppdatering etter 30. juni.

At krinsmanntala alt er skrivne ut, treng ikkje utgjere noko hinder for innføring. Det er ikkje noko i vegen for at den aktuelle veljaren blir ført inn på ei særskild side i manntalet som blir oppbevart hos valstyret, og at veljaren gjev ei «framand røyst». Valstyret prøver i så fall røystegjevinga etter at røystegjevinga er avslutta.

4.10.2 Ingen må dobbeltførast eller falle heilt ut

Det er eit overordna omsyn at oppdatering av manntalet i ein kommune ikkje må skje dersom det fører til at veljaren blir ført inn i to ulike manntal eller ikkje blir manntalsført i det heile teke. I EVA vil det ikkje vere mogleg å manntalsføre same person i fleire kommunar.

4.10.3 Veljaren har gjeve førehandsrøyst

Overføring av veljarar mellom manntala i to ulike kommunar kan heller ikkje skje dersom ein veljar har førehandsrøysta i den kommunen vedkomande først blei manntalsført. EVA handterer dette. Dersom det kjem ei melding frå folkeregistermyndigheita og veljaren har gjeve ei godkjend førehandsrøyst, \ blir denne oppdateringa ignorert.

Eventuelle førehandsrøyster som kjem inn til valstyret etter at ein veljar er blitt overført til eit anna manntal, må sendast vidare til den nye kommunen, som behandlar førehandsrøystegjevinga på vanleg måte.

4.10.4 Underretning til veljarar som oppdateringar vedkjem

Vallova § 2-8 pålegg valstyret snarast å sende melding til veljarar som endringar i manntalet vedkjem, når endringane kjem av ein søknad om innføring, krav om retting eller at valstyret er vorte merksam på feil. Bakgrunnen er at veljarane skal vite kvar dei har røysterett. Dersom oppdateringa skjer på bakgrunn av forhold som ikkje gjev veljaren grunn til å tru noko anna enn kva som faktisk er tilfelle, er det ikkje nødvendig å varsle veljaren. Det vil for eksempel vere tilfelle der folkeregisteret sender melding om ei flyttemelding som er motteken innan fristen, men som ikkje var blitt registrert før manntalet blei sett opp (automatiske oppdateringar i EVA).

4.11 Produksjon, utforming, utsending og bruk av valkort

4.11.1 Lovgrunnlaget

Etter vallova § 2-3 tredje ledd er det departementet som skal syte for at det blir sendt ut valkort til alle som har røysterett, unnateke på Svalbard og Jan Mayen.

Departementet har delegert denne myndigheita til Valdirektoratet.²

Lova § 2-9 opnar for at departementet kan gje forskrift om produksjon, utforming, utsending og bruk av valkort, inkludert om pliktene til valstyret i samband med produksjonen og utsendinga. Nærare reglar om valkorta er fastsette i valforskrifta kapittel 5. Her står det mellom anna at valstyret pliktar å gje departementet opplysningar om namnet på, adressa til og opningstidene i vallokala på valdagen (-ane), og dessutan opplysningar om manntalet i kommunen, som for eksempel rodeinndeling. Valstyret pliktar å opplyse om dette på den måten og innan den fristen som departementet bestemmer. I praksis registrerer kommunane desse opplysningane i EVA.

4.11.2 Kven skal ha valkort?

Lova fastset at valkort skal sendast ut til alle med røysterett som er innførte i manntalet i kommunen, og som er registrerte med bustadadresse innanriks. Unntak er gjort for dei som er busette på Svalbard og Jan Mayen.

² <https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2017-01-23-79>

4.11.3 Grunnlaget for produksjon av valkort

Valforskrifta § 22 andre ledd fastset at det er manntalet per 8. juli som skal leggjast til grunn for produksjonen av valkort. Alle oppdateringar som kan gjerast i manntalet til og med denne datoen, skal innarbeidast i manntalet før det blir «frose» for produksjon av valkort.

4.11.4 Utsending av valkort

Ved ei forskriftsendring i 2020 er det slege fast i valforskrifta § 22a at valkort skal sendast ut digitalt til dei røysteføre nemnde i vallova § 2-3 tredje ledd.

Veljarar som har reservert seg i register over digital kontaktinformasjon og reservasjon, skal få valkortet tilsendt som brevpost som tidlegare. Det same gjeld veljarar som ikkje har oppdatert eller stadfest opplysningane i registeret dei siste 18 månadene.

4.11.5 Tidspunktet for produksjon og utsending av valkort

Valkorta skal vere framme hos veljarane innan den ordinære førehandsrøystinga startar, jf. valforskrifta § 22 tredje ledd.

4.11.6 Kva opplysningar skal elektroniske valkort innehalde?

Valforskrifta § 22b første ledd fastset at det elektroniske valkortet skal innehalde desse opplysningane:

- a) kva val og år det gjeld for
- b) namnet, adressa og fødselsåret til veljaren
- c) namn på den kommunen veljaren er manntalsført i
- d) krins, rode, side, linje, manntalsnummer og kommunenummer
- e) adresse og opningstid til vallokalet på valdagen(-ane)

På valkortet skal det i tillegg opplysast om at veljar som er ukjend for røystemottakar, må vise legitimasjon for å få avgjeve røyst. På valkortet er det i tillegg eit felt på 150 teikn der valstyret kan bestemme at også annan informasjon skal førast på.

4.11.7 Kva opplysningar skal valkort på papir innehalde?

Valforskrifta § 23 første ledd fastset at valkort som blir sende ut som brevpost, skal innehalde følgjande opplysningar:

- a) kva for val og år det gjeld for
- b) namnet, adressa og fødselsåret til veljaren
- c) namnet og adressa til valstyret i kommunen der veljaren er manntalsført
- d) krins, rode, side, linje, manntalsnummer og kommunenummer
- e) adresse og opningstid til vallokalet på valdagen(-ane)
- f) felt der røystemottakar skal påføre tid og stad for røystegjevinga og signere for røystemottaket. På valkortet skal det opplysast om at veljar som er ukjend for røystemottakar, må vise legitimasjon for å få avgjeve røyst.

På baksida av valkortet blir det påført generell informasjon om valet. På valkortet er det i

tillegg eit felt på 150 teikn der valstyret kan bestemme at også annan informasjon skal førast på.

Det er ikkje nødvendig å ha med valkort for å røyste. Ingen veljarar skal avvisast dersom han eller ho ikkje har med valkortet.

5 REGISTRERING AV PARTI I PARTIREGISTERET

Reglane om registrering av politiske parti er flytta frå vallova til partilova (lov av 17. juni 2005) kapittel 2.

Det er oppretta eit partiregister ved Registereiniga i Brønnøysund. Alle parti som vil ha einerett til partinamn, eller som ønskjer å stille liste etter «forenkla reglar», jf. vallova § 6-3 første ledd, må registrere namnet sitt.

5.1 Krav til søknaden

Før partiet kan registrerast i Partiregisteret, må det vere registrert i Einingsregisteret, jf. partilova § 2 andre ledd. Elles skal følgjande leggjast ved søknaden, jf. partilova § 3 andre ledd:

- stiftingsdokument for partiet
- opplysning om kven som utgjer det utøvande organet i partiet med rett til å representere partiet sentralt i saker etter vallova
- vedtekt som fastset kven som vel det utøvande organet i partiet
- erklæring frå minst 5000 personar med røysterett ved stortingsval. Krav til erklæringane er nærare omtalte i bokstav d

Det er eit vilkår for registrering at namnet ikkje skal kunne forvekslast med namnet på eit anna partinamn som er registrert i Partiregisteret, eller ei samepolitisk eining som er registrert hos Sametinget. Dersom det ligg føre særlege grunnar, kan registreringsmyndigheita også elles nekte å registrere eit partinamn.

Søknaden må ha blitt journalført hos registreringsmyndigheita innan 2. januar i valåret for at registreringa skal kunne få verknad for valet.

5.2 Endring av partinamn

Berre parti som kan vise til ein viss oppslutnad ved sist stortingsval, nærmare bestemt 500 røyster i eitt fylke eller 5000 røyster i heile landet, kan søkje om å få registrere seg under eit nytt namn utan å måtte leggje fram 5000 nye underskrifter, jf. partilova § 4 første ledd. Den same regelen gjeld ved samanslåing av parti under eit nytt namn; dersom ikkje minst eitt av partia tilfredsstiller vilkåret om oppslutnad ved val, må det samlast inn 5000 nye underskrifter, jf. partilova § 4 andre ledd.

5.3 Avregistrering

Når eit registrert politisk parti ikkje har stilt liste i noko valdistrikt ved to stortingsval på rad, opphøyrer verknaden av registreringa, og partinamnet blir fritt, jf. partilova § 5 første ledd. Namnet skal då strykast frå Partiregisteret. Det same gjeld fire år etter at partiet er oppløyst eller har skifta namn.

5.4 Oppdatering av opplysningar i registeret

Dei registrerte partia skal halde Registereininga à jour når det gjeld kven som til kvar tid utgjer det utøvande organet i partiet, jf. partilova § 6 første ledd. Det er dette organet som har rett til å opptre på vegner av partiet sentralt i saker etter vallova. For å unngå at noko er uklårt i samband med innlevering av listeforslag, søknad om namneendring osv. er det svært viktig at det går klart fram kven som har rett til å opptre på vegner av partiet i saker etter vallova.

5.5 Partilovnemnda

Det er oppretta ei særskild nemnd – Partilovnemnda – til å behandle klager over vedtak i registreringssaker, jf. partilova § 8 første ledd. Partilovnemnda skal behandle klager over registrering av partinamn. Nemnda skal også behandle klager over vedtak som registreringsmyndigheitene har gjort om kven som har rett til å representere eit politisk parti. Vedtak i Partilovnemnda skal leggjast til grunn ved eit føreståande val, med mindre saka er teken til retten og det ligg føre ei rettskraftig rettsavgjerd («kjennelse» på bokmål) innan fristen for å levere inn listeforslag går ut den 31. mars. Det er med andre ord opplysningar som er registrerte i Partiregisteret den 31. mars i valåret, som blir lagde til grunn ved valet.

Utfyllande føresegner om registreringsordninga og om verksemda til registreringsmyndigheitene og Partilovnemnda er gjevne i forskrift (partilovforskrifta) med heimel i partilova §§ 9 og 27.

Førespurnader om Partiregisteret kan rettast til Registereininga i Brønnøysund.

6 KVEN KAN VELJAST

Dette kapitlet omtaler reglane i vallova om kven som kan veljast, om utestenging frå val, om tidspunkt for å kunne veljast og om fritaksgrunnar. Reglane om stortingsval er behandla under punkt 6.1, og reglane om fylkestingsval og kommunestyreval under punkt 6.2.

6.1 Stortingsval

6.1.1 Kven kan veljast til Stortinget

Vallova § 3-1 har reglar om kven som kan veljast og har plikt til å ta imot val til Stortinget. Valbar til Stortinget og pliktig til å ta imot val er kvar og ein som har røysterett ved valet, det vil seie alle som oppfyller røysterettsvilkåra i § 2-1, og som ikkje er utestengd (sjå nærmare punkt 6.1.2 og 6.1.3) eller friteken frå val (sjå nærmare punkt 6.1.4).

6.1.2 Utelukking frå val til Stortinget

Utestengingsreglane går fram av vallova § 3-1 (2). Desse kan ikkje veljast til Stortinget:

- a) Tilsette i departementa. Statsrådar, statssekretærar og politiske rådgjevarar kan likevel veljast.
- b) dommarar i Høgsterett
- c) tilsette i diplomatiet eller konsulatvesenet

Regelen som stengjer dei tilsette i departementa ute frå val, gjeld alle typar stillingar.

6.1.3 Tidspunkt for å kunne veljast til Stortinget

I samsvar med vallova § 3-1 (3) er det tilsetjingsforholdet på valdagen som er avgjerande for om ein kan veljast. Ein person som ikkje er valbar, kan såleis nominerast, men det er eit vilkår at vedkomande går ut av stillinga før valdagen. Det er ikkje tilstrekkeleg med permisjon.

6.1.4 Fritaksgrunnar for val til Stortinget

Reglane om kva som skal til for å kunne krevje fritak frå val til Stortinget, går fram av vallova § 3-2 (1). Desse har rett til fritak:

- a) den som har røysterett i eit anna valdistrikt enn der vedkomande er sett opp som kandidat på listeforslag
- b) den som har møtt som representant på alle Storting etter sist val
- c) Den som har avgjeve skriftleg erklæring om at vedkomande ikkje ønskjer å stå på den aktuelle vallista.

Dersom fritaksgrunnen blir lagd fram innan den fristen som fylkesvalstyret set, skal vedkomande strykast av listeforslaget.

Sjølv om retten til å strykast av listeforslaget er tapt fordi fristen har gått ut, har den som er vald til stortingsrepresentant, likevel rett til å leggje fram fritaksgrunnane etter valet. Dette er motsett av det som gjeld ved val til fylkesting og kommunestyre. Vallova § 3-2 (3) fastset at fritaksgrunnen i så fall må leggjast fram for fylkesvalstyret innan tre dagar etter at den aktuelle kandidaten har fått melding om valet.

6.2 Fylkestingsval og kommunestyreval

6.2.1 Å kunne veljast til fylkesting og kommunestyre

Vallova § 3-3 har føresegner om kven som er valbare og har plikt til å ta imot val til fylkesting og kommunestyre.

Valbar til kommunestyret og fylkestinget er kvar og ein som har røysterett ved valet, og som på valdagen er folkeregistrert som busett i vedkomande kommune/fylkeskommune, jf. vallova § 3-3 (1) og (2). Det vil seie at kandidatane anten må vere norske statsborgarar eller utanlandske statsborgarar med tre års samanhengande registrert butid i Noreg før valdagen. For statsborgarar frå dei andre nordiske landa er det tilstrekkeleg at dei har flytta til Noreg og er registrerte i folkeregisteret innan 30. juni, som er skjeringsdatoen for manntalsregistreringa.

Vidare må kandidatane fylle 18 år innan utløpet av valåret, og dei må ikkje ha mista røysteretten eller vere utestengde (sjå nærmare punkt 6.2.2 og 6.2.3) eller fritekne frå val (sjå nærmare punkt 6.2.4).

6.2.2 Utelukking frå val til fylkesting og kommunestyre

Utestengingsreglane går fram av vallova § 3-3 (3). Desse kan verken veljast til kommunestyret eller til fylkestinget:

- a) Statsforvaltaren og assisterande statsforvaltar.
- b) den som i vedkomande kommune eller fylkeskommune
 - kommunedirektør eller den som er i denne sin plass
 - kommunalsjefar, etatssjefar og leiarar på tilsvarende nivå
 - er sekretær for kommunestyret eller fylkestinget
 - er ansvarleg for rekneskapsfunksjonen
 - gjer revisjon for kommunen eller fylkeskommunen

Nemninga «kommunalsjefer, etatssjefer og ledere på tilsvarende nivå» erstattar nemninga «leiar av forvaltningsgrein» då det var uklart kva stillingskategoriar som var omfatta av nemninga. Når det gjeld avgrensingar for «leiarar på tilsvarende nivå», står det følgjande i førearbeida til ny kommunelov (Prop. 46 L (2017–2018) s. 103):

«At begrensningen gjelder for ledere på tilsvarende nivå, innebærer at det må gjøres en konkret vurdering i den enkelte kommune ut fra hvordan administrasjonen er organisert. Ledere av enkeltstående virksomheter vil som hovedregel være valgbare, hvilket er en videreføring av gjeldende rett. Dette vil typisk dreie seg om rektorer ved skoler og ledere for sykehjem og barnehager. Det vil også kunne oppstå rollekonflikter for slike ledere, men departementet er enig i utvalgets vurdering om at virksomhetsledere ikke er en så sentral del av ledelsen i kommunen at det tilsier at de ikke bør være valgbare. Dersom det skulle oppstå rollekonflikter knyttet til disse ledernes deltakelse i folkevalgte organer, bør det være tilstrekkelig å falle tilbake på habilitetsreglene i forvaltningsloven og kommuneloven. I kommuner der for eksempel en rektor i praksis også er kommunalsjef, etatssjef eller leder på tilsvarende nivå, vil rektoren likevel ikke være valgbar. Departementet foreslår å videreføre at en folkevalgt ikke taper sin valgbarhet dersom vedkommende konstitueres i en stillingskategori som ville gjort at vedkommende normalt ville tapt valgbarheten. Det er en forutsetning for å beholde valgbarheten at konstitueringen er av midlertidig og kortvarig karakter. En konstituering på et halvt år vil være å regne som midlertidig.»

Bakgrunnen for at enkelte tenestemenn skal vere utestengde frå val er tosidig: Dersom sentrale tenestemenn er valbare, kan det føre til ei undergraving av det viktige prinsippet om at det skal vere eit skilje mellom folkevalde organ som avgjerdstakrarar og administrasjonen som premissleverandør.

1. Det er uheldig om sentrale tenestemenn innanfor administrasjonen i kommunen/fylkeskommunen– i eigenskap av å vere folkevalde – skal kunne overprøve forslaga kommunedirektøren legg fram for dei folkevalde.

Det følger av § 3-3 (4) i vallova at i kommunar med parlamentarisk styreform er tilsette i sekretariatet til rådet heller ikkje valbare, dersom dei har fått myndigheit delegert frå rådet.

6.2.3 Tidspunkt for å kunne veljast til fylkesting og kommunestyre

Som nemnt ovanfor under punktet om å kunne veljast, er det eit krav etter vallova § 3-3 (1) og (2) at ein kandidat til fylkestingsvalet/kommunestyrevalet må vere busett i fylket/kommunen på valdagen. Dersom ein kandidat ikkje er innført i folkeregisteret som busett i vedkomande fylke/kommune når listeforslaget blir innlevert, må det etter vallova § 6-4 c liggje ved ei erklæring frå kandidaten om at vedkomande kan veljast på valdagen.

Det følger av § 3-3 (5) at det er tilsetjingsforholdet på det tidspunktet kommunestyret/fylkestinget trer i funksjon, det vil seie dagen det har sitt første møte, som er avgjerande for om ein person kan veljast. Ein person som ikkje er valbar, kan nominerast, men det er eit vilkår at personen eventuelt går frå stillinga før det nye organet blir konstituert.

Etter § 6-4 d må kandidaten leggje ved ei erklæring om at vedkomande, dersom han eller ho blir vald, har gått frå stillinga når kommunestyret eller fylkestinget trer i funksjon.

Det er ikkje tilstrekkeleg med permisjon frå stillinga dersom ein har gått inn i stillinga. Dersom tenestemannen ikkje har gått inn i stillinga og vedkomande har fått innvilga permisjon for heile valperioden før organet trer i funksjon, har departementet ved tolking av den gamle vallova lagt til grunn at tenestemannen likevel kan veljast. Den same vurderinga må gjelde etter den nye vallova.

6.2.4 Fritaksgrunnar for val til fylkesting og kommunestyre

Plikta til å ta imot val fell i utgangspunktet saman med om ein kan veljast. Men det finst unntak, jf. vallova § 3-4. Rett til å krevje seg fritaken frå å stå på ei liste til kommunestyre- og fylkestingsval har den som legg fram ei skriftleg erklæring om at vedkomande ikkje ønskjer å stille til val på den aktuelle vallista.

Valmyndigheitene lokalt fastset ein frist for søknader om fritak. Når denne fristen er ute, fell retten til å krevje fritak normalt vekk. Vilkåret for å kunne godkjenne ein søknad etter fristen, er at forseinkinga kjem av forhold som vedkomande ikkje hadde herredømme over og heller ikkje kunne føresjå (jf. føresegna i vallova § 15-5).

Tilsvarende fritaksgrunn gjeld ikkje ved stortingsval, der fritaksregelen følgjer av Grunnlova.

7 LISTEFORSLAG OG BEHANDLINGA AV DESSE

7.1 Innleiing

Føresegnene om listeforslag og valstyret/fylkesvalstyret si behandling av forslaga er samla i kapittel 6 i vallova og kapittel 3 i valforskrifta.

Partilova og partiforskrifta inneheld også einskilde relevante føresegn om behandling av listeforslag.

Vallova § 6-1 har føresegner om kva krav som gjeld til vallister. Både registrerte politiske parti og andre grupper kan stille liste ved val. Partiet/gruppa utarbeider eit forslag til valliste, som deretter skal godkjennast av valmyndigheitene.

Valstyret godkjenner listeforslag til kommunestyreval. Fylkesvalstyret godkjenner listeforslag til fylkestingsval og stortingsval.

Etter § 6-6 fjerde ledd i vallova skal valmyndigheitene hente inn og leggje til grunn ei fråsegn frå det utøvande organet i partiet dersom det er uklart kven som har rett til å representere eit registrert politisk parti på lokalt nivå og til å stille liste. Opplysningar om kven som utgjer det utøvande organet i partiet, finst i Partiregisteret. Nettadressa er: <https://www.brreg.no/lag-og-foreninger/partiregisteret/>.

Førespurnader kan rettast til den som er oppført som kontaktperson for partiet.

7.2 Innleveringsfrist

Innleveringsfristen for listeforslag er 31. mars, jf. § 6-1 (1). Fristen for å trekkje tilbake eit listeforslag er 20. april, jf. § 6-5. Innleveringsfristen er kl. 12 på formiddagen den 31. mars, og fristen for tilbakekall er kl. 12. den 20. april.

7.3 Innlevering av listeforslag

Det går fram av vallova § 6-1 (1) at listeforslaget skal reknast som innlevert når det er *kome inn* til kommunen ved kommunestyreval og fylkeskommunen ved stortingsval og fylkestingsval. Posten må vere komen fram, eller forslaget må vere levert direkte, innan fristen. Med dette er meint at forslaget må vere kome fysisk fram, ikkje nødvendigvis til valstyret, men til kommunen eller fylkeskommunen. Det inneber ei skjerping, men er gjort for å unngå tvil. Det er forslagsstillarane som har ansvar for å sjå til at listeforslaget er kome fram i tide.

Det kan tenkjast at eit listeforslag blir innlevert innan fristen til feil instans – for eksempel til statsforvaltaren i staden for til fylkesvalstyret – men kjem fram til rett instans etter fristen. Med mindre det kan påvisast at den instansen som fekk listeforslaget, har gjort ein feil som kan karakteriserast som tenesteforsømming, kan ei fristoverskriding ikkje avhjelpast i eit slikt tilfelle.

Dersom listeforslaget blir sendt på faks eller e-post (der signaturane på forslaget går fram) innan 31. mars, vil dette vere innanfor fristen. Men det er ein nødvendig føresetnad at ei liste med originale underskrifter blir send i posten / levert med ein gong.

7.4 Overskrift på listeforslag

Listeforslaget skal ha ei overskrift som viser kva parti eller kva gruppe forslaget går ut frå, og som ikkje kan leie til forveksling, jf. vallova § 6-1 (2) bokstav b.

Registrerte parti skal bruke partiet sitt registrerte namn i listeoverskrifta. Det er ikkje høve til å bruke eit anna namn som undertittel, heller ikkje namnet på ei lokalavdeling.

Dersom fleire registrerte parti stiller fellesliste, må namna på alle dei registrerte partia vere med i listeoverskrifta. Tilsvarande må namnet på det registrerte partiet vere med i listeoverskrifta når partiet stiller liste saman med ei gruppe som ikkje er registrert som parti.

Departementet legg til grunn at vallova ikkje er til hinder for at ei fellesliste av fleire registrerte parti eller ei fellesliste av eitt eller fleire registrerte parti og andre grupper har med ei fellesnemning i listeoverskrifta i tillegg til namna på dei registrerte partia.

Lova er ikkje til hinder for at ei uregistrert gruppe bruker ordet «parti» i namnet, så lenge det ikkje er eigna til forveksling med namnet på eit registrert parti.

Det er presisert i forskrifta § 12 at registrerte politiske parti kan velje om namnet på partiet skal skrivast på bokmål eller nynorsk. I tillegg kan partinamnet på samisk førast opp som eit tillegg til namnet på bokmål eller nynorsk. Det er ikkje opp til det enkelte valstyret, men det enkelte partilaget, å ta stilling til dette, uavhengig av om kommunen er nynorsk- eller bokmålskommune eller ligg innanfor forvaltningsområdet for samisk språk eller ikkje.

Etter vallova § 6-1 (2) bokstav b siste punktum må overskrifta ikkje kunne forvekslast med namnet på eit registrert politisk parti, ei registrert samepolitisk eining eller overskrifta på andre listeforslag i valdistriktet. Det at eit listeforslag ikkje kan nytte ei overskrift som kan forvekslast med namnet på eit registrert politisk parti, gjeld sjølv om det registrerte partiet ikkje stiller liste i valdistriktet. Det listeforslaget som er innlevert først, har retten til namnet i sitt valdistrikt, med mindre det gjeld forholdet til eit listeforslag frå eit registrert parti. Det registrerte partiet har alltid rett til å bruke namnet sitt.

7.5 Kandidatane

7.5.1 Kor mange kandidatar skal/kan førast opp?

Vallova § 6-2 handlar om talet på kandidatar i listeforslaget. Ved stortingsval skal listeforslaget etter første ledd vere utfylt i rekkjefølgje med namnet på så mange kandidatar som det skal veljast representantar til Stortinget frå valdistriktet. Det er tillate å føre opp inntil seks andre namn i tillegg.

For val til kommunestyre og val til fylkesting stiller vallova § 6-2 andre ledd krav om at det er oppført minst sju kandidatnamn på lista. Oppover er det ei maksimumsgrense på like mange kandidatar som det skal veljast representantar i krinsen, med eit tillegg på inntil seks andre kandidatnamn.

Reglane om førehandsprioritering står i § 6-2 tredje ledd og gjeld berre ved kommunestyreval. Førehandsprioritering inneber at eit visst utval av dei øvste listekandidatane til partia får eit røystetillegg. Eit visst utval av dei øvste kandidatane i listeforslaget – avhengig av storleiken på kommunestyret – får då eit røystetillegg i det personlege røystetalet sitt på 25 prosent av talet på røystesetlar som lista får ved valet.

Det høgste tillatne talet er:

- 11–23 kommunestyremedlemer: inntil 4
- 25–53 kommunestyremedlemer: inntil 6
- 55 kommunestyremedlemer eller fleire: inntil 10

Det går fram av § 6-2 (3) siste punktum at kandidatane som får eit slikt røystetillegg, skal stå først i listeforslaget og med utheva skrift. At namna på desse kandidatane skal stå med utheva skrift, inneber at namna skal skrivast med feite typar, kursiv eller store bokstavar.

Vallova har ikkje føresegner som krev at kvart kjønn er representert med ein viss prosent av dei føreslegne kandidatane på den enkelte lista. Det vil seie at det ikkje er krav om kvotering ved val av medlemer verken til Stortinget, kommunestyre eller fylkesting. Kommunelova §§ 7-5, 7-6 og 7-7 har likevel føresegner om kjønnsrepresentasjon som gjeld ved val etter kommunelova til formannskap, fylkesutval, faste utval med vidare.

7.5.2 Identifisering av kandidatane

Dette er regulert i vallova § 6-1 (2) bokstav c og valforskrifta § 17.

Listeforslaga skal innehalde førenamnet, etternamnet og fødselsåret til kandidatane, jf. vallova § 6-1 (2) bokstav c. Det er opp til forslagsstillarane om dei i tillegg ønskjer å føre på stillinga eller bustaden til kandidatane. Dersom det er nødvendig for å unngå forveksling av kandidatane på lista, skal stilling og/eller bustadadresse førast opp. Det følgjer av valforskrifta § 17 (1) at dersom ein fører opp opplysningar om stillinga og/eller bustaden til kandidatane i listeforslaget, må ein gjere det for alle kandidatane på lista. På felleslister er det også mogleg å føre opp kva parti eller gruppe dei enkelte kandidatane høyrer til. I så fall må også dette gjerast for alle kandidatane på lista.

Det riktige etternamnet til kandidatane må brukast sjølv om vedkomande ikkje er kjend under dette. I så fall bør namnet som vedkomande er kjend under, leggjast til i parentes. I praksis er det lagt til grunn at ein kandidat kan nemnast med eit tilnamn dersom vedkomande er alminneleg kjend under dette i staden for førenamnet. Det heng saman med føremålet bak føresegna, nemleg at vedkomande skal nemnast på den måten som gjev best mogleg rettleiing for veljarane.

Lova er ikkje til hinder for at ein stortingskandidat stiller til val i to eller fleire ulike valdistrikt. Men det er ikkje mogleg å stå på fleire ulike lister i same valdistrikt.

Fylkestingskandidatar og kommunestyrekandidatar kan ikkje stille til val på fleire enn eitt listeforslag i høvesvis fylket eller kommunen. Det er likevel ingenting til hinder for at ein kandidat stiller på liste både til fylkestingsval og til kommunestyreval.

7.5.3 Vedlegg

Vallova § 6-4 fastset i bokstav a at listeforslaga skal ha med ei oversikt over fødselsdatoane til kandidatane.

Bokstav c og d gjeld for kommunestyreval og fylkestingsval. Føresegna i bokstav c fastset at det for kandidatar som ikkje er registrerte i folkeregisteret som busette i kommunen/fylket når listeforslaget blir innlevert, må liggje ved ei erklæring om at dei kjem til å kunne veljast på valdagen. Etter bokstav d må det for ein kandidat som ikkje er valbar på grunn av stillinga si, liggje ved ei erklæring om at ho eller han har gått frå stillinga når fylkestinget eller kommunestyret trer i funksjon. Sjå nærmare om dette under punktet om utestenging frå val (6.2.2).

7.6 Underskrifter på listeforslag

Dette er regulert i vallova § 6-3 og i valforskrifta § 13.

7.6.1 Registrerte parti

I § 6-3 (1) er det fastsett kva reglar som gjeld for registrerte politiske parti. For parti registrerte i Partiregisteret gjeld det for alle val at det er tilstrekkeleg at listeforslaget er underskrive av minst to styremedlemer i lokalavdelinga med ansvar for valdistriktet lista gjeld. Det er likevel eit krav om at partiet må ha fått ein viss oppslutnad ved det førre stortingsvalet. Eit registrert parti må ha fått minst 500 røyster i eitt valdistrikt eller minst 5 000 røyster i heile landet for å kome inn under dei forenkla reglane. Det er tilstrekkeleg at eit parti har fått meir enn 500 røyster i berre eitt valdistrikt for å stille liste etter forenkla modell. Dersom eit parti ikkje kan vise til ein slik oppslutnad, kjem dei inn under regelverket for uregistrerte grupper.

Det er viktig å presisere at det berre er røyster gjevne ved (sist) stortingsval som kan gje eit parti rett til å stille lister etter forenkla modell. Røystetal ved fylkestingsval eller kommunestyreval er utan betydning.

Dersom eit parti er blitt registrert i Partiregisteret etter sist stortingsval, har partiet ikkje hatt høve til å delta i stortingsval. I så fall er det tilstrekkeleg at minst to styremedlemer i lokalavdelinga med ansvar for det valdistriktet lista gjeld, skriv under på listeforslaget.

Dersom eit parti ikkje har ei lokalavdeling, må partiet samle underskrifter som bestemt i vallova § 6-3 (2).

Det følgjer av siste punktum i § 6-3 (1) at dersom eit registrert politisk parti stiller listeforslag saman med ei uregistrert gruppering, er det regelverket for uregistrerte grupper i § 6-3 (2) som gjeld. Det same gjeld dersom eit registrert politisk parti som fyller krava til oppslutnad etter første ledd, stiller liste saman med eit registrert parti som ikkje gjer det.

7.6.2 Uregistrerte grupper

For alle andre forslagsstillarar enn parti som er registrerte i Partiregisteret, og som fekk tilstrekkeleg oppslutnad, følgjer det av § 6-3 (2) kva reglar som gjeld for høvesvis stortingsval og fylkestingsval (bokstav a) og kommunestyreval (bokstav b).

Ved stortingsval og fylkestingsval skal eit listeforslag vere underskrive av minst 500 personar med røysterett i valdistriktet ved det aktuelle valet. Det same gjeld listeforslag som eitt eller fleire registrerte parti har fremja saman med grupper som ikkje er registrerte som parti, eller eit parti som ikkje fekk tilstrekkelig oppslutnad ved sist stortingsval.

Ved kommunestyreval må det samlast inn så mange underskrifter at det utgjer 2 % av talet på innbyggjarar med røysterett ved sist kommunestyreval. Fordi kommunestorleiken er svært varierande, er det innført eit minimumstal og eit maksimumstal for talet på underskrifter. Minimumskravet er at forslaget må vere underskrive av minst like mange personar som det skal veljast kommunestyrerepresentantar. Maksimumskravet er på 300 underskrifter.

Eksempel:

Trangvik kommune:

240 personar med røysterett ved sist val. Det skal no veljast 11 representantar. $2\% \text{ av } 240 = 4,8$ veljarar.

Her kjem minimumskravet, talet på kommunestyremedlemer som skal veljast, til bruk. Det vi seie at listeforlaget må vere underskriva av minst 11 personar.

Lillevik kommune:

2 000 personar med røysterett ved sist val. Det skal no veljast 21 representantar.

$2\% \text{ av } 2\,000 = 40$ veljarar.

Kravet er dermed 40 underskrifter på listeforlaget.

Stordal kommune:

20 000 personar med røysterett ved sist val. Det skal veljast 57 representantar.

2 pst. av 20 000 personar = 400 underskrifter. Maksimumskravet kjem til bruk. Det er nok med 300 underskrifter.

Det følgjer av § 13 i valforskrifta at underskrifter som blir samla inn etter vallova § 6-3 (2), skal vere skrift på papir. Det vil derfor ikkje vere høve til å samle inn underskrifter elektronisk for desse gruppene. Departementet har i ei tolking uttalt at underskrifter på listeforslag skal vere eigenhendige underskrifter, og at underskrifta derfor ikkje kan vere skriven med blokkbokstavar eller berre initialar. I dette ligg også at det ikkje er høve til å skrive under etter fullmakt.

Registrerte politiske parti som leverer inn listeforslag i samsvar med § 6-3 (1), har derimot lov til å sende ei elektronisk underskrift, dersom forholda er lagde til rette for digital kommunikasjon med kommunen/fylkeskommunen.

Valforskrifta § 13 (2) fastset at underskrifter som er innsamla etter vallova § 6-3 (2), er underlagde teieplikt og ikkje skal offentleggjerast. Vi viser til vallova § 15-4, som er ei føresegn om teieplikt. Det går fram av § 15-4 (1) at føresegnene om teieplikt i forvaltningslova gjeld tilsvarande ved val.

At ein har skrive under på eit listeforslag, vil etter forvaltningslova § 13 (1) vere opplysningar om «*noens personlige forhold*» og såleis underlagt teieplikt.

Listeforslaget skal vise kva kandidatar som stiller til val på lista for partiet/gruppa. Det skal vidare vere underskrive av listeforslagsstillarane. Dei som skriv under på eit listeforslag, kan såleis ikkje gjere det utan at det er påført kandidatnamn. Det følgjer likevel av vallova § 6-6 (3) at dersom eit listeforslag ikkje oppfyller krava i lova når det blir levert inn, skal valmyndigheitene gjennom forhandlingar med dei tillitsvalde bak listeforslaget prøve å gjere forslaget i samsvar med lova. Det inneber at det ikkje er noko absolutt krav om at alle kandidatnamna står oppført på det listeforslaget det blir skrive under på. Listeforslaget må likevel som eit minimum innehalde eitt kandidatnamn, fordi det elles ikkje kan seiast å utgjere eit listeforslag.

Vallova har ingen føresegner som regulerer kva høve underskrivarane på eit listeforslag har til å trekkje tilbake underskrifta si. Verken ordlyden i lova eller førearbeida til lova tek stilling til spørsmålet. Det er her såleis ikkje spesielle haldepunkt i retning av at ein underskrivar på eit listeforslag kan trekkje tilbake underskrifta si.

Slik departementet vurderer det, beskriv lova uttømmmande kva valmyndigheitene skal etterprøve før dei kan godkjenne eit listeforslag, jf. vallova § 6-1. Ei underskrift på eit listeforslag er ei støtte til at vedkomande parti/gruppe skal få stille liste ved valet. Det å skrive under på eit listeforslag har ingen andre rettsverknader for underskrivaren enn at partiet/gruppa får stille liste ved valet dersom forslaget oppfyller krava i lova. Ein underskrivar forpliktar seg ikkje til å røyste på det aktuelle listeforslaget ved valet.

Lova krev at det må gå fram at underskriftene er underskrifter på eit listeforslag, og ikkje berre underskrifter på eit blankt papir. Det er altså ein føresetnad for at underskrifta kan godkjennast, at det går fram at underskrivaren er kjend med kva vedkomande har skrive under på. Når valmyndigheitene skal kontrollere dei enkelte underskriftene, skal dei ta stilling til om underskrivaren har røysterett ved valet, det vil seie om vedkomande etter vallova har rett til å skrive under på forslaget. Valmyndigheitene skal også kontrollere at ingen har skrive under på fleire listeforslag. Dersom ein underskrivar har skrive under på fleire listeforslag, skal valmyndigheitene gje vedkomande pålegg om å melde frå innan ein bestemd frist kva forslag vedkomande vil stå på.

Underskrifta skal aksepterast som gyldig dersom vedkomande har røysterett, ikkje har skrive under på fleire listeforslag og det går fram av underskriftslista at underskrifta gjeld innlevering av listeforslag for eit bestemt parti/gruppe. Eit tilstrekkeleg tal gyldige underskrifter gjev listeforslaget rett til å stille lista ved det aktuelle valet. Etter vår vurdering er det vanskelig å sjå at valmyndigheitene har høve til å gjere andre vurderingar når det gjeld om underskriftene er gyldige. Det at berre visse vilkår skal prøvast av valmyndigheitene, taler derfor for at dei ikkje har høve til å ta omsyn til at nokon ønskjer å trekkje underskrifta si.

Før fristen for innlevering av listeforslag kan forslaget trekkjast tilbake eller endrast fritt. Retten til slike endringar er likevel lagd til eit tillitsutval. Det må sjåast på som ei føremålstenleg løysing, sidan det ikkje ville vore mogleg å gje alle underskrivarane/forlagsstillarane rett til å gjere endringar i innleverte forslag.

Dersom ein underskrivar ønskjer å trekkje underskrifta si, er det etter vår vurdering mest nærliggjande å sjå dette som eit spørsmål mellom underskrivaren og dei som bad om underskrifta. Vi viser til at tillitsutvalet for lista fritt kan trekkje forslaget eller gjere endringar i dette før fristen går ut.

7.7 Tillitsvald og tillitsutval

Vallova § 6-1 (2) bokstav e og valforskrifta § 14 har føresegner om dette.

Vallova § 6-1 (2) bokstav e bestemmer at alle listeforslag må føre opp ein tillitsvald med vararepresentant blant dei som har skrive under på forslaget. Dessutan heiter det i tredje setning at listeforslaget bør innehalde ei oversikt over kva personar som skal fungere som tillitsutval, sjølv om det ikkje er noko krav i samband med godkjenninga av listeforslaget.

Oppgåvene til den tillitsvalde er mellom anna å representere forslagsstillarane i forhandlingar med valstyret/fylkesvalstyret om listeforslaget. Oppgåva til tillitsutvalet er eventuelt å kalle listeforslaget tilbake.

Valforskrifta § 14 gjev reglar for utpeiking av tillitsvalde og tillitsutval dersom forslagsstillarane ikkje har gjort det når dei leverer inn forslaget.

Det følgjer av forskrifta § 14 (1) at når listeforslaget går ut frå eit registrert politisk parti og to av styremedlemene i lokalorganisasjonen har underteikna, blir desse rekna for å vere høvesvis tillitsvald og vararepresentant. Styret for lokalavdelinga reknar ein med utgjer tillitsutvalet.

§ 14 (2) i forskrifta fastset at når eit listeforslag er innlevert i samsvar med krava i vallova § 6-3 (2), blir dei to øvste underskrivarane rekna som tillitsvald og vararepresentant når det ikkje er skriva på listeforslaget kven som skal ha desse funksjonane. Talet på underskrivarar som skal utgjere tillitsutvalet, er fastsett til fem av dei øvste underskrivarane på listeforslaget.

Funksjonane til tillitsutvalet fell bort etter at valet er avvikla.

7.8 Valstyret/fylkesvalstyret si behandling av listeforslaga

Valstyret/fylkesvalstyret skal undersøkje om listeforslaga som er komne inn, oppfyller krava i lova, inkludert om forslagsstillarane og kandidatane oppfyller krava i vallova, jf. § 6-6. Gjennom å forhandle med den tillitsvalde skal valstyret/fylkesvalstyret arbeide for å gjere listeforslaget i samsvar med krava i lova, jf. § 6-6 (3).

Forslagsstillaren må leggje fram den dokumentasjonen som er nødvendig for å vise at vilkåra er oppfylte, når valstyret/fylkesvalstyret krev det. Valstyra må vere særleg påpasselege med å kontrollere at kandidatane fyller vilkåra for å kunne veljast, og at namn og adresse er rett.

Skulle det vise seg at det er uklart kven som har rett til å representere eit registrert politisk parti på lokalt nivå, og dermed uklart kven som har rett til å stille liste for dette partiet, skal valmyndigheitene avklare dette spørsmålet ved å hente inn og leggje til grunn fråsegn frå det utøvande organet i partiet, jf. § 6-6 (4).

Vallova § 6-6 (5) regulerer forholdet når éin person er underskrivar eller kandidat på fleire listeforslag ved same val.

Dersom ein person står som forslagsstillar/kandidat på fleire listeforslag, må valstyret/fylkesvalstyret be vedkomande om å velje kva for eit av dei han eller ho vil stå på. Dersom vedkomande ikkje svarer på førespurnaden innan den fastsette fristen, skal vedkomande setjast opp på det listeforslaget som vart innlevert først, og strykast frå dei andre listene. Det er ikkje noko i vegen for å stå som både forslagsstillar og kandidat på den same lista. Det er også mogleg å vere forslagsstillar på eitt listeforslag og kandidat på eit anna, sjølv om det gjeld det same valet.

Dersom det viser seg at ein kandidat ikkje kan veljast, eller at han eller ho blir friteken,

skal kandidaten strykast frå lista. I slike tilfelle bestemmer den tillitsvalde for lista om det skal setjast inn ein ny kandidat på den ledige plassen, jf. § 15 i valforskrifta. Alternativt kan lista supplerast med eit nytt namn nedst, slik at dei andre kandidatane rykkjer opp i uendra rekkjefølgje.

Departementet viser til at vallova § 3-1 har føresegn om kven som kan veljast til stortingsval, og at vallova § 3-3 har føresegn om kven som kan veljast til kommunestyreval og fylkestingsval. Valstyra og fylkesvalstyra bør så langt som mogleg undersøkje om det er forhold knyta til listekandidatane si stilling som gjer at dei ikkje kan veljast. Departementet vil oppmode til at det informerast om desse reglane i underrettinga til kandidatane. I tillegg til dei avgrensingane som følgjer av vallova er det einskilde stillingar som ikkje kan sameinast med å vere stortingsrepresentant, eit døme på dette er forliksrådsmedlem.

Det følgjer av vallova § 6-6 (1) at valstyret/fylkesvalstyret skal leggje ut listeforslaga til ettersyn etter kvart som dei kjem inn. Det er opp til det enkelte valstyret/fylkesvalstyret korleis dette skal skje. Som nemnt skal underskriftene på listeforslaga (med unntak av underskriftene til dei tillitsvalde) ikkje leggjast ut til ettersyn, jf. valforskrifta § 13.

Dei godkjende listene kan leggjast ut på Internett, med den informasjonen om kandidatane som er oppført på listeforslaga og godkjend av valstyret/fylkesvalstyret. I tillegg til namnet og fødselsåret til kandidatane kan det vere informasjon om adresse og/eller yrke.

7.9 Underretning til kandidatane

Valstyret/fylkesvalstyret skal underrette alle kandidatane på vallista i samsvar med vallova § 6-6 (5) om at dei er sette opp på eit listeforslag.

I underretninga skal det opplysast om kva som skal til for å kunne krevje seg fritaken for val, jf. vallova § 3-2 ved stortingsval og § 3-4 ved fylkestings- og kommunestyreval. Det er ikkje gjeve nærmare reglar for korleis underretninga skal skje. Departementet tilrår at underretninga skjer i form av rekommandert brev.

Valstyret/fylkesvalstyret fastset ein frist for tilbakemelding, krav til dokumentasjon og anna i tråd med vanleg kommunal saksbehandling, jf. kommunelova og forvaltningslova.

7.10 Endringar i listeforslag etter at innleveringsfristen har gått ut

7.10.1 Generelt

Departementet vil kommentere at før innleveringsfristen går ut, har forslagsstillarane fullt rådvelde over listeforslaget, sjølv om det er levert til valstyret. Dei kan endre rekkjefølgja på kandidatane og/eller byte ut kandidatar. Dei kan også levere inn eit nytt listeforslag. Dersom det er levert inn fleire listeforslag, skal valstyret bruke det som er levert sist.

7.10.2 Endringar etter at innleveringsfristen har gått ut

Det følgjer av § 15 (1) i valforskrifta at når innleveringsfristen har gått ut, kan

forslagsstillarane berre gjere dei endringane på listeforslaget som er nødvendige for å syte for at forslaget er i samsvar med vallova og forskrifta til vallova. Sjølv om det ikkje er nødvendig for å syte for at listeforslaget samsvarer med lova, kan dei setje inn ein ny kandidat på listeforslaget dersom ein kandidat blir stroken fordi vedkomande er utestengd frå val eller blir friteken, jf. valforskrifta § 15 (2). Alternativt kan dei kandidatane som står etter den tomme plassen, rykkje ein plass opp, mens det blir sett inn eit nytt namn nedst på lista.

Etter innleveringsfristen er det ikkje høve til å endre på rekkjefølgja mellom kandidatane i form av rokeringar. Det er heller ikkje høve til å gjere endringar i talet på kandidatar som skal få røystetillegg ved kommunestyreval.

Det er ikkje eit krav at det blir sett inn eit nytt namn når ein kandidat blir friteken, dersom listeforslaget elles inneheld nok namn til å kunne godkjennast. Den tillitsvalde kan i eit slikt tilfelle gje beskjed om at dei etterfølgjande kandidatane skal rykkje opp, utan å supplere med eit nytt namn.

7.10.3 Kandidat(ar) døyrr etter at listeforslaga er godkjende

Det skjer at ein listekandidat døyrr etter at listene er godkjende. Spørsmålet er her om det aktuelle namnet då bør strykast frå lista eller ikkje. Det verkar naturleg å konferere med forslagsstillarane og dei etterlatne, og så langt det er mogleg, rette seg etter deira ønske. Dersom det er ønskjeleg at namnet blir fjerna, og dei offisielle røystesetlane enno ikkje er trykte, bør det aktuelle namnet fjernast frå lista før trykking. Er røystesetlane allereie trykte, bør namnet på den som har døydd, sladdast dersom det er praktisk mogleg.

Ei godkjend valliste er gyldig sjølv om ho på grunn av dødsfall blant listekandidatane inneheld færre namn enn det vallova krev.

Ein kandidat som har døydd, kan ikkje vere med i kandidatoppgjeret. Det følgjer av føresegnene om ikkje-valbare kandidatar (vallova §§ 11-5, 11-10 og 11-12), og gjeld ved alle val.

Vallova § 7-2 (3) regulerer kva høve veljarane ved kommunestyreval har til å føre opp kandidatar frå andre vallister (“slengjarar”) på røystesetelen dei nyttar. Dette har i normale tilfelle noko å seie for fordelinga av listerøyster mellom listene. Det følgjer likevel av siste punktum i føresegna at det å føre opp ikkje-valbare kandidatar (blant dei døde kandidatar) ikkje får noko å seie for fordelinga av listerøystene.

7.11 Godkjenning av vallistene

7.11.1 Frist

Valstyret/fylkesvalstyret må ta stilling til listeforslaga seinast 1. juni, jf. vallova § 6-6 (2).

Seinast den same datoen skal dei godkjende listeforslaga (dei offisielle vallistene) leggjast ut til gjennomsyn, jf. vallova § 6-7. Valstyret/fylkesvalstyret må etter denne føresegna også syte for å kunngjere overskriftene på dei godkjende listeforslaga. Det

skal samtidig informerast om kvar listene er lagde ut, og kvar publikum kan gjere seg kjende med dei. Det er opp til valstyret/fylkesvalstyret å bestemme kvar listene skal liggje.

7.11.2 Underretning til forslagsstillarane

Det følgjer av valforskrifta § 18 (1) at valstyret/fylkesvalstyret så snart listene er godkjende, må underrette dei tillitsvalde og sende dei ein kopi av det godkjende listeforslaget.

Dersom listeforslaget ikkje blir godkjent, må valstyret/fylkesvalstyret snarast underrette den tillitsvalde om det og samtidig opplyse om høvet til og vilkåra for å klage, jf. valforskrifta § 18 (2).

7.12 Klage

Vallova § 6-8 fastset at det er høve til å klage innan ein viss frist for dei som meiner valstyret/fylkesvalstyret må gjere om eit vedtak om å godkjenne eller forkaste eit listeforslag. Det er også mogleg etter denne føresegna å klage på valstyret sitt vedtak om å innvilge eller avslå søknader om fritak.

Fristen er 7 dagar frå offentleggjinga av overskrifta på dei godkjende vallistene. Bakgrunnen for føresegna er å førebyggje ugyldige val ved å rette opp eventuelle feil før valet. På den måten slepp ein å vere usikker på om valet blir gyldig eller ikkje.

Registrerte parti kan også klage etter denne føresegna, sjølv om dei ikkje har klagerett etter dei alminnelege klagereglane i vallova kapittel 13. Sjølv om det ikkje er noko lokallag som har stilt liste i den aktuelle krinsen (med eventuell fare for forveksling), kan jo partiet like fullt ha interesse av å verne namnet sitt.

Departementet er klagemyndigheit ved fylkestingsval og kommunestyreval. Dersom valstyret/fylkesvalstyret ikkje tek klaga til følgje, må altså departementet avgjere klaga.

Ved stortingsval er det riksstyret som er klageinstans for klager som gjeld listeforslag.

Blir det ikkje sett fram noka klage etter denne føresegna, er det likevel høve til å klage seinare etter dei alminnelege klageføresegnene i kapittel 13. Men då kan det vere for seint å rette opp eventuelle feil før valdagen. Konsekvensen av det kan derfor bli at partiet ikkje får delteke ved det aktuelle valet, med mindre klagemyndigheita kjem til at valet var ugyldig, og det blir omval.

8 RØYSESETLAR

8.1 Innleiing

Føresegnene om røystesetlar og høvet veljarane har til å endre på røystesetlar (det vil seie høvet til å gje personrøyster) står i vallova kapittel 7. Med heimel i § 7-3 har departementet fastsett forskrift om utføring og trykking av røystesetlar.

Det skal ikkje brukast røystesetelkonvoluttar når veljarar førehandsrøyster i den kommunen der dei er manntalsførte, eller på valdagen. Det betyr at det må stillast strenge krav til røystesetlane for å sikre omsynet til hemmelege val.

Ein må leggje vekt på mange og ulike omsyn når røystesetlane skal utformast, jf. valforskrifta kapittel 4. Det er eit mål å utvikle ei mest mogleg lik utforming av røystesetlar til ulike val og sikre krava til hemmelege val og universell utforming.

8.2 Plikt til å trykkje røystesetlar

Vallova pålegg fylkesvalstyret å trykkje røystesetlar for alle godkjende vallister i fylket til bruk ved stortingsval og fylkestingsval, jf. § 7-1 (1). Fylkesvalstyret skal trykkje røystesetlar til bruk både i røystelokala på valdagen og ved førehandsrøystegjevinga.

Vallova pålegg valstyret å trykkje røystesetlar for alle godkjende vallister i kommunen til bruk ved kommunestyreval, jf. § 7-1 (2). Valstyret skal trykkje røystesetlar til bruk både i røystelokala på valdagen og ved førehandsrøystegjevinga.

Vidare følgjer det av valforskrifta § 20 at det er ei plikt å produsere blanke røystesetlar. Ved fylkestingsval må fylkesvalstyret syte for at det blir produsert blanke, blå røystesetlar. Ved stortingsval må fylkesvalstyret produsere blanke røystesetlar som er kvite på innsida og oransje utanpå. Tilsvarande pliktar valstyret ved kommunestyreval å syte for at det blir produsert blanke røystesetlar som er kvite på innsida og rosa utanpå.

Utsida på dei blanke røystesetlane skal vere lik utsida på listerøystesetlane, slik at ei blank røyst ikkje skil seg ut frå andre røyster. Dei må såleis ha same format og utside (retteleing, eventuelle rastetrykk og så vidare) som dei ordinære røystesetlane med kandidatnamn.

Departementet har fastsett ei formulering i valforskrifta § 20 fjerde ledd som skal trykkjast på innsida av dei blanke røystesetlane (Bokmål: «BLANK STEMMESEDDEL. Brukes til å stemme blankt.» Nynorsk: «BLANK RØYSTESETEL. Bruker ein til å røyste blankt.»).

8.3 Røystesetlar til førehandsrøystegjevinga og valtinget

Vallova § 7-1 fastset at det er fylkesvalstyra/valstyra si plikt å syte for å trykkje røystesetlar for alle godkjende vallister i fylket/kommunen før førehandsrøystegjevinga begynner. Det er ikkje fastsett noko meir når det gjeld kor mange røystesetlar som skal trykkjast. Det er dei respektive valstyra sitt ansvar at det blir trykt nok røystesetlar både til førehandsrøystegjevinga og til røystegjevinga på valdagen.

Fylkesvalstyret/valstyret må derfor fastsetje talet på røystesetlar etter skjønn. Det er viktig å vere sikker på at det blir trykt nok røystesetlar.

8.4 Røystesetlar til forslagsstillarane

Etter valforskrifta § 21 kan den tillitsvalde for dei enkelte vallistene for eiga rekning bestille så mange røystesetlar som vedkomande ønskjer, gjennom fylkesvalstyret/valstyret. Krav om røystesetlar må setjast fram innan fristen som fylkesvalstyret/valstyret set.

8.5 Kva som skal stå på røystesetelen

Det går fram av valforskrifta § 19 (3) bokstavane a-d kva som må stå på røystesetelen:

- a) Det skal stå på røystesetelen kva val han gjeld for.
- b) Røystesetelen skal ha ei overskrift som viser kva parti eller gruppe lista går ut frå. Det er også fastsett at overskrifta skal trykkjast i skriftstorleik minimum 20 punkt, sjå punktet om skriftstorleik, bokstavtype og tosidig trykk.
- c) Førenamn, etternamn og fødselsår på kandidatane som stiller til val på lista, må stå på røystesetelen. Det er opp til det enkelte valstyret å bestemme om førenamnet eller etternamnet skal stå først. Vidare kan opplysningar om stillinga og/eller bustaden til kandidatane førast på røystesetelen. Er det fare for forveksling, skal det stå på røystesetelen. På felleslister kan det også opplysast om kva for ei av gruppene som står bak forslaget, dei enkelte kandidatane høyrer til. Dersom slike opplysningar blir førte på, må det gjerast for alle kandidatane på lista. Røystesetlane skal innehalde ei rettleiing til veljarane om høvet til å endre på røystesetelen.
- d) Der rettleiinga er trykt på baksida av røystesetelen, skal det opplysast på framsida om det. Sjå meir om denne rettleiinga under punktet om rettleiing til veljarane (8.12).

Etter valforskrifta § 19c fjerde ledd skal kandidatar til kommunestyreval som skal ha røystetillegg etter vallova § 6-2 (3), stå først på røystesetelen og med utheva skrift.

Bruk av partilogo på røystesetlar er ikkje tillate etter vallova i dag.

8.6 Felt for å endre på røystesetlane

Valforskrifta har føresegner i §§ 19, 19b og 19c om korleis det skal leggjast til rette for at veljarane skal kunne rette på røystesetlane.

8.6.1 Stortingsval

Røystesetlar til stortingsval skal trykkjast i samsvar med krava til utforming i valforskrifta, jf. § 19b. Andre opplysningar skal ikkje gå fram av røystesetlane.

8.6.2 Fylkestingsval og kommunestyreval

Ved fylkestingsval og kommunestyreval skal det trykkjast ein kolonne med ruter til venstre for kandidatnamna med overskrifta «Personstemme» eller «Personrøyst», avhengig av målform, sjå valforskrifta § 19c (3). Veljarane set eit merke i ruta for å markere for personrøysta dei har gjeve. På røystesetlar til kommunestyreval skal alle kandidatane som skal ha røystetillegg etter vallova § 6-2 (3), stå først på røystesetelen og med utheva skrift.

Ved kommunestyreval skal det i tillegg trykkjast eit felt der ein kan gje personrøyster til kandidatar frå andre lister («slengjarar»). Feltet skal ha overskrifta «Kandidater fra andre lister» eller «Kandidatar frå andre lister», avhengig av målform, sjå valforskrifta § 19c (4). Veljarane fører her opp namnet på eventuelle kandidatar frå andre lister som dei ønskjer å gje personrøyster til.

8.7 Storleiken på røystesetlane

Storleiken på røystesetlane følgjer av valforskrifta §§ 19b og 19c. Ved stortingsval inneber det ei breidd på 150 millimeter x ei høgd på 203 millimeter etter falsing. Ved fylkestingsval skal røystesetelen ha ei breidd på 150 millimeter x ei høgd på 220 millimeter etter falsing. Ved kommunestyreval skal setlane ha ei breidd på 150 millimeter x ei høgd på 220 millimeter etter falsing. Det følgjer av valforskrifta §§ 19b sjette ledd og 19c sjette ledd at røystesetlane skal ha «forskutt falsing».

8.8 Papirkvalitet og farge

Røystesetlane skal vere trykte på 90 gram «ubestrøket, hvitt papir». Det går fram av valforskrifta § 19b første ledd at ved stortingsval skal utsida av røystesetelen ha ei farga mønsterside med fargekode C0 M60 Y90 K0 (oransje farge), og eit mørkt mønsterfelt øvst. Utsida av setelen skal på kvit botn ha rettleiingstekst og stempelfelt. Røystesetelen skal ha ei kvit innsida med namn på parti eller gruppe og kandidatnamn, og ein brettekant med same mønster og fargekode som utsida.

Det går fram av valforskrifta § 19c første ledd at ved kommunestyreval skal utsida av røystesetelen ha ei farga mønsterside med fargekode C0 M20 Y0 K0 (rosa farge), mens § 19c andre ledd fastset at utsida av røystesetlane til fylkestingsval skal ha farga mønsterside med fargekode C35 M0 Y5 K0 (blå farge). Begge med ei mørk mønsterside øvst. Innsida skal for begge vala vere kvit. Føremålet med regelen er at det ved kommunestyreval og fylkestingsval, som blir avvikla samtidig, skal vere mogleg å sjå på utsida av røystesetelen om han er rosa eller blå, og dermed kva val han gjeld for.

Valdirektoratet inngår rammeavtale med eit trykkeri for trykking av røystesetlar, og ein tilrår at kommunar og fylkeskommunar gjer avrop på rammeavtalen. I avtalen skal det også gjennomførast ei kvalitetssikring av røystesetlane for optisk lesing, og at røystesetlane elles tilfredsstiller krava i forskrifta.

Det går fram av valforskrifta § 19 (2) at røystesetlane som skal brukast på valtinget, skal produserast slik at det ikkje er mogleg å sjå kva veljarane har røysta etter at røystesetelen er bretta saman. For å sikre omsynet til at valet skal vere hemmeleg, er det viktig at røystesetelen ikkje er gjennomsiktig. Det kjem ikkje fram av lova eller forskrifta korleis valstyret skal sikre dette. Det er opp til det enkelte fylkesvalstyret/valstyret å finne fram til den løysinga det meiner best sikrar omsynet til hemmelegald.

Poenget er at det ikkje skal vere mogleg å sjå kva veljaren har røysta, etter at røystesetelen er bretta saman. Merk at utsida av røystesetelen framleis skal framstå som høvesvis oransje, rosa eller blå.

Det er valstyra som har ansvar for at røystesetlane tilfredsstiller krava. Valstyret må gjere trykkjeriet klar over kva krav som gjeld, og følgje trykkjeriet opp. Det er ikkje trykkjeriet som skal ta stilling til om rettane til veljarane er sikra på ein god måte. Som eit minimum må fylkesvalstyret/valstyret be om vareprøve/prøveavtrykk, for sjølv å kunne vurdere kvaliteten.

8.9 Skriftstorleik, bokstavtype og tosidig trykk

Det følgjer av valforskrifta § 19 (1) at det skal leggjast vekt på at røystesetlane er lesevennlege. Skrifttypen som blir nytta på røystesetlane, må dermed vere lesevennleg. Han bør vere enkel, utan seriffar og ikkje tett. Statens råd for funksjonshemma har tilrådd å bruke Arial, som er ein svært lesevennleg skrifttype.

Når det gjeld overskrifta, står det i valforskrifta § 19 (3) bokstav b at ho skal trykkjast i skriftstorleik minimum 20 punkt. Har ein røystesetel for ei fellesliste ei fellesnemning som overskrift, er det tilstrekkeleg å trykkje fellesnemninga i denne storleiken.

Valstyret må sjå etter at overskrifta blir plassert slik at ho er synleg når røystesetlane er lagde ut i røystesetelkassettane eller liknande.

Alle røystesetlar i same valkrins skal ha same skrift og skriftstorleik.

8.10 Teljemerke, kodar og liknande

Det går fram av valforskrifta § 19b fjerde ledd at det nedst på venstre side av røystesetelen ved stortingsval skal trykkjast røystesetelnummer og ein unik røystesetel-ID. Røystesetelnummer skal trykkjast i skrifttype OCRB 10 punkt med teiknavstand (tracking) 75 tusendels gefirt. Nummeret består av 22 karakterar og blir generert i EVA. Røystesetelnummeret skal trykkjast berre på den sida av brettekanten som har stempelfeltet på baksida, det gjeld både todelt og tredelt røystesetel.

Røystesetel-ID skal genererast av trykkjeriet fortløpande i trykkinga. Kvar røystesetel skal ha eit eige unikt nummer. Dette skal også trykkjast i skrifttype OCRB 10 punkt med teiknavstand (tracking) 75 tusendels gefirt. Dette nummeret består av 8 karakterar. Røystesetel-ID skal berre trykkjast på den same sida som røystesetelnummeret.

Styremerke skal plasserast på både innsida og utsida av røystesetelen som vist i forskrifta. Valdirektoratet gjer tilgjengeleg malar for røystesetlane.

8.11 Endringar på røystesetlane

8.11.1 Stortingsval

Ved stortingsval kan veljarane endre på røystesetelen på to ulike måtar: Dei kan endre rekkjefølgja på kandidatnamna, og dei kan stryke kandidatnamn, jf. vallova § 7-2 (1).

Etter forskrifta § 19b andre ledd skal det til venstre for kandidatnamna trykkjast ein kolonne med ruter til bruk for å endre rekkjefølgja på kandidatane. Kolonnen skal ha overskrifta «Nr.». Rekkjefølgja på kandidatnamna endrar ein ved å setje tal i denne ruta, slik at talet tilsvare den ønskje plasseringa i kandidatrekkefølgja. Dette må gå fram av rettleiinga på røystesetelen.

Lova fastset at stryking av kandidatar kan skje i tråd med rettleiinga på røystesetelen. Stryking skal skje ved å setje eit kryss i ei rute i ein kolonne med ruter til høgre for kandidatnamna, jf. § 19b tredje ledd i valforskrifta. Kolonnen skal ha overskrifta «Stryk». Det må såleis gå fram av rettleiinga på røystesetelen at dette er den einaste måten å gå fram på dersom ein ønskjer å stryke kandidatnamn.

Strykingar som er markerte utanfor den særskilde kolonnen for stryking av kandidatar, skal derfor ikkje godkjennast som stryking. Bakgrunnen er at røystesetlane skal kunne lesast av ulike optiske system. Omsynet til eit effektivt valoppgjer og likebehandling av veljarar tilseier ei slik løysing.

8.11.2 Kommunestyre- og fylkestingsval

Etter vallova § 7-2 (2) kan veljarane ved fylkestingsval og kommunestyreval gje éi personrøyste til så mange kandidatar på lista som dei vil. Det følgjer av valforskrifta § 19c tredje ledd at det skal trykkjast ein kolonne med ruter til venstre for namna på

kandidatane. Kolonnen skal ha overskrifta «Personstemme» eller «Personrøyst». Personrøyst gjev veljaren då ved å setje eit kryss i ruta ved namnet til kandidaten(-ane).

Ved kommunestyreval kan veljarane i tillegg gje éi personrøyst til éin eller fleire kandidatar på andre vallister, såkalla «slengjarar», jf. vallova § 7-2 (3). Det gjer ein ved å føre opp kandidatnamna på røystesetelen, og dessutan partitilhøyrse dersom det er nødvendig for å identifisere kandidaten. Det følgjer av valforskrifta § 19c fjerde ledd at det skal trykkjast ein tabell for oppføring av kandidatar frå andre lister på røystesetelen. Første kolonne i tabellen skal ha overskrifta «Kandidatar fra andre lister» (bokmål) eller «Kandidatar frå andre lister» (nynorsk). Andre kolonne skal ha overskrifta «Parti».

Talet på kandidatar som kan førast opp frå andre lister («slengjarar»), er avhengig av talet på medlemer i kommunestyret. Det kan maksimalt førast opp så mange kandidatar som tilsvarer ein fjerdedel av det talet på medlemer som skal veljast. Fordi talet på kommunestyrerepresentantar skal vere eit oddetal, jf. kommunelova § 5-5 andre ledd, vil det ikkje vere deleleg med fire. Det må derfor gjerast ei avrunding. Avrundinga må gjerast nedover, fordi talet på «slengjarar» elles går over maksimumstalet i lova på ein fjerdedel. Uavhengig av talet på medlemer i kommunestyret er det likevel alltid tillate å føre opp minimum fem kandidatar frå andre lister.

8.12 Rettleiing til veljarane

Det følgjer av valforskrifta § 19 (3) bokstav d at det skal trykkjast ei rettleiing på røystesetlane om høvet til å endre på røystesetlane. Tekst går fram av forskrifta.

9 VALMATERIELL

9.1 Materiell som blir sendt ut til valstyra

Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Sametinget sender ut dette valmateriellet til valstyra:

9.1.1 Offisielle røystesetelkonvoluttar

Røystesetelkonvoluttane skal brukast ved førehandsrøystegjevinga i følgjande tilfelle:

- ved tidlegrøystegjevinga, jf. valforskrifta § 24 a
- ved straumbrot eller brot i kommunikasjonen knytt til manntalet (beredskapsrutinar), jf. vallova § 8-4 (3) og valforskrifta § 27a
- der valstyret i særlege tilfelle har bestemt at det skal brukast røystesetelkonvolutt, jf. vallova § 8-4 (4)
- når det kjem inn ei røyst frå ein veljar som er manntalsført i ein annan kommune, jf. vallova § 8-4 (5)
- når ein får inn ei røyst frå ein veljar som ikkje er innført i den aktuelle delen av manntalet, eller som allereie er kryssa av i manntalet, jf. valforskrifta § 27 (4)

På valtinget skal ein nytte røystesetelkonvolutt dersom røysta skal leggjast i eit særskilt omslag.

Kommunar som nyttar ordninga med elektronisk avkryssing i manntal på valdagen, nyttar også røystesetelkonvolutt på valtinget i tilfelle der røystegjevingar må takast imot i beredskapskonvolutt, jf. vallova § 9-5 a fjerde ledd.

Røystesetelkonvoluttar skal ikkje nyttast ved ordinær førehandsrøystegjeving når veljarar førehandsrøyster i den kommunen dei er manntalsførte i, eller ved normal røystegjeving på valdagen.

Røystesetelkonvoluttane er brune i format C5. På framsida av konvolutten er det trykt riksvåpen og teksten «valg/val». Røystesetelkonvoluttar til sametingsvalet er blå.

9.1.2 Avkryssingsrøystesetel

Departementet sender ut røystesetlar som kan nyttast av veljarar som røystar utanfor eige fylke ved stortingsval og fylkestingsval og utanfor eigen kommune ved kommunestyreval. Desse røystesetlane inneheld ikkje kandidatnamn. Dei inneheld i staden ei oversikt over alle dei registrerte politiske partia. Veljaren skal krysse av for det partiet vedkomande ønskjer å røyste på. Dersom veljaren ønskjer å røyste på eit parti/liste som ikkje står på avkryssingsrøystesetelen, kan namnet førast på i eit ope felt på røystesetelen. Avkryssingsrøystesetelen er påført punktskrift.

I tillegg til partinamna i alminneleg trykt tekst står ei forkorting av partinamnet i punktskrift berekna på blinde veljarar. Departementet sender ut eit informasjonsark trykt i punktskrift berekna på denne veljargruppa. Arket skal stillast til disposisjon for blinde veljarar som får utdelt røystesetlane departementet sender ut. Arket inneheld ei forklaring på partiforkortingane på røystesetlane og ei rettleiing om korleis ein skal røyste.

Ved sametingsvalet sender Sametinget ut røystesetlar med partinamn og kandidatnamn til bruk for veljarar som røystar i eigen krins ved sametingsvalet. Dei sender vidare ut blanke røystesetlar utan partinamn og kandidatnamn. Desse røystesetlane skal nyttast av veljarar som røystar utanfor eigen valkrins ved sametingsvalet. På røystesetelen skriv veljaren namnet på den lista vedkomande ønskjer å gje røysta si til.

Røystesetlane må kunne skiljast frå kvarandre når det blir avvikla samtidige val. Ved stortings- og sametingsval er røystesetlane til stortingsvalet oransje, mens røystesetlane til sametingsvalet er blå. Ved kommunestyre- og fylkestingsval er røystesetlane til kommunestyrevalet rosa, mens røystesetlane til fylkestingsvalet er blå. I tillegg sender Valdirektoratet ut

- blanke valkort
- ein plakat som informerer veljarane om korleis dei går fram for å røyste til både førehandsrøystegjevinga og valdagen

9.2 Materiell som valstyra sjølv må skaffe

Valstyra må sjølve syte for å skaffe seg anna materiell som er nødvendig. Det gjeld mellom anna:

- røystesetlar med kandidatnamn
- omslagskonvolutt med vindaug til førehandsrøystegjevinga Valdirektoratet tilrår at kommunane bruker nye omslagskonvoluttar med justert vindaug. Eldre omslagskonvoluttar bør ikkje brukast fordi ein risikerer at namnet og adressa til veljaren viser i konvoluttvindauget.
- beredskapskonvoluttar til bruk dersom elektronisk manntal ikkje er tilgjengeleg under førehandsrøystegjevinga (sjå under)
- oransje beredskapskonvoluttar til bruk dersom elektronisk manntal ikkje er tilgjengeleg på valdagen, dersom kommunen nyttar elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen (sjå under)
- omslag til røystegjevingar som skal leggjast i særskilt omslag, det vil seie for
 - 1) «framande» røyster
 - 2) veljarar som ikkje står i manntalet
 - 3) veljarar som det er kryssa av for i manntalet fordi dei har førehandsrøysta
- stempel for å stemple røystesetlane (for meir informasjon om stempel, sjå punkt 10.9.7)
- tilstrekkeleg med skrivesaker (fortrinnsvis kulepennar) til å leggje ut i avlukka til bruk for veljarar som vil endre på røystesetlane
- innpakkingspapir og hyssing
- forseglingsmateriell
- sendingskonvolutt

Valdirektoratet tilrår dette formatet på omslagskonvolutten med vindaug:

Format for konvolutten: B5 (breidd 250mm x høgd 176mm).

storleiken på vindauget: Breidd 118 mm x høgd 95 mm.

plasseringa av vindauget: 14 mm frå venstre kant og 46 mm frå topp.

Røystegjevingane som skal sendast til andre kommunar, skal sendast i ein sendingskonvolutt, jf. valforskrifta § 27 (8).

Kommunane skal også ha beredskapskonvoluttar tilgjengeleg dersom det elektroniske valadministrasjonssystemet EVA skulle gå ned i førehandsrøysteperioden. Denne konvolutten skal skilje seg ut frå omslagskonvolutten. Det kan for eksempel gjerast ved å setje ein «B» utanpå konvoluttane som skal brukast i ein beredskapssituasjon.

Kommunar som nyttar elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen skal ha oransje beredskapskonvoluttar tilgjengeleg dersom det elektroniske valadministrasjonssystemet EVA skulle gå ned på valdagen, jf. valforskrifta § 31a.

Valstyret må i god tid før røystegjevinga startar, forsikre seg om at alt nødvendig valmateriell er på plass.

Valmateriellet blir sendt ut til kommunane direkte frå trykkjeriet. Erfaringa tilseier at det kan skje feil ved distribusjonen av materiellet, slik at det blir nødvendig å ettersende materiell til nokon kommunar. Vi ber derfor om at valstyret sjekkar heile sendinga med ein gong ho kjem, slik at eventuelle ettersendingar av valmateriell kan gjerast så snart som mogleg.

Kommunar som har fått for få røystesetelkonvoluttar eller røystesetlar, kan kontakte Valdirektoratet for å få tilsendt fleire. For etterbestilling av materiell, bruk kontaktskjemaet på Valmedarbeidarportalen:

<https://valgmedarbeiderportalen.valg.no/kontakt-oss/>. Vi understrekar elles at andre konvoluttar og eventuelle blanke røystesetlar kan nyttast dersom ein går tom for utsendt materiell.

Valstyret må syte for å distribuere materiell til vallokala i god tid og på ein måte som sikrar at ingenting blir borte eller øydelagt. Leiaren for røystestyret har ansvaret for å kontrollere at alt materiell er motteke.

Smitteverntiltaka som kommunar og fylkeskommunar må setje inn som følge av covid-19, fører med seg eit ansvar for å sikre tilgang på handhygiene- og verneutstyr, samt naudsynt opplæring i bruken av dette.

Sjå meir i [smittevernrettleiaren for valgjennomføringa under covid-19-utbrotet](#).

9.3 Universelt utforma valutstyr

Kvar enkelt kommune er ansvarleg for å etablere vallokale både ved førehandsrøystegjevinga og på sjølve valdagen. Lokala skal leggjast til rette med stor vekt på krava til universell utforming, jf. punkt 10.3.

Det er utvikla universelt utforma valutstyr som tek omsyn til dei ulike utfordringane personar med nedsett funksjonsevne har. Valutstyret inneheld valavlukke, valurne og skiltprogram. Både valavlukket og valurna er utforma på ein slik måte at dei skal vere moglege å bruke for alle veljarar, også rullestolbrukarar. Det vil dermed ikkje vere behov for eigne, tilpassa valavlukke til denne gruppa.

Departementet har inngått ein rammeavtale om produksjon av dette utstyret på vegner av kommunane. Det inneber at kommunar som ønskjer å bestille utstyr, kan gjere avrop på avtalen. Kommunen treng derfor ikkje gå ut med ein eigen anbodskonkurranse.

For å gjere det enkelt å bestille utstyret er det oppretta ein nettportal der kommunane kan finne informasjon om og bestille utstyret. Nettportalen har adressa:

www.valgutstyr.no

Kommunane bestemmer sjølve kva slags og kor mykje utstyr dei vil kjøpe inn ved kvart val. Kommunane vel også sjølve om dei vil kjøpe heile eller delar av løysinga. Ingen kommunar er forplikta til å kjøpe valutstyr frå denne løysinga.

10 FØREHANDSRØYSTEGJEVING – INNANRIKS

Det er viktig at alle som skal vere med og ta imot førehandsrøyster, får tilstrekkeleg opplæring slik at ein unngår feil. Røystemottakarane har eit viktig ansvar for å sjå til at regelverket blir følgt, sidan resultatet elles kan bli forkasta røyster.

Reglane om førehandsrøysting går fram av vallova kapittel 8 og valforskrifta kapittel 6. Det er kommunane som har ansvaret for å leggje til rette for førehandsrøystinga innanriks.

10.1 Tidlegrøystegjeving

Veljarar kan røyste innanriks frå 1. juli, såkalla tidlegrøyste. Det skal vere mogleg å tidlegrøyste fram til og med 9. august, det vil seie fram til den ordinære førehandsrøystinga startar 10. august.

Formelt er ei slik «tidlegrøysting» ein del av førehandsrøystinga, men perioden 1. juli til 10. august blir kalla for tidlegrøysting og perioden frå 10. august til fredag før valdagen for ordinær førehandsrøysting.

Ordninga er heimla i vallova § 8-1 fjerde ledd:

«(4) Velgere som oppholder seg innenriks, unntatt på Svalbard og Jan Mayen, og som ikke kan avgi stemme i perioden for forhåndsstemmegivning eller på valgtinget, kan henvende seg til kommunen og avgi stemme fra 1. juli og frem til forhåndsstemmegivningen starter 10. august i valgåret.»

Enkelte valår fell 10. august på ein laurdag eller ein søndag. Vallova § 15-5 bestemmer då at fristen går ut den påfølgjande kvardagen. Lova må derfor lesast slik at det i desse åra skal vere mogleg å tidlegrøyste fram til den ordinære førehandsrøystinga startar. Kommunar som ønskjer det kan derfor halde ope for tidlegrøystegjeving laurdag og sundag.

Ordninga gjeld alle veljarar. Tidlegrøysting er meint som ei ordning for dei som ikkje har høve til å røyste innanfor førehandsrøysteperioden eller på valdagen. Det er likevel ikkje noko krav om at veljaren må dokumentere at han eller ho ikkje har høve til å førehandsrøyste eller til å røyste på valdagen.

Veljarane skal ha høve til å røyste i alle kommunane i landet. Det er med andre ord ikkje noko krav om å gje røysta si i den kommunen der veljaren er manntalsført. Valstyret skal fortløpande sende røystene til den rette kommunen der det er aktuelt.

Veljaren kan kontakte kommunen og be om å få røyste. Det kan skje skriftleg eller munnleg.

10.1.1 Opningstid for tidlegrøystegjeving

I valforskrifta § 24a heiter det i andre ledd: «*Valgstyret angir sted for slik stemmegivning. Valgstyret bør, så langt det lar seg gjøre, ta hensyn til velgers ønske med hensyn til tidspunkt for stemmegivning*». Det er naturleg at valstyret kunngjer tidspunkt for slik røystegjeving. Ved førespurnader får då veljaren opplyst desse tidspunkta for kva tid han eller ho kan røyste. Dersom ein veljar gjev til kjenne at det ikkje på nokon måte er mogleg for vedkomande å røyste innanfor dette tidsrommet, bør valstyret, så langt det er rimeleg, prøve å kome veljaren sitt ønske for anna tidspunkt i møte. Det kan for eksempel vere at vedkomande får røyste seinare på dagen. Det må likevel i utgangspunktet vere greitt å vise veljaren til å røyste innanfor ordinær arbeidstid/opningstid. Valstyret bestemmer sjølv korleis dette best kan skje ut frå forholda i den konkrete saka. I kunngjeringa om ordninga må det likevel vere kulant å berre føre opp den ordinære opningstida som valstyret fastset.

10.1.2 Tilrettelegging, framgangsmåte, valmateriell og manntal

Etter valforskrifta § 24a første ledd pliktar valstyret å leggje til rette for at veljarar som vender seg til kommunen i perioden 1. juli og fram til den ordinære førehandsrøystinga, får røyste. Føresegna slår fast at kommunen har plikt til å leggje til rette for at veljarane kan tidlegrøyste.

Alle veljarar skal frå 1. juli kunne kontakte kommunen, ved oppmøte eller på annan måte, og be om å få røyste. Tidlegrøysting er meint som ei særordning som skal vere enkel å handtere. Det er ikkje kravd at kommunen legg til rette for full førehandsrøysting i alle lokale.

Valforskrifta § 24 a tredje ledd fastslår at «*Valgloven og valgforskriftens regler for forhåndsstemmer gjelder for øvrig tilsvarende så langt de passer. Valgloven § 8-4 (2), (3) og (4) gjelder ikke*». Framgangsmåten ved førehandsrøystegjevinga er fastsett i vallova § 8-4, jf. valforskrifta kapittel 6. Dette inneber mellom anna at kravet til at røyster skal gjevast i «*enerom og usett*» også gjeld under perioden for tidlegrøystegjeving. Krav i valforskrifta til oppbevaring, forsegling og transport av materiell gjeld også tilsvarende.

Det kan nyttast avlukke eller eit eige eigna rom dersom dette er meir føremålstenleg. Kommunen må syte for ei avskjerma utlegging av røystesetlar. Krava til hemmeleg val skal haldast på same måte som elles. Det må også takast omsyn til rullestolbrukarar som elles ved røystegjeving.

Hovudregelen i vallova for den ordinære førehandsrøystegjevinga i § 8-4 (2), (3) og (4) om røystesetel rett i urna gjeld ikkje. I staden er framgangsmåten for tidlegrøysting beskriven i § 24a (4) i valforskrifta.

Under tidlegrøysting skal røystesetelkonvolutt, valkort ³og omslagskonvolutt alltid nyttast.

Frå og med stortingsvalet i 2021 skal valkort sendast ut elektronisk til veljarar som ikkje har reservert seg mot dette. Veljarar som har reservert seg, vil få valkortet på papir som tidlegare. Røystemottakar skriv ut eit valkort frå EVA, eller fyller ut eit blankt valkort, som skal leggjast saman med røystesetelkonvolutten ned i omslagskonvolutten. Røystemottakaren må etter ordinære prosedyrar føre på det blanke valkortet eller duplikatvalkortet tilstrekkeleg informasjon til at veljaren kan identifiserast, sjå punkt 4.11 om krav til opplysningar på valkort. For veljarar som har med seg papirvalkort, kan dette nyttast.

Dersom røystesetlar med kandidatnamn ikkje er klare til tidlegrøystegjevinga, kan avkryssingsrøystesetelen med punktskrift, som Valdirektoratet sender ut til alle kommunar, nyttast.

Røystesetelen skal stemplast før han blir lagd i røystesetelkonvolutten. Kommunane må derfor ha stempel tilgjengeleg når perioden for tidlegrøysting startar. Sjø punkt 10.10.7 om krav til stempel. Dersom ein røystesetel manglar stempel, skal han stemplast av valfunksjonæren når konvolutten blir opna. Innhaldet skal kontrollerast, og ein må ta stilling til røystegjevinga, jf. valforskrifta § 39a.

For å sikre kravet til hemmeleghald skal røystesetelkonvolutten limast att. Dersom veljaren ikkje har limt konvolutten att, skal røystemottakaren gjere det. Manglande attliming av konvolutten fører ikkje til at røysta blir forkasta.

Røystemottakaren skal leggje til grunn opplysningar i manntalet og føre desse på valkortet. Det gjeld også opplysning om kva kommune veljaren er manntalsført i. Personane valstyret har peikt ut til å ta imot røystene, skal ikkje ta stilling til om desse røystene skal godkjennast eller ikkje. Dei skal heller ikkje krysse av i manntalet. Avkryssing i manntalet kan berre skje dersom ei røyst blir godkjend, jf. vallova § 10-1. Røystemottakaren skal aldri ta stilling til om ei førehandsrøyst skal godkjennast eller ikkje. Denne vurderinga skal på vanleg måte gjerast av valstyret.

Tidlegrøyster skal ikkje på nokon måte merkjast med «tidlegrøyst», men talet på mottekne tidlegrøyster skal bokførast særskilt i møteboka til valstyret.

Røyster som høyrer til andre kommunar, skal sendast vidare fortløpande. Valstyret vurderer røystene for godkjenning når manntalet er klart. Til då må valstyret syte for å oppbevare røystene trygt. Tidspunktet for prøving og kontroll skal fastsetjast av valstyret. For å sikre at manntalet er oppdatert når den ordinære førehandsrøystinga startar, bør valstyret ta stilling til røystegjevinga før det.

³I delar av denne perioden har ikkje veljarar fått valkort. Kommunen må derfor anten nytte blanke valkort eller skrive valkort ut frå EVA.

Krav i valforskrifta til oppbevaring, forsegling og transport av materiell gjeld tilsvarande.

Røystesetlar med kandidatnamn er truleg ikkje klare til den 1. juli.

Fylkeskommunane/kommunane er ikkje pålagde å ha røystesetlane klare til 1. juli.

Dersom røystesetlane med kandidatnamn likevel er klare til 1. juli, kan dei nyttast ved tidlegrøystinga. I motsett fall kan avkryssingsrøystesetelen med punktskrift nyttast.

Kommunane skal kunngjere tid og stad for førehandsrøystinga inkludert tidlegrøystinga, jf. valforskrifta § 24.

Kravet til to røystemottakarar gjeld ikkje ved tidlegrøystegjevinga.

10.2 Tida for ordinær førehandsrøystegjeving innanriks

Den ordinære førehandsrøystinga skjer frå og med 10. august i valåret, jf. vallova § 8-1 første ledd. Fell 10. august på ein laurdag eller ein heilagdag, startar førehandsrøystinga den første påfølgjande kvardagen, jf. vallova § 15-5.

Førehandsrøystinga kan ikkje skje seinare enn siste fredag før valdagen, jf. § 8-1 andre ledd. På Svalbard kan Sysselmannen bestemme at røystegjevinga skal avsluttast tidlegare enn det som er hovudregelen i lova, dersom det er nødvendig for å sikre at førehandsrøystene kjem fram i tide.

Veljaren må sjølv syte for å røyste så tidleg at røystegjevinga kjem fram til valstyret innan kl. 17 dagen etter valdagen.

10.2.1 Opningstider

Opningstida ved mottak av førehandsrøyster har tradisjonelt følgd opningstidene til kommunen. I ein travel kvardag kan det vere vanskeleg å finne tid til å røyste. Særleg kan det vere vanskeleg dersom vallokalet ikkje er tilgjengeleg etter arbeidstid. For å sikre god nok tilgjengelegheit for veljarane bør kommunane derfor vurdere opningstidene nøye, mellom anna om det er mogleg å halde ope lenger utover kvelden enn det som har vore praksis til no.

Departementet meiner det kan vere grunn til å ha langope minst éin dag i veka i heile førehandsrøysteperioden, kanskje kvar dag siste veka før valet. Siste dagen før valdagen kan det likevel, av omsyn til å få røystene fram i tide, vere grunn til å avslutte på eit tidlegare tidspunkt. Kommunen bør også vurdere å halde ope på laurdagar.

I år er det viktig å gje veljarane informasjon om smitteverntiltak som er sette inn, slik at særleg veljarar i risikograppa ikkje unnlet å røyste pga. frykt for smitte.

Kommunen bør m.a. informere om kva tid det normalt er lite pågang i vallokala, slik at veljarar kan planleggje kva tid dei skal røyste ut frå dette.

Sjå meir i [smittevernrettleiaren for valgiennomføringa under covid-19-utbrotet](#).

10.3 Tilgjenge og tilrettelegging for val

Tilgjenge til val handlar både om kva lokale som blir nytta til røystegjevinga, og korleis sjølve lokala er tilrettelagde. Det er svært viktig å sikre at alle som ønskjer å røyste ved val, har høve til det. Godt tilgjenge skal sikre retten den enkelte har til å delta i og ha innverknad på samfunnet. Ingen skal vere ekskludert frå å røyste ved val på grunn av manglande tilrettelegging. Derfor er det heilt nødvendig at kommunane før vala vurderer kor tilgjengelege vallokala er.

Som følge av covid-19-pandemien skal kommunane ha eigne eigna røystestader for veljarar i karantene ved stortings- og sametingsvalet 2021. Dette følgjer av mellombelse føresegnar i vallova § 8-3 c for førehandsrøysting og 9-3 c for røysting på valtinget. Eigne eigna stader kan i tillegg til dei som er nemnde ovanfor, til dømes vere drive-in-røysting, eller røysting utanfor eit ordinært vallokale fråskild frå andre veljarar.

Det er ikkje krav til dokumentasjon for veljarar som er i karantene. Andre veljarar kan ikkje nektast å røyste på desse røystestadene.

Valstyret skal kunngjere tid og stad for røysting for veljarar i karantene, og kommunen bør informere om kva slags lokale smitteverntiltak som gjeld.

Ein måte å leggje til rette for naudsynt avstand er å bruke større lokale og spreie veljarar på fleire rom. Det er presisert i vallova for komande val at eit vallokale kan bestå av fleire rom som fysisk heng saman jf. vallova § 8-3 a og § 9-3 d.

Sjå oransje boks under punkt 10.9.2 om framgangsmåten for å ta imot røyster frå veljarar i karantene og isolasjon, og raud boks under punkt 10.3.3.1 om omsyn som det må leggjast til rette for ved val og bruk av lokale ved stortings- og sametingsvalet 2021.

10.3.1 Universell utforming

Med universell utforming er meint utforming av produkt eller omgjevnader på ein slik måte at dei kan brukast av alle menneske, i så stor utstrekning som mogleg.

Omgrepet «universell utforming» inneheld eit sterkare likestillingskrav enn det som ligg i omgrepet «tilgjengelegheit for personar med nedsett funksjonsevne». Mens ein kan syte for tilgjengelegheit for personar med nedsett funksjonsevne gjennom spesielle løysingar, føreset universell utforming at hovudløysinga skal kome alle brukarbehov i møte.

Ein viktig del av likestillinga for personar med nedsett funksjonsevne er å kunne utøve

retten til å delta i val på same grunnlag som andre. Når valstyret bestemmer kva lokale det skal haldast førehandsrøysting i, er det derfor nødvendig å ta omsyn til veljarar med nedsett funksjonsevne.

Lov 16. juni 2017 nr. 51 om likestilling og forbud mot diskriminering (likestillings- og diskrimineringslova) stiller krav til universell utforming av vallokala. Lova § 17 seier blant anna at «[o]ffentlige og private virksomheter rettet mot allmennheten har plikt til universell utforming av virksomhetens alminnelige funksjoner». Plikta gjeld ikkje utforming eller tilrettelegging som inneber ei uforholdsmessig byrde for verksemda.

Føremålet til likestillings- og diskrimineringslova er å fremje likestilling og hindre diskriminering på grunn av blant anna funksjonsnedsetjing og skal «*bidra til å bygge ned samfunnsskapte funksjonshemmende barrierer, og hindre at nye skapes*», jf. § 1. Deltaking i val er ein av dei viktigaste arenaene for samfunnsdeltaking. Det er derfor viktig at kommunane vurderer grundig om vallokala tilfredsstiller krava til universell utforming. Omgjevnader og materiell skal utformast slik at dei kan brukast av menneske i alle aldersgrupper og med ulike ferdigheiter, kapasitet og funksjonsevne. Forhold som gjeld bevegelse, syn, høyrsel, forståing eller følsemd for miljø, er sentrale.

I byggjesaksdelen i plan- og bygningslova er det heimel til å gje forskrift om oppgradering av eksisterande bygg retta mot allmenta til ein standard tilsvarande universell utforming. Slike forskrifter er ikkje gjevne.

10.3.2 Kommunen si aktivitetsplikt

Likestillings- og diskrimineringslova inneheld krav som valstyret må rette seg etter. Lova § 24 seier at «*[o]ffentlige myndigheter skal arbeide aktivt, målrettet og planmessig for å oppfylle lovens formål*». Lova stiller i tillegg opp ei plikt i § 19 til å arbeide aktivt for å fremje universell utforming, som supplerer den generelle føresegna om aktivitetsplikt. Desse aktivitetspliktene krev at kommunane har eit bevisst forhold til om vallokala tilfredsstiller krava til universell utforming.

10.3.3 Krav til lokala der førehandsrøysting skal gå føre seg – val av lokale

Vallova §§ 8-3 første ledd og 9-3 andre ledd stiller enkelte krav til dei lokala som skal nyttast til røystegjevinga. Lokala skal både vere eigna for røystemottak og vere tilgjengelege for veljarane.

10.3.3.1 Eigna lokale

Det følgjer av vallova § 8-3 første ledd at røystegjevinga skal skje i eigna lokale. Det inneber at rammene rundt førehandsrøystinga skal vere slik at veljarane føler seg vel i situasjonen og trygge på at grunnleggjande sikkerheitsrutinar er sikra. Lokale som blir brukte til førehandsrøysting, bør såleis ha eit visst offisielt preg. Røystegjeving er derfor først og fremst aktuelt i offentlege lokale. Andre lokale kan også nyttast, men røystegjeving i lokale der det går føre seg aktivitetar med kommersielt preg, tilfredsstillar ikkje kravet om at røystegjevinga skal skje i rolege og verdige former. Dette er likevel ikkje til hinder for å gjennomføre førehandsrøysting på kjøpesenter eller tilsvarende stader. Men kvar i kjøpesenteret det blir lagt til rette for røysting, må vurderast opp mot kravet til kor eigna lokalet er.

Vi viser elles til punkt 10.4.3, der røystemottak ved kjøpesenter er omtalt nærmare. Ein kan for eksempel ta imot røyster i mellombels oppsette lokale eller liknande utanfor kjøpesenteret, eller ein kan innreie eit røystelokale i eit eigna område inne på kjøpesenteret. Som eksempel på moglege røystelokale kan vi nemne tomme eller ledige lokale inne i senteret. Om eit lokale er eigna for å ta imot førehandsrøyster, må vurderast konkret. I denne vurderinga må valstyret vurdere både utforminga av lokalet og typen aktivitet som elles går føre seg i lokalet.

Covid-19-pandemien gjer at valstyret får fleire omsyn som det må leggjast til rette for ved val og bruk av lokale ved stortings- og sametingsvalet 2021.

Måten vallokala er utforma på vil vere viktig for å sikre ei forsvarleg gjennomføring. Lokale med høve til separat inn- og utgang er ein fordel for enklare logistikk. Der det ikkje er mogleg med separat inn- og utgang, må kommunen setje inn andre tiltak for å sikre at ikkje veljarar møter andre veljarar i døra, som til dømes ved at ein medarbeidar organiserer veljarar som skal ut og inn. God ventilasjon og storleiken på lokalet har også noko å seie. Det må gjerast vurderingar av kor mange personar som kan vere inne i lokalet samstundes. I tette rom utan ventilasjonssystem, er det tilrådd å lufte regelbunde. Det er tilrådd at kommunane har kontakt med kommunelegen i desse vurderingane.

Dei vanlege smittevernomsyna gjeld for alle veljarar. Det er særleg viktig for komande stortingsval at smittevern blir teke hand om i valstyret si vurdering ved val av førehandsrøystemottak. Det skal vere mogleg å røyste utan å vere nærmare andre enn 1 meter, og ein skal kunne gjere det på kortare tid enn 15 minutt. Dette stiller krav både til val av lokale og organiseringa av røystinga.

Det er per i dag lite som tyder på at papir er ein relevant smitteveg, og god handhygiene reknast som tilstrekkeleg tiltak ved handtering av røystesetlar og anna papir.

Sjå meir i [smittevernrettleiaren for valgjennomføringa under covid-19-utbrotet](#).

Ein måte å leggje til rette for naudsynt avstand er å bruke større lokale og spreie veljarar på fleire rom. Det er presisert i vallova for komande val at eit vallokale kan bestå av fleire rom som fysisk heng saman jf. vallova § 8-3 a og § 9-3 d.

10.3.3.2 Tilgjenge

Veljarane skal kunne ta seg inn i vallokala utan hjelp. Andre lokale skal berre nyttast dersom det ligg føre «særlege grunnar». Dette inneber at røystegjevinga skal leggjast til lokale der veljarane kan ta seg inn på eiga hand.

Dersom det ikkje finst slike lokale i kommunen, må kommunen i utgangspunktet setje i verk tiltak som gjer lokala tilgjengelege for veljarane. Det kan for eksempel vere å setje opp ei rullestolrampe. Andre lokale kan nyttast dersom det ikkje finst eigna lokale som veljarane kan ta seg inn i utan hjelp, og det ikkje er mogleg eller vil vere uforholdsmessig dyrt å gjere lokala tilgjengelege for alle veljarane. Det skal leggjast ei streng vurdering til grunn ved avgjerda av om andre lokale kan nyttast.

Kor tilgjengelege lokala er, kjem mellom anna an på kor dei er geografisk plasserte i kommunen, om det er parkeringsmoglegheiter eller busstopp nær lokalet, om det er eit trafikknutepunkt, om det er ein stad der mange ferdast, og så vidare. Kommunane bør gå

gjennom heile «røystegjevingsløypa», frå parkering/busstopp til valurne, for å sjå om ein kan ha oversett eventuelle hindringar som kan skape problem for enkelte veljarar. Særleg umerkte trapper, trinn og tersklar kan opplevast som problematiske.

Kravet til tilgjengelegheit gjeld for alle vallokala i kommunen. Det er ikkje nok å leggje forholda til rette i berre eitt lokale. Det skal liggje føre særlege grunnar dersom ein vik frå dette kravet. Departementet vil også understreke at det ikkje er i samsvar med lova å la vere å leggje til rette eit vallokale og grunngje det med at det ikkje er behov for tilrettelegging i den aktuelle krinsen.

Når ein vurderer om det finst eigna lokale som veljarane kan ta seg inn i på eiga hand, bør alle typar lokale vurderast. Sjølv om det ikkje er tradisjon for å halde førehandsrøysting i ein bestemd type lokale, vil dette vere ei betre løysing enn å halde røystegjevinga i lokale som ikkje er tilgjengelege for alle veljarane. Aktuelle lokale er nemnde i punkt 10.4.

10.3.4 Tilrettelegging i lokala

10.3.4.1 Generelt

Valforskrifta §§ 26 og 30 inneheld krav til god tilgjengelegheit inne i sjølve vallokala. Tilgjenge til vallokala omfattar alle forhold inne i vallokalet som kan påverke moglegheita til å røyste. Det omfattar mellom anna skilting/merking, framkomelegheit, logistikk, lysforhold og valutstyr som avlukke, urne og røystesetel.

I samband med krava til universell utforming er det utvikla ei løysing for valutstyr som kommunane kan bestille, jf. punkt 9.3.

Departementet påpeiker kor viktig det er at kommunane har eit bevisst forhold til kven dei legg til rette for. Det er viktig å vere klar over at ein stor del av befolkninga har redusert funksjonsevne i delar av livet, for eksempel i periodar med skadar og sjukdom eller på grunn av aukande alder. Det er derfor viktig at kommunane tenkjer breitt når det gjeld tilrettelegging.

Valstyret har plikt til å syte for å setje inn tiltak for å sikre ei smittevern­fagleg forsvarleg gjennomføring av førehandsrøystegjevinga og valtinget ved stortingsvalet i 2021, jf. valforskrifta §§ 26 a og 30 a. Dette vil mellom anna seie at det må setjast inn tiltak som bidreg til at sjuke valfunksjonærar og røystestyremedlemer ikkje deltek i førehandsrøystegjevinga og røystegjevinga på valtinget, og at det er sett inn hygienetiltak samt kontaktreduserande tiltak. Valstyret må gjere ei konkret vurdering ut frå lokale tilhøve av kva tiltak som er naudsynte å setje inn for å sikre ei smittevern­fagleg forsvarleg gjennomføring av valet.

Valstyret skal syte for at det er mogleg å halde ein avstand på minst éin meter til andre under røystegjevinga. Det kan likevel i somme situasjonar vere vanskeleg eller umogleg å halde eit slikt avstandskrav i tilfelle der veljaren har behov for assistanse ved røystegjevinga. Det er difor gjort unntak frå regelen om éin meters avstand i slike tilfelle. I så fall bør gjeldande råd om bruk av personleg verneutstyr følgjast så langt som mogleg.

Det må leggjast til rette for at ein held avstandskrava:

- Avstand i vallokalet sikrast. Kommunane må leggje lokala til rette på ein slik måte at veljarane kan gå inn i lokalet, røyste og gå ut igjen frå lokalet utan å måtte vere nærmare andre personar enn minimum 1 meter. Tida veljaren brukar inne i vallokalet bør vere mindre enn 15 minutt.
- For å få til dette er god informasjon til veljaren i forkant av røystinga viktig. Det bør også arbeidast med å gjere prosessen i vallokalet så forståeleg som mogleg. God skilting, leieteip og/eller skiljeband kan brukast til dette. Ein bør unngå innandørs kø.
- Køen til vallokalet må organiserast på ein god måte, og bør så langt som mogleg vere utandørs. Kommunen må sikre at alle veljarar som står i kø, kan halde naudsynt avstand til andre veljarar. Ettersom det kan tenkjast at ein veljar må stå i kø over noko tid, vil krava til avstand i køen vere ekstra viktig for å redusere risikoen for å bli smitta. I nokre lokale og på nokre tidspunkt, er det svært lite kø. Når det utviklar seg kø, må kommunen ha eigne medarbeidarar som syter for at avstand mellom personar i køen overhaldast. Det er likevel ikkje tilgang til å bortvise veljarar som ikkje held avstandskravet.

Det må leggjast til rette for god hygiene:

- God hand- og hostehygiene reduserer smitte ved alle luftvegsinfeksjonar, også smitte med covid-19. Hygienetiltak bør utførast hyppig av alle, uavhengig av kunnskap om eigen og andre sin smittestatus.
- Det er viktig å understreke at sjølv om kommunen har ei plikt til å tilby handsprit, er det ikkje eit krav at veljaren brukar dette. Det er altså ikkje mogleg å bortvise ein veljar på grunnlag av at vedkomande ikkje vil bruke handsprit.
- Det må leggjast til rette for god handhygiene blant veljarar og valmedarbeidarane. Tilgang til og plassering av handhygienefasilitetar er viktig for etterleving av råda. Fasilitetane bør vere godt synlege og tilgjengelege der hyppig kontakt mellom menneske skjer.
- Det er per i dag lite som tyder på at papir er ein relevant smitteveg, og god handhygiene reknast som tilstrekkeleg tiltak ved handtering av røystesetlar og anna papir.

Døme på område der det bør vere tilgang til handhygieneutstyr er:

- Fellesområde (toalett, resepsjon med vidare)
- Ved inngang og utgang
- På stader der det blir innteke mat og drikke (eterom, kantine med vidare)
- Andre område med mykje aktivitet og der det er mange felles kontaktpunkt.

Sjå informasjon om handhygiene på [nettsidene til Folkehelseinstituttet](#).

Godt reinhald:

- Koronavirus fjernast enkelt ved manuell reingjering med vatn og vanlege reingjeringsmiddel. For utdjupande informasjon om reinhald, sjå [Reingjering til sektorar utanfor helsetenesta](#).
- Kommunane og fylkeskommunane må gå gjennom rutinar og lokale reinhaldsplanar, og vurdere om det er naudsynt å lage tilpassingar (organisering, ansvar og ressursbehov). Dette gjeld både reinhald på stader der veljarane møter opp, og for lokale som brukast av valmedarbeidarar og omfattar også felles utstyr. Det er ikkje naudsynt å bruke ekstra verneutstyr ved reingjering. Vask hender etter at reingjering er gjort, også om ein har brukt hanskar.

Så lenge ein tek hand om god handhygiene før og etter bruk av utstyret, vil risikoen for smitte vere låg. Det er per i dag lite som tyder på at papir er ein relevant smitteveg, og god handhygiene reknast som tilstrekkeleg tiltak ved handtering av røystesetlar og anna papir.

Bruk av munnbind vurderast:

- Bruk av munnbind er tilrådd i visse situasjonar i område med aukande eller høgt smittepress når det ikkje kan haldast avstand. Om det blir innført nasjonale eller lokale råd om at ein skal bruke munnbind, vil det også gjelde for valet. Det kan vere naudsynt å fjerne munnbindet for at valmedarbeidaren skal kunne identifisere veljaren. Råd for korrekt handtering av munnbind må då følgjast.

Sjå generelle råd i artiklane [Handhygiene, hostehygiene, reingjering og klesvask](#) og [Munnbind og visir i befolkninga](#) på nettsidene til Folkehelseinstituttet.

Syte for god ventilasjon i lukka lokale:

- Generelt er det tilrådd å sikre god ventilasjon i lukka omgjevnader og tette rom. I tette rom utan ventilasjonssystem, er det tilrådd å lufte regelbunde. Elles bør bruk og vedlikehald av ventilasjon følgje vanlege rutinar.
- Om det er mogleg å leggje til rette for røystring utandørs på ein god måte, kan det vere eit godt alternativ. Folkehelseinstituttet har utarbeidd utfyllande [informasjon om inneklime og risiko for smitte av covid-19 med råd om ventilasjon \(pdf\)](#).

Sjå meir i [smittevernrettleiaren for valgjennomføringa under covid-19-utbrotet](#).

Kommunehelsetenesta har som elles ansvaret for oppfølging rundt tilfelle med stadfesta covid-19 (smittesporing), og skal varsle kommunen og fylkeskommunen om tilsette eller andre medarbeidarar får stadfesta smitte. Bidraget frå kommunen og fylkeskommunen er like fullt svært viktig:

- Kommunen og fylkeskommunen skal kunne hjelpe med oversikt over nærkontaktar. Dette omfattar å ha oversikt over kven som har jobba kvar og til kva tid.
- Leiinga til kommunen og fylkeskommunen må samarbeide med kommunehelsetenesta om kven som skal informere dei ulike gruppene (veljarar, tilsette og andre relevante) og på kva måte. Det er viktig å inkludere vikarar og mellombels tilsette i informasjonsformidlinga, samt personar i andre kommunar som er knytte til verksemda der det har oppstått smitte.
- Kommunen og fylkeskommunen må informere kommunehelsetenesta om behov for tolk.
- Alle involverte råka ønskjer mykje informasjon, og behovet må balanserast mot teieplikt og personvernomsyn.

Kommunane skal ikkje registrere veljarar som møter opp for å røyste for mogleg smittesporing. Grunngjevinga for det er at sannsynet for nærkontakt vil her vere lite, og omsynet til hemmeleg val tilseier at slik registrering ikkje gjerast.

Sjå meir i [smittevernrettleiaren for valgjennomføringa under covid-19-utbrotet.](#)

10.3.4.2 Rullestolbrukarar

Dei nye avlukka har to bord, eitt for gåande og eitt lågare bord for rullestolbrukarar. Her skal det vere mogleg å få tak i røystesetlar sjølv. Dersom det unntaksvis ikkje finst eigna avlukke for rullestolbrukarar, kan røystesetlane leggjast på eitt eller fleire låge bord i lokalet. I så fall må borda vere avskjerma slik at veljaren ikkje risikerer å vise kva setel han eller ho vel. Eit alternativ er å dele ut eit sett med alle røystesetlane til veljarar som har vanskar med å bruke røystesetlane som er lagde ut i røysteavlukket. Departementet oppfordrar likevel til i størst mogleg grad å syte for løysingar som kan brukast av alle.

10.3.4.3 Blinde og svaksynte

Krava i valforskrifta inneber mellom anna at det må vere ryddige forhold og godt lys inne i røysteavlukka. Dei nye avlukka har eige lys over borda. Det er også viktig at informasjonen i vallokalet og/eller i avlukka er i stor nok skrift til at han kan lesast av alle.

Valforskrifta § 26 andre punktum og § 30 fastset at røystegjevinga skal leggjast til rette slik at blinde og svaksynte veljarar kan røyste utan å måtte be om hjelp. Kommunane bestemmer sjølve korleis dei ønskjer å leggje til rette slik at kravet blir oppfylt. Ved val av framgangsmåte må det leggjast avgjerande vekt på at valet skal vere hemmeleg, og at den valde løysinga skal vere enkel å bruke.

Departementet tilrår å merkje røystesetelkassetar med lappar med listeoverskrifta i punktskrift for blinde og storskrift for svaksynte. Dersom ein nyttar slike avlukke, er det i utgangspunktet nok å innreie eitt slikt avlukke i kvart vallokale. Ein bør likevel vurdere å leggje til rette fleire røysteavlukke på denne måten, fordi merkelappar med stor skrift kan vere til nytte for store grupper veljarar.

Ein annan måte å leggje til rette for blinde og svaksynte veljarar på, er å bruke ei kartotekløysing. Det inneber at ein bruker ein liten koffert eller liknande med skiljeark, der namnet på partiet er trykt i punktskrift og storskrift på arkfana til skiljearket. Røystesetlar med kandidatnamn skal leggjast bak skiljearket. Det er viktig å hugse på eit eige skiljeark for blanke røystesetlar. Når ein blind veljar kjem for å røyste, får veljaren utlevert kofferten og kan finne fram til den aktuelle røystesetelen på eiga hand utan hjelp frå andre. Denne løysinga kan særleg vere aktuell ved røystegjeving heime hos veljarane.

Det er svært viktig å understreke at omsynet til hemmeleg val må sikrast, uansett kva løysing ein vel.

Kravet om at røystegjevinga skal leggjast til rette slik at blinde og svaksynte veljarar kan røyste utan hjelp frå andre, gjeld uansett kvar førehandsrøystinga skjer. Det gjeld såleis ikkje berre i ordinære vallokale og på institusjonar, men også ved røystegjeving heime hos veljaren og utanriks.

Departementet oppfordrar til at ein set seg grundig inn i føresegnene i valforskrifta, som er tilgjengeleg på www.valg.no.

Inngå gjerne samarbeid med representantar for ulike brukargrupper og få råd frå menneske med nedsett funksjonsevne i planlegginga av kva lokale som skal brukast, og korleis lokala skal vere utforma innvendig. Sjå også: [kommunale og fylkeskommunaleråd for personar med nedsett funksjonsevne](#).

10.4 Stad for førehandsrøystegjevinga

10.4.1 Innleiing

Det er valstyret som bestemmer kvar ein skal ta imot førehandsrøyster. Det er likevel eit lovfesta krav av det skal haldast førehandsrøysting på helse- og sosialinstitusjonar. Sjå punkt 10.3.3 om kravet til å vurdere kor eigna lokalet er.

10.4.2 «der valgstyret ellers beslutter...»

Det følger av vallova § 8-3 andre ledd bokstav b at førehandsrøystinga skjer der valstyret bestemmer at det skal ta imot førehandsrøyster. Valstyret må vurdere konkret kor mange stader i kommunen det er behov for å ha førehandsrøysting. Det same gjeld for opningstidene i lokala. Lova byggjer likevel på ein føresetnad om at det i heile perioden skal vere mogleg å førehandsrøyste minst éin stad. Dette gjeld likevel berre på vanlege arbeidsdagar (måndag til fredag).

Stader der det kan vere naturleg å halde førehandsrøysting i tillegg til dei lovbestemde stadene (helse- og omsorgsinstitusjonar og ambulerande), er kommunehus, offentlege servicekontor, bibliotek, NAV-kontor, bank, burettslag, kjøpesenter, skole, universitet, høgskole, hotell, valbuss, valbåt, legeskyssbåt med vidare. Når det blir lagt til rette for førehandsrøystegjeving, er det viktig at kommunen sikrar god tilgjengelegheit for veljarane.

Sjå oransje boks under punkt 10.3 om eigne førehandsrøystestader for veljarar i karantene og raud boks under punkt 10.3.3.1 for omsyn knytte til pandemien når det gjeld eignaheit.

10.4.3 På kjøpesenter

I mange kommunar er kjøpesenteret ein stad der ein veit at mange veljarar ferdast. Dersom forholda ligg til rette for det, vil det vere naturleg å opne for førehandsrøystegjeving her.

I Prop. 64 L (2010–2011) uttaler departementet følgjande:

«Tradisjonelt tilrettelegger svært mange kommuner forhåndsstemmemottak i rådhus og/eller servicetorg, noen ganger som eneste sted. Departementet mener kommunene bør vurdere om dette faktisk sikrer best mulig tilgjengelighet og tilrettelegging. Det er viktig å sikre god deltakelse ved valg og dermed å legge stemmegivning til steder der velgerne ferdes. Evalueringen viser at det gis gode tilbakemeldinger på forhåndsstemmemottak på kjøpesenter. Det er i dag god infrastruktur i tilknytning til kjøpesenter, samtidig som kjøpesentre normalt har god tilgjengelighet og er godt tilrettelagt for alle, uavhengig av funksjonsevne.

Departementet vil oppfordre det enkelte valgstyre til en grundig gjennomgang av sted for forhåndsstemmegivning med tanke på hvordan det best kan tilrettelegges for valg og ut fra best mulig tilgjengelighet for velgere.»

Departementet viser til det som er sitert frå proposisjonen, og ber kommunane vurdere om det er aktuelt å gjennomføre førehandsrøysting på eitt eller fleire kjøpesenter i kommunen.

Førehandsrøystinga i eller ved kjøpesenter må organiserast slik at prinsippet om hemmeleg val blir sikra, samtidig som røystegjevinga kan skje mest mogleg uforstyrra av annan aktivitet i senteret. Dersom det er ledige eller tomme lokale i senteret, kan det

vere naturleg å nytte desse. Eit anna alternativ kan vere å bruke mellombels oppsette lokale utanfor senteret. Departementet tilrår valstyra å ha dialog med leiinga ved kjøpesentra med sikte på å få til ei mest mogleg føremålstenleg organisering av røystemottakinga.

Sjå raud boks under punkt 10.3.3.1 for omsyn knytte til pandemien når det gjeld eignaheit.

10.4.4 På skular, universitet og høgskular

Det å kunne førehandsrøyste på vidaregåande skolar, universitet og høgskolar vil for mange av dei yngre veljarane vere enkelt og tidssparande. Kommunar med slike lærestader bør derfor nøye vurdere kva moglegheiter det er for røystegjeving der.

10.4.5 I fengsel og militærleirar

Veljarar som oppheld seg i fengsel, kan ha vanskar med å få røysta på valdagen. Dei same omsyna som ligg til grunn for å halde førehandsrøysting på helse- og omsorgsinstitusjonar, gjeld også for personar som oppheld seg i fengsel. Det tilseier at det bør vere mogleg å førehandsrøyste i alle fengsel.

Dei same omsyna gjer seg gjeldande, om enn i mindre grad, for militært personell som held til i militærleirar.

10.4.6 På helse- og omsorgsinstitusjonar

Etter vallova § 8-3 andre ledd bokstav a skal det haldast førehandsrøysting på helse- og omsorgsinstitusjonar. Det omfattar sjukehus, pleieheimar og etterbehandlingsheimar med vidare. Det er også mogleg å ta imot førehandsrøyster heime hos personar som oppheld seg i trygde- og omsorgsbustader med nær tilknytning til dei nemnde institusjonane, jf. valforskrifta § 25. Det er ikkje høve til å vedta at det berre skal haldast førehandsrøysting på enkelte helse- og omsorgsinstitusjonar.

Det skal haldast førehandsrøysting minst éin dag ved alle institusjonane. Av omsyn til seint innkomne førehandsrøyster bør førehandsrøystinga leggjast så nær opp til valdagen som mogleg. Alle veljarar kan førehandsrøyste på desse institusjonane, både bebuarar, personale og andre veljarar.

Det som er nemnt i det førre avsnittet, føreset at institusjonane er tilgjengelege for allmenta. I ein førespurnad til departementet er det påpeikt at enkelte institusjonar er i privat eige, og at enkelte institusjonar ikkje er opne for allmenta. Ordlyden i lova legg opp til at det skal vere høve til å ta imot førehandsrøyster også på slike institusjonar. Her er det viktig at valmyndigheitene har ein god dialog med representantar for institusjonane, slik at førehandsrøystinga kan organiserast og gjennomførast på ein måte som ikkje kjem i strid med reglane og prinsippa som gjeld for den aktuelle institusjonen. Ved behov kan tilsette på institusjonen oppnemnast som røystemottakarar.

Om eit lokalt utbrot av covid-19 gjer det naudsynt for å sikre at veljarar får røysta, er det for stortingsvalet 2021 gjeve eit snevert unntaksvilkår frå kravet om to røystemottakarar ved mottak av ambulerande røyster og ved mottak av røyster på helse- og omsorgsinstitusjonar jf. vallova § 8-1 a. Valstyret kan berre vedta å fråvike kravet om to røystemottakarar når det på grunn av lokalt utbrot av covid-19 er naudsynt for å sikre at veljarane får røyste, og ikkje som følgje av andre tilhøve.

10.4.7 Ambulerande røystegjeving

Veljarar som på grunn av sjukdom eller uførleik ikkje kan røyste der det blir halde førehandsrøysting, kan etter søknad til valstyret førehandsrøyste der dei oppheld seg, jf. vallova § 8-3 sjette ledd.

Valstyret fastset svarfristen for når søknaden må vere komen inn til kommunen.

Søknadsfristen skal fastsetjast til eit tidspunkt mellom tysdag og fredag den siste veka før valet. Valstyret må kunngjere ordninga med ambulerande røystegjeving i god tid før fristen.

Lova inneheld ingen formelle krav til innhaldet i søknaden. Det er for eksempel ikkje noko krav om at søknaden må vere skriftleg. Det må likevel gå fram av søknaden at veljaren er sjuk eller ufør og derfor ikkje i stand til å førehandsrøyste ein annan stad.

Som følge av Covid-19-pandemien er det for stortingsvalet 2021 sett ein nasjonal sams søknadsfrist for ambulerande førehandsrøystegjeving. Søknaden må ha kome inn til kommunen kl. 10 fredagen før valdagen. Søknadsfristen omfattar ambulerande røysting både for sjuke og uføre og veljarar i isolasjon og karantene, jf. vallova §§ 8-3 b og 8-3 c. Den sams nasjonale fristen må kunngjerast av valstyret.

For veljarar i karantene gjeld retten til ambulerande røysting så langt dei ikkje kan avleggje røyst på eigna stad for karantene. Sjå gul boks under punkt 10.3.

De er ikkje mogleg å førehandsrøyste etter fredagen før valdagen. Kommunen må ta høgde for ulike scenario særleg med tanke på smitte i beredskapsplanen sin.

Ved valet i år er det også ambulerande røysting på valting jf. vallova § 9-3 c (3) og § 9-6 a. Nasjonal søknadsfrist er sett til innan kl. 10 på valdagen og røystene må vere mottekne innan kl. 21 valdagen. Det blir difor særleg viktig for valet i år at kommunen planlegg for også å ta imot ambulerande valtingsrøyster.

Om eit lokalt utbrot av covid-19 gjer det naudsynt for å sikre at veljarar får røyste, er det for stortingsvalet 2021 gjeve eit snevert unntaksvilkår frå kravet om to røystemottakarar ved mottak av ambulerande røyster og ved mottak av røyster på helse- og omsorgsinstitusjonar jf. vallova § 8-1 a. Valstyret kan berre vedta å fråvike kravet om to røystemottakarar når det på grunn av lokalt utbrot av covid-19 er naudsynt for å sikre at veljarane får røyste, og ikkje som følge av andre tilhøve.

Sjå oransje boks punkt 10.9.2 om framgangsmåten for å ta imot røyster frå veljarar i karantene og isolasjon.

Valmedarbeidarar som tek imot røyster frå veljarar i karantene eller isolasjon, må ha kjennskap til korrekt bruk av verneutstyr. Kommunane kan vurdere å nytte personell som allereie er kjent med dette, til dømes frå helsetenesta. Dei må då ta stilling til dei råda som ligg føre på det aktuelle tidspunktet kva som gjeld bruk av verneutstyr.

Sjå [Bruk av personleg verneutstyr på nettsidene til Folkehelseinstituttet](#).

10.5 Kunngjering av førehandsrøystegjeving

Valstyret skal kunngjere tid og stad for all førehandsrøystegjeving i kommunen, jf. valforskrifta § 24. Det er ein føresetnad at kunngjeringa av førehandsrøystegjevinga skjer gjennom eit medium som når ut til dei fleste veljarane. Det kan vere ei lokalavis, ei informasjonsavis for kommunen og liknande. Departementet oppfordrar særleg kommunane til å leggje til rette for at det blir lagt ut tydeleg og god informasjon om valet på nettsidene til kommunane.

Førehandsrøystegjeving på institusjonar skal – som all annan førehandsrøystegjeving – kunngjerast. Det bør skje ved oppslag både på institusjonen og i avisene. Vidare bør dei tilsette ved institusjonen seie frå til sengeliggjande og andre som ikkje kan lese oppslaga.

I år er det viktig å gje veljarane informasjon om smitteverntiltak som er sette inn, slik at særleg veljarar i risikogrupper ikkje unnlet å røyste pga. frykt for smitte.

Kommunane bør m.a. gje ut informasjon om kva tid det normalt er lite pågang i vallokala, slik at veljarar kan planleggje kva tid dei skal røyste ut frå dette.

10.6 Røystemottakarane

Det følgjer av vallova § 8-2 første ledd bokstav a at det er valstyret som oppnemner røystemottakarar innanriks.

Valstyret må oppnemne så mange røystemottakarar som er nødvendig for å gjennomføre førehandsrøystegjevinga på ein tilfredsstillande måte. Det er valstyret sitt ansvar å syte for at røystemottakarane får den opplæringa dei treng.

Røystemottakarane må setje seg grundig inn i føresegnene om førehandsrøystegjevinga.

Vallova § 8-2 tredje ledd avgrensar kva oppgåver listekandidatar kan ha ved gjennomføringa av val. Listekandidatar som er oppførte på ei valliste ved valet, kan ikkje oppnemnast til røystemottakarar i den vedkomande kommunen ved det same valet. Det inneber at listekandidatar ikkje kan tenestegjere som røystemottakarar. Det er berre personar som sjølve stiller til val i det aktuelle valet, og ikkje politikarar generelt, som er omfatta av dette.

Valmedarbeidarar vil i år måtte ta omsyn til fleire tilhøve enn normalt som følgje av covid-19-pandemien.

Bruk av smittevernutstyr:

- Valmedarbeidarar som tek imot røyster frå veljarar i karantene eller isolasjon, må ha kjennskap til korrekt bruk av verneutstyr. Ein kan vurdere å bruke personell som allereie er kjent med dette, til dømes frå helsetenesta. Dei må då ta stilling til dei råda som ligg føre på det aktuelle tidspunktet kva som gjeld bruk av verneutstyr.

Sjå [Bruk av personleg verneutstyr](#) på nettsidene til Folkehelseinstituttet.

Valmedarbeidarar som er i isolasjon, i karantene eller har nyoppståtte luftvegssymptom:

- Valmedarbeidarar som er i isolasjon eller karantene skal ikkje møte opp på jobb. Det er viktig at kommunen har beredskap på ekstra personell for slike tilfelle.
- Valmedarbeidarar med nyoppståtte symptom sameinelege med covid-19 skal heller ikkje møte på jobb, sjølv om symptoma er milde. Dei bør følge gjeldande tilrådingar, [nettsidene til Folkehelseinstituttet gjev oppdaterte råd](#).
- Det er viktig at kommunane og fylkeskommunane kommuniserer dette tydeleg til personellet sitt og valmedarbeidarane sine.

Ved oppstått sjukdom medan valmedarbeidaren er til stades i vallokalet

- Kommunen må ha rutinar for kva som skjer om ein valmedarbeidar blir sjuk på jobb.
- Vedkomande skal dra heim så snart det er mogleg.

Sjå nettsidene til Folkehelseinstituttet for [råd om nærvær på arbeidsplass](#).

Sjå også raud boks punkt 10.3.4.1 om å overhalde grunnleggjande smitteverntiltak.

10.6.1 Talet på valfunksjonærar ved røystemottak

Vallova § 8-1 femte ledd bestemmer at det skal vere to røystemottakarar til stades ved mottak av førehandsrøyster. Det gjeld berre i den ordinære førehandsrøystegjevingssperioden innanriks, med unntak av på Svalbard og Jan Mayen. Kravet til to røystemottakarar gjeld ikkje ved tidlegrøystegjevinga.

Kravet til to røystemottakarar vart innført samtidig med at ein fjerna bruken av røystesetelkonvolutt for veljarar som røystar i eigen kommune. Når ein veljar røystar og røysta blir godkjend og lagd i urna, kan ho ikkje tilbakesporast. Eventuelle feil vil derfor få større konsekvensar, sidan dei ikkje kan rettast. At to personar er til stades, vil på denne måten auke kvaliteten på gjennomføringa. Det er også nødvendig for å sikre tilliten til valordninga og verne valfunksjonærar mot mistenkeleggjing.

10.6.2 To røystemottakarar

Intensjonen bak føresegna er å sikre at to røystemottakarar er vitne til gjennomføringa av den ordinære førehandsrøystegjevinga, det vil seie at minst to røystemottakarar fysisk er til stades når røystesetelen blir stempla, det blir kryssa av i manntalet og veljaren legg setelen i urna. Det verkar med andre ord ikkje til å vere i tråd med intensjonane i lovføresegna dersom berre éin røystemottakar tek imot førehandsrøyster mens den andre er oppteken med andre oppgåver i lokalet.

Det er opp til valstyret å bestemme organiseringa av røystegjevinga og korleis oppgåvene skal fordelast mellom røystemottakarane i samsvar med lovgjevinga. Kommunane må sjølv vurdere om kravet er oppfylt i dei ulike tilfella.

Om eit lokalt utbrot av covid-19 gjer det naudsynt for å sikre at veljarar får røyste, er det for stortingsvalet 2021 gjeve eit snevert unntaksvilkår frå kravet om to røystemottakarar ved mottak av ambulerande røyster og ved mottak av røyster på helse- og omsorgsinstitusjonar jf. vallova § 8-1 a. Valstyret kan berre vedta å fråvike kravet om to røystemottakarar når det på grunn av lokalt utbrot av covid-19 er naudsynt for å sikre at veljarane får røyste, og ikkje som følge av andre tilhøve.

Sjå oransje boks punkt 10.9.2 om framgangsmåten for å ta imot røyster frå veljarar i karantene og isolasjon

10.7 Forbod mot valagitasjon mv.

10.7.1 Valagitasjon

Vallova § 8-5 første ledd bestemmer at det er forbode å drive valagitasjon i det rommet der førehandsrøystegjevinga skjer. Forbodet inneber at det ikkje er tillate å drive valkamp i form av stands eller liknande. Forbodet omfattar agitasjon for eller mot systemet, politiske parti, oppfatningar eller personar. Det omfattar både munnlege og skriftlege meiningsytringar, som å setje opp oppslag eller å dele ut brosjyrar.

10.7.2 Opplysningar om forbruket av røystesetlar

Det følgjer av vallova § 8-5 andre ledd at uvedkomande ikkje må få kunnskap om forbruket av røystesetlane til dei ulike vallistene. Det inneber at valfunksjonærane ikkje må gje opplysningar til for eksempel pressa om forbruket av røystesetlar. Pressa eller andre kan heller ikkje få tilgang til røysteavlukka – eller andre stader der røystesetlane er lagde ut – for å sjå korleis det ligg an med røystesetelforbruket.

10.8 Legitimasjon

Vallova § 8-4 sjette ledd regulerer legitimasjonsplikta under førehandsrøystegjevinga. Ei tilsvarende føresegn finst i vallova § 9-5 andre ledd for røystegjeving på valdagen.

Er veljaren ukjend, må vedkomande legitimere seg overfor røystemottakaren. Dersom ein ukjend veljar ikkje kan bevise identiteten sin, skal røystemottakaren ikkje ta imot røysta frå vedkomande. Den vedkomande veljaren må avvisast og bli beden om å kome tilbake med legitimasjon seinare.

Dersom røystemottakaren kjenner veljaren, er det ikkje nødvendig at veljaren viser legitimasjon. Det er ikkje noko i vegen for at også dei som har roller som valfunksjonærar i det aktuelle vallokalet, kan gå god for identiteten til ein veljar. Departementet vil påpeike at veljarar i lokalet ikkje kan stadfeste identiteten til ein annan veljar.

Verken lova eller forskrifta har nærmare reglar om kva slags legitimasjon som skal godkjennast. Røystemottakaren må i kvart enkelt tilfelle vurdere legitimasjonen veljaren legg fram. Det må vere eit minstekrav at legitimasjonen har eit visst offisielt preg og inneheld namnet på veljaren, fødselsdato og bilete. Typiske legitimasjonspapir er bankkort med bilete, førarkort og pass, men også andre typar legitimasjon med bilete kan godkjennast.

Departementet presiserer at det er viktig å vise godt skjønn ved vurderinga av om den aktuelle legitimasjonen er tilstrekkeleg dokumentasjon på identiteten til veljaren. Utgangspunktet må vere at dersom legitimasjonen gjev eit truverdig inntrykk, har veljaren oppfylt legitimasjonsplikta. Så lenge røystemottakaren ser at det er rette vedkomande ein står overfor, må veljaren få lov til å røyste. Det bør gjelde sjølv om legitimasjonen har gått ut på dato. Røystemottakaren må likevel i kvart enkelt tilfelle vurdere «kvaliteten» på legitimasjonen.

Departementet oppfordrar kommunane til å gje informasjon til NAV-kontoret og eventuelt andre etatar i kommunen slik at dei kan vurdere å gje økonomisk stønad til legitimasjon, eventuelt etablere ei ordning for å skrive ut mellombels gratis legitimasjon.

Dersom veljaren har gløymt legitimasjonen heime og ein har høve til det, kan det vere aktuelt å køyre veljaren heim for å hente legitimasjon. Ein kan elles hjelpe til med å ringje etter drosje og liknande.

I kravet til legitimasjon ligg at røystemottakaren må kontrollere at den vedkomande veljaren er den han eller ho utgjev seg for å vere. Heildekkjande hovudplagg kan skape spesielle utfordringar. Identifikasjonskravet inneber at ansiktet til veljaren må vise. Røystemottakaren må forklare kva legitimasjonskravet inneber, og be veljaren på ein respektfull måte om å vise ansiktet slik at identifisering er mogleg. Dersom identifiseringa skjer i eit skjerma område eller eit eige rom, bør to valfunksjonærar av same kjønn som veljaren vere til stades.

Lova har éi føresegn om unntak frå kravet om veljarlegitimasjon ved

førehandsrøystegjeving på institusjonar som helse- og omsorgsinstitusjonar og fengsel. Her er det ikkje eit absolutt krav at ein ukjend veljar legitimerer seg, fordi det kan skje at dei som oppheld seg i institusjonen, ikkje har legitimasjonspapir tilgjengeleg. Her kan i staden ein tilsett ved institusjonen gå god for identiteten til veljaren. Det er då eit vilkår at den tilsette legitimerer seg.

Unntaksføresegna gjeld ikkje for besøkjande på institusjonen. Her gjeld identifikasjonskravet fullt ut.

Sjå raud boks under punkt 10.3.4.1 om bruk av munnbind og identifikasjon av veljar.

10.9 Framgangsmåten ved førehandsrøystegjevinga

10.9.1 Utgangspunkt og hovudregel

Røystemottakaren har plikt til å gjere veljaren kjend med reglane som gjeld for førehandsrøystegjevinga, og syte for at handlinga skjer uforstyrra.

Røystemottakaren må ikkje gjere noko forsøk på å påverke kva veljaren røystar.

Framgangsmåten for førehandsrøystegjevinga går fram av vallova § 8-4 og valforskrifta § 27. Utgangspunktet er at røystemottakaren skal vise veljaren til den staden der røystesetlane ligg, før ein tek stilling til vidare framgangsmåte etter vallova § 8-4.

Hovudregelen er at veljarar som røystar i den kommunen dei er manntalsførte i, skal leggje røystesetelen direkte i urna. Er veljaren manntalsført i ein annan kommune, skal ein i staden nytte ein røystesetelkonvolutt som blir lagd saman med valkortet i ein omslagskonvolutt. Nedanfor går vi gjennom dei ulike prosedyrane.

For å lese om framgangsmåten ved tidlegrøystegjevinga, sjå punkt 10.1.

10.9.2 Veljar som er manntalsført i eigen kommune – rett i urne

Veljarar som røystar i den kommunen dei er manntalsførte i, skal leggje røystesetelen direkte i urna, jf. vallova § 8-4 andre ledd. Dette er den same prosedyren som på valdagen. Veljaren blir vist inn i avlukket, vel røystesetel, brettar denne og går til røystemottakaren. Røystemottakaren kryssar vedkomande av i manntalet og stemplar røystesetelen. Veljaren legg sjølv røystesetelen i ei forseгла urne. Røystegjevinga er då godkjend når veljaren legg setelen i urna og vedkomande er kryssa av i eit elektronisk online manntal.

Ordninga gjeld frå den ordinære førehandsrøystegjevinga, som begynner 10. august. Ved tidlegrøystegjevinga skal det nyttast røystesetelkonvolutt.

Framgangsmåten for å ta imot røyster frå veljarar i karantene og isolasjon er ulik ut ifrå omstenda.

Eigne vallokale for veljarar i karantene

Røystegjevingar i lokale for veljarar i karantene takast imot på lik måte som andre førehandsrøyster. Har du tilgang til EVA kan veljaren kryssast i manntalet og røystesetelen leggjast rett i urna. Om du ikkje har tilgang til EVA, må røystegjevinga mottakast i konvolutt og registrerast og prøvast seinare, jf. vallova § 8-4 og valforskrifta § 27.

Ambulerande røystegjeving (karantene og isolasjon)

Om du har tilgang til EVA ved røystegjevinga, skal røystegjevinga registrerast med kryss i manntal, og røystesetelen leggjast rett i urna, jf. vallova § 8-4 (2).

Utan tilgang til EVA må røystegjevinga takast imot i konvolutt, som for tidlegrøystegjeving, jf. valforskrifta § 24a.

Valstyret kan i særlege tilfelle vedta at det skal nyttast røystesetelkonvolutt ved enkelte førehandsrøystemottak. Om kommunen tek imot røyster med berre éin røystemottakar, vil det kunne vere aktuelt å nytte røystesetelkonvolutt.

10.9.2.1 Verkeområde

Ordninga gjeld innanriks, unnateke på Svalbard og Jan Mayen. Prosedyren skal følgjast alle stader der valstyret etter vallova § 8-3 andre ledd avgjer at det skal ta imot røyster. Det inkluderer også ulike institusjonar, fengsel, militæranlegg og liknande. Vidare skal prosedyren følgjast når ein tek imot ei røyst heime hos veljaren ved ambulerande røystegjeving. Dei som tek imot røyster, må ha med seg urne, røystesetlar og PC med tilgang til Internett for å kunne logge seg på valadministrasjonssystemet EVA med online tilgang til manntalet. For bruk av røystesetelkonvolutt i særskilde tilfelle, sjå punkt 10.10.4.

10.9.2.2 Tidspunktet for godkjenning av røystegjevinga

Når røystesetelen blir lagd direkte i urna, blir røystegjevinga godkjend samtidig som veljaren førehandsrøyster. Det betyr at dei som er oppnemnde som røystemottakarar, får myndigheit til å godkjenne ordinære røystegjevingar som blir lagde i urna.

10.9.2.3 Elektronisk manntal

For at røystemottakaren skal kunne kontrollere at veljaren har røysterett i kommunen og ikkje allereie har fått godkjent ei røyst, er det ein føresetnad at røystemottakaren har tilgang til eit oppdatert online manntal når røysta blir gjeven. Med EVA har alle kommunar tilgang til eit elektronisk landsdekkjande manntal.

Med eit online tilgjengeleg manntal skal røystegjevinga godkjennast idet ho blir gjeven og veljaren blir kryssa av i manntalet. Det betyr at avkryssingsmanntalet kan skrivast ut ferdig avkryssa for godkjende førehandsrøyster.

10.9.3 Dersom elektronisk manntal ikkje er tilgjengeleg – beredskapssituasjon

Ein føresetnad for at veljarane skal leggje røystesetelen rett i urna, er at røystemottakaren har online tilgang til det elektroniske manntalet, slik at ein sikrar at ingen får godkjent meir enn éi røyst. Tilgang til online manntal krev tilstrekkelege opptider, teknisk utstyr og kommunikasjon. Det er viktig at kommunane sikrar internetttilgang i vallokala sine.

Det kan skje at manntalet mellombels er utilgjengeleg for røystemottakaren når veljaren ønskjer å røyste, for eksempel på grunn av straumbrot. Då vil det ikkje vere mogleg å krysse veljaren av i manntalet og godkjenne røystegjevinga, og røystemottakaren må følge prosedyren for beredskap.

Framgangsmåten som skal nyttast når online manntal ikkje er tilgjengeleg, går fram av vallova § 8-4 tredje ledd og valforskrifta § 27a. Rutinen er berre aktuell i dei tilfella der veljaren i utgangspunktet skal leggje røystesetelen i urna, men der manntalet mellombels er utilgjengeleg. I disse tilfella skal det nyttast ein mellombels beredskapsprosedyre. Det vil seie at ein nyttar ein røystesetelkonvolutt som saman med valkortet blir lagd i ein eigen beredskapskonvolutt så lenge det elektroniske manntalet ikkje er tilgjengeleg. Beredskapskonvolutten skal følgjast i ei urne. Kommunane bestemmer sjølve om dei skal bruke ei eiga urne i desse tilfella, sjå punkt 10.10.9.

Desse røystegjevingane må godkjennast av valstyret i etterkant. Når

beredskapssituasjonen er over, skal beredskapskonvoluttane leverast til valstyret for godkjenning. Godkjenninga bør skje fortløpande, med sikte på å få eit mest mogleg oppdatert avkryssingsmanntal.

Beredskapsprosedyren med bruk av beredskapskonvolutt skal berre nyttast når manntalet ikkje er tilgjengeleg online. Når manntalet igjen er tilgjengeleg, skal veljaren leggje røystesetelen direkte i urna slik hovudregelen seier.

10.9.4 Bruk av røystesetelkonvolutt i «særlige tilfeller»

I enkelte tilfelle vil det ikkje vere føremålstenleg eller praktisk mogleg å følgje hovudregelen med å leggje røystesetelen rett i urna. Særskilde forhold kan tilseie at det enkelte stader ikkje er mogleg å få på plass tilstrekkeleg infrastruktur til å sikre online manntal. Ved røystegjeving for eksempel i fengsel, der det gjerne er mange som høyrer til andre kommunar, og som uansett må bruke røystesetelkonvolutt, kan det også tenkjast at alle veljarane bør røyste etter dei same prosedyrane. Då kan ein sikre tilstrekkeleg hemmelegald. Også ved ambulerande røystemottak kan det vere vanskeleg å sikre online tilgang til manntalet. I desse tilfella kan ein bruke ein røystesetelkonvolutt som ein legg saman med valkortet i ein omslagskonvolutt. Valstyret må då ta stilling til om røystegjevinga skal godkjennast.

Hovudregelen kan fråvikast berre i særlege tilfelle, jf. vallova § 8-4 fjerde ledd. Dette er altså eit unntakstilfelle som berre er aktuelt der det er gjort ei grundig vurdering av behovet og om det ligg føre eit slikt tilfelle. Det særlege tilfellet skal vere tilknytt eit føreliggjande forhold eller ein oppstått situasjon. Særskilde tilfelle kan for eksempel vere kjende tekniske problem lokalt, fordi det er særleg upraktisk eller vanskeleg å få stabil tilgang til manntalet online. Av omsyn til hemmelegald bør flest mogleg gje røyste rett i urna.

Det er dei enkelte kommunane som bestemmer når røystegjevinga bør skje etter dette unntakstilfellet. Valstyret skal vurdere konkret kvart enkelt typetilfelle. Valstyret kan ikkje bestemme at dei berre vil ta imot røyster etter denne prosedyren.

I mindre kommunar med få førehandsrøyster vil det ofte vere utfordrande å sikre hemmelegald når ein har ulike kategoriar røyster som blir gjevne på ulik måte. Det er av omsyn til veljarane at ein kan gje førehandsrøyster på fleire måtar. Omsynet til veljarane tilseier også at flest mogleg skal få leggje røystesetelen rett i urna. Alle valfunksjonærar har teieplikt dersom dei får kunnskap om korleis ein veljar har røysta.

10.9.5 Dersom veljar ikkje finst i manntalet eller alt er avkryssa

Som på valdagen kan det skje at veljaren ikkje finst i manntalet eller alt er kryssa av for godkjend røystegjeving. I desse tilfella skal vedkomande likevel ha høve til å røyste, men må då bruke røystesetelkonvolutt. Valstyret skal ta stilling til røystegjevinga i ettertid.

På valdagen skal ein i slike tilfelle bruke eit særskilt omslag. Ved førehandsrøystegjevinga er det meir føremålstenleg å bruke omslagskonvoluttar. Etter at røystesetelen er stempla, legg veljaren konvolutten sjølv i ein røystesetelkonvolutt og limer han att. Røystemottakaren legg røystesetelkonvolutten saman med valkortet i ein omslagskonvolutt som også skal limast att. Veljaren legg omslagskonvolutten i ei urne. Røystemottakaren syter for at mottekne omslagskonvoluttar blir lagde fram for valstyret til behandling i samband med prøvinga av røystegjevingane.

10.9.6 Veljar som er manntalsført i annan kommune

Framgangsmåten i dei tilfella der veljaren tilhøyrer ein annan kommune, er regulert av vallova § 8-4 femte ledd. Førehandsrøyster gjevne av veljarar som er manntalsførte i ein annan kommune, skal leggjast i ein røystesetelkonvolutt som saman med valkortet skal leggjast i ein omslagskonvolutt. Det er fordi slike røyster skal sendast til valstyret i rett kommune for etterfølgjande prøving. Det er ikkje mogleg for veljarane å leggje røystesetelen rett i urna i desse tilfella.

Veljarar med røysterett i ein annan valkrins enn der røysta blir gjeven, skal få utlevert ein avkryssingsrøystesetel med namna til dei registrerte politiske partia, med mindre dei har med seg ein røystesetel frå sin eigen valkrins, jf. valforskrifta § 27 andre ledd. Veljarane skal alltid leggje røysta si i ei urne, også når ein bruker røystesetelkonvoluttar.

Kommunane bestemmer sjølve om ein skal bruke eiga urne i desse tilfella.

10.9.7 Stempel på røystesetelen

For å sikre at veljaren berre får godkjent éi røyst, skal alle røystesetlane stemplast slik ordninga er på valtinget. Det gjeld både røystegjevingar som skal rett i urna, og dei som skal leggjast i ein røystesetelkonvolutt. Det betyr at alle veljarar, uavhengig av om røysta skal leggjast i urne eller røystesetelkonvolutt, først må bli viste til avlukket. Når vedkomande deretter kjem til røystemottakaren, tek ein stilling til kva prosedyre som skal nyttast vidare.

Ved oppteljing skal røystesetlar som er lagde rett i urna, forkastast dersom dei ikkje har stempel, sjå kapittel 14. Eventuelle ustempla røystesetlar i røystesetelkonvolutt skal stemplast av valfunksjonæren når konvolutten blir opna. Innhaldet skal kontrollerast, og ein må ta stilling til røystegjevinga. Ein skal her følgje den same prosedyren som ein skal følgje når røystesetlar i særskilt omslag ved valtinget ikkje er stempla, sjå punkt 15.2. Røystesetlar lagde i røystesetelkonvolutt skal altså ikkje forkastast på grunn av manglande stempel. I desse tilfella er grunnen til det manglande stempelen feil frå røystemottakaren si side. Røystesetelkonvolutten erstattar stempelen, slik at det ikkje skal vere tvil om at røystesetelen er gyldig.

Valtingsrøyster og førehandsrøyster skal teljast separat. For å hindre

samanblanding mellom førehandsrøystene og valtingsrøystene er det krav om at stempla skal vere ulike for førehandsrøystegjevinga og valtingsrøystegjevinga. For å sikre hemmelegghald er det i tillegg eit krav at det ikkje skal gå fram av stempelet i kva kommune røysta er gjeven, sjå vallova § 8-4 sjuande ledd. Stempel med kommunevåpen og liknande skal derfor ikkje brukast under førehandsrøystegjevinga.

Det er kommunane sjølve som bestemmer korleis stempla skal sjå ut, og som må stå for innkjøp. Det er ikkje noko i vegen for at fleire kommunar går saman og koordinerer innkjøp. Det er heller ikkje noko i vegen for at fylkeskommunen eventuelt har ei slik rolle.

Når ein vurderer kva type stempel som skal kjøpast inn, må ein ta utgangspunkt i føremålet og omsynet bak kravet til stempel. Eit stempel skal sikre at veljaren berre får godkjent éi røyst. Stempel ved førehandsrøystegjevinga skal skiljast frå valtingsrøystegjevinga fordi dei ulike røystesetlane skal teljast separat. Av sikkerheitsomsyn bør ikkje alle kommunar i heile landet bruke det same stempelet (eit slikt felles stempel vil lettare kunne føre til fusk eller misbruk).

Ved førehandsrøystegjevinga skal det ikkje gå fram av stempelet i kva kommune røysta er motteken. Dersom ein kommune får få røystegjevingar frå andre kommunar, er faren stor for at hemmelegghaldet ikkje kan sikrast dersom det går fram av stempelet kvar røysta vart gjeven. Dette er bakgrunnen for kravet om at stempel ved førehandsrøystegjevinga ikkje skal innehalde kommunevåpen/-namn. Det same omsynet gjeld ikkje ved valtingsrøystegjevinga. Ved valtingsrøystegjevinga får ein ingen røyster frå andre kommunar. Det er derfor ingenting i vegen for at stempelet eventuelt inneheld kommunevåpen på valtinget.

Stempelet bør vere lett å lese, det vil seie ikkje for lite. Det må vere lett å skilje stempelet for førehandsrøystegjevinga frå stempelet for valtinget. Stempelet bør gje eit godt avtrykk i bruk, og kan gjerne vere i svart farge. På den måten blir røystesetlane lettare å lese i skanninga, og færre røystesetlar kjem til verifisering. Om stempelet er firkanta eller rundt, har ikkje noko å seie. Motivet på stempelet har heller ikkje noko å seie, med unntak av at stempel som skal brukast i samband med førehandsrøystegjevinga, ikkje skal innehalde kommunevåpen/-namn. Stempel som kommunane bruker ved val, kan innehalde riksvåpen. Retningslinjer for bruk av riksvåpen er tilgjengeleg på [Utanriksdepartementet si nettside](#).

10.9.8 Urner

Under førehandsrøystegjevinga har ein fleire kategoriar røyster som veljarane kan gje på ulike måtar. Nedanfor er ei oversikt som viser dei ulike kategoriane og korleis veljarane skal gje røystesetlane:

<i>Røystekategoriar</i>	<i>Prosedyre</i>	
Tidlegrøystegjeving	Røystesetelkonvolutt i omslagskonvolutt	Skal vurderast i ettertid
Veljar som førehandsrøystar i eigen kommune	Røystesetel rett i urne	Skal kryssast av i manntalet og godkjennast av røystemottakar
Ved straumbrot eller kommunikasjonsbrot mot manntalet (beredskapsrutine)	Røystesetelkonvolutt i eigen beredskapskonvolutt	Skal vurderast i ettertid
I særlege tilfelle når valstyret har bestemt at det skal nyttast røystesetelkonvolutt	Røystesetelkonvolutt i omslagskonvolutt	Skal vurderast i ettertid
Røyst frå veljar som er manntalsført i ein annan kommune	Røystesetelkonvolutt i omslagskonvolutt	Skal vurderast i ettertid
Røyst frå veljar som ikkje er innført i vedkomande del av manntalet, eller som allereie er kryssa av i manntalet	Røystesetelkonvolutt i omslagskonvolutt	Skal vurderast i ettertid

Veljaren skal alltid sjølv leggje anten setelen eller røystesetelkonvolutten i ei urne. Valurner skal vere forseгла.

Det er opp til kommunane å bestemme om dei skal bruke éi eller fleire urner under førehandsrøystegjevinga. Lokale forhold og ulik storleik kan tilseie at dei ulike kommunane vurderer dette ulikt. Kommunar som får mange røyster frå veljarar som høyrer til andre kommunar, kan for eksempel velje å ha ei eiga urne for desse tilfella.

Det er særleg viktig å vere merksam på at røystesetlar som blir lagde rett i urna, etter vallova § 8-4 (2) blir godkjende idet dei blir gjevne. Det kan derfor vere føremålstenleg å bruke ulike urner for røyster som blir lagde direkte i urna, og røyster som blir gjevne i røystesetelkonvolutt. Dersom ein nyttar den same urna, må urna tømmast på slutten av dagen, og røystene må sorterast. Det føreset gode rutinar.

Departementet tilrår også å bruke eiga urne i dei tilfella der røysta blir gjeven i ein beredskapskonvolutt etter vallova § 8-4 (3). Røyster som er gjevne etter beredskapsprosedyren, bør ikkje blandast med dei andre røystegjevingane. Beredskapskonvoluttane skal berre brukast når ein følgjer beredskapsprosedyren i vallova § 8-4 (3), jf. valforskrifta § 27a, sjå punkt 10.10.3.

10.9.9 Talet på valfunksjonærar ved røystemottak

Ved den ordinære førehandsrøystegjevinga innanriks, unnateke på Svalbard og Jan Mayen, skal det vere minst to røystemottakarar til stades ved mottak av førehandsrøyster, sjå punkt 10.6.

10.9.10 Generelle føresegner

Veljarar som ikkje har røysterett i det aktuelle valdistriktet ved stortingsval eller fylkestingsval eller i den aktuelle kommunen ved kommunestyreval, skal for kvart val få utlevert ein avkryssingsrøystesetel med punktskrift som inneheld ei liste med namna til dei registrerte politiske partia, jf. valforskrifta § 27 (2). Ved sametingsvalet skal veljarar som ikkje har røysterett i samevalkrinsen, få utlevert ein blank røystesetel der dei skriv namnet på den lista dei ønskjer å røyste på. Desse veljarane skal altså ikkje bruke røystesetlane med kandidatnamn som ligg ute i røystelokalet.

Inne i røysteavlukket («*i enerom og usett*») skal veljaren brette saman røystesetelen slik at det ikkje er synleg kva valliste veljaren røystar på.

Dersom ein bruker røystesetelkonvolutt, skal røystesetlane for både kommunestyre- og fylkestingsvalet leggjast i den same røystesetelkonvolutten. Ved stortingsval og sametingsval skal røystesetlane leggjast i ulike røystesetelkonvoluttar.

Dersom ein bruker røystesetelkonvolutt og valkort innanriks, skal røystemottakaren skrive under på valkortet og føre på tid og stad for røystegjevinga. Dersom veljaren har fått elektronisk valkort eller ikkje har med seg valkort, skal røystemottakaren fylle ut eit valkort med dei påkravde opplysningane eller skrive ut valkort frå EVA. Røystemottakaren legg røystesetelkonvolutten saman med valkortet i ein omslagskonvolutt som skal limast att. Røystegjevingar til sametingsvalet skal sendast til samevalstyret saman med eit eige valkort i ein eigen omslagskonvolutt.

Valkortet skal fyllast ut slik at det er mogleg å eintydig identifisere veljaren ut frå opplysningane på kortet, jf. valforskrifta § 23 andre ledd bokstav b. I tillegg må røystemottakaren krysse av for riktig val, fylle ut namn og adresse til det valstyret/samevalstyret som røystegjevinga skal sendast til. Namnet og adressa til veljaren bør alltid fyllast ut, sjølv om for eksempel manntalsnummeret kunne vore tilstrekkeleg. Namn og adresse kan likevel vere utilstrekkeleg for å kunne identifisere veljaren eintydig. Andre opplysningar som det derfor kan vere aktuelt å påføre valkortet, er manntalsnummeret eller fødselsnummeret til veljaren.

10.9.11 *Rett til assistanse ved røystegjevinga*

Veljarar som på grunn av fysisk eller psykisk funksjonsnedsetjing ikkje kan røyste åleine, kan etter eige ønske få hjelp av ein røystemottakar eller ein annan person som veljaren sjølv peikar ut.

Ved førehandsrøystegjevinga er det røystemottakaren som avgjer om vilkåra for rett til assistanse er til stades. Det kan oppstå situasjonar der røystemottakarane er usamde om veljaren oppfyller vilkåra for å få slik hjelp. Det er etter føresegna nok at éin av røystemottakarane meiner vilkåra for å få rett til assistanse er oppfylt.

Røystemottakaren skal gjere hjelparen merksam på at vedkomande har teieplikt.

Andre veljarar med behov for bistand bør få rettleiing utan at dette inneber at ein røystemottakar eller valfunksjonær er til stades i røysteavlukket medan veljaren gjer vala sine. Ein valmedarbeidar kan rettleie veljaren om korleis han eller ho kan røyste inne i valavlukket før vedkomande går ut av avlukket og lét veljaren gjere vala sine åleine.

Føresegna er nærmare omtalt i samband med røystegjeving på valdagen.

Covid-19-pandemien ved stortings- og sametingsvalet 2021 fører til at det må takast ekstra forholdsreglar når ein gjev assistanse. Det bør så langt som mogleg haldast 1 meters avstand. Tida som brukast på å gje assistanse vil i all hovudsak vere under 15 minutt, og ein bør unngå fysisk kontakt mellom veljar og valfunksjonær så langt som mogleg.

Kommunane bør så langt det er mogleg syte for at veljarar som treng assistanse kan røyste på ein stad der det er mogleg å halde avstand. Dette kan til dømes vere bak eit skjerm Brett, i eit tilstøytande rom eller utanfor vallokalet.

Om det ikkje er moglg å halde minimum 1 meters avstand, bør ein følgje dei gjeldande råda om bruk av personleg verneutstyr så langt som mogleg.

10.9.12 *På helse- og omsorgsinstitusjonar*

Førehandsrøystegjeving på helse- og omsorgsinstitusjonar skjer stort sett på same måte som anna førehandsrøystegjeving, jf. over. Det skal vere minst to røystemottakarar til stades også ved førehandsrøystegjeving på institusjon.

Av omsyn til pasientane/pensjonærane som først kjem til institusjonen ein av dei siste dagane før valet, bør røystegjevinga skje så nær valdagen som mogleg. Valstyret bør alltid rådføre seg med leiinga ved institusjonen før det avgjer kva tid røystegjevinga skal skje på ein institusjon.

Ved behov kan tilsette på institusjonen oppnemnst som røystemottakarar.

Sjå om unntak frå kravet om to røystemottakarar i oransje boks punkt 10.6.2.

10.9.13 *På pasientrom og i trygde- og omsorgsbustader*

Det er tillate å røyste på pasientromma på helse- og omsorgsinstitusjonar. Slik røystegjeving bør likevel ikkje skje meir enn absolutt nødvendig. Oppegåande pasientar/pensjonærar som vil røyste, bør gjere det i eit særskilt innretta rom på institusjonen.

Ein del av pasientane som ønskjer å røyste, ligg truleg på rom saman med andre pasientar. Etter vallova § 8-4 første ledd skal veljaren «*i enerom og usett*» brette saman røystesetelen slik at det ikkje er synleg kva valliste veljaren røystar på. Der det er forsvarleg og praktisk å flytte ein eller fleire av pasientane ut av rommet den tida røystegjevinga held på, bør det gjerast. I mange tilfelle er dette truleg vanskeleg å gjennomføre. Ei meir praktisk tilnærming vil derfor vere å skjerme veljaren frå dei andre pasientane, for eksempel ved hjelp av skjerm Brett eller liknande. Uansett kva løysing ein vel, må røystemottakaren leggje stor vekt på å leggje forholda til rette for at røystegjevinga kan skje på ein heilt ut trygg måte, slik at ingen av dei andre pasientane på rommet kan sjå kva veljaren røystar.

Når det gjeld røystegjeving på pasientrom og heime hos personar som oppheld seg i trygde- og omsorgsbustader, skal røystemottakaren gje veljaren éin røystesetel for kvar gruppe som stiller liste ved valet, jf. valforskrifta § 27 femte ledd.

Røystesetlane som ikkje blir nytta, skal leggjast i ein konvolutt som blir limt att. Dette skal sikre at røystegjevinga til veljaren er hemmeleg. Veljaren kan sjølv velje å behalde konvolutten med dei ubrukne røystesetlane eller å gje han til røystemottakaren. Dersom veljaren gjev konvolutten til røystemottakaren, skal vedkomande syte for å destruere konvolutten på ein trygg måte og informere veljaren om det. Veljaren skal leggje røysta si i ei urne, men kommunane bestemmer sjølve om dei skal bruke ei eiga urne i desse tilfella.

For at røystegjevinga på institusjonar skal kunne gjennomførast på ein tilfredsstillande måte, må valmyndighetene samarbeide med institusjonane om den praktiske gjennomføringa. Særleg viktig er det at pasientane på førehand får nødvendig orientering om røystegjevinga. Når det gjeld pasientar som er sengeliggjande, er det eit krav at personalet på institusjonane er med og gjev desse nødvendig førehandsorientering. Personalet skal likevel ikkje ta imot røyster, med mindre valstyret har oppnemnt dei som røystemottakarar.

Sjå om unntak frå kravet om to røystemottakarar i oransje boks punkt 10.6.2.

10.9.14 *Ambulerande røystegjeving*

Også ved ambulerande røystemottak skal det vere minst to røystemottakarar til stades ved røystemottaket, jf. vallova § 8-1 femte ledd. Veljaren skal få utdelt éin røystesetel for

kvar liste som stiller ved valet, jf. valforskrifta § 27 femte ledd. Røystesetlar som ikkje blir brukte, skal leggjast i ein konvolutt som blir limt att, og veljaren kan behalde konvolutten med dei ubrukte røystesetlane eller gje han til ein røystemottakar. Dersom veljaren gjev konvolutten til ein røystemottakar, skal vedkomande syte for å destruere konvolutten på ein trygg måte og informere veljaren om det.

Sjå oransje boks under punkt 10.9.2 for framgangsmåte for å ta imot røyster og punkt 10.6.2 for unntak frå kravet om to røystemottakarar.

10.9.15 Veljarar med nedsette kognitive evner

Alle som oppfyller vilkåra i vallova §§ 2-1 og 2-2, har røysterett. Det gjeld sjølvsagt også personar med ulik grad av nedsette kognitive evner, for eksempel personar med nedsett psykisk funksjonsevne eller demens.

Under røystegjevinga kan det oppstå særlege utfordringar både for veljaren og for røystemottakarane. Det gjeld spesielt i tilfelle der veljaren har vanskar med å forstå at han eller ho er i ein røystegjevingssituasjon, eller der veljaren har vanskar med å gjere greie for kva liste han eller ho ønskjer å røyste på.

Utgangspunktet er at det er veljaren sjølv som avgjer om han eller ho vil røyste. Det å nytte røysteretten sin er frivillig. Verken nærstående, valmedarbeidarar eller tilsette på ulike institusjonar og i trygde- og omsorgsbustader kan påverke nokon til å nytte seg av røysteretten mot sin vilje, eller avgjere at ein person med røysterett ikkje skal få bruke røysteretten sin. Typisk kan ikkje tilsette på institusjonar vurdere kven av bebuarane eller pasientane som er «*skikka til å røyste*». Det skal heller ikkje valmedarbeidarar eller nærstående til veljaren.

Det er vidare viktig at valmedarbeidarane er merksame på at det er veljaren sjølv som avgjer kva han eller ho skal røyste. Verken nærstående eller tilsette på institusjonar skal kunne påverke eller tvinge veljaren til å røyste på ei bestemd liste. Slik påverknad under røystegjevinga er i strid med lova.

Erfaringa viser at det innimellom oppstår situasjonar der veljaren ikkje er i stand til å gjennomføre røystegjevinga ut frå ei eigenvurdering. Denne veljargruppa har ofte med seg nokon som kan hjelpe til ved røystegjevinga, og kan vere sårbare for påverknad frå nærstående, valmedarbeidarar og tilsette i ulike institusjonar.

Om ein person ikkje viser ei viss interesse eller vilje til å røyste, må røystemottakaren gjere ei konkret og individuell vurdering av om ein står overfor ein person som ønskjer å røyste. Utgangspunktet er at det er veljaren sjølv som skal avgjere dette, og ikkje for eksempel familiemedlemer som gjev til kjenne at personen alltid har røysta.

Her som elles er det viktig at røystegjevinga skjer i trygge former, slik at kravet til hemmeleg val er sikra. Eventuelle medhjelparar skal gjerast merksame på at dei har

teieplikt, jf. vallova § 15-4 andre ledd.

Det er ikkje tillate å bruke nokon former for fullmakt. Ingen kan på denne måten røyste på vegner av veljaren.

10.10 For seint innkomne førehandsrøyster

10.10.1 Gjeldande rett

Etter vallova § 8-1 (3) er veljaren sjølv ansvarleg for å førehandsrøyste på eit tidspunkt som gjer at førehandsrøysta kjem inn til valstyret innan kl. 17 dagen etter valdagen. Målsetjinga er likevel at flest mogleg førehandsrøyster skal kome fram i tide.

Det følgjer av § 27 (8) i valforskrifta at førehandsrøyster skal sendast vidare til heimkommunen til veljarane kvar dag den nest siste veka av førehandsrøysteperioden.

Den siste veka før valdagen skal førehandsrøystegjevingane sendast på ein måte som sikrar at dei kjem inn til valstyret innan kl. 17 dagen etter valdagen. Dei skal altså ikkje sendast som brevpost denne veka. Valdirektoratet vil inngå ein distribusjonsavtale om ekspressforsending av førehandsrøyster i denne perioden, som kommunane kan nytte seg av.

Når ein sender omslagskonvoluttane, skal ein bruke sendingskonvoluttar.

10.10.2 *Praktiske tips til rutinar*

I tillegg til å følge dei forskriftsfesta rutinane for sending av førehandsrøyster er det fleire tiltak kommunane kan gjennomføre for å medverke til at røystegjevingane kjem fram i tide.

Det er viktig at det på sendingskonvolutten står rett adresse til valstyret i mottakarkommunen. Ein liten feil i postnummeret kan føre til ei forseinking i postsystemet som gjer at røysta blir forkasta.

Valmedarbeidarane bør også gjerast merksame på at det er to par med kommunar i Noreg som deler namn:

- Herøy i Møre og Romsdal og Herøy i Nordland,
- Våler i Viken og Våler i Innlandet.

Det er viktig at førehandsrøystegjevingar som blir sende til valstyret i desse kommunane, får rett postnummer. Ei røyst som blir send til feil kommune dei siste dagane i førehandsrøysteperioden, kan ende opp med å bli forkasta fordi det tek for lang tid før ho kjem fram til rett kommune.

Departementet tilrår også at kommunane går i dialog eller samarbeid med Posten lokalt. Valmedarbeidarane må gjerast merksame på siste innleveringsfrist for post før valdagen.

11 FØREHANDSRØYSTEGJEVING – UTANRIKS

11.1 Innleiing

Reglane om førehandsrøystegjevinga utanriks går fram av vallova kapittel 8 og valforskrifta kapittel 6. Dette kapitlet gjev ei kort oversikt over dette regelverket.

11.2 Tid for førehandsrøystegjevinga utanriks, på Svalbard og Jan Mayen

Førehandsrøystegjeving utanriks og på Svalbard og Jan Mayen startar 1. juli. Det er ikkje høve til å ta imot røyster før dette tidspunktet. Slike røyster blir forkasta. Utanriks må røystegjevinga ikkje skje seinare enn den nest siste fredagen før valet, jf. vallova § 8-1. På Svalbard og Jan Mayen kan førehandsrøystegjevinga i samsvar med lova skje fram til siste fredag før valet. På Svalbard kan likevel Sysselmannen bestemme at førehandsrøystegjevinga skal avsluttast på eit tidlegare tidspunkt, dersom det er nødvendig for å sikre at førehandsrøystene kjem fram i tide. Førehandsrøyster som er mottekne utanriks og på Svalbard og Jan Mayen, skal sendast til kommunen ved valstyret. Dei må kome inn til valstyret i kommunen seinast kl. 17 dagen etter valdagen (måndag) for å telje med i oppgjeret.

11.3 Korleis førehandsrøyste

Førehandsrøysting utanriks kan skje på to måtar. Det kan skje enten i nærvær av ein offisiell røystemottakar – ein utanrikstenestemann eller ein røystemottakar som er oppnemnd av departementet, jf. vallova § 8-2 andre ledd – eller som brevpost (brevrøystegjeving utanriks), jf. § 8-2 fjerde ledd. Veljarar som ikkje har høve til å

oppsøkje ein røystemottakar for å førehandsrøyste, kan på denne måten røyste ved brev utan at ein røystemottakar er til stades ved røystegjevinga. Dersom veljaren ønskjer det, kan han eller ho be om å få tilsendt materiell frå ein utanriksstasjon.

Framgangsmåten ved brevrøystegjeving utanriks er beskriven i valforskrifta § 28. Veljaren skal sjølv leggje røystesetelen i røystesetelkonvolutten, og deretter leggje røystesetelkonvolutten i ein omslagskonvolutt. Omslagskonvolutten skal påførast desse opplysningane:

- namnet til veljaren, (siste) adresse i Noreg og fødselsnummer
- namnet og adressa til valstyret
- tid og stad for røystegjevinga

Veljaren skriv under på omslagskonvolutten. Dersom det er mogleg, bør eit vitne stadfeste det som er påført omslagskonvolutten. Veljaren sender deretter røystegjevinga til valstyret. Valdirektoratet har laga ei rettleiing for korleis ein skal røyste ved brevpost. Denne er tilgjengeleg på www.valg.no.

11.4 Stad for førehandsrøystegjevinga

Førehandsrøysting i nærvær av ein røystemottakar går føre seg

- på Svalbard: Der sysselmannen bestemmer,
- ved norsk utanriksstasjon: På stasjonen. Stasjonssjefen kan bestemme at røystemottak kan skje utanfor stasjonsområdet. Røystemottakaren kan i slike tilfelle berre ta imot røyster på dei stadene stasjonssjefen har bestemt,
- hos oppnemnt røystemottakar på Jan Mayen og utanfor riket: Der departementet bestemmer. Ei oppdatert oversikt finst på www.valg.no.

Det er ikkje obligatorisk å kunne ta imot førehandsrøyster på norske skip i utanriksfart eller i fart mellom Noreg og Svalbard og Jan Mayen. Dersom det skal vere førehandsrøystegjeving om bord på skipa, må anten departementet oppnemne ein særskild røystemottakar, eller så må veljarane røyste ved brevpost.

Departementet har delegert myndigheita til å nemne opp røystemottakarar utanriks til Valdirektoratet.⁴

Smittesituasjonen kan variere frå land til land sommaren og hausten 2021. Ved røystemottak utanriks, er det viktig å følgje generelle norske smittevernråd om hygiene og avstand samt gjeldande smittevernråd for det aktuelle område.

11.5 Materiell til førehandsrøystegjevinga

Røystemottakarane må ha dette materiellet:

a) Røystesetlar

Valdirektoratet sender ferdig trykte avkryssingsrøystesetlar med punktsskrift påført ei

oversikt over dei registrerte politiske partia. Veljaren skal krysse av for det partiet han eller ho røystar på. Merk at ikkje alle parti stiller liste i alle valdistrikt.

⁴<https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2017-01-23-79>

Ei oversikt over kva parti som stiller til val i dei ulike valdistrikta finst på www.valg.no.

Dersom det blir for lite av dei tilsende avkryssingsrøystesetlane, kan også vanlege ark brukast som røystesetlar. Det er dessutan mogleg å ta kopi av avkryssingsrøystesetelen. Denne er tilgjengeleg på www.valg.no. Bruker ein vanlege ark som røystesetel, må veljaren skrive på røystesetelen kva for eit val røystesetelen gjeld for. Ved sametingsval skal ein nytte ein blank røystesetel der veljaren skriv namnet på den lista vedkomande ønskjer å røyste på.

b) Røystesetelkonvoluttar

Departementet sender ut offisielle røystesetelkonvoluttar. Dersom røystemottakaren får for få røystesetelkonvoluttar, kan ein bruke vanlege konvoluttar. Av omsyn til prinsippet om hemmeleg val bør ein unngå å bruke konvoluttar med namn på reiarlag, ambassade eller liknande. Røystegjevinga blir likevel ikkje forkasta dersom ein slik konvolutt er brukt.

c) Omslagskonvoluttar

Røystesetelkonvolutten skal leggjast i ein omslagskonvolutt som skal fyllast ut med dei opplysningane vallova krev, jf. § 27 (6). Røystemottakaren har ansvar for å sjå til at den nødvendige informasjonen er fullstendig og korrekt skriven på omslagskonvolutten.

Valdirektoratet trykkjer og sender ut til røystemottakarane omslagskonvoluttar til førehandsrøystinga utanriks, på Svalbard og Jan Mayen. Dersom røystemottakar får for få av dei tilsende omslagskonvoluttane er det mogleg å bruke vanlege konvoluttar. Røystemottakaren må i så fall vere påpasseleg med at alle opplysningane som er kravde, er skrivne på konvolutten.

d) Sendingskonvoluttar

Sendingskonvoluttar er vanlege blanke konvoluttar som skal brukast til å sende førehandsrøysta til valstyret i heimkommunen til veljaren.

11.6 Stempel på røystesetlar avgjevne utanriks

Valforskrifta § 40a bestemmer at valstyret skal påføre stempel på alle røystesetlar som er avgjevne utanriks. Dette for å sikre at dei ikkje feilaktig blir forkasta under oppteljinga.

12 RØYSTEGJEVING PÅ VALDAGEN

Det er viktig at alle medlemene i røystestyra og valfunksjonærane elles får tilstrekkeleg opplæring, slik at ein unngår feil. Røystemottakarane har eit viktig ansvar for å sjå til at dei fastsette rutinane blir følgde, fordi resultatet elles kan bli forkasta røyster.

12.1 Tid for røystegjevinga – val éin eller to dagar

Det er kommunestyret som bestemmer om det skal vere val over to dagar i kommunen, både måndag og søndag, jf. vallova § 9-2 andre ledd. Denne avgjerdsmyndigheita kan ikkje delegerast til valstyret, jf. uttrykket «kommunestyret kan selv vedta» i lova.

I Innst. S. nr. 1 (1993–1994) skreiv Stortingets fullmaktskomité:

«Komiteen har registrert at det i noen valglokaler tidvis har vært kødannelser av velgere. Ein måte å redusere kødanningar på kan vere å auke kapasiteten i røystestyra, ved å engasjere fleire personar. Ein annan måte kan vere å utvide røystetida, eventuelt å halde valting to dagar i staden for berre éin dag. Komiteen er klar over at det i mange kommuner er tilstrekkelig med en dags valgting, ut fra de lokale forhold, men komiteen mener at enkelte større kommuner som nå bare hadde valg mandag, bør overveie før neste valg om ikke de grunner som taler for å holde to dagers valg er sterkere enn de hensyn som taler mot.»

I kommunane der det skal vere val også søndag, kan kommunestyret fastsetje at eitt eller fleire vallokale ikkje skal vere opne søndag, jf. vallova § 9-2 andre ledd.

Dersom kommunestyret har vedteke at eitt eller fleire vallokale ikkje skal vere opne søndag, må veljarane som er manntalsførte i desse røystekrinsane, og som ønskjer å røyste på søndag, gje ei «fremmed stemme» ved eitt av vallokala i kommunen som er opne, jf. § 9-5 fjerde ledd. Dersom berre eitt vallokale er ope på søndag, må derfor alle med *røysterett* som ikkje bur i denne krinsen, gje ei «fremmed stemme». Det følgjer av ordlyden i lova. Desse veljarane kan derfor ikkje kryssast av i manntalet, sjølv om røystestyret i denne krinsen skulle ha tilgang til manntalet i alle krinsane.

Dersom kommunen nyttar elektronisk avkryssing i manntal, kan veljarar røyste på same måte i alle vallokala i kommunen, jf. § 9-5a tredje ledd.

12.2 Tid for røystegjevinga – opning og lukking av vallokala Føresegnene om opningstida/røystetida står i vallova § 9-3 andre ledd. I utgangspunktet er det valstyret som fastset opningstida. Kommunestyret kan likevel, med tilslutnad frå minst 1/3 av medlemene, vedta å halde vallokala opne lenger enn det valstyret har vedteke. Det er likevel slik at det ikkje er høve til å fastsetje at lokala skal haldast opne ut over kl. 21 måndag. Røystegjevinga måndag kan ikkje i noko tilfelle skje seinare enn kl. 21. Elles inneheld ikkje vallova føresegnar som regulerer røystetida, verken søndag eller måndag. Når opningstida for røystegjevinga skal fastsetjast, må det leggjast avgjerande vekt på omsynet til veljarane. Føresetnaden er at veljarane får rimeleg tid til å røyste.

I den vedtekne opningstida skal vallokalet heile tida vere ope. Det er ikkje høve til å stenge vallokala mellombels, for eksempel for å ha matpause. Valstyret (eller kommunestyret) kan likevel vedta delt opningstid for vallokala, for eksempel at lokala skal vere opne frå kl. 10.00 til 14.00 og frå kl. 15.00 til 21.00. Av omsyn til veljarane bør valstyret berre vedta slike ordningar dersom det blir vurdert som heilt nødvendig.

Lokale forhold kan somme stader tilseie ulik opningstid ved røystestadene i kommunen.

Dette er det høve til innanfor føresegna i vallova. Der forholda tilseier det, bør kommunen vurdere om vallokala skal opne tidlegare på valdagen måndag, for eksempel kl. 07.00 eller kl. 08.00.

Det er viktig at røystestyret er nøye med at dørene til vallokalet blir opna og stengde på nøyaktig dei tidspunkta som valstyret har fastsett. Når tida som er fastsett for røystegjevinga, er ute (både søndag og måndag), skal alle som har møtt fram ved vallokalet før stengjetid, få høve til å røyste, jf. vallova § 9-7. Dersom alle dei oppmøtte veljarane får plass i lokalet, kan dørene til vallokalet stengjast. Alternativt må røystestyret på annan måte syte for å halde oversikt over kva for veljarar som var komne før stengjetid. Det kan for eksempel skje ved at ein av valfunksjonærane markerer slutten på køen utanfor lokalet. Det er svært viktig å sjå til at ingen veljarar slepp inn i vallokalet etter stengjetid. Slike tilfelle fører ofte til formelle klager til departementet.

I år er det viktig å gje veljarane informasjon om smitteverntiltak som er sette inn, slik at særleg veljarar i risikogrupper ikkje unnlet å røyste pga. frykt for smitte.

Kommunane bør m.a. gje ut informasjon om kva tid det normalt er lite pågang i vallokala, slik at veljarar kan planleggje kva tid dei skal røyste ut frå dette.

12.3 Universell utforming

Sjå punkt. 10.3, som gjeld tilsvarende på valtinget.

Etter ordinære reglar skal eit vallokale liggje geografisk i røystekrinsen. Som følge av covid-19-pandemien vil smittevernomsyn føre med seg andre krav til kva som kan reknast som eit eigna vallokale.

For at det skal vere enklare å finne eigna lokale, opnast det opp for at vallokalet kan liggje utanfor røystekrinsen i ny mellombels føresegn i vallova § 9-3 a. Vallova § 9-3 andre ledd om at røystegjevinga skal skje i eigna og tilgjengeleg lokale, gjeld også når valstyret legg røystegjevinga til eit vallokale utanfor røystekrinsen. Det må difor mellom anna vere enkelt for veljarane i røystekrinsen å kome seg til vallokalet.

Valstyret skal syte for at det er mogleg å halde ein avstand på minst éin meter til andre under røystegjevinga. Ein måte ein kan oppnå dette på er ved å spreie veljarane på fleire rom. Eit vallokale kan bestå av fleire rom som fysisk heng saman. For stortingsvalet i 2021 er dette presisert i ei mellombels føresegn i vallova § 9-3 d.

Covid-19-pandemien gjør at valgstyret får flere hensyn som det må tilrettelegges for ved valg og bruk av lokaler ved stortings- og sametingsvalget 2021.

Valglokalenes utforming vil være viktig for å sikre en forsvarlig gjennomføring. Lokaler med mulighet til separat inn- og utgang er en fordel for enklere logistikk. Der det ikke er mulig med separat inn- og utgang må kommunen sette inn andre tiltak for å sikre at ikke velgere møter andre velgere i døren, for eksempel ved at en medarbeider organiserer velgere som skal ut og inn. God ventilasjon og størrelsen på lokalet har også betydning. Det må gjøres vurderinger av hvor mange personer som kan være inne i lokalet samtidig. I tette rom uten ventilasjonssystem, anbefales det å lufte regelmessig. Det anbefales at kommunene har kontakt med kommunelegen i disse vurderingene.

Det er særlig viktig for kommende stortingsvalg at smittevern ivaretas i valgstyrets vurdering ved valg av forhåndstemmemottak. Det skal være mulig å stemme uten å være nærmere andre enn 1 meter, og man skal kunne gjøre det på kortere tid enn 15 minutter. Dette stiller krav både til valg av lokale og organiseringen av stemmingen.

Se mer i [smittevernveilederen for valggjennomføringen under covid-19-utbruddet](#)

Sjå raud boks under punkt 10.3.4.1 om grunnleggjande smitteverntiltak.

12.4 Stad for røystegjevinga

12.4.1 Talet på vallokale

Vallova § 9-3 inneheld reglar om talet på røystestader/vallokale. Kommunestyret, eller valstyret etter delegering, bestemmer kor mange røystekrinsar og dermed kor mange vallokale det skal vere i kommunen. Dersom valstyret ønskjer å gjere endringar i talet på røystekrinsar frå sist val, må slike vedtak gjerast innan 31. mars i valåret. Det følgjer av føresegna at den sentrale matrikkeleininga (Statens kartverk) skal orienterast om slike vedtak innan denne datoen.

Det er viktig å presisere at det berre skal vere eitt vallokale i kvar røystekrins. Dersom kommunen ønskjer å ha fleire vallokale i éin røystekrins, må krinsen delast i to. Det er ikkje tillate å ha fleire vallokale i same røystekrins, eller at ein røystekrins ikkje har eit vallokale. Kommunen må slå saman krinsar dersom ein krins manglar vallokale.

Når kommunestyret/valstyret skal fastsetje talet på vallokale og kor røystegjevinga skal skje, må det leggje avgjerande vekt på omsynet til veljarane. Styret må syte for røystegjeving på fleire stader når det er nødvendig av omsyn til veljarane.

Valmyndigheitene bør arbeide for å leggje forholda til rette slik at ein kan unngå kø.

Pandemien kan også gjere det naudsynt å opprette fleire vallokale i ein røystekrins for å spreie veljarane meir. Valstyret kan opprette eitt eller fleire ekstra vallokale for éin eller fleire røystekrinsar i kommunen om det er eit lokalt utbrot av covid-19 i kommunen. Kommunelege eller kommunen si helsefaglege styresmakt bør involverast i vurderinga. Styresmakt til å opprette ekstra vallokale kan ikkje delegerast til andre. Tilgangen til å opprette ekstra vallokale følgjer av ei mellombels føresegn i vallova § 9-3 b.

Ekstra vallokale knytast til ein eksisterande røystekrins, men skal ikkje leggjast inn i EVA. Ekstra vallokale utløyser ikkje ein ny røystekrins og tilordnast det ordinære vallokalet, men skal ha eit eige røystestyre.

Som følge av covid-19-pandemien skal kommunane ha egne eigna røystelokale for veljarar i karantene i tillegg til ordinære vallokale ved stortings- og sametingsvalet 2021.

Å vere i karantene er ikkje rettsleg til hinder for å gå ut og røyste. Stamstundes må personar i karanten halde avstand til andre, noko som kan vere vanskeleg i eit vallokale der mange andre skal røyste samstundes. Veljarar i karantene kan heller ikkje ta offentleg transport. Dette gjeld både i førehandsrøysteperioden og på valtinget. At veljarar i karantene skal røyste på eigna stader bestemt av valstyret følgjer av mellombelse føresegner i vallova § 8-3 c og § 9-3 c.

Alle røyster mottekne etter førehandsrøysteperioden, dvs. etter fredag før valdagen, registrerast som valtingsrøyster, og skal behandlast deretter.

Sjå oransje boks under punkt 12.9.3 om mottak av røyster i ekstra vallokale og kapittel 21 om protokollering av val i ekstra vallokale.

Sjå oransje boks under punkt 12.9.3 om mottak av valtingsrøyster for veljarar i karantene.

Sjå oransje boks under punkt 12.9.3 om framgangsmåten for å ta imot røyster frå veljarar i karantene.

Som følge av covid-19-pandemien er det i år mulig med ambulerende stemmegiving for velgere i karantene eller isolasjon også etter fredagen før valgdagen. Se midlertidige bestemmelser i valgloven § 9-3 c og § 9-6 a. Merk at bestemmelsene ikke gjelder syke og uføre. Alle stemmer mottatt ved ambulerende stemming etter forhåndsstemmeperioden, registreres som valgtingsstemmer, og skal behandles deretter.

Retten til å stemme hjemme etter forhåndsstemmeperioden gjelder kun for velgere som stemmer i den kommunen de er manntallsførte i.

Paragrafen åpner for ambulerende stemmegivning hjemme både på lørdag og søndag før valgdagen, og på valgdagen.

Velgere i karantene har kun rett til å stemme ambulerende dersom de ikke kan stemme på egnet sted for karantene. Velgere i karantene som ikke kommer seg til et valglokale grunnet forbud mot å ta kollektivtransport, må stemme hjemme.

Søknadsfristen for å stemme hjemme er kl. 10 på valgdagen. Stemmen må være avgitt innen kl. 21 på valgdagen.

12.5 Kunngjering av tid og stad for røystegjeving

Vallova § 9-3 tredje ledd pålegg valstyra å kunngjere tid og stad for røystegjevinga. Lova pålegg ikkje valstyra å kunngjere på ein bestemd måte eller på eit bestemt tidspunkt, men det er ein føresetnad at valtinget blir gjort alminneleg kjent blant veljarane. Departementet vil særleg oppfordre kommunane til å leggje til rette for at det blir lagt ut tydeleg og god informasjon om valet på nettsidene til kommunane.

I år er det viktig å gje veljarane informasjon om smitteverntiltak som er sette inn, slik at særleg veljarar i risikograppa ikkje unnlet å røyste pga. frykt for smitte. Kommunane bør m.a. gje ut informasjon om kva tid det normalt er lite pågang i vallokala, slik at veljarar kan planleggje kva tid dei skal røyste ut frå dette.

Sjå meir i [smittevernrettleiaren for valgjennomføringa under covid-19-utbrotet](#).

12.6 Materiell til røystegjevinga i vallokalet

Røystestyret må ha følgjande materiell i vallokalet:

- avkryssingsmanntal i papir for den aktuelle røystekrinsen, dersom det ikkje blir nytta elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen
- Ved stortingsval: trykte røystesetlar som er oransje på utsida og kvite på innsida, og som er identiske med alle vallistene som er godkjende i valdistriktet
- Ved fylkestingsval: trykte blå røystesetlar som er identiske med alle vallistene som er godkjende i valdistriktet
- Ved kommunestyreval: trykte røystesetlar som er rosa på utsida og kvite på innsida, og som er identiske med alle vallistene som er godkjende i kommunen
- blanke røystesetlar i same utføring som dei trykte setlane som skal brukast
- stempel for stempling av røystesetlar
- konvoluttar/omslag til røyster etter § 9-5 fjerde ledd og valforskrifta § 31
- konvoluttar/omslag til røyster etter § 9-5 a fjerde ledd og valforskrifta § 31a tredje ledd
- valurner som kan forseglast
- Røysteavlukke
- skrivesaker, fortrinnsvis kulepennar til bruk for veljarar som ønskjer å gjere endringar på røystesetlane. Desse skal vere tilgjengelege i avlukka. Røystestyret må ha rikeleg med skrivesaker i reserve.
- innpakkings- og forseglingsmateriell
- møtebok for røystestyret
- tilgang på vallova og valforskrifta

Blanke røystesetlar skal liggje ute i lokalet eller i røysteavlukket saman med dei andre trykte røystesetlane.

Valstyret skal – i god tid før røystegjevinga tek til – syte for at ei tilstrekkeleg mengd trykte røystesetlar blir sende eller leverte til alle røystestyra i kommunen.

Røystesetlane bør fortrinnsvis leggjast inne i røysteavlukket. Røystesetlane til alle godkjende lister skal leggjast i ein bunke for seg. Røystesetlane kan likevel også leggjast ut på eitt eller fleire bord i vallokalet – også her med røystesetlane til alle godkjende lister i ein bunke for seg. Det er svært viktig at bordet i så fall er avskjerma på ein slik måte at andre som oppheld seg i vallokalet, ikkje kan sjå kva røystesetlar veljaren tek.

Ein medlem av røystestyret, eller ein annan som røystestyret har peikt ut til det, bør jamleg inspisere røysteavlukka eller røystesetelbordet/-borda.

Vedkomande bør forvisse seg om at det til kvar tid er tilgjengeleg røystesetlar for alle vallistene, i tillegg til skrivesaker. Det er viktig å sjå til at det ikkje manglar røystesetlar for enkelte vallister.

Røystestyret må sjå etter at ikkje fleire veljarar samtidig oppheld seg inne i det same avlukket eller ved det same røystesetelbordet utan at reglane for assistert røystegjeving blir følgde, jf. vallova §§ 8-4 og 9-5.

Røystesetlane skal stemplast med eit «offentlig stempel» før dei blir lagde i valurna. Valstyret bestemmer sjølv kva slags stempel som skal nyttast. Ein føresetnad er at stempelet skil seg frå det stempelet som blir nytta under førehandsrøystegjevinga. Valstyret må etablere rutinar for å sikre at stempel ikkje kjem på avvegar.

12.7 Ordensreglar, forbod mot valagitasjon mv. i vallokalet

Vallova § 9-4 første ledd inneheld reglar om at det i vallokalet og i romma veljaren må passere for å kome fram til vallokalet, ikkje er tillate å drive valagitasjon eller å utføre handlingar som kan forstyrre eller hindre ei normal gjennomføring av valhandlinga. Det er vidare ikkje tillate for uvedkomande å føre kontroll med kven som møter fram og røystar.

Forbodet i lova mot valagitasjon omfattar ikkje området utanfor den bygningen der vallokalet ligg. Forbodet omfattar agitasjon mot eller for systemet, politiske parti, oppfatningar eller personar. Det gjeld både munnlege og skriftlege meiningsytringar, som å setje opp oppslag og leggje ut eller dele ut brosjyrar og liknande. Medlemer av røystestyret og valfunksjonærar må for eksempel ikkje ha jakkemerke og liknande som har politisk innhald.

Føresegnene i lova inneber at det ikkje vil vere tillate for parti og andre grupper å dele ut røystesetlar inne i bygningen der vallokalet ligg. Utanfor bygningen er ei slik utdeling likevel tillaten.

Som eksempel på oppførsel som kan gje grunnlag for bortvising, nemner vi sjikanering av veljarane og støyande åtferd.

Loddsal, innsamlingar og liknande som kan forstyrre valavviklinga, er også forbode i vallokalet og i romma veljaren må passere for å kome inn i vallokalet.

Leiaren eller nestleiaren i røystestyret kan om nødvendig vise vekk personar som opptre i strid med dei nemnde forboda, jf. vallova § 9-4 tredje ledd. Ei eventuell klage over bortvising må fremjast etter dei vanlege klagereglane i vallova kapittel 13. Det er grunn til å understreke at høvet til å vise vekk personar frå vallokalet er ei ordensforskrift, ikkje ein røysterettsregel. Det inneber at dersom veljaren møter opp i vallokalet på ny, og grunnlaget for bortvising ikkje lenger er til stades, må han eller ho få røyste.

Det går fram av vallova § 9-4 andre ledd at uvedkomande ikkje må få kunnskap om forbruket av røystesetlane til dei ulike vallistene. Det inneber for det første at medlemene i røystestyret eller valfunksjonærane ikkje må gje opplysningar til uvedkomande, for eksempel pressa, om forbruket av røystesetlar. Forbodet gjeld også tilgangen pressa har til røysteavlukka – eller andre stader der røystesetlane er utlagde – for å sjå korleis det ligg an med røysetelforbruket.

12.8 Forbod mot veljarundersøkingar og liknande i vallokalet Vallovgjevinga byggjer på prinsippet om at valet er hemmeleg. Det er valstyret si oppgåve å leggje forholda fysisk til rette slik at hemmeleg val blir ein realitet. I samband med valhandlinga må veljarane ikkje bli utsette for press når det gjeld å røpe kva dei har røysta. Dersom det blir gjort ei veljarundersøking inne i vallokalet, kan mange veljarar oppfatte det som uønskt press. Nokon kan også oppfatte eit slikt opplegg slik at det er valmyndigheitene som står bak undersøkinga, og at dei derfor pliktar å svare.

Vallova § 9-4 første ledd inneheld derfor ein regel om at det i vallokalet og i romma veljaren må passere for å kome fram til vallokalet, ikkje er tillate å ha veljarundersøkingar eller liknande utspørjingar av veljarane.

12.9 Røystegjeving i vallokalet

12.9.1 Innleiing

Reglane om framgangsmåten ved røystegjeving i vallokalet er fastsette i vallova § 9-5 og valforskrifta § 30.

Sjå raud boks under punkt 10.3.3.1 om omsyn som må leggjast til rette for som følgje av pandemi og raud boks under punkt 10.3.4.1 om grunnleggjande smitteverntiltak.

12.9.2 Logistikk i vallokalet

Vallova inneheld ingen føresegnar om korleis eit vallokale skal setjast opp eller organiserast fysisk (logistikken). Det er opp til valstyra å bestemme korleis og i kva rekkjefølgje veljaren skal leiast gjennom ulike trinn i røystegjevinga.

Organiseringa av valtinget bidreg til å redusere moglegheita for feil, og departementet meiner at røystegjevinga i vallokalet har tre sentrale element som skal gjennomførast ved bordet til røystestyret:

- 1) Valfunksjonæren skal krysse av i manntalet for namnet på veljaren.

- 2) Valfunksjonæren skal stemple røystesetelen.
- 3) Veljaren skal leggje røystesetelen i urna. (Det gjeld eit unntak for veljarar som ikkje tilhøyrrer krinsen, dersom det er nytta papirmanntal, jf. punkt 12.9.5.)

Det er viktig at dette blir utført i nær samanheng og i den nemnde rekkjefølgja. I tillegg må valfunksjonærane ha merksemd og kontroll over alle desse punkta.

Røysteurna bør plasserast på eller i nær tilknytning til staden for avkryssing i manntalet og for stempling av røystesetelen. Urna skal ikkje plasserast på ein stad i lokalet der ho er utan tilsyn. Valfunksjonæren må vere påpasseleg når det gjeld å kontrollere at veljaren legg røystesetelen i urna, og at røystesetelen er stempla. Dersom ein veljar som er kryssa av i manntalet, forlèt lokalet utan å leggje røystesetelen i urna, bør dette registrerast og protokollerast i møteboka til røystestyret dersom det er mogleg.

12.9.3 Framgangsmåte og rutinar ved røystegjeving

Alle veljarar som møter opp i vallokalet på valdagen(-ane), skal som utgangspunkt få røyste. Veljarar som er ukjende for røystemottakaren, og som ikkje kan legitimere seg, må bli bedne om å kome tilbake med legitimasjon. Røystestyret skal ikkje ta imot røyster frå ukjende veljarar som ikkje kan legitimere seg. Røystestyret må vere bevisst på at når dei kryssar av for veljaren i manntalet, går dei god for at veljaren faktisk er den han eller ho gjev seg ut for å vere. Sjå om kravet til legitimasjon i punkt 10.9, som gjeld tilsvarande på valtinget.

Bruk av munnbind er tilrådd i visse situasjonar i område med aukande eller høgt smittepress når det ikkje kan haldast avstand. Om det blir innført nasjonale eller lokale råd om at munnbind skal brukast, vil det også kunne gjelde for valet. Det kan vere naudsynt å fjerne munnbindet for at valmedarbeidaren skal kunne identifisere veljaren. Råd for korrekt handtering av munnbind må då følgjast.

Sjå generelle råd i artiklane [Munnbind og visir i befolkninga](#) på nettsidene til Folkehelseinstituttet.

Veljarane skal kryssast av i manntalet før dei legg røystesetlane i urna. Lova har ikkje reglar som fastset om manntalsavkryssinga skal skje før eller etter at veljaren har vore i røysteavlukket. Det avgjerande er at det skjer før røystesetlane blir lagde i urna.

Ved kvart val blir det enkelte stader registrert fleire røystesetlar i urna enn kryss i manntalet. Dette kan blant anna kome av at nokre veljarar for eksempel har brukt ein blank røystesetel som omslag for røystesetelen, eller at veljarar legg røystesetelen i urna utan at røystesetelen er stempla. Avvik mellom talet kryss i manntalet og talet på røystesetlar i urna skal *ikkje* førekome. Departementet går ut frå at den mest vesentlege årsaka til slike feil er manglande merksemd frå røystemottakaren. God logistikk i vallokalet er derfor svært viktig og nødvendig, sjå punkt 12.9.2.

Røystesetelen skal brettast saman slik at det ikkje er synleg kva valliste veljaren røystar på. Veljaren skal gjere denne samanbrettinga «i enerom og usett», jf. § 9-5 tredje ledd. Deretter leverer veljaren røystesetelen til røystestyret, som stemplar setelen med eit offisielt stempel. Etter at røystesetelen er blitt stempla, legg veljaren setelen ned i ei urne.

Departementet presiserer at det er viktig å ta forholdsreglar for å sikre at røystegjevinga til veljarane ikkje blir kjend for uvedkomande. Spesielt bør ein leggje vekt på å hindre at veljarane brettar røystesetlane feil veg, slik at det er synleg korleis han eller ho har røysta. Dette er heilt vesentleg for å sikre prinsippet om hemmeleg val, og for å gardere seg mot at uvedkomande kan kontrollere korleis veljaren har røysta. Det er røystestyret sitt ansvar å sjå til at veljarane ikkje kjem ut av avlukket med røystesetelen bretta feil. Det kan røystestyret gjere ved at ein medlem av røystestyret – eller ein valfunksjonær – er plassert utanfor avlukka og viser veljarane tilbake inn i avlukket dersom han eller ho registrerer at setelen er bretta feil veg. Eit anna tiltak kan vere at ein røystestyremedlem eller ein funksjonær gjev veljarane rettleiing om korleis røystesetlane skal brettast, før dei går inn i avlukket. I alle vallokale bør det finnast informasjon om korleis røystesetlane skal brettast. Slik informasjon bør finnast både inne i avlukka og på andre stader i lokala.

Det er også viktig med gode rutinar rundt stempling av røystesetelen før han blir lagd ned i urna. I 2002 vart det utarbeidd ein internasjonal standard for gjennomføring av val («The Code of Good Practice in Electoral Matters») av Venezia-kommisjonen.

Denne standarden er ikkje juridisk bindande, men blir ofte nytta som referanse når internasjonale valobservatørar vurderer valsystema i ulike land. Artikkel 35 i standarden fastset:

«The voter should collect his or her ballot paper and no one else should touch it from that point on.»

Dersom veljaren leverer frå seg røystesetelen til den som skal stemple setelen, kan det hevdast at det er i strid med den siterte føresegna, sjølv om setelen er bretta saman slik at ingen kan sjå kva valliste han gjeld for. Departementet meiner det er mogleg å oppfylle krava i standarden, dersom ein går fram slik at veljaren legg den samanbretta røystesetelen på bordet til røystestyret og held fast i han mens han blir stempla, utan at den som bruker stempelet, er i direkte fysisk kontakt med setelen. Ei anna løysing kan vere at veljaren sjølv får stemple setelen før han blir lagd i urna.

Ved kommunestyre- og fylkestingsval skal begge setlane stemplast dersom veljaren gjev røyst til begge vala. Den som stemplar setlane, må forsikre seg om at røystesetlane har ulik farge, ein rosa og ein blå. Røystesetlane til begge vala kan leggjast i ei og same urne. Det er likevel høve til å ha to urner ståande på bordet til røystestyret, slik at veljarane kan leggje setlane for kvart val i ulike urner. I slike tilfelle bør kvar urne merkjast godt slik at ein unngår samanblanding av setlane. Departementet understrekar at røystestyret ikkje skal spørje veljaren eller på andre

måtar kontrollere om han eller ho har eller skal røyste til begge vala.

Dersom det er openbert at veljaren har brukt ein annan røystesetel som omslag, bør likevel røytestyret gjere vedkomande merksam på det.

Dersom veljaren ved ein feil skulle kome til å leggje ein ustempla røystesetel i urna, må røytestyret ikkje opne urna og ta ut røystesetelen for å stemple han. Feilen kan heller rettast ved at veljaren får høve til å hente ein ny røystesetel som valfunksjonæren stemplar før han blir lagd i urna. Den ustempla røystesetelen blir forkasta. Slike tilfelle må noterast sidan det vil føre til avvik mellom mottekne røystegjevingar og talet på kryss i manntalet. Avvik skal protokollerast i møteboka til røytestyret.

Både røystestyra og valstyra er pålagde å bokføre alt som blir behandla på valtinget, jf. vallova § 10-7, jf. valforskrifta § 41. Departementet viser til at formular for protokollering og tilhøyrande krav formelt er ei forskrift, og at kommunane er forplikta til å nytte desse. Av formulara går det fram at talet på kryss i manntalet skal avstemmast mot røystene som er gjevne, og at avvik skal grunngjevast.

Mottak av røyster i ekstra vallokale:

Måten røyster blir tekne imot på i ekstra vallokale er avhengig av om kommunen nyttar elektronisk avkryssing i manntalet eller papirmanntal. Framgangsmåten følgjer av ny mellombels føresegn i vallova § 9-3 b (2) jf. § 9-5 a.

Ved elektronisk avkryssing i manntal, skal:

- røystemottakaren setje kryss ved namnet på veljaren i manntalet
- veljaren leggje røystesetelen i urna

Skulle EVA bli utilgjengeleg skal røystesetlane behandlast som beredskapsrøyster etter valforskrifta § 31 a, sjå punkt 12.9.4.

Ved papirmanntal, skal:

- røysta gjevast i røystesetelkonvolutt
- røystesetelkonvoluttten leggjast så i ein omslagskonvolutt
- omslagskonvoluttten leggjast så i urna

Denne framgangsmåten er naudsynt som følgje av at det ikkje vil vere tilgjengeleg eit krinsmanntal for det ekstra vallokalet.

Sjå oransje boks under punkt 12.4.1 om tilgangen til å opprette ekstra vallokale og kapittel 21 om protokollering av val i ekstra vallokale.

Framgangsmåten for å ta imot røyster frå veljarar i karantene, er ulik ut ifrå omstenda.

Eigne vallokale for veljarar i karantene

Røystegjevingar i lokale for veljarar i karantene takast imot på lik måte som andre røystesetlar. Har du tilgang til EVA, kan veljaren kryssast i manntalet og røystesetelen leggjast rett i urna. Om du ikkje har tilgang til EVA, må røystegjevinga mottakast i konvolutt og registrerast og prøvast seinare, jf. vallova § 9-3 c (2)

Ambulerande røysting etter førehandsrøysteperioden for veljarar i karantene og isolasjon

Ved ambulerande røysting skal røysta takast imot i røystesetelkonvolutt, som igjen leggjast i ein omslagskonvolutt. Røystegjevinga prøvast seinare i kommunen av to valmedarbeidarar. Rutinen er lik som for tidlegrøystegjeving, jf. vallova § 9-3 c og § 9-6 a, valforskrifta § 24a (4) og punkt 10.1.

Sjå oransje boks under punkt 12.4.1 om ambulerande valtingrøyster for karantene og isolasjon, og å gje frå seg valtingrøyster på eigne stader for veljarar i karantene.

12.9.4 Elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen

Vallova § 9-5a gjer kommunane høve til å nytte elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen. Kommunar som vel å nytte seg av ordninga, forpliktar seg til å leggje til rette for dette i alle vallokala i kommunen.

Framgangsmåten ved røystegjevinga beskriven i vallova § 9-5 gjeld og ved bruk av elektronisk avkryssing i manntalet, med unntak av fjerde ledd. Veljarar i kommunar som nyttar elektronisk avkryssing på valdagen, vil kunne røyste rett i urna i alle vallokala i kommunen, jf. § 9-5a andre ledd. Kommunar som nyttar elektronisk avkryssing på valdagen vil altså ikkje ta imot nokon «fremmede stemmer».

Ved strømbrot eller kommunikasjonsbrot mot det elektroniske manntalet, skal kommunane utan opphald gå over til å følgje prosedyre for beredskapsrøyster, jf. valforskrifta § 31a.

Beredskapssituasjonen oppstår i det augneblikket det elektroniske manntalet av ein eller annan orsak blir utilgjengeleg på ein slik måte at avkryssing ikkje kan utførast.

Vallova fastset at veljaren i ein beredskapssituasjon sjølv skal leggje røystesetelen i ein røystesetelkonvolutt og lime konvolutten igjen etter at røystesetelen er stempla. Røystemottakaren skal så leggje røystesetelkonvolutten i ein beredskapskonvolutt saman med valkortet. Beredskapskonvolutten skal vere oransje, jf. valforskrifta § 31 a tredje ledd.

Beredskapsrutinen blir avslutta omgåande dersom kommunikasjonen med det

elektroniske manntalet kjem tilbake.

I kommunar med todagarsval skal eventuelle beredskapsrøyster som er teken imot på søndag behandlast og kryssast av i det elektroniske manntalet før vallokala opnar på måndag.

12.9.5 Papirmanntal – mottak av «fremmede stemmer»

Veljarar som ikkje er manntalsførte i røystekrinsen – men truleg i ein annan del av manntalet til kommunen – skal også få røyste («fremmede stemmer»), jf. § 9-5 fjerde ledd og forskrifta § 31.

Desse veljarane skal ikkje leggje røystesetelen ned i valurna etter at han er stempla. Røystestyret skal i staden levere ein røystesetelkonvolutt til veljaren. Veljaren legg setelen/setlane i røystesetelkonvolutten og leverer han til røystestyret, som skal leggje konvolutten i eit særskilt omslag. Omslaget skal limast att, og namnet, fødselsdatoen og adressa til veljaren skal skrivast utanpå. Når røystegjevinga er ferdig, skal omslaget leverast til valstyret.

12.9.6 Veljarar som ikkje står i manntalet i kommunen

Veljarar som er manntalsførte i ein annan kommune, må visast dit. Det går fram av vallova § 9-5 fjerde ledd, halden saman med forskrifta § 31, at også veljarar som ikkje er innførte i manntalet skal få gje si røyst på valdagen, for eksempel dersom veljaren er nekta røysterett ved rettsavgjerd («kjennelse» på bokmål) i valstyret.

Desse veljarane skal følgje prosedyren beskriven i 12.9.5.

12.9.7 Veljarar som er kryssa av i manntallet/som har førehandsrøysta

Det er ikkje høve til å røyste om att på valtinget på det viset at ein veljar som har førehandsrøysta, ombestemmer seg og røystar på nytt på valtinget. Etter § 31 i forskrifta skal likevel ein veljar som krev å få røyste, ikkje avvisast, sjølv om det er kryssa av i manntalet for at veljaren har førehandsrøysta. Grunngevinga er at det kan skje feil ved avkryssinga.

Er det kryssa av i manntalet for at veljaren har førehandsrøysta, skal veljaren ikkje leggje røystesetelen/-setlane ned i valurna. Den/dei skal behandlast på same måte som røyster frå veljarar som ikkje står i manntalet i krinsen.

12.9.8 Rett til assistanse ved røystegjevinga

Ein veljar som ikkje kan røyste åleine på grunn av fysisk eller psykisk funksjonsnedsetjing, har rett til å få hjelp av ein røystemottakar eller ein annan person vedkomande sjølv peikar ut ved røystegjevinga, jf. vallova § 9-5 femte ledd. Det er ikkje lenger krav om at ein person frå valmyndigheitene er med inn i røysteavlukket når veljaren får hjelp frå ein annan person han eller ho sjølv har peika ut.

Lova slår fast at det er veljaren sjølv som skal peike ut den ekstra hjelparen. Dersom ein annan enn veljaren kjem med ein førespurnad til røystestyret om å hjelpe veljaren, bør

røystestyret ta kontakt med veljaren for å forsikre seg om at det er veljaren sitt eige ønske som kjem til uttrykk. Det er viktig at røystestyret prøver å sikre at det ikkje går føre seg press mot eller utilbørleg påverknad av veljaren.

Det blir ikkje stilt særlege krav til hjelparen, som at vedkomande har oppnådd ein viss alder, har røysterett eller liknande. Det er ikkje lenger krav om at den nedsette funksjonsevna må vere «alvorleg». Det inneber at alle gradar av nedsett funksjonsevne kan gje rett til assistanse. Det avgjerande er om den nedsette funksjonsevna medfører at veljaren ikkje kan røyste åleine, ikkje kor alvorleg ho må reknast som.

Det er ulike årsaker til at veljarar treng hjelp i samband med røystegjevinga. Det kan vere for eksempel rørslehemming eller andre årsaker, som synshemming, dysleksi eller psykisk utviklingshemming. Ein del av desse veljarane har vanskar med å lese eller å forstå skilt og andre skriftlege tilvisingar. Dei treng derfor hjelp til å orientere seg i vallokalet, sjølv om dei ikkje nødvendigvis har «synleg» nedsett funksjonsevne.

Det er viktig at medlemene i røystestyret / valfunksjonærane er merksame på og imøtekomande overfor desse veljarane. Det er også viktig for desse veljarane at det er enkelt å bli merksam på kven ein kan vende seg til for å få orientering og hjelp så snart dei kjem inn i vallokalet.

Røystestyremedlemene og funksjonærane er offentlege tenestemenn etter forvaltningslova og dermed underlagde reglane om teieplikt der, mellom anna når det gjeld kunnskap om røystegjevinga til enkeltpersonar. Det følgjer også av vallova § 15-4 første ledd at føresegnene i forvaltningslova om teieplikt gjeld ved val.

Ein annan person som assisterer ein veljar ved røystegjevinga, og som derfor får kjennskap til korleis veljaren har røysta, har også teieplikt om dette, jf. vallova § 15-4 andre ledd. Lova pålegg røystestyret å gjere eventuelle hjelpearar merksame på at dei har teieplikt om røystegjevinga til veljaren.

Det er presisert i lova kven som skal avgjere om ein veljar oppfyller vilkåra for å få rett til assistanse. Når det ikkje er tvil om vilkåra for assistanse er oppfylt, kan røystestyremedlemen eller valfunksjonæren veljaren tek kontakt med, syte for at veljaren får nødvendig hjelp. Dersom ein røystestyremedlem eller ein valfunksjonær meiner at veljaren ikkje oppfyller kravet til å få hjelp til røystegjevinga, kan veljaren få ei ny vurdering frå røystestyret, som avgjer om veljaren oppfyller vilkåra.

Utgangspunktet er at ein person som hevdar at han eller ho ikkje kan røyste åleine på grunn av nedsett funksjonsevne, skal bli trudd. Det er heller ikkje krav om å vise noka form for dokumentasjon på den nedsette funksjonsevna. Ein eventuell tvil om veljaren oppfyller vilkåra, skal kome veljaren til gode. Det vil vere meir uheldig å nekte ein veljar slik hjelp enn å gje hjelp til ein veljar som ikkje treng det.

Andre veljarar med behov for bistand bør få rettleiing utan at dette inneber at ein røystemottakar eller valfunksjonær er til stades i røysteavlukket medan veljaren gjer vala sine. Ein valmedarbeidar kan rettleie veljaren om korleis han eller ho kan røyste inne i valavlukket før vedkomande går ut av avlukket og lèt veljaren gjere vala sine

åleine.

Covid-19-pandemien fører til ekstra forholdsreglar når ein gjev assistanse ved stortingsvalet 2021. Det bør så langt som mogleg haldast 1 meters avstand. Tida som brukast til å gje assistanse må i all hovudsak vere under 15 minutt, og ein bør unngå fysisk kontakt mellom veljar og valfunksjonær så langt som mogleg.

Kommunane bør så langt det er mogleg syte for at veljarar som treng assistanse, kan avgje røyst på ein stad der det er mogleg å halde avstand. Dette kan til dømes vere bak eit skjerm Brett, i eit tilstøytande rom eller utanfor vallokalet.

Om det ikkje er moglg å halde minimum 1 meters avstand, bør ein følgje dei gjeldande råda om bruk av personleg verneutstyr så langt som mogleg.

12.9.9 Røystegjeving rett utanfor vallokalet

Departementet understrekar at alle som er i stand til å ta seg inn i vallokalet på eiga hand, skal gjere det og røyste på vanleg måte inne i vallokalet. Berre veljarar som ikkje er i stand til å ta seg inn i vallokalet, kan røyste rett utanfor, til to røystemottakarar (røystestyremedlemer eller valfunksjonærar), jf. lova § 9-6 og forskrifta § 32.

Dersom veljaren er manntalsført i den vedkomande delen av manntalet, skal avkryssinga skje før veljaren får utlevert røystesetlar. Røystemottakarane må ha med seg følgjande:

- eit sett med røystesetlar, med éin setel for kvar valliste (for alle val)
- eit stempel
- ei urne

Veljaren skal – eventuelt med assistanse som er i tråd med regelverket – brette saman røystesetelen/-setlane og levere røystegjevinga til røystemottakarane, som stemplar setelen/setlane. Deretter legg veljaren sjølv røystegjevinga ned i urna. Røystemottakarane skal deretter føre urna inn i vallokalet. Røystesetlar som blir til overs, skal ikkje takast tilbake.

12.9.10 Veljarar med nedsette kognitive evner

Sjå punkt 10.9.15 som gjeld tilsvarende på valtinget.

13 FORSEGLING OG OPPBEVARING AV VALMATERIELL

13.1 Krav til forsegling

Valurner skal vere forseгла under røystegjevinga. Reglane om forsegling er tekne inn i vallova § 8-4 (9) (under førehandsrøystegjevinga) og § 9-5 (6) (på valtinget).

Det er viktig at valurnene – på alle stadium i valavviklinga – er forseгла under sjølv røystegjevinga, det vil seie når dei blir nytta av veljarane. Om røystegjevinga skjer i førehandsrøysteperioden eller på sjølv valdagen, har ikkje noko å seie for kravet om at valurnene skal vere forseгла når vallokala er opne for røystegjeving. Kravet til forsegling gjeld også under oppbevaring og transport, sjå punkt 13.3.

13.2 Tømming av urner

Det er ikkje noko i vegen for, og det vil også vere behov for, å bryte forseglinga frå tid til anna når urna ikkje er i bruk. Det vil også kunne bli nødvendig å bryte forseglinga dersom urna blir full under sjølv røystegjevinga. Det same gjeld der røystegjevinga skal sendast vidare til andre kommunar. Det er ikkje noko i vegen for å bruke eigne urner til røystegjevingar som høyrer til andre kommunar.

Røystegjevinga bør likevel sendast vidare til rett kommune fortløpande.

13.2.1 Førehandsrøystegjevinga

Det kan vise seg at det er nødvendig å tømme valurner under førehandsrøystegjevinga. Det følgjer av valforskrifta § 29 at valstyret må syte for at det blir etablert trygge rutinar for korleis innhaldet skal oppbevarast.

Det betyr at det er valstyret sitt ansvar å syte for at det blir etablert trygge rutinar ute i vallokala, slik at det ikkje skjer noko rettsstridig med innhaldet i urna.

Omslagskonvoluttane, med røystesetelkonvoluttar og valkort, må oppbevarast slik at dei ikkje blir blanda saman med anna valmateriell.

Vidare må omslagskonvoluttane oppbevarast på ein slik måte at dei er utilgjengelege for uvedkomande. Dersom røystesetlane og stempla blir oppbevarte på ein stad der valmyndigheitene ikkje har direkte oppsyn med dei, skal oppbevaringsstaden forseglast, jf. valforskrifta § 34.

13.2.2 På valtinget

Ei ordning med forseгла valurner på sjølve valdagen krev normalt fleire urner eller gode prosedyrar for tømning. Det er viktig å etablere trygge rutinar for tømning av urnene, slik at det ikkje skjer noko rettsstridig med innhaldet.

Framgangsmåten ved tømning av urner på valdagen er regulert av valforskrifta § 33. Dersom det er nødvendig å tømme valurner i løpet av valdagen, skal valstyret syte for at røystestyra følgjer denne prosedyren:

1. Forseglinga av valurna skal brytast av minst to av medlemene i røystestyret i fellesskap.
2. Innhaldet skal straks tømmast over i ein eigna emballasje som blir forseгла og merkt med serienummer.

Eksempel på eigna emballasje kan vere forseгла aluminiumskassar og esker eller farga plastsekker som blir forseгла med strips. Dersom ein bruker plastsekker, må dei vere solide, og dei bør ha ein spesiell farge for å skilje dei frå vanlege avfallssekker. Det må ikkje nyttast avfallssekker.

Valstyret skal syte for at røystestyret følgjer den nemnde prosedyren for tømning. Det er opp til valstyra å skaffe eigna emballasje og strips for forsegling. Valstyret må også syte for eit system med merking av emballasjen med serienummer. Det kan vere føremålstenleg å tildele kvart vallokale ei viss mengd serienummer.

13.3 Oppbevaring og transport av valmateriell

Vallova § 9-8 slår fast at alt valmateriell skal oppbevarast og transporterast på ein trygg måte. Departementet har i valforskrifta §§ 29a og 34 fastsett nærmare reglar om oppbevaring og transport av valmateriellet.

Det er for det første fastsett at valstyret har ansvar for å etablere trygge rutinar for oppbevaring og transport av valmateriell i alle fasar av valgjenomføringa.

Valstyret avgjer – ut frå lokale forhold – korleis valmateriell, manntal, røystesetlar, urner og anna skal oppbevarast.

Emballasjen med røystesetlane må oppbevarast på ein slik måte at røystesetlane er utilgjengelege for uvedkomande. Valmyndigheitene må ha oversikt over talet på stempel i lokala, og syte for at disse ikkje er tilgjengelege for uvedkomande. Røyster som er gjevne, skal oppbevarast slik at dei ikkje blir blanda saman med dei andre røystesetlane eller anna valmateriell.

Føresegna fastset vidare eit krav om forsegling i alle situasjonar der valmateriell blir etterlate utan direkte oppsyn av valmyndigheitene. Forseglinga bør skje ved hjelp av lakk og segl eller anna forseglingsutstyr som sikrar at uvedkomande ikkje kan få tilgang til materiellet utan at dette er synleg. Leiaren i røystestyret – eller ein annan person som valstyret peiker ut – har ansvaret for å ta vare på forseglingsmateriellet.

Regelen omfattar alle tilfelle der det kan tenkjast at valmateriell blir etterlate, for eksempel mellom søndag og måndag på stader der det er todagarsval, eller dersom det blir teke ein pause i oppteljinga frå valnatta og til morgonen etter.

Der det blir halde val over to dagar, er det valstyret som avgjer kvar og korleis urnene med røystesetlar og resten av materiellet skal oppbevarast. Følgjande alternativ kan tenkjast:

- Valstyret (eventuelt på ein annan sikker stad) oppbevarer både urnene og resten av materiellet og fraktar det tilbake til røystelokalet før røystegjevinga neste dag begynner.
- Valstyret oppbevarer både urnene og resten av materiellet, men fraktar berre resten av materiellet tilbake før røystegjevinga begynner neste dag. I dette tilfellet oppbevarer valstyret urnene med røystesetlar til oppteljinga begynner.
- Valstyret oppbevarer urnene, mens resten av materiellet blir oppbevart i røystelokalet.
- Både urnene og resten av materiellet blir oppbevart i røystelokalet.

Materiell som skal oppbevarast på røystestaden, bør samlast i vallokalet. Røystestyret kontrollerer at ingen uvedkomande er til stades i vallokalet, at alle vindauge er forsvarleg lukka, og at alle dører blir låste forsvarleg. Ein medlem av røystestyret som ikkje oppbevarer segl eller liknande, oppbevarer nøklane. På førehand må røystestyret skaffe seg oversikt over kven som har nøklar til vallokalet, og syte for å få utlevert alle nøklane.

Dersom det blir vurdert som sikrare eller meir føremålstenleg, kan valmateriellet oppbevarast i eit anna rom i bygningen der ein held valtinget.

All transport av valmateriell skal skje på hurtigaste trygge måte og utan unødige forseinkingar. Valstyret har ansvaret for å etablere forsvarlege rutinar her. Dei som oppbevarer forseglingsutstyr, kan ikkje transportere materiellet. Vedkomande kan heller ikkje utføre eventuelt vakthald.

14 PRØVING OG GODKJENNING AV FØREHANDSRØYSTEGJEVINGAR

14.1 Nærare om godkjenningsprosessen for førehands- og valtingsrøyster Det går eit viktig skilje mellom 1) prøving av røystegjevingar og 2) prøving av røystesetlar. Det er ulike forhold som skal prøvast, og det er ulike reglar som gjeld. Når ei røystegjeving skal prøvast, inneber det prøving av valhandlinga eller måten veljaren har gjeve røysta si på, og om krava lova set til veljaren, er oppfylte. Når vi prøver ein røystesetel, er det sjølv røystesetelen som skal prøvast. Før det er aktuelt å prøve ein røystesetel, må røystegjevinga til veljaren vere godkjend. Det vil seie at vedkomande må ha blitt kryssa av i manntalet. Dersom ei røystegjeving er forkasta, skal ikkje røystesetelen prøvast.

Når ein veljar har levert eller fått høve til å levere røysta si, har vedkomande gjeve ei røystegjeving. Denne røystegjevinga inneheld i utgangspunktet éin røystesetel per val. Røystegjevingar skal kontrollerast, og kan i kontrollen anten godkjennast eller forkastast. Alle godkjende røystegjevingar skal så gjennom ein ny kontroll, nemleg prøving av sjølv røystesetelen. Kontrollen kan såleis beskrivast i ein totrinnsprosess:

Trinn 1: Godkjenning av røystegjevingar

Kontrollen er ulik for røystegjevingar gjevne på førehand og røystegjevingar gjevne på valtinget. Kontrollen er også ulik for førehandsrøystegjevingar der røystesetelen er lagd rett i urna, og førehandsrøystegjevingar gjevne i røystesetelkonvolutt.

Førehandsrøyster gjevne innanriks i perioden 1. juli til 9. august (tidlegrøyst) etter valforskrifta § 24a skal kontrollerast etter dei same reglane som førehandsrøyster gjevne i røystesetelkonvolutt.

Ved kontroll av ei førehandsrøystegjeving gjeven i røystesetelkonvolutt undersøker valstyret omslagskonvolutten/valkortet. Dersom valstyret kjem til at røystegjevinga er gjeven forskriftsmessig, det vil seie i samsvar med krava lova set i § 10-1, skal veljaren kryssast av i manntalet, og røystegjevinga er godkjend. Dersom krava i lova ikkje er oppfylte, må røystegjevinga forkastast. Sjølv røystesetelen er på dette tidspunktet enno ikkje prøvd. Dersom røystegjevinga blir forkasta, blir det likevel aldri aktuelt å prøve røystesetelen.

Ved kontroll av ei førehandsrøystegjeving lagd rett i urna gjeld vallova § 10-1 a. I desse tilfella godkjenner røystemottakaren røystegjevinga idet røysta blir gjeven. Dette er den same framgangsmåten som i § 10-2, som regulerer godkjenning av ordinære valtingsrøystegjevingar, sjå nedanfor.

Kan veljaren av ulike grunnar ikkje kryssast av i manntalet på røystestaden (fordi veljaren er førehandsavkryssa eller ikkje står i manntalet på røystestaden / i kommunen), skal røystegjevinga leggjast i ein omslagskonvolutt, sjå punkt 10.10.5. Valstyret kontrollerer omslagskonvolutten og manntalet i ettertid, før røystegjevinga eventuelt blir godkjend. Det same gjeld dersom det er nytta beredskapskonvolutt.

Når det gjeld ei ordinær valtingsrøystegjeving, skjer kontrollen og godkjenninga av røystegjevinga idet veljaren gjev røysta si. Røystestyret kontrollerer om veljaren står oppført i manntalet på røystestaden, og gjev i tilfelle veljaren høve til å røyste. Røystegjevinga er godkjend idet veljaren blir kryssa av i manntalet.

Dersom veljaren av ulike grunnar ikkje kan kryssast av i manntalet på røystestaden (fordi veljaren er førehandsavkryssa eller ikkje står i manntalet på røystestaden / i kommunen), skal røystegjevinga leggjast i eit særskilt omslag. Valstyret kontrollerer i ettertid omslaget, i tillegg til manntalet, før røystegjevinga eventuelt blir godkjend. Idet røystegjevinga blir godkjend har vi ei godkjend røystegjeving.

Når ei førehands- eller valtingsrøystegjeving blir godkjend, inneber det at veljaren hadde rett til å røyste, og at røysta vart gjeven på forskriftsmessig måte – det vil seie at røysta oppfyllar krava laga set for godkjenning i §§ 10-1, 10-1 a og § 10-2. Det betyr likevel ikkje at sjølve røystesetelen er prøvd og godkjend.

Trinn 2: Godkjenning av røystesetlar

Ei godkjend røystegjeving består av ein røystesetelkonvolutt med innhald eller berre ein røystesetel. Valstyret skal kontrollere om innhaldet i røystesetelkonvolutten/røystesetelen er forskriftsmessig, det vil seie om det/den oppfyllar vilkåra i § 10-3. Denne prosessen fører fram til godkjende røystesetlar og forkasta røystesetlar.

Når ein røystesetel er godkjend, inneber det at røystesetelen oppfyllar krava laga set for godkjenning i § 10-3, og han skal telje med i valoppgjeret.

Omgrepet røyster blir ofte brukt som ei samlenemning på røystegjevingar og røystesetlar. Omgrepet røyster har inga sjølvstendig juridisk betydning etter regelverket for godkjenning av røystegjevingar og røystesetlar. Det er røystegjevingar og røystesetlar som skal godkjennast eller forkastast. I nokre tilfelle er det likevel mest naturleg å bruke omgrepet røyster, som for eksempel i løpande tekst. I andre samanhengar er det meir naturleg å snakke om anten røystegjevingar eller røystesetlar. Ei røyst kan såleis vere synonymt med ei røystegjeving og/eller ein røystesetel.

I laga er dette skiljet poengtert ved eigne føresegner for godkjenning av røystegjevingar og røystesetlar: §§ 10-1 og 10-1 a om førehandsrøystegjevingar, § 10-2 om valtingsrøystegjevingar og § 10-3 om godkjenning av røystesetlar (alle).

14.2 Tidspunkt for prøving av førehandsrøystegjevingar

Flest mogleg av dei innkomne førehandsrøystene må prøvast før valdagen, slik at flest mogleg førehandsrøyster skal bli godkjende. Førehandsrøystegjevingar som blir lagde rett i urna, blir godkjende idet veljaren blir kryssa av i manntalet. Prøvinga av førehandsrøystegjevingar gjevne i røystesetelkonvolutt kan begynne etter kvart som dei kjem inn til valstyret, jf. § 10-1 (3). Den siste prøvinga må likevel ikkje skje seinare enn at valstyret er sikker på at alle røystestyrar som skal krysse av i papirmanntal får

krinsmanntala før vallokalet opnar søndag eller måndag. Det er førehandsrøystegjevingar som er godkjende før valdagen, som går til førebels oppteljing seinast fire timar før vallokala stengjer.

Prøvinga av førehandsrøystegjevingar det ikkje vart tid til å godkjenne før manntalet vart lagd ut på valdagen, eller som kjem inn i løpet av valdagen, kan ikkje begynne før alle vallokala er stengde måndag og valstyret har fått inn alle krinsmanntala frå røystestyra som har kryssa av på papirmanntal. For kommunar som kryssar av elektronisk, kan prøvinga starte når alle røystestyra er ferdige med avkryssinga.

Ei førehandsrøystegjeving blir godkjend formelt ved at veljaren blir kryssa av i manntalet, sjå vallova §§ 10-1 og 10-1 a, andre ledd i begge. Før veljaren kan kryssast av i manntalet for å ha gjeve ei godkjend førehandsrøystegjeving, må valstyret prøve om førehandsrøystegjevinga oppfyller vilkåra i vallova for godkjenning, sjå § 10-1(1). På tilsvarande måte må røystemottakaren prøve om førehandsrøystegjevingar rett i urne oppfyller vilkåra for godkjenning etter § 10-1 a (1).

Ei avgjerd om å ikkje godkjenne ei røystegjeving er rekna for å vere av prinsipiell betydning. Røystemottakaren (der førehandsrøysta blir lagd rett i urna) og valstyret må derfor sjølv ta avgjerder om ikkje å godkjenne ei røystegjeving. Det må likevel vere mogleg å delegere myndigheita til å godkjenne kurante røystegjevingar, jf. kapitlet om delegasjon.

14.3 Opning av førehandsrøystegjevingar gjevne i røystesetelkonvolutt

Valforskrifta § 35 krev at dersom omslagskonvoluttar og røystesetelkonvoluttar blir opna samstundes, må valstyret sjå til at dette ikkje blir gjort av dei same personane. Det er ingenting i vegen for at dei nemnde konvoluttane blir opna av dei same personane, men det må i så fall skje til ulik tid. Grunnen til det er at vedkomande ikkje skal kunne kople omslagskonvoluttar og røystesetelkonvoluttar og på den måten sjå kva veljaren har røysta.

Valforskrifta krev vidare at det alltid må vere minst to personar til stades (som kan kontrollere kvarandre) når omslagskonvoluttar og røystesetelkonvoluttar blir opna.

14.4 Vilkår for godkjenning av førehandsrøystegjevingar

14.4.1 Innleiing

Vallova kapittel 8 har føresegnar om kva framgangsmåte som skal følgjast når veljaren skal førehandsrøyste. Om desse føresegnene er følgde, er likevel ikkje avgjerande for om ei røystegjeving skal godkjennast eller ikkje.

Føresegnene er gjevne for å sikre ei god gjennomføring av valet.

Ved prøvinga er det ikkje eit krav at førehandsrøystegjevingar som er gjevne innanriks og utanriks, blir haldne kvar for seg. Valmateriellet er forskjellig, men vilkåra for godkjenning i lova er dei same. Det er likevel eit krav at valstyret protokollerer talet på røystegjevingar mottekne innanriks og utanriks for seg.

Førehandsrøystegjevinga innanriks som er gjeven i ein røystesetelkonvolutt, består av ein omslagskonvolutt, eit valkort med personopplysningar og ein røystesetelkonvolutt. Førehandsrøystegjevingar utanriks og på Svalbard og Jan Mayen består av ein omslagskonvolutt med personopplysningar og ein røystesetelkonvolutt. Desse er utgangspunktet for vurderinga av om røystegjevinga skal godkjennast eller forkastast.

14.4.2 Dei einskilte vilkåra

Vilkåra i vallova for godkjenning av førehandsrøystegjevinga gjeven i røystesetelkonvolutt går fram av vallova § 10-1 (1), og § 10-1 a for førehandsrøystegjeving som blir lagd i urne.

Føresegnene inneheld eit sett kriterium eller vilkår som må vere oppfylte for at røystegjevinga skal kunne godkjennast. Det er ikkje tilstrekkeleg at eitt eller fleire av vilkåra er oppfylte. Vilkåra er kumulative. Det inneber at alle må vere oppfylte for at røystegjevinga skal kunne godkjennast. Vallova eller valforskrifta har ikkje andre krav til godkjenning av førehandsrøystegjevingane. Sjølve røystesetelen skal godkjennast etter § 10-3.

Merk at røystesetelkonvolutten i seg sjølv ikkje skal prøvast. Hovudregelen er at ein skal bruke ein offisiell konvolutt. Men det er ingenting ved denne konvolutten som kan føre til at røystegjevinga blir forkasta. Sjølv ikkje i tilfelle der røystesetelkonvolutten manglar, er dette i seg sjølv grunnlag for å forkaste røystegjevinga. Dersom røystesetelkonvolutten manglar, kjem det ofte av formelle feil frå røystemottakaren si side. Det bør ikkje gå ut over veljaren. At valmyndigheitene eventuelt kan kome til å sjå kva veljaren har røysta, er ikkje i seg sjølv grunnlag for å forkaste røystegjevinga.

Førehandsrøyster som blir lagde rett i urna, blir godkjende av røystemottakaren idet røysta blir gjeven. Vilkåra for godkjenning i desse tilfella er dei same vilkåra som gjeld ved godkjenning av valtingsrøystegjevingar, og skal forståast på same måte. Røystesetelkonvolutt som er nytta når veljarar ikkje er innførte i den vedkomande delen av manntalet eller allereie er kryssa av i manntalet, skal behandlast etter dei same reglane som ved bruk av særskilt omslag. Vi viser derfor til kapittel 15 for ein gjennomgang av desse vilkåra.

Nedanfor går vi gjennom vilkåra for godkjenning av førehandsrøystegjevingar gjevne i røystesetelkonvolutt. Dette omfattar tilfella der valstyret i særlege tilfelle har bestemt at ein skal nytte konvolutt, jf. vallova § 8-4 fjerde ledd, og ved bruk av beredskapskonvolutt i tilfelle der online manntal er mellombels utilgjengeleg, jf. vallova § 8-4 tredje ledd.

14.4.2.1 Innført i manntalet

Etter vallova § 10-1 (1) bokstav a) er det eit vilkår for godkjenning av ei førehandsrøystegjeving gjeven i konvolutt at veljaren er innført i manntalet i kommunen. Valstyret kan berre godkjenne røystegjevingar frå veljarar som har røysterett i kommunen, og som dermed er innførte i manntalet i kommunen.

Dersom veljaren ikkje står i manntalet, må førehandsrøystegjevinga forkastast. Omslagskonvolutten skal då leggjast til sides uopna. I enkelte tilfelle kan det vere nødvendig å opne omslagskonvolutten for å slå fast identiteten til veljaren.

Merk at dersom valstyret kjenner til at veljaren er manntalsført i ein annan kommune, skal røystegjevinga sendast vidare til denne kommunen.

14.4.2.2 Veljaren sin identitet

I § 10-1 (1) bokstav b) er det eit vilkår at røystegjevinga må innehalde tilstrekkelege opplysningar til å slå fast identiteten til veljaren. Informasjon om veljaren skal finnast på valkortet eller på omslagskonvolutten for førehandsrøystegjeving utanriks, på Svalbard og Jan Mayen. Krava til sjølve valkortet står i valforskrifta § 23. Valforskrifta § 27 (6) og § 28 (3) gjer greie for kva informasjon som skal skrivast utanpå omslagskonvolutten.

Veljaren skal kunne identifiserast ut frå opplysningane som finst på valkortet eller omslagskonvolutten. Dersom så er tilfelle, er vilkåret i bokstav b) oppfylt.

Vallova legg i fleire samanhengar opp til at det skal nyttast offisielt valmaterieill. Det er gjort for å sikre at vilkåra i lova blir oppfylte i størst mogleg grad. Det gjeld også for valkortet og omslagskonvolutten. Det er likevel ikkje eit krav etter lovføresegna for godkjenning av røystegjevingar at det offisielle valkortet / omslagskonvolutten er nytta. Vilkåret i bokstav b) må også reknast som oppfylt dersom det ved røystegjevinga ligg ved eit anna dokument med opplysningar om veljaren, eller dersom slike opplysningar går fram på annan måte. Dette er ikkje i strid med lova så lenge dokumentet fyller den same funksjonen, nemleg å identifisere veljaren.

Valkortet skal innehalde informasjon som gjer det mogleg å identifisere veljaren, jf. valforskrifta §§ 22, 22b og 23. Slik informasjon er namn, adresse, fødselsår, manntalsnummer og så vidare. Dersom veljaren kan identifiserast berre på bakgrunn av namnet, er det tilstrekkeleg til at vilkåra i lova er oppfylte. Manglande eller feil adresse gjev ikkje grunnlag for å forkaste røystegjevinga, med mindre adressa er nødvendig for å identifisere veljaren.

Utanriks og på Svalbard og Jan Mayen skal omslagskonvolutten nyttast til å identifisere veljaren. Veljarar som førehandsrøyster ved brevpost (brevrøystegjeving utanriks) bør nytte den tilsende omslagskonvolutten. Dette er likevel ikkje eit krav, og ein ordinær konvolutt kan også nyttast. Ved bruk av ein ordinær konvolutt som omslagskonvolutt, må vilkåra i valforskrifta § 28 oppfyllest.

Utanpå den tilsende omslagskonvolutten er det trykt eit skjema der røystemottakaren påfører nødvendig informasjon. Dette vil blant anna vere namn,

adresse og fødselsnummer. Det er også eit felt for signaturen til veljaren. Manglande signatur er likevel ikkje grunnlag for å forkaste røystegjevinga i seg sjølv. Dersom veljaren ikkje har vore registrert som busett i Noreg dei siste 10 åra før valdagen, jf. vallova § 2-4 (3) og valforskrifta § 1, må veljaren søkje om å bli innført i manntalet. Det gjer ein ved å signere på omslagskonvolutten. Dersom veljaren i eit slikt tilfelle ikkje har signert på omslagskonvolutten, ligg det ikkje føre nokon søknad om innføring i manntalet. Veljaren kan då ikkje førast inn i manntalet, og røystegjevinga må forkastast, jf. vallova § 10-1 første ledd bokstav a.

Er det ikkje mogleg å identifisere veljaren, er vilkåret i bokstav b) ikkje oppfylt, og røystegjevinga må forkastast. Valstyret kan ikkje returnere røystegjevinga til røystemottakaren for at vedkomande skal leggje til det som manglar.

14.4.2.3 Rett tid

I § 10-1 (1) bokstav c) er vilkåret at røystegjevinga må vere gjeven til rett tid. Vallova § 8-1 fastset at førehandsrøystegjevinga innanriks skal skje frå 1. juli til siste fredagen før valdagen. Tid og stad for røystegjevinga skal førast på valkortet/omslagskonvolutten. Er det gjort, legg valstyret det til grunn, med mindre forhold tyder på at noko ikkje røyser.

Manglar det informasjon om stad og tid på røystegjevinga, er det i seg sjølv ikkje tilstrekkeleg grunn til å forkaste røystegjevinga. Valstyret må då undersøkje om det er andre måtar å finne ut om vilkåret er oppfylt på, for eksempel ved å sjå på poststempellet på konvolutten eller ved å sjekke når røystegjevinga kom inn til kommunen. Dette vilkåret gjer at det kan vere føremålstenleg å føre liste over mottekne førehandsrøystegjevingar.

14.4.2.4 Rett røystemottakar

I § 10-1 (1) bokstav d) er vilkåret at røystegjevinga skal vere levert til rett røystemottakar, med mindre det er ei brevrøyst. Røystemottakaren skal signere omslagskonvolutten som blir brukt ved utanriks røystegjeving. Valstyret kan kontrollere røystemottakaren mot ei oversikt departementet set opp over røystemottakarar som er oppnemnde utanriks. Også på valkortet som blir brukt innanriks, er det eit felt for signatur frå røystemottakaren. Kven som kan ta imot førehandsrøyster, går fram av vallova § 8-2.

Tidlegare var det eit gyldigheitskrav at røystemottakaren hadde signert på røystegjevinga. Det er det ikkje lenger. Signaturen er heller eit hjelpemiddel når valstyret skal ta stilling til om ein har å gjere med ein rett mottakar. Manglande signatur er i seg sjølv ikkje grunnlag for å vurdere vilkåret som ikkje oppfylt. Dersom det er brukt offisielt materiell «frå inst til ytst», er det rimeleg å gå ut frå at røysta er gjeven til rett røystemottakar.

Er det brukt uoffisielt materiell, kan det vere grunn til å gjere nærmare undersøkingar, som å finne ut kvar røysta er postlagd, og ta ein telefon til det aktuelle valstyret. Offisielle røystemottakarar som nyttar anna enn offisielt røystemateriell, bør leggje ved ei forklaring til valstyret som skal prøve røystegjevinga.

Veljaren skal skrive under på omslagskonvolutten ved utanriks røystegjeving, sjå valforskrifta § 27 (6) og § 28 (4). Signaturen til veljaren skal ikkje vurderast, og manglande signatur frå veljaren gjev ikkje grunnlag for å forkaste røystegjevinga.

Dersom røysta er send som brevrøyst, kjem vilkåret i bokstav d) ikkje til bruk. Slike røyster blir gjevne utan at nokon røystemottakar er til stades. I valforskrifta § 28 (5) heiter det at ein veljar som gjev brevrøyst, bør få eit vitne til å stadfeste at det som er påført omslagskonvolutten, er korrekt. Eit slikt vitne kan likevel ikkje sjåast på som ein røystemottakar. Manglande vitnepåføring er ikkje grunnlag for å forkaste røystegjevinga.

14.4.2.5 Omslagskonvolutten

I § 10-1 (1) bokstav e) er vilkåret at omslagskonvolutten ikkje må ha vore opna. Vilket er oppfylt dersom omslagskonvolutten er limt att, og dersom ingenting tyder på at han har vore opna eller forsøkt opna etter at røystemottakaren limte han att i veljaren sitt påsyn.

Merk at det er krav til at røystesetelkonvolutten skal vere attlimt, jf. vallova § 8-4 (5). Manglande attliming av konvolutten har likevel ikkje konsekvensar for gyldigheita av røystesetelen.

14.4.2.6 Tidlegare godkjend røystegjeving

I § 10-1 (1) bokstav f) er vilkåret at veljaren ikkje tidlegare må ha fått godkjent ei røystegjeving. Dersom veljaren allereie er kryssa av i manntalet og dermed har fått godkjent ei røystegjeving, kan ikkje ei ny røystegjeving godkjennast.

Ein konsekvens av denne regelen er også at dersom ein person har gjeve fleire førehandsrøyster, er det den førehandsrøysta som kjem først fram til valstyret, som skal godkjennast, dersom røysta er i forskriftsmessig stand.

Førehandsrøystegjevingar som ikkje blir prøvde før manntalet blir lagt ut på røystestadene valdagen, kan ikkje behandlast og godkjennast før avkryssingsmanntala kjem inn til valstyret etter at røystegjevinga er over. Dersom veljaren er kryssa av i manntalet på valdagen og såleis har fått godkjent ei røystegjeving gjeven på valtinget, må ei eventuell førehandsrøystegjeving forkastast. Det gjeld sjølv om førehandsrøystegjevingar i utgangspunktet er endelege. Grunnen er at det ikkje vil vere mogleg å finne tilbake til veljaren si røystegjeving på valdagen, sidan røystegjevinga ligg i urna. Er veljaren si røystegjeving på valtinget derimot lagd i eit særskilt omslag, jf. valforskrifta § 31, skal valtingsrøystegjevinga forkastast utan å bli teken ut av omslaget. Førehandsrøystegjevinga skal då godkjennast, med mindre ho ikkje oppfyller godkjenningvilkåra i lova.

14.4.2.7 Kome inn innan kl. 17.00 dagen etter valdagen

I § 10-1 (1) bokstav g) er vilkåret for godkjenning at røystegjevinga må ha kome inn til valstyret innan kl. 17.00 dagen etter valdagen. At røystegjevinga må ha «kome inn», betyr at ho fysisk må vere komen valstyret i hende.

Dersom ei førehandsrøystegjeving blir forkasta og veljaren av den grunn ikkje har fått gjeve ei «gyldig» røyst, kan valstyret gje veljaren melding om det, slik at

vedkomande kan røyste på nytt. Valstyret er likevel ikkje forplikta til å setje i verk særlege tiltak på dette punktet. Kvart enkelt tilfelle må vurderast individuelt, der det kan leggjast vekt på om varsling fører til uforholdsmessige vanskar for valstyret.

14.5 Feilsende førehandsrøystegjevingar

Feilsende røystegjevingar skal, så langt det er mogleg, sendast vidare til rett valstyre.

På den trykte omslagskonvolutten utanriks står det: «Til valstyret i [...] kommune». Dersom valstyret får inn ei slik røystegjeving, men ikkje har vedkomande registrert i manntalet, bør styret undersøkje kvar veljaren kan vere innført i manntalet.

Dersom røystegjevinga er feilsend og omslagskonvolutten er opna av feil valstyre, er ikkje det nødvendigvis grunnlag for å forkaste røystegjevinga, jf. § 10-1 (1) bokstav e). Men valstyret som sender vidare førehandsrøystegjevinga, bør leggje ved ei forklaring på kva som har skjedd.

14.6 Fleire røystesetelkonvoluttar frå same veljar

Dersom ei røystegjeving inneheld fleire røystesetelkonvoluttar eller røystesetlar utan konvolutt, skal alle røystesetlane frå denne røystegjevinga leggjast ulesne ned i éin røystesetelkonvolutt. Prøving av røystegjevinga skjer etter vallova § 10-1 (1), og prøving av røystesetlar skjer etter § 10-3. Dersom valmyndigheitene kjem til å sjå kva veljaren har røysta, er ikkje det grunnlag for å forkaste røystegjevinga eller røystesetlane.

14.7 Avkryssing i manntalet

Dersom alle vilkåra i § 10-1 (1) er oppfylte, skal røystegjevinga godkjennast og veljaren kryssast av i manntalet. Føresega i § 10-1 (2) slår fast at eit kryss i manntalet er det synlege beviset for at valstyret har teke stilling til og godkjent røystegjevinga. Røystesetelkonvolutten skal no oppbevarast åtskilt frå valkort/omslagskonvolutt. Valstyret bestemmer sjølv om godkjende førehandsrøystegjevingar skal oppbevarast i ei særskilt urne eller på annan måte.

For at førehandsrøystegjevingane faktisk skal bli endelege, er det nødvendig at dei i størst mogleg utstrekning blir kryssa av i manntalet før valtinget opnar. Valstyret må ta dette med i vurderinga når det planlegg gjennomføringa av valet.

15 PRØVING OG GODKJENNING AV VALTINGSRØYSTEGJEVINGAR

15.1 Innleiing

Om godkjenningssprosessen for både førehands- og valtingsrøyster, sjå kapittel 14.1.

Vallova kapittel 9 har føresegnar om kva framgangsmåte som skal følgjast på valtinget slik at veljarane får høve til å røyste. Om desse føresegnene er følgde, er likevel ikkje avgjerande for om ei røystegjeving skal godkjennast eller ikkje.

Føresegnene er gjevne for å sikre ei god gjennomføring av valet.

Det må skiljast mellom ordinære røystegjevingar og røystegjevingar som blir lagde i særskilt omslag. Begge typene røystegjeving skal prøvast etter føresegna i vallova § 10-2 (1). Prøving og godkjenning av ordinære røystegjevingar gjevne på valtinget skjer samtidig med at røysta blir gjeven. Røystegjevingar som er gjevne på valtinget, men som er lagde i særskilt omslag, skal likevel godkjennast i ettertid.

15.2 Prøving av valtingsrøystegjevingane

15.2.1 Innleiing

Prøving og godkjenning av ordinære røystegjevingar gjevne på valtinget skjer samtidig med at røysta blir gjeven. Ordinære røystegjevingar blir godkjende når røystesetelen blir lagd ned i urna (eller veljaren får høve til å leggje røystesetelen i urna) og veljaren blir kryssa av i manntalet. Røystegjevingar i særskilt omslag blir godkjende i ettertid.

15.2.2 Vilkår for godkjenning av valtingsrøystegjevingar lagde i urna

Vilkåra for å godkjenne desse røystegjevingane går fram av vallova § 10-2 (1). Føresegna seier kva vilkår som må vere oppfylte for at ei røystegjeving gjeven på valtinget skal kunne godkjennast. Det inneber at dersom vilkåra ikkje er oppfylte, kan ikkje røystegjevinga godkjennast. Dersom alle vilkåra i § 10-2 (1) er oppfylte, skal røystegjevinga godkjennast og veljaren kryssast av i manntalet. Sjølv røystesetelen skal godkjennast etter § 10-3.

I kommunar som kryssar av i papirmanntal på valdagen, får veljarar som er innførte i manntalet på røystestaden, og som tidlegare ikkje har fått godkjent ei røystegjeving, høve til å leggje røystesetelen i urna.

Etter vallova § 10-2 (1) a) er det eit vilkår for godkjenning at veljaren må vere innført i manntalet i kommunen. For kommunar som nyttar papirmanntal på valdagen, har røystestyret på dei enkelte røystestadene berre høve til å krysse av i manntalet for veljarar som er innførte i manntalet i denne røystekrinsen. Det betyr at dersom veljaren ikkje er innført på denne røystestaden, men i ein annan røystekrins i kommunen, må han eller ho gje røysta si som såkalla framand røystegjeving, og røysta må derfor leggjast i særskilt omslag. Valstyret kontrollerer så i ettertid om vilkåret er oppfylt for denne

røystegjevinga. Røystestyret i kommunar som nyttar elektronisk manntal på valdagen, har høve til å krysse av alle veljarane i kommunen.

Etter vallova § 10-2 (1) b) er det eit vilkår at veljaren må ha fått høve til å røyste. Vilkåret er oppfylt dersom vedkomande legg røystegjevinga si i urna, eller dersom røystegjevinga blir lagd i særskilt omslag. Vilkåret er også oppfylt dersom vedkomande for eksempel blir kryssa av i manntalet, men vel å ikkje leggje ei røystegjeving i urna. Ein veljar som er kryssa av i manntalet, og som har forlate vallokalet utan å leggje ei røystegjeving i urna, kan ikkje seinare få godkjent ei ny røystegjeving. Dersom vedkomande ønskjer å røyste på nytt, må i så fall røystegjevinga leggjast i eit særskilt omslag med påteikning frå røystestyret.

Etter vallova § 10-2 (1) c) er det eit vilkår for godkjenning at veljaren ikkje allereie har gjeve ei godkjend røyst. Har veljaren det, må røystegjevinga i så fall leggjast i eit særskilt omslag. Valstyret må då forkaste røystegjevinga.

15.2.3 Vilkår for godkjenning av røystegjevingar i særskilt omslag

Når ein veljar røystar på valdagen, kan desse forholda føre til at røystegjevinga må leggjast i eit særskilt omslag, jf. vallova § 9-5 (4) og valforskrifta § 31:

- Veljaren er ikkje innført i manntalet på røystestaden (han eller ho kan vere manntalsført i ein annan krins, eller i ein annan kommune) i kommunar som kryssar av i papirmanntal, eller
- veljaren er allereie kryssa av i manntalet.

Desse røystegjevingane blir ikkje godkjende idet røysta blir gjeven, slik tilfellet er for ordinære røystegjevingar. Valstyret må i ettertid prøve om vilkåra for godkjenning etter § 10-2 (1) er oppfylte. Desse røystegjevingane er lagde i eit særskilt omslag som inneheld røystesetelkonvolutten til veljaren med røystesetel. Utanpå omslaget står namnet, adressa og fødselsdatoen til veljaren. Sjelve røystesetelen skal godkjennast etter § 10-3.

Etter vallova § 10-2 (1) a) er det eit vilkår for godkjenning at veljaren må vere innført i manntalet i kommunen. Når det gjeld røyster gjevne i ein annan røystekrins i kommunen enn der veljaren står i manntalet («fremmede stemmer»), må det i kommunar som kryssar av i papirmanntal, undersøkjast om veljaren også har røysta i sin eigen krins. Har veljaren også røysta i sin eigen krins, må røystegjevinga i omslag forkastast utan at omslaget blir opna. Veljaren er då kryssa av i manntalet i denne røystekrinsen og har allereie gjeve ei godkjend røystegjeving, jf. § 10-2 (1) bokstav c.

Etter vallova § 10-2 (1) b) er det eit vilkår om at veljaren må ha fått høve til å røyste. Dette vilkåret er oppfylt i og med at røystegjevinga er lagd i særskilt omslag.

Etter vallova § 10-2 (1) c) er det eit vilkår at veljaren ikkje allereie har gjeve ei godkjend røyst. Har veljaren gjort det, skal valtingsrøystegjevinga forkastast utan at omslaget blir opna. Det same gjeld dersom veljaren allereie har fått godkjent ei valtingsrøystegjeving i den krinsen der vedkomande er innført i manntalet, jf. over.

Dersom veljaren har levert fleire framande røyster, er ikkje det i seg sjølv grunnlag for å forkaste alle røystene. Éi forskriftsmessig røystegjeving skal godkjennast, dei andre må forkastast. Etter prinsippet om at ei røystegjeving skal vere endeleg, er det den røystegjevinga som først kjem valstyret i hende, som skal godkjennast, dersom røysta oppfyller vilkåra i lova.

Dersom omslaget røystegjevinga ligg i, ikkje er limt att, er ikkje det i seg sjølv grunnlag for å forkaste røystegjevinga. Manglande attliming av røysetelkonvolutten vil heller ikkje ha konsekvensar for om røysetelen er gyldig eller ikkje.

Dersom ein ukjend veljar ikkje kan vise fram gyldig legitimasjon ved frammøte i vallokalet, skal vedkomande ikkje røyste. Det er eit vilkår for å kunne røyste – når ein er ukjend for røysemottakaren – at ein kan legitimere seg. Dersom dette vilkåret ikkje er oppfylt, har ein heller ikkje rett til å røyste.

16 PRØVING OG GODKJENNING AV RØYSESETLAR

16.1 Innleiing

Eit viktig prinsipp bak regelverket for godkjenning av røysetelar er at færrast mogleg forhold bør føre til forkasting. Dette prinsippet bør derfor vere retningsgjevande dersom det er tvil om ein røysetel skal godkjennast eller forkastast.

Førehandsrøyster og valtingsrøyster må haldast frå kvarandre under prøvinga. Det er ikkje eit krav at røysetelar som er gjevne høvesvis utanriks og innanriks, skal haldast åtskilde. Når ein held kommunestyre- og fylkestingsval, må røysetelane til dei ulike vala haldast åtskilde. Det same gjeld ved stortings- og sametingsval i kommunar som også skal telje opp røyster ved sametingsvalet.

16.2 Vilkår for godkjenning av røysetelar

Vallova har i § 10-3 (1) ei føresegn som gjev vilkår for godkjenning av røysetelar. Føreseгна gjeld både for røysetelar gjevne på førehand og for røysetelar gjevne på valtinget. Vilkåra er kumulative, det vil seie at alle vilkåra må vere oppfylte for at røysetelen kan godkjennast.

Røystesetelkonvoluttan som blir nytta ved førehandsrøystegjevinga og ved røystegjevingar i særskilt omslag skal ikkje prøvast. Det er berre røystesetelen som skal prøvast.

Etter vallova § 10-3 (1) a) er det eit vilkår for godkjenning at røystesetelen har offentleg stempel. Det gjeld alle røystesetlar, både dei som er gjevne på førehand, og dei som er gjevne på valtinget.

Stempelet sikrar at kvar veljar berre får godkjent éi røyst.

Dersom veljaren har brukt ein blank røystesetel som omslag rundt røystesetelen, blir berre den ytste røystesetelen stempla. Det fører til at den eigentlege røystesetelen blir forkasta på grunn av manglande stempel. Det gjeld også dersom fleire røystesetlar har klistra seg saman, eller dersom veljaren av andre grunnar leverer fleire røystesetlar. Det er derfor viktig at røystemottakaren ser etter at veljaren berre har teke éin røystesetel. Det er derimot ikkje høve til å opne røystegjevinga før ho blir lagd i urna, for å undersøkje om veljaren leverer fleire setlar.

Dersom ein røystesetel manglar offentleg stempel, skal han forkastast. Det gjeld likevel ikkje røystesetlar som er lagde i ein røystesetelkonvolutt, jf. valforskrifta § 39a. Dersom ein røystesetel som blir lagd i ein røystesetelkonvolutt under førehandsrøystegjevinga innanriks og på valtinget manglar offentleg stempel, skal valstyret føre på eit slikt stempel i ettertid. Stempelet er erstatning for røystesetelkonvolutt og skal sikre at kvar veljar berre får godkjent éi røyst.

Under førehandsrøystegjevinga vil det vere aktuelt å bruke røystesetelkonvolutt i følgjande tilfelle:

- ved tidlegrøystegjevinga, jf. valforskrifta § 24 a
- ved straumbrot eller brot i kommunikasjonen knytt til manntalet (beredskapsrutinar), jf. vallova § 8-4 (3) og valforskrifta § 27a
- der valstyret i særlege tilfelle har bestemt at det skal brukast røystesetelkonvolutt, jf. vallova § 8-4 (4)
- når ein får inn ei røyst frå ein veljar som er manntalsført i ein annan kommune, jf. vallova § 8-4 (5)
- når ein får inn ei røyst frå ein veljar som ikkje er innført i den aktuelle delen av manntalet, eller som allereie er kryssa av i manntalet, jf. valforskrifta § 27 (4)

På valtinget skal ein nytte røystesetelkonvolutt for røyster som blir lagde i særskilt omslag, når ein får inn røyster frå veljarar som er førehandsavkryssa i manntalet. Dersom ein nyttar papirmanntal, skal det nyttast røystesetelkonvolutt når veljarar røystar i ein annan krins enn der dei er manntalsførte («framande»), jf. valforskrifta § 31. Det nyttast og røystesetelkonvolutt ved straumbrot eller kommunikasjonsbrot mot manntalet (beredskapsrutine) i kommunar som nyttar elektronisk avkryssing i manntalet, jf. vallova § 9-5 a fjerde ledd og valforskrifta § 31a. I desse tilfella blir ikkje røystegjevinga godkjend idet røysta blir gjeven, slik tilfellet er for røyster som blir lagde i urna, men i ettertid. Konvoluttan sikrar at veljaren berre får godkjent éi røyst. Det er

derfor ikkje noko i vegen for at røystesetelen blir stempla i ettertid.

Røystesetlar som blir avgjevne utanriks, skal ikkje stemplast ved avgjevinga. Desse må derfor stemplast i etterkant for at dei skal kunne godkjennast. Valforskrifta § 40a fastslår at valstyret skal påføre stempel på alle røystesetlar som er avgjevne utanriks.

Etter vallova § 10-3 (1) b) er det eit vilkår at det går fram kva val røystesetelen gjeld for. Krav til røystesetlar med kandidatnamn går fram av valforskrifta §§ 19b og 19c. Det er likevel ikkje eit vilkår for godkjenning at røystesetelen er utforma som nemnt i denne føresegna. Andre røystesetlar enn dei valmyndigheitene har trykt opp, kan også brukast. Vilkåra for godkjenning går fram berre av § 10-3.

Normalt går det fram av overskrifta på røystesetelen eller av fargen kva val setelen gjeld for.

Vilkåret i lova er at det «fremgår» kva val setelen gjeld for. Det betyr at det ikkje nødvendigvis treng å stå på sjølve røystesetelen kva val han gjeld for. Det er tilstrekkeleg at det går fram av sjølve røystegjevinga slik den framstår. Dersom det i ein røystesetelkonvolutt ligg to røystesetlar og berre éin av dei har valnemning, for eksempel «Kommunestyrevalet 20XX», kan ein såleis gå ut frå at den andre er til fylkestingsvalet. Det gjeld sjølv om begge røystesetlane har same farge. Veljaren si meining i slike tilfelle går fram av heile røystegjevinga.

Dersom røystesetelen har ein annan farge enn det som er bestemt for det aktuelle valet etter valforskrifta § 19b og 19c, men har valnemning, er dette i utgangspunktet tilstrekkeleg til at vilkåret må reknast som oppfylt. Det same gjeld dersom fargen er i tråd med forskrifta, men setelen manglar valnemning. Dersom det manglar valnemning og fargen er «feil», er det berre teksten/kandidatnamna som kan vise kva val setelen gjeld for.

Dersom veljaren for eksempel på ein blå setel har stroke over valnemninga og skrive «Kommunestyrevalet», kan setelen likevel berre godkjennast dersom han ligg i ein røystesetelkonvolutt, det vil seie dersom røysta er gjeven på førehand eller lagd i særskilt omslag på valtinget. Er ein slik røystesetel lagd rett i ei urne, kan rettinga ikkje godkjennast. Det heng saman med at ein veljar i så fall kan kome til å få godkjent to røyster til det same valet. Det er i strid med prinsippet i vallova om at éin veljar berre kan få godkjent éi røyst for kvart val. Dersom kommunen bruker éi urne til kvart av vala, er det berre røystesetlar til dei respektive vala som kan godkjennast. Det inneber at dersom setelen ligg i ei urne som er berekna på kommunestyrevalet, må han forkastast. Ligg setelen i ei urne berekna på fylkestingsvalet, skal setelen godkjennast som ei røyst til fylkestingsvalet.

Etter vallova § 10-3 (1) c) er det eit vilkår for godkjenning at det går fram av røystesetelen kva parti eller gruppe veljaren har røysta på. Krav til røystesetlar med kandidatnamn går fram av valforskrifta § 19. Det er likevel ikkje eit vilkår for godkjenning at røystesetelen er utforma som nemnt i denne føresegna.

Vilkåra for godkjenning går fram berre av § 10-3.

Også her er vilkåret i lova at det «fremgår» kva parti eller gruppe veljaren har røysta på. Det inneber at røystesetelen ikkje nødvendigvis må vere einslydande med den offisielle. Er det mogleg for valstyret å slå fast kva veljaren har meint å røyste på, er dette tilstrekkeleg til at vilkåret er oppfylt. Tilsvarende gjeld motsett: Er det ikkje mogleg for valstyret å slå fast kva veljarane har meint å røyste på, er vilkåret ikkje oppfylt.

Normalt skal ein nytte offisielt trykte røystesetlar. Då står namnet på eit parti eller ei gruppe på setelen, og vilkåret for godkjenning er oppfylt. Vanlege forkortingar er også greitt, for eksempel alminneleg brukte partinemningar som ein stor «A», ein stor «H», «SP» og liknande. Uregistrerte grupper er likestilte med dei registrerte partia når det gjeld kravet om namn på røystesetlane. Røystesetlar som har påført for eksempel «Frie veljarar», «Uavhengige veljarar» eller liknande, utan å ha med kandidatnamn, oppfyller dermed også vilkåret. I begge tilfella skal røystesetelen godkjennast. Alle røystesetlar skal reknast som å innehalde dei kandidatnamna som står på den offisielle vallista til gruppa. Sjå § 10-3, som slår fast at ein røystesetel er rekna for å vere einslydande med den offisielle vallista.

Det er ikkje eit vilkår for godkjenning at røystesetelen har ei overskrift. Dersom ein røystesetel inneheld alle kandidatnamna frå ei bestemd valliste, vil det vere mogleg å slå fast kva veljaren har røysta på, og vilkåra i lova er oppfylte. Er det såleis ført opp namn på ein eller fleire kandidatar som stiller til val på éi og same liste i krinsen, må røysta reknast som gjeven til det aktuelle partiet eller gruppa. Men er det ført opp namn på kandidatar som står på ulike lister, vil det vere umogleg å vite kva parti eller kva gruppe veljaren har meint å røyste på. Vilkåra i lova er dermed ikkje oppfylte.

Har veljaren forsøkt å skrive ei listeoverskrift, må det vere akseptabelt å tolke veljaren si meining i retning av språkleg likskap. Står det for eksempel Arbeidspartiet, er det naturleg å gå ut frå at veljaren meiner Arbeidarpartiet. Meir tvilsamt er «Arbeidslista» eller liknande.

Ei tolking i retning av politisk likskap kan ikkje akseptast. Kva som skal reknast som politisk likt, er ikkje innlysande. Det vil i realiteten ikkje vere mogleg å tolke veljaren si meining. Ein kan såleis ikkje gje ein røystesetel med påskrifta «Dei konservative» til Høgre.

I somme tilfelle har veljaren gjort endringar på røystesetelen som kan ha betydning for om vilkåret i bokstav c) kan reknast som oppfylt. Det må skiljast mellom lovlege endringar (for eksempel å stryke over og skrive ny listeoverskrift) og ugyldige endringar (for eksempel eit kryss (X) over setelen). I sistnemnde tilfelle må ein sjå bort frå endringa, og la røysta gå uretta til vedkomande liste. Det vil seie at røystesetelen blir godkjent slik han ser ut utan dei ugyldige endringane.

Har to eller fleire registrerte parti stilt fellesliste, skal røystesetlar som inneheld eitt av namna på desse partia eller det fulle namnet til felleslista, gå til felleslista, jf. valforskrifta § 38. Det same gjeld dersom eitt eller fleire registrerte parti har stilt fellesliste saman med ei gruppe som ikkje representerer noko registrert parti.

Dersom det i ein røystesetelkonvolutt ligg fleire røystesetlar, og alle er frå den same vallista, vil det vere mogleg å slå fast kva veljaren har røysta på. Ein av setlane skal då godkjennast. Sjølv om røystesetlane skil seg noko ut frå kvarandre etter utsjånad, for eksempel ved at ein er trykt og ein er handskriven, er dette utan betydning. Dersom røystesetlane lyder på ulike vallister, må alle forkastast.

Etter vallova § 10-3 (1) d) er det vidare eit vilkår at det partiet eller den gruppa veljaren har røysta på, stiller liste i krinsen. Det er ikkje mogleg å godkjenne ein røystesetel som gjeld ei liste som ikkje stiller i den krinsen veljaren er manntalsført.

Bruk av ein røystesetel som er berekna på ein annan krins enn den veljaren er manntalsført i, skal godkjennast når partiet også stiller liste i den krinsen veljaren er manntalsført i.

Merk likevel at røystesetlar berekna på ein annan krins berre kan godkjennast dersom setelen gjeld eit registrert politisk parti. Det er elles utan betydning om setelen er retta, eller om han er handskriven eller trykt. Ein slik røystesetel skal reknast for å innehalde kandidatnamn i samsvar med den offisielle vallista i krinsen til veljaren, jf. § 10-3 (2).

Dersom veljaren har brukt ein trykt setel som ikkje er einslydande med den offisielle, og har retta på denne, skal ein berre sjå vekk frå rettingane, jf. § 10-3 (3).

Vilkåra som er gjennomgått ovanfor, er vilkåra lova set for godkjenning av røystesetlar.

16.3 Registrering av blanke røyster

Desse røystesetlane skal reknast som blanke røyster:

1. ein avkryssingsrøystesetel utan påteikning for valt parti eller gruppe
2. ein ordinær blank røystesetel, det vil seie ein røystesetel utan tekst (ein røystesetel må ha tekst dersom veljaren ønskjer å røyste på eit parti eller ei liste)

Blanke røyster kan naturleg nok ikkje reknast med i valoppgjeret, siden røystene ikkje kan tildelast nokon mandatplassar. Det er likevel av interesse og betydning kor mange veljarar som røystar blankt. Derfor må talet på slike røyster protokollerast.

Røystesetlar som blir forkasta på grunn av at dei ikkje oppfyller krava til godkjenning i lova, skal ikkje reknast som blanke røyster. Eit eksempel kan vere at det er tvil om kva listealternativ røystesetelen gjeld. Ein tom konvolutt, eller ein røystesetelkonvolutt med røystesetel berre til eitt val (ved lokalval), skal ikkje reknast som ei blank røyst (til det andre valet). I desse tilfella kan ein ikkje seie at veljaren har gjort ei «aktiv» handling ved å gje ei blank røyst.

16.4 Røystesetlar som ikkje er einslydande med dei offisielle

I samsvar med § 10-3 (2) skal ein gjeven røystesetel reknast for å vere einslydande med den offisielle vallista, det vil seie at han er rekna for å innehalde alle kandidatnamna som den godkjende lista inneheld.

Lova er ikkje til hinder for at ein bruker andre enn dei opptrykte røystesetlane, for eksempel eit blankt stykke papir ein sjølv har skrive på, ei utskrift av røystesetelen frå PC eller internett eller ferdig opptrykte setlar frå andre enn valmyndighetene. At alle røystesetlar skal reknast for å ha det same innhaldet som den offisielle vallista, gjer det mogleg å unngå veljaraksjonar med førehandstrykte, manipulerte røystesetlar der for eksempel eitt namn er utelate. Ein unngår også problem med trykkfeil. Valstyret treng derfor ikkje å kontrollere alle setlane for å sjå om dei er einslydande med dei offisielle vallistene. «Einslydande med ei offisiell valliste» betyr einslydande med ei offisiell valliste i det fylket eller den kommunen der veljaren har røysterett.

Vallova § 10-3 (3) slår likevel fast at dersom veljaren har gjort rettingar på trykte røystesetlar som ikkje er likelydande med dei offisielle listene, skal ein sjå vekk frå desse rettingane. Det gjeld ikkje handskrivne røystesetlar. Det er berre dersom veljaren har hatt ei fullstendig valliste med namn at ein kan vere sikker på at veljaren har hatt høve til å gjere dei same endringane som vedkomande kunne gjort på ei offisiell valliste. I teorien kan ein gå ut frå at det sirkulerer røystesetlar der enkelte kandidatnamn er tekne ut eller retta på annan måte. Det vil i så fall ikkje vere mogleg for veljaren å gje personrøyst til denne kandidaten, sjølv om vedkomande hadde ønskt det. Konsekvensen av dette er at valstyret må kontrollere alle setlane som er retta, og skilje ut dei som ikkje er identiske med offisielle vallister.

16.5 Kva tyder rettingar på røystesetlar

Gyldige rettingar på offisielle røystesetlar skal telje med i valoppgjeret. Har veljaren retta på ein røystesetel som ikkje er einslydande med den offisielle vallista, skal ein sjå vekk frå rettingane. Har veljaren retta røystesetelen på ein annan måte enn det som er tillate, skal ein også sjå vekk frå rettingane. Røystesetelen skal likevel godkjennast dersom vilkåra i § 10-3 i lova er oppfylte.

Ved stortingsval kan veljarane endre rekkjefølgja på kandidatane og stryke namn. Veljarane markerer kva endring i rekkjefølgja dei vil ha, ved å setje eit tal for ønskt nummer i rekkjefølgja ved kandidatnamnet, jf. vallova § 7-2. Etter valforskrifta § 19b andre ledd skal det trykkjast ein særskild kolonne med ruter til denne bruken. Stryking må skje ved at veljaren går fram slik det står på røystesetelen, jf. vallova § 7-2. Etter

valforskrifta § 19b tredje ledd må stryking skje ved at veljaren set eit merke i ruta til høgre for namnet.

På offisielle røystesetlar til kommunestyre- og fylkestingsval er det sett av felt for markering av personrøyst og felt for oppføring av «slengjarar» (berre ved kommunestyreval). Det har ikkje noko å seie for gyldigheita til røystesetelen eller endringane om veljaren har markert personrøyst eller ført opp «slengjar» på ein annan måte enn forklart, så lenge markeringa eller oppføringa er i tråd med rettemåten som er beskriven i vallova § 7-2.

Dersom veljaren har levert fleire røystesetlar til det same partiet ved det same valet (berre aktuelt for røystesetlar i røystesetelkonvolutt), og nokon av dei er retta, gjeld desse reglane, jf. valforskrifta § 39: Når berre éin av røystesetlane er retta, skal denne godkjennast. Når fleire røystesetlar er retta likt, skal éin av dei godkjennast. I begge tilfelle skal ein ta omsyn til rettingane ved oppgjeret. Dersom fleire røystesetlar er retta ulikt, skal éin av setlane godkjennast, men ein skal sjå vekk frå rettingane.

17 OPPTELJING AV RØYSESETLAR

17.1 Prinsipp for oppteljing

Vallova § 10-4 har prinsipp for oppteljing av røystesetlar. Føresegna gjeld både for førehandsrøyster og for røyster gjevne på valtinget.

Ansaret for oppteljinga ligg hos valstyret, jf. § 10-4 (1). Styret bestemmer sjølv korleis oppteljinga skal skje, for eksempel om det skal ha ei førebels oppteljing av valtingsrøyster ute på røystestadene, om røystene skal førast til ein annan røystestad for oppteljing, eller om all oppteljing skal skje sentralt hos valstyret. Førebels oppteljing av førehandsrøystene skjer normalt hos valstyret.

Valstyret kan også bestemme at all oppteljing skal skje i ein annan kommune eller hos fylkesvalstyret. Slik oppteljing kan vere aktuelt ut frå ønsket om eit raskare oppteljingsresultat ved hjelp av maskinelt utstyr. Dersom kommunen vel å gjere oppteljinga i annan kommune eller hos fylkesvalstyret, betyr det likevel ikkje at ansvaret for oppteljinga blir overlate til eit anna valstyre eller fylkesvalstyret. Valstyret frå kommunen oppteljinga gjeld, må vere til stades ved oppteljinga, jf. valforskrifta § 40. Valmyndigheitene må sjå etter at røystesetlar frå fleire kommunar ikkje på nokon måte blir blanda saman. Oppteljinga skal skje separat, i nærvær og under tilsyn av valstyret.

Oppteljing av røystesetlar i ein annan kommune eller hos fylkesvalstyret er aktuelt ved både førebels og endeleg oppteljing. Det er valstyret som avgjer kvar og korleis oppteljinga skal skje. Førebels oppteljing av røyster i ein annan kommune eller hos fylkesvalstyret må likevel ikkje føre til forseinkingar i oppteljinga i kommunen.

Det er valstyret sitt ansvar å sjå til at føresetnadene for ei slik oppteljing er til stades.

Dersom valstyret overlèt den førebelse oppteljinga av valtingsrøyster til røystestaden, er det eit vilkår at manntalet i krinsen inneheld minst 100 namn, jf. vallova § 10-4 (2). Er det færre enn 100 namn i manntalet, må den førebelse oppteljinga skje anten hos valstyret eller på ein annan røystestad.

Ved kommunestyreval og fylkestingsval skal røystesetlar teljast opp kvar for seg, jf. vallova § 10-4 (3). Oppteljinga kan skje samtidig, med mindre det skaper forseinkingar for valoppgjeret til fylkestingsvalet.

Vallova § 10-4 (4) slår fast prinsippet om at førehandsrøyster og valtingsrøyster skal teljast opp kvar for seg.

Alle røystesetlane skal teljast opp to gonger, jf. vallova § 10-4 (5). Kommunane skal såleis ha ei førebels oppteljing av både førehandsrøyster og valtingsrøyster, men oppteljinga skjer på ulikt tidspunkt.

Ved kommunestyreval og fylkestingsval er det viktig at den andre oppteljingsrunden til kommunestyrevalet ikkje forseinkar sendinga av materiell til fylkesvalstyret. Kravet til eit korrekt oppteljingsresultat må likevel gå framfor omsynet til raskast mogleg vidaresending av materiell.

Om røystesetlane blir skanna, endrar ikkje det kravet om oppteljing i to omgangar. Også ved bruk av denne typen hjelpemiddel kan det skje feil, slik at det er eit krav om to oppteljingsrundar.

Reglane for førebels oppteljing finst i vallova § 10-5. Reglane for endeleg oppteljing finst i vallova § 10-6.

17.2 Manuell førebels oppteljing

Det følgjer av valforskrifta § 37a at den førebels oppteljinga av røystesetlar gjevne på førehand og på valting skal skje ved manuell teljing. Med manuell teljing meiner vi oppteljing for hand utan bruk av maskiner. Oppteljing ved bruk av maskiner som ikkje er kopla til internett, blir ikkje rekna som manuell teljing. Det er utarbeidd ein [retteleiar for manuell førebels oppteljing](#), som blant anna inneheld ei nærare skildring av korleis den manuelle teljinga kan gjennomførast.

17.3 Maskinell oppteljing (skanning)

EVA har eit eige delsystem for maskinell oppteljing og tolking av røystesetlar, EVA Skanning. Valstyret har sjølv ansvar for korrekt registrering, oppteljing og valoppgjer i samsvar med føresegnene i vallova. Lova er ikkje til hinder for oppteljing i skanningsenter der fleire kommunar/fylkeskommunar tel. Valstyret i kommunen er likevel sjølv ansvarleg for oppteljingsresultatet og må overvake oppteljinga. Dette ansvaret kan ikkje overlatast til ein annan kommune.

17.4 Førebels oppteljing

17.4.1 Når skal den foreløpige oppteljinga byrje?

17.4.1.1 Førehandsrøyster

Førebels oppteljing av førehandsrøyster som er mottekne, godkjende og kryssa av i manntalet før valdagen, skal begynne seinast fire timar før alle vallokala i kommunen er stengde på valdagen måndag. Føresetnaden er likevel at dette kan gjerast utan å «*stride mot prinsippet om hemmelige valg*», jf. vallova § 10-5 (1). Det betyr at dersom kommunen får inn få førehandsrøyster, kan ein ikkje gjere ei førebels oppteljing av desse røystene før røystegjevinga er avslutta på valdagen. I staden må røystegjevingane leggjast til sides og blandast med eventuelle seint innkomne førehandsrøyster. Oppteljinga startar då så snart alle førehandsrøystene er godkjende.

Dersom kommunen får inn mange nok røyster til at ein kan gjennomføre ei førebels oppteljing, må valstyret sjå til at ei viss mengd røystegjevingar blir lagd til sides slik at dei kan blandast med seint innkomne røystegjevingar, jf. valforskrifta § 37.

Røystegjevingar som blir lagde til sides, skal ikkje takast med i den førebelse oppteljinga som blir gjennomført før valtinget er stengt valdagen. Kor mange røyster som skal leggjast til sides, bestemmer valstyret sjølv, men det må vere mange nok til å sikre at førehandsrøystegjevingane som valstyret får inn etter at oppteljinga har begynt, framleis er anonyme ved oppteljinga. Desse røystene kan først teljast opp etter kl. 17.00 dagen etter valdagen, og dei skal bokførast særskilt i møteboka.

Valstyret kan sjølv bestemme når det vil begynne teljinga før tidspunktet som er oppført i lova. Førebels oppteljing kan likevel ikkje begynne før valdagen måndag.

Det er ikkje høve til å offentleggjere resultat frå den førebelse oppteljinga før kl. 21.00 valdagen måndag, jf. vallova § 9-9. Å gje opplysningar om resultatet til media eller til forskarar er ikkje det same som offentleggjering. Dersom valstyret gjev slike opplysningar om resultatet før kl. 21.00, må det også gjere merksam på sperrefristen. Den som tek imot informasjon om resultat frå røystegjevinga før fristen har gått ut, har eit eige sjølvstendig ansvar for å sjå til at informasjonen ikkje blir offentleggjort før kl. 21.00.

Som følge av covid-19-pandemien er det i 2021 opna for at den førebelse oppteljinga av førehandsrøyster kan starte søndagen før valdagen - altså eit døgn tidlegare enn før, jf. mellombels vilkår i vallova § 10-5 a. Det er framleis eit vilkår at det kan skje utan å stri mot prinsippet om hemmeleg val. Teljinga må framleis starte seinast fire timar før røystegjevinga ved alle vallokala i kommunen er avslutta på valdagen.

17.4.1.2 Valtingsrøyster

Valstyret bestemmer kvar oppteljinga skal skje, jf. § 10-4. Førebels oppteljing av

valtingsrøystene skal starte så snart som mogleg etter at røystegjevinga på valtinget er avslutta, jf. vallova § 10-5 (2). «Valtinget» i denne samanhengen betyr den enkelte røystestaden. Førebels oppteljing på ein røystestad av røyster mottekne på denne staden kan derfor starte sjølv om røystegjevinga på dei andre røystestadene i kommunen enno ikkje er ferdig. Ver merksam på føresegna i § 9-9 som set forbod mot offentleggjering av valresultat før valdagen kl. 21.00.

Dersom det er bestemt at det skal gjerast ei felles oppteljing for fleire røystestader samla, kan oppteljinga starte før alle røystegjevingane frå desse stadene er komne inn til oppteljingsstaden, så langt kravet til hemmelegald er sikra, jf. vallova § 10-4 (2). Det betyr at ein ikkje kan starte særskild oppteljing for ein del, dersom manntalet ikkje minst inneheld 100 namn. Det same gjeld dersom heile eller delar av den førebelse oppteljinga skjer hos valstyret.

17.4.2 Framgangsmåten ved den førebelse oppteljinga

Førehandsrøyster og valtingsrøyster må haldast heilt åtskilte ved oppteljinga, jf. vallova § 10-4 (4).

Røyster det er tvil om kan godkjennast, såkalla «tvilsame røyster», skal haldast utanfor den førebelse oppteljinga. Det gjeld for både førehands- og valtingsrøystene. Tvilsame røyster er røystesetlar som ikkje kan godkjennast med det same. Slike røyster skal alltid vurderast av valstyret sjølv. Det er berre røystesetlar som kan kallast tvilsame, ikkje røystegjevingar. Ei røystegjeving i seg sjølv er alltid godkjend før den førebelse oppteljinga startar og det er aktuelt å sortere ut tvilsame røyster.

Dersom den førebelse oppteljinga av valtingsrøyster for heile kommunen skjer hos valstyret, bør valtingsrøyster gjevne i ein annan krins enn der vedkomande var manntalsført (framande røyster), prøvast og blandast saman med dei andre valtingsrøystene, dersom det er mogleg utan at oppteljinga blir særleg forseinka, jf. vallova § 10-5 (3).

I den førebelse oppteljinga tel ein kor mange røystesetlar som er gjevne til kvar liste, jf. vallova § 10-5 (5). Det er ved den førebelse oppteljinga ikkje eit krav etter lova at alle vallistene blir sorterte i grupper for uretta og retta lister. Men det er ikkje til hinder for at det blir gjort, dersom valstyret meiner det er føremålstenleg.

På dei røystestadene der dei held førebels oppteljing, må røystestyret formidle resultatet av den førebelse oppteljinga til valstyret straks det ligg føre.

17.5 Endeleg oppteljing

17.5.1 Når skal endeleg oppteljing starte?

Den endelege oppteljinga skal starte straks etter at den førebelse oppteljinga er avslutta og alle røystene som er gjevne på valtinget, er komne inn til valstyret, jf. vallova § 10-6 (1). Føresegna gjeld både førehandsrøyster og valtingsrøyster. Dersom den førebelse oppteljinga av valtingsrøyster for heile eller delar av kommunen har gått føre seg på røystestadene, må alle røystene frå røystestadene ha kome inn til valstyret før oppteljinga kan starte. Dette er annleis enn ved den førebelse oppteljinga. Den endelege oppteljinga er ei kontrollteljing for alle godkjende røystesetlar for heile kommunen samla. Den endelege oppteljinga kan ikkje skje ute på dei enkelte røystestadene, men skal gjerast under tilsyn av valstyret. Oppteljinga må ikkje nødvendigvis skje i kommunen eller utførast av valstyret sjølv.

17.5.2 Framgangsmåten ved endeleg oppteljing

Førehandsrøyster og røyster gjevne på valtinget skal teljast opp kvar for seg, jf. vallova § 10-4 (4). Den endelege oppteljinga skal skje på den måten valstyret bestemmer, av dei personane som valstyret peiker ut, og under tilsyn av valstyret.

Under den endelege oppteljinga skal alle røystesetlane teljast på nytt, jf. vallova § 10-6 (2). Valstyret skal dessutan ta stilling til om røystesetlar som vart lagde til sides som tvilsame ved den førebelse oppteljinga, og dessutan røystegjevingar som vart lagde i særskilt omslag på valtinget, skal godkjennast. Dei røystesetlane som blir godkjende her, skal etter første gongs oppteljing blandast saman med dei andre setlane før andre gongs oppteljing.

Under den endelege oppteljinga må røystesetlane sorterast i retta og uretta setlar. Valstyret skal telje kor mange gyldige røystesetlar som kjem kvar enkelt valliste til gode, og på den måten finne røystetalet til alle vallistene.

Under kommunestyrevalet skal valstyret også registrere rettingar som veljarane har gjort på røystesetlane, jf. § 10-6 (3). Dersom ei retting er ugyldig, skal ein sjå vekk frå rettinga, jf. vallova § 7-2 (4). Sjølv røystesetelen skal likevel godkjennast dersom vilkåra i § 10-3 er oppfylte.

Ved stortingsval og fylkestingsval skal rettingar som veljarane har gjort, registrerast av fylkesvalstyret, jf. vallova § 10-6 (4).

Når oppteljinga av røystesetlane er ferdig, skal valstyret føre opplysningane inn i møteboka, jf. vallova § 10-7 og valforskrifta § 41.

17.6 Utbyting av røystesetlar under oppteljing

Verken vallova eller valforskrifta tillèt utbyting av såkalla «ukurante» setlar. Det vil seie at ein ikkje-maskinlesbar røystesetel blir bytt ut med ein tilsvarende maskinlesbar setel. Røystesetlar skal derfor ikkje bytast ut før dei blir talde. Eit viktig prinsipp er at den røystesetelen som veljaren har brukt til å røyste med, skal – dersom han blir godkjend – teljast. Ingen annan røystesetel skal teljast opp i staden for denne setelen. Praksisen med utbyting av røystesetlar er etter departementet si vurdering ikkje i samsvar med lova.

17.7 Oversending av valmateriell til fylkesvalstyret

Vallova § 10-8 (1) bestemmer at valstyret, så snart den endelege oppteljinga er ferdig, skal sende alt valmateriell som gjeld stortingsvalet eller fylkestingsvalet, til fylkesvalstyret. Eventuelle klager skal sendast til departementet.

Valstyret skal sende følgjande valmateriell til fylkesvalstyret:

- alle godkjende førehandsrøystesetlar, retta og uretta for seg (bokstav a)

- alle godkjende valtingsrøystesetlar, retta og uretta for seg (bokstav a)
- alle forkasta førehandsrøystesetlar (bokstav b)
- alle forkasta valtingsrøystesetlar (bokstav b)
- alle forkasta røystegjevingar (bokstav b)
- alle omslagskonvoluttar for førehandsrøystegjevingar utanriks og på Svalbard og Jan Mayen (bokstav c)
- stadfesta avskrift av det som er innført i møteboka til valstyret om valet (bokstav d)
- kopi av innkomne klager (bokstav e)

Ved oversending av røystesetlar til fylkesvalstyret er det viktig at alle teljekategoriane er pakka kvar for seg. Det skal vere eit tydeleg skilje mellom kva som er førehandsrøyster, ordinære valtingsrøyster, røyster i særskilt omslag, røyster som er seint innkomne eller lagde til sides, røyster mottekne i beredskapskonvolutt for XiM-kommunar (forsøkskommunar) og framandrøyster for resten av kommunane.

Røystesetlar som det er forslag om å forkaste, skal følgje sin kategori. For eksempel skal ein førehandsrøystesetel som det er forslag om å forkaste, pakkast saman med resten av førehandsrøystene. Desse kan gjerne leggjast på toppen, slik at dei er lette å lokalisere.

For Oslo kommune fastset § 10-8 (2) særskilt at materiellet som er nemnt ovanfor, skal sendast til statsforvaltaren så snart valoppgjeret ved stortingsvalet er avslutta.

Valmateriellet skal pakkast i god orden i forseгла emballasje, jf. vallova § 10-8 (3). Ein bør leggje dei ulike røystesetelkategoriane i eigne konvoluttar med påskrift om innhaldet. Emballasjen skal forseglast. Det er ikkje forsvarleg eller i samsvar med føremålsføresegna i lova å bruke berre innpakkingspapir, plastposar eller liknande for transport av valmateriell. Det er valstyret sitt ansvar å sjå til at transporten skjer i samsvar med krava som er fastsette i lov og forskrift.

Det er viktig at valmateriellet blir sendt omgåande, på raskaste sikre måte, slik at valoppgjeret ikkje blir unødig forseinka. Valstyra bør bruke praktiske ordningar basert på lokale forhold for å få materiellet hurtigast mogleg fram til fylkesvalstyret. Der det er praktisk mogleg, bør valstyret organisere direkte transport til fylkesvalstyret.

17.8 Krav til kvittering for overlevering av valmateriell

Det er fastsett krav til kvittering for overlevering av valmateriell. Reglane om dette er tekne inn i valforskrifta § 34a.

Ved alle val skal det når valmateriell blir overlevert frå røystestyret til valstyret, skrivast ut ei kvittering for:

- kva som er overlevert
- kven som overleverte
- kven som tok imot materiellet

- kva tid og kvar overleveringa skjedde Kvitteringa skal

minimum innehalde opplysningar om:

- avlevering av møteboka til røystestyret
- avkryssingsmanntalet (i kommunar som nyttar papirmanntal)
- talet på urner
- talet på einingar med røystesetlar i forseгла emballasje
- stempel for stempling av røystesetlar

Plikta til å fylle ut ei slik kvittering gjeld både for røystestyret ved overlevering til valstyret og for valstyret ved overlevering til fylkesvalstyret (for Oslo ved stortingsval til Statsforvaltaren i Oslo og Viken).

Skjemaet skal leverast til mottakaren saman med materiellet. Dei som tek imot materiellet, skal mot kvittering kontrollere det dei tek imot, og stadfeste at det er samsvar mellom skjemaet og det materiellet som blir overlevert. Ei stadfesta, skriftleg kvittering for motteke materiell skal leverast til den som fraktar materiellet – ein representant for røystestyra ved levering internt i kommunen og ein representant for valstyret ved levering til fylkesvalstyret.

Departementet presiserer at det er opp til kommunane å etablere gode, praktiske rutinar som sikrar at materiellet blir transportert og overlevert på ein forsvarleg måte. Dersom materiellet skulle bli levert utan at ein representant for avsendaren er til stades ved overleveringa – for eksempel ved oversending per post – legg departementet til grunn at mottakaren kontrollerer materiellet og sender kvittering for at det er motteke.

18 VALOPPGJER VED STORTINGSVAL

18.1 Valdistrikt ved stortingsval Talet på stortingsrepresentantar Grunnlova § 57 og vallova §§ 11-1 og 11-2 inneheld reglar om valdistrikt og talet på stortingsrepresentantar. Landet er delt inn i 19 valdistrikt, som tilsvare dei 19 tidlegare fylka, og det skal veljast 169 stortingsrepresentantar. Av desse blir 150 valde som distriktsrepresentantar og 19 som utjamningsrepresentantar.

18.2 Fordeling av mandata på valdistrikta ved stortingsval

Vallova § 11-3 har reglar om korleis mandata skal fordelast på valdistrikta.

Alle stortingsmandata skal fordelast på valdistrikta kvart åttande år. Det er departementet som syter for fordelinga.

Fordelinga skjer på denne måten:

Ein finn først eit fordelingstal for kvart valdistrikt. Dette gjer ein ved bruk av denne formelen:

	Talet på innbyggjarar i valdistriktet ved nest siste årsskifte før det aktuelle stortingsvalet
+	Talet på kvadratkilometer i valdistriktet x 1,8
=	Fordelingstalet

Fordelingstalet til dei enkelte valdistrikta skal dividerast med 1 – 3 – 5 – 7 og så vidare (St. Lagües metode). Kvotientane blir nummererte fortløpande, og representantplassane blir fordelte fortløpande på valdistrikta på grunnlag av storleiken på kvotientane.

Representantplass nr. 1 får det valdistriktet som har den største kvotienten, representantplass nr. 2 får valdistriktet med den nest største kvotienten og så vidare, til alle representantplassane er fordelte. Dersom to eller fleire har same kvotient, går representantplassen til det valdistriktet som har det høgaste fordelingstalet. Har dei det same fordelingstalet, blir det avgjort ved loddtrekning kva valdistrikt representantplassen skal gå til.

18.3 Fordeling av distriktsmandata mellom vallistene Kandidatkåringa

Vallova § 11-4 fastset korleis ein fordeler distriktsmandata mellom vallistene.

Alle mandata valdistriktet skal ha, skal med unntak av eitt fordelast av fylkesvalstyret som distriktsmandat. Det siste mandatet er utjamningsmandat og blir fordelt av riksvallstyret.

Fordelinga av distriktsmandata skjer på grunnlag av St. Lagües modifiserte metode. Fylkesvalstyret skal summere røystetala frå alle vallistene i alle kommunane i valdistriktet. Røystetalet til kvar liste skal dividerast med 1,4 – 3 – 5 – 7 og så vidare.

Røystetala skal dividerast så mange gonger som nødvendig for å finne talet på mandat som lista skal ha. Det første mandatet går til den lista som har den største kvotienten. Det andre mandatet går til den lista som har den nest høgaste kvotienten og så vidare, til alle distriktsmandata er fordelte. Dersom fleire lister har same kvotient, går mandatet til den lista som har det største røystetalet. Har dei det same røystetalet, blir det avgjort ved loddtrekning kva liste som skal få mandatet.

Når det er avgjort kor mange distriktsmandat ei valliste skal ha, blir mandata fordelte til kandidatane på listene, jf. lova § 11-5. Kandidatkåringa skjer på denne måten:

Først tel ein namna som er oppførte som nr. 1 på røystesetlane. På uretta røystesetlar er det den øvste kandidaten som er nr. 1. Veljarane kan endre på røystesetlane og nummerere om rekkjefølgja. Den kandidaten som har flest oppføringar, blir vald. Dersom lista skal ha meir enn eitt mandat, tel ein deretter opp dei namna som står som nr. 2 på røystesetlane. Den kandidaten som har flest oppføringar når ein legg saman dei to oppteljingane, blir vald. Her ser ein bort frå den som er vald som nr. 1. Oppteljingane skal halde fram på same måten til alle representantplassane lista skal ha, er fordelte. Dersom fleire kandidatar får det same resultatet, er den opphavlege plassen på lista avgjerande. Kandidatar som

ikkje er valbare, skal ikkje reknast med.

Vallova § 7-2 første ledd fastset at veljaren ved stortingsval kan endre rekkjefølgja kandidatane er oppførte i på røystesetelen. Det kan gjerast ved å setje (nytt) nummer ved kandidatnamnet. Veljaren kan også stryke kandidatnamn. Reglane om valoppgjer inneber at endringane veljarane gjer på røystesetlane, berre kan få betydning dersom meir enn 50 % av dei som har røysta på lista, har gjort endringar ved den same kandidaten.

Kvar liste skal, i den grad det er mogleg, få like mange vararepresentantar som talet på representantar + 3. Vararepresentantane blir kåra på same måte som representantane.

18.4 Riksvalstyret si fordeling av utjamningsmandata

Reglane om fordeling av utjamningsmandat finst i Grunnlova § 59 og vallova § 11-6. Riksvalstyret skal syte for valoppgjer og fordele utjamningsmandata. Til grunn for oppgjeret i riksvalstyret legg ein utskrifter av oppgjera i fylkesvalstyra.

Først må ein finne ut kva parti som skal få tildelt utjamningsmandat. I Grunnlova § 59 femte ledd er det slått fast at det berre er registrerte politiske parti som har fått ein oppslutnad ved valet på minst 4 pst. av røystene på landsbasis som er med i konkurransen om utjamningsmandata. Det er dette kriteriet vi kallar «sperregrensa». Parti med lågare oppslutnad, og lokale lister, blir sette ut av vurdering. Dei beheld likevel eventuelle distriktsmandat dei har vunne i valdistrikta.

Riksvalstyret skal først fordele av alle mandata på landsbasis som om landet var eitt valdistrikt. Dersom parti/grupper som ikkje har rett til utjamningsmandat, har oppnådd distriktsmandat, blir desse fråtrekte 169 før fordelinga i riksvalstyret.

Det samla røystetalet til partia frå alle valdistrikt skal dividerast med $1,4 - 3 - 5 - 7 - 9$ og så vidare, og alle representantplassane skal fordelast på same måte som ved oppgjeret i fylkesvalstyra. Viser det seg at eit parti har fått fleire distriktsmandat enn det som følgjer av utrekningane til riksvalstyret, må det gjerast eit nytt oppgjer der ein trekkjer frå desse mandata. Kvart parti skal få ei mengd utjamningsmandat som tilsvarer differansen mellom talet på mandat som det skulle hatt ved eit landsomfattande oppgjer, og talet på distriktsmandat som det har oppnådd.

Neste fase er å bestemme i kva valdistrikt partia skal få utjamningsmandata sine. Det skjer på denne måten:

- a. Ein tek utgangspunkt i røystetalet partia har i valdistrikta. Har partiet ikkje vunne noko distriktsmandat, legg ein røystetalet i valdistriktet til grunn. Har partiet fått distriktsmandat, skal røystetalet dividerast med ein kvotient som tilsvare (talet på distriktsmandat $\times$ 2) + 1. Røystetalet eller kvotienten skal deretter dividerast med det gjennomsnittlege talet på røyster bak kvart distriktsmandat i valdistriktet.

Eksempel:

I valdistrikt X er det gjeve 100 000 røyster og valt 10 distriktsrepresentantar.

- Parti A har fått 8 000 røyster og 0 distriktsmandat. Røystetalet til partiet skal då dividerast med 10 000 (som er det gjennomsnittlege talet på røyster per distriktsmandat). Partiet får dermed kvotienten 0,8, som er partiet sitt grunnlag for konkurransen om utjamningsmandat.
 - Parti B har fått 15 000 røyster og 2 mandat. Røystetalet skal då først dividerast med 5 ((2 $\times$ 2) + 1). Kvotienten 3 000 skal dividerast med 10 000, og partiet får kvotienten 0,3.
 - Parti C har fått 50 000 røyster og 5 mandat. Røystetalet skal då først dividerast med 11 ((5 $\times$ 2) + 1). Kvotienten 4545 skal dividerast med 10 000, og partiet får kvotienten 0,4545.
- b. Kvotientane for alle valdistrikt og alle parti som har rett til utjamningsmandat, skal ordnast etter storleik. Er fleire kvotientar like store, er talet på røyster i det aktuelle valdistriktet avgjerande. Har to eller fleire parti like mange røyster, skal rekkjefølgja avgjerast gjennom loddtrekning.
- c. Utjamningsmandat nr. 1 får det partiet og det valdistriktet som har den største kvotienten. Utjamningsmandat nr. 2 får det partiet og det valdistriktet som har den nest største kvotienten og så vidare.
- d. Når eit valdistrikt har fått eitt utjamningsmandat, skal det ikkje reknast med ved seinare fordelingar av utjamningsmandat. Når eit parti har fått dei utjamningsmandata det skal ha, skal det ikkje reknast med ved seinare fordelingar av utjamningsmandat. Fordelinga held fram for dei andre valdistrikta og partia til alle utjamningsmandata er fordelte.
- e. Riksvalstyret skal peike ut dei kandidatane som skal veljast som utjamningsrepresentantar, og alle vararepresentantane. Riksvalstyret skal gå fram på same måte som fylkesvalstyra, jf. punktet framfor, ved at ein ser vekk frå dei som er valde som distriktsrepresentantar. Ein ser også vekk frå ikkje-valbare kandidatar.

18.5 Fullmakter til dei valde representantane. Underretning til dei som er valde.

Etter at riksvalstyret har gjennomført valoppgjeret sitt, skal det etter vallova § 11-8:

- skrive ut fullmakter for alle representantane og vararepresentantane og sende dei til Stortinget
- protokollere resultatet av valoppgjeret og underrette Stortinget og fylkesvalstyra om dette

Fylkesvalstyret skal etter lova § 11-9 – når det har fått underretning frå rikssvalstyret – underrette alle valde om valet og opplyse om retten til å søkje fritak.

Lova inneheld føresegner om kva ein skal gjere dersom ein person er blitt vald til representant eller vararepresentant frå fleire valdistrikt. Utgangspunktet er at vedkomande sjølv kan velje kva valdistrikt han eller ho vil representere, ved å gje ei skriftleg erklæring innan tre dagar etter å ha fått underretninga frå fylkesvalstyra. Dersom ein ikkje kjem med ei erklæring, skal valet reknast som motteke i det valdistriktet der vedkomande har røysterett. Dersom vedkomande ikkje har røysterett i nokon av dei aktuelle valdistrikta, skal vedkomande reknast som vald frå det valdistriktet som kjem først i alfabetet.

19 VALOPPGJER VED FYLKESTINGSVAL

19.1 Fylkesvalstyret si fordeling av representantplassane

Vallova § 11-10 inneheld reglar om valoppgjer ved fylkestingsval.

Fordelinga av representantplassane skjer på grunnlag av St. Laguës modifiserte metode etter vallova § 11-4. Røystetala til vallistene frå alle kommunane i valdistriktet blir summerte og deretter dividerte med 1,4 – 3 – 5 – 7 – 9 og så vidare.

Representantplassane blir fordelte til vallistene fortløpande på grunnlag av dei framkomne kvotientane. Har to lister same kvotient, går representantplassen til den av listene som har størst røystetal. Har dei same røystetal, skal plassen fordelast gjennom loddtrekning.

Har ei liste fått fleire representantplassar enn lista har valbare kandidatar, skal dei overskytande representantplassane fordelast på dei andre listene etter reglane framfor.

19.2 Kandidatkåringa

Kåringa av kandidatar skjer på grunnlag av reglane i vallova § 11-10 andre ledd.

Veljarane kan gje ein eller fleire kandidatar på lista personrøyster ved å setje eit merke ved namnet på kandidaten, jf. vallova § 7-2 andre ledd. I vallova er det fastsett ei sperregrense som tilsvarer minst 8 pst. av røystetalet til lista, som vilkår for at rettingane til veljarane skal få betydning for kandidatføringa. Fylkesvalstyret må derfor kontrollere endringane som veljarane har gjort på røystesetlane. Dei kandidatane som har fått personrøyster på minst 8 pst. av dei godkjende røystesetlane, skal kårast først.

Dersom fleire kandidatar kjem over sperregrensa, er talet på personrøyster avgjerande. Dei andre kandidatane blir kåra etter rekkjefølgja på lista.

Eksempel: Lista har fått 5000 røyster. Sperregrensa for at personrøystene skal få betydning, er dermed 400. Lista får 5 mandat i fylkestinget. Kandidatane på lista har dette talet på personrøyster:

A: 67

B: 133

C: 402

D: 295

E: 497

F: 207

G: 417

Kandidatane skal kårast i denne rekkjefølgja: E, G, C, A, B, D, F.

E, G og C kjem over sperregrensa. Dermed er det talet på personrøyster som dei har oppnådd, avgjerande for rangeringa dei imellom. A, B, D og F har ikkje nådd sperregrensa og skal dermed rangerast etter den opphavlege plassen på lista.

Kandidatar som ikkje er valbare, skal ikkje reknast med.

Kvar liste skal, i den grad det er mogleg, få tildelt like mange vararepresentantar som lista har av valde representantar + 3.

Fylkesvalstyret skal underrette dei valde representantane og vararepresentantane om valet og opplyse om retten til å søkje om fritak frå val, jf. vallova § 11-11.

I denne samanhengen presiserer departementet følgjande: Den som har ein fritaksgrunn, men som ikkje set fram krav om fritak når vedkomande blir underretta om at han eller ho er listekandidat, kan ikkje krevje seg fritaken etter å ha blitt vald. Vi viser til vallova § 3-4 (2). Fritak frå valet kan likevel vere aktuelt i desse tilfella:

1. Fritaksgrunnen har oppstått etter at fristen for å krevje fritak har gått ut. Det kan for eksempel vere tilfelle dersom vedkomande er blitt ramma av ein alvorleg sjukdom.
2. Vedkomande er ikkje blitt gjort kjend med fritaksgrunnane og retten til å krevje seg striken frå listeforslaget, og det kjem av feil/forsømming frå valmyndigheitene si side.

20 VALOPPGJER VED KOMMUNESTYREVAL

20.1 Valstyret si fordeling av representantplassane

Ved valoppgjeret skal ein ta utgangspunkt i listerøystetala til vallistene. Kvar røystesetel inneheld så mange listerøyster som det er representantar i kommunestyret. Har veljaren ikkje ført opp kandidatar frå andre vallister, går alle listerøystene til den vallista som røystesetelen gjeld. Har veljaren ført opp ein eller fleire kandidatar frå andre lister

(såkalla «slengjarar»), taper lista tilsvarende mange listerøyster, mens listene til «slengjarane» tener tilsvarende. Reglane om «slengjarar» og kva dei har å seie, finst i lova § 10-6 tredje ledd, jf. § 7-2 tredje ledd.

Skjematisk kan ein seie at ein finn listerøystetalet til kvar liste på denne måten:

	Talet på røystesetlar gjevne for lista x talet på kommunestyrerepresentantar
+	talet på listerøyster mottekne frå andre lister, ved at kandidatane til lista er førte opp som «slengjarar» på setlane til andre lister
-	talet på listerøyster gjevne til andre lister, ved at kandidatane til desse listene er førte opp som «slengjarar» på setlane til lista

Det er likevel berre «slengjarøyster» til kandidatar som er valbare, som fører til overføring av listerøyster frå ei liste til ei anna, jf. § 7-2 tredje ledd femte punktum.

Vallova § 11-12 første ledd inneheld reglar om fordelinga av representantplassane.

Fordelinga skjer på grunnlag av St. Laguës modifiserte metode etter vallova § 11-4.

Listerøystetala vallistene har fått, skal dividerast med 1,4 – 3 – 5 – 7 – 9 osv.

Representantplassane blir fordelte til vallistene fortløpande på grunnlag av dei framkomne kvotientane. Har to lister same kvotient, går representantplassen til den av listene som har størst røystetal. Har dei same røystetal, skal plassen fordelast gjennom loddtrekning.

Har ei liste fått fleire representantplassar enn lista har valbare kandidatar, skal dei overskytande representantplassane fordelast på dei andre listene etter reglane framfor.

20.2 Kandidatkåringa

Kandidatkåringa skjer på grunnlag av § 11-12 andre ledd i lova. Kåringa skjer på grunnlag av to faktorar:

1. Røystetillegg frå partiet: Kandidatar som er oppførte med utheva skrift på røystesetlane, skal ha eit røystetillegg tilsvarende 25 % av talet på røystesetlar som kjem lista til del, jf. § 6-2 tredje ledd.
2. Personrøyster frå veljarane: Deretter tel ein dei personlege røystene som veljarane har gjeve til kandidatane. Slike personrøyster kan ein gje på to måtar – som personrøyster til kandidatar på lista etter § 7-2 andre ledd eller som personrøyster til kandidatar på andre lister («slengjarøyster») etter § 7-2 tredje ledd.

Kandidatane som får flest personrøyster samanlagt under 1 og 2, er valde. Dersom fleire får like mange personrøyster, er rekkjefølgja på den offisielle vallista avgjerande.

Kandidatar som ikkje er valbare, skal ikkje reknast med.

Kvar liste skal, i den grad det er mogleg, få tildelt like mange vararepresentantar som lista har av valde representantar + 3.

Valstyret skal underrette dei valde representantane og vararepresentantane om valet og opplyse om retten til å søkje om fritak frå val, jf. vallova § 11-13.

I denne samanhengen presiserer departementet at kandidatar som ikkje har kravd seg fritatt frå å stå på liste, ikkje kan nekte å motta val, jf. vallova § 3-4 tredje ledd.

Fritak frå valet kan likevel vere aktuelt i desse tilfella:

1. Fritaksgrunnen har oppstått etter at fristen for å krevje fritak har gått ut. Det kan for eksempel vere tilfelle dersom vedkomande er blitt ramma av ein alvorleg sjukdom.
2. Vedkomande er ikkje blitt gjort kjend med fritaksgrunnane og retten til å krevje seg stroken frå listeforslaget, og det kjem av feil/forsømming frå valmyndigheitene si side.

21 PROTOKOLLERING AV VAL

Etter vallova § 10-7 skal både røystestyra, valstyret og fylkesvalstyret føre protokoll i samband med gjennomføringa av val. Med heimel i vallova § 10-7, jf. valforskrifta § 41, fastset departementet formular som røystestyra, valstyra og fylkesvalstyra skal nytte ved protokollering. Kva som skal førast ved det enkelte valet, går fram av formularet møtebøker. Dei ulike formulara skal hentast ut frå EVA, der dei er omtalte som møtebøker. Departementet har vedteke å delegere myndigheita til å fastsetje formulara til Valdirektoratet.⁵

Protokollane skal sikre at det er mogleg å etterprøve at valet er skjedd i samsvar med regelverket. Møteboka til valstyret er også grunnlag for kontrollen som fylkesvalstyret er ansvarleg for ved stortingsval og fylkestingsval. Det som er protokollert, er dessutan grunnlag for Stortingets godkjenning av stortingsval, jf. vallova § 13-3, og kommunestyret og fylkestinget si godkjenning av val til kommunestyre og fylkesting, jf. § 13-4.

Protokollering av val i ekstra vallokale

Det skal vere eit røystestyre også i dei ekstra vallokala. Oppgåva deira er å administrere røystegjevinga og føre protokoll i samband med gjennomføringa av valtinget. Røystestyret for det ordinære vallokalet i ein røystekrins er ansvarleg for protokolleringa, og inkluderer protokollen frå røystestyret i dei ekstra vallokala, i protokolleringa si.

Valdirektoratet fastset eige formular som skal brukast for dei ekstra vallokala. Valdirektoratet gjer formular for protokollering tilgjengeleg i ekstra vallokale når det er klart.

Det same gjeld røystestader for veljarar i karantene som er klårt fråskilde frå ordinære vallokale. Valstyret må vurdere i kva grad det ordinære røystestyret vil kunne administrere røystegjevinga på røystestaden for veljarar i karantene. Det er til dømes naturleg at det ordinære røystestyret har kontroll med røysting for veljarar i karantene utanfor ordinære vallokale, medan det er naudsynt med eige røystestyre om eigne lokale brukast.

Kommunar med elektronisk manntal

Brukar du elektronisk manntal, må protokolleringa frå ekstra vallokale også inkludere ei oppteljing av **talet på** røystegjevingar (røystesetlar og eventuelt særskilt omslag/beredskapsrøyster).

Kommunar med avkryssingsmanntal (papirmanntal)

Brukar du papirmanntal, må protokolleringa frå ekstra vallokale inkludere ei oppteljing av **talet på** røystegjevingar i konvolutt.

Sjå oransje boks under punkt 12.4.1 om tilgangen til å opprette ekstra vallokale, og punkt 12.9.3 om korleis ta imot røyster i ekstra vallokale.

22 KONTROLL OG GODKJENNING

22.1 Stortingsval

22.1.1 *Fylkesvalstyret sin kontroll av valet*

Vallova § 10-9 første ledd fastset at fylkesvalstyra skal kontrollere gjennomføringa av valet. Fylkesvalstyret skal kontrollere at valet er gjennomført i samsvar med den gjeldande valordninga, vallova og forskriftene/reglane som gjevne i samsvar med vallova. Fylkesvalstyret sin kontroll av stortingsvalet er ein førebels kontroll og dannar grunnlaget for Stortingets endelege kontroll av valet.

⁵ <https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2017-01-23-79>

Føremålet med kontrollen er å avdekkje forhold som kan ha betydning for valoppgjeret i fylkesvalstyret, og feil som kan ha betydning når Stortinget skal vurdere om valet er gyldig. Kva feil som kan føre til at stortingsvalet blir ugyldig, går fram av vallova § 13-3.

Kontrollen skal gjennomførast på grunnlag av møtebøkene til valstyra og det andre valmateriellet som valstyra skal sende til fylkesvalstyret etter vallova § 10-8. Dersom fylkesvalstyret finn feil ved avgjerder som valstyret har teke om å godkjenne eller forkaste røystegjevingar eller røystesetlar, eller dersom det finn feil i oppteljinga til valstyret, skal feila rettast.

Det er viktig å avdekkje feil som har skjedd ved valet, anten dei er av ein slik karakter at dei skal rettast i samband med valoppgjeret, eller ikkje. Det er særleg viktig å avdekkje feil som kan ha noko å seie når Stortinget vurderer om valet er gyldig.

Fylkesvalstyret skal protokollere kontrollen i møteboka. Ved protokolleringa er det viktig å få fram opplysningar som Stortinget kan ha behov for når det tek den endelege kontrollen av stortingsvalet for heile landet. Feil skal protokollerast utan omsyn til kva valorgan som har gjort dei, og uavhengig av om dei har ført til forkasting av røyster eller ikkje. Det er spesielt viktig at Stortinget blir gjort kjent med forkasting av røyster og grunnane for det. Stortinget må gjerast kjent med alt som kan ha innverknad på vurderinga av om valet er gyldig.

22.1.2 Fleire oppteljingsstader

Fylkeskommunar som har ansvar for fleire valdistrikt, kan velje å gjennomføre kontrollteljinga for dei ulike distrikta på ulike stader, dersom dette er mest føremålstenleg. Oppteljinga må likevel skje samla på éin stad for kvart einskild valdistrikt. Det er ikkje noko krav om at oppteljinga skal gjerast under tilsyn av fylkesvalstyret, slik det er for den endelege oppteljinga etter § 10-6, som skal gjerast under tilsyn av valstyret.

22.1.3 Statsforvaltaren sin kontroll av stortingsvalet i Oslo

Det følgjer av lova § 10-9 andre ledd at den kontrollen som elles blir gjort av fylkesvalstyret, skal utførast av Statsforvaltaren i Oslo og Viken når det gjeld valet i Oslo. Statsforvaltaren skal likevel ikkje kontrollere den delen av valoppgjeret som Oslo valstyre utfører som fylkesvalstyre.

Av tidsomsyn skal Statsforvaltaren gjere kontrollen i ettertid. Det inneber at Oslo valstyre ikkje kan utsetje den delen av valoppgjeret dei gjer som fylkesvalstyre, mens dei ventar på Statsforvaltaren sin kontroll. Først når valstyret er heilt ferdig med valoppgjeret, skal møtebøkene og valmateriellet sendast til Statsforvaltaren. Det kan vere føremålstenleg å gå gjennom valmateriellet i lokala til valstyret for å spare den fysiske overføringa av ei stor mengd valmaterieil. Når det gjeld gjennomføringa av kontrollen elles, sjå punkt 22.1.1 framfor.

Statsforvaltaren skal – på same måte som fylkesvalstyra – skriftleg orientere Stortinget om kontrollen av valet. Det er ikkje eit krav at Statsforvaltaren bruker eit eige møtebokformular. Statsforvaltaren kan orientere Stortinget i form av brev eller på ein annan føremålstenleg måte.

22.1.4 Stortinget sin kontroll av valet

Føresegnene om Stortingets kontroll av valet står i vallova § 13-3. Etter første ledd skal det nyvalde Stortinget gjere vedtak om valet er gyldig. Stortinget gjer vedtaket sitt på grunnlag av innstillingar frå fullmaktskomiteen (den førebuande og den endelege).

Stortinget skal syte for at feil blir retta så langt det er mogleg. Det kan for eksempel skje ved ny oppteljing av røystesetlar, ny mandatfordeling eller ny kandidatføring. Dersom det er gjort feil som ein går ut frå har verka inn på utfallet av valet, og som ikkje kan rettast, skal Stortinget erklære valet som ugyldig – anten i ein kommune eller i eit heilt valdistrikt. Når valet er kjent ugyldig, påbyr Stortinget omval. Det kan – i særlege tilfelle – påby omval i heile valdistriktet sjølv om feilen ikkje gjeld alle kommunane i valdistriktet.

22.2 Kommunestyreval

Føresegnene om kontroll av valet står i vallova § 13-4. Det er det nyvalde kommunestyret som skal gjere vedtak om å godkjenne – eller eventuelt underkjenne – valet.

Kommunestyret godkjenner sjølv valet på bakgrunn av ei innstilling frå valstyret. Ein kopi av den ferdig utfylte møteboka for valstyret må følgje med som vedlegg til denne innstillinga.

Godkjenninga av valet skal skje i det konstituerande møtet til det nye kommunestyret, jf. kommunelova § 7-1. Valet skal godkjennast før kommunestyret vel formannskap og ordførar. Godkjenning – eventuelt underkjenning – av valet skal takast opp som sak nr. 1 i det konstituerande møtet. Den tenestegjerande ordføraren kallar inn til dette møtet og leier behandlinga av saka.

Dersom kommunestyret kjem til at valet er gjennomført i samsvar med regelverket, blir valet godkjent. Deretter vel ein formannskap, ordførar og så vidare.

Møtebøkene til valstyret er grunnlaget for innstillinga til valstyret og såleis avgjerda til kommunestyret. Feil som valstyret har blitt klar over, men som ikkje kan rettast, bør nemnast i innstillinga til kommunestyret. Valstyret bør i innstillinga gje si vurdering av kva denne feilen har å seie for gyldigheita av valet.

Valet skal kjennast ugyldig dersom det er gjort feil som har betydning for mandatfordelinga mellom listene, og som det ikkje er mogleg å rette på andre måtar enn ved å halde omval.

Dersom kommunestyret kjenner valet ugyldig, skal det sendast melding til departementet. Det er departementet som påbyr omval, jf. vallova § 13-4 fjerde ledd.

Departementet skal ikkje ha kopi av vedtak om godkjenning av kommunestyrevalet.

22.3 Fylkestingsval

Føresegnene om kontroll av valet står i vallova § 13-4. Det er det nyvalde fylkestinget som skal gjere vedtak om å godkjenne – eventuelt underkjenne – valet.

Fylkestinget si godkjenning av valet skjer på bakgrunn av ei innstilling frå fylkesvalstyret. Ein kopi av den ferdig utfylte møteboka for fylkesvalstyret må følgje med som vedlegg til denne innstillinga.

Godkjenninga av valet skal skje i det konstituerande møtet til det nye fylkestinget, jf. kommunelova § 7-1. Valet skal godkjennast før fylkestinget vel fylkesutval og fylkesordførar. Godkjenning – eventuelt underkjenning – av valet skal takast opp som sak nr. 1 i det konstituerande møtet. Den tenestegjerande fylkesordføraren kallar inn til dette møtet og leier behandlinga av saka.

Dersom fylkestinget kjem til at valet er gjennomført i samsvar med regelverket, blir valet godkjent. Deretter vel ein fylkesutval, fylkesordførar og så vidare.

Dersom det er mogleg, skal fylkesvalstyret rette feil som valstyra har gjort. Det følgjer av føresegna om fylkesvalstyret sin kontroll i vallova § 10-9 første ledd. Det kan for eksempel vere feil ved godkjenning/forkasting av røystesetlar eller feil ved oppteljinga.

Valet kan og skal kjennast ugyldig dersom det er gjort feil som har betydning for mandatfordelinga mellom listene, og som det ikkje er mogleg å rette på andre måtar enn ved å halde omval.

Dersom fylkestinget kjenner valet ugyldig, skal det sendast melding til departementet. Det er departementet som påbyr omval, jf. § 13-4 fjerde ledd.

Departementet skal ikkje ha kopi av vedtak om godkjenning av fylkestingsvalet.

Ved fylkestingsval kan det tenkjast at det er gjort feil i éin kommune eller i fleire. Det mest praktiske vil i så fall truleg vere å påby omval i den eller dei kommunane feilen gjeld. Likevel er det heimel for, i særlege tilfelle, å påby omval i heile fylket, sjølv om feilen berre gjeld enkelte kommunar.

22.4 Lovlegkontroll

Etter vallova § 13-4 femte ledd er det høve til å krevje lovlegkontroll av vedtak i kommunestyret eller fylkestinget om å godkjenne valet. Fristen for å setje fram ei lovlegklage er sju dagar etter at vedtaket vart gjort. Elles gjeld føresegnene i kommunelova kapittel 27 om lovlegkontroll tilsvarande.

I saker etter vallova skal lovlegklager behandlast av departementet, ikkje Statsforvaltaren. Årsaka er at statsforvaltarane ikkje har fått delegert myndigheit til å behandle alminnelege klager på valområdet. Departementet har kome til at det er føremålstenleg at all kompetanse til å behandle klager ligg samla ein stad.

22.5 Omval

I vallova § 13-5 er det fastsett føresegner om korleis eit eventuelt omval skal gjennomførast. Manntalet skal oppdaterast og eventuelt rettast. Departementet kan gjere unntak frå føresegner i vallova dersom det er nødvendig av omsyn til ei føremålstenleg avvikling av omvalet. Det er her særleg tenkt på føresegner om praktiske forhold, slik som å gjere unntak frå fristar og liknande. Det vil ikkje vere høve til å gjere unntak frå føresegner som vernar rettstryggleiken til veljarane, jf. også føremålsføresegna til lova. Under alle omstende er det vanskeleg å sjå at det kan vere påkravd å gjere unntak frå denne typen reglar i samband med omval.

23 KLAGER OVER VALET

23.1 Kven har klagerett?

Alle som har røysterett ved valet, har klagerett, jf. vallova § 13-1 og § 13-2. Dette gjeld både ved stortingsval og ved kommunestyreval/fylkestingsval. Ved kommunestyreval har ein klagerett i den kommunen ein er manntalsført. Ved stortingsval og fylkestingsval har ein klagerett i det valdistriktet ein er manntalsført.

Kravet om manntalsføring gjeld ikkje for den som klagar, dersom klaga gjeld spørsmål om røysterett eller om høvet til å røyste. Då kan også dei som ikkje er blitt manntalsførte, klage.

23.2 Kva kan det klagast over

Det er felles reglar for stortingsval og kommunestyreval/fylkestingsval på dette området, jf. vallova § 13-1 og § 13-2, første ledd i begge. Ein kan klage over «*forhold i forbindelse med forberedelsen og gjennomføringen av valget*». Det betyr at ein i prinsippet kan klage over alle typar forhold. Det er ingen avgrensingar ut over at forholdet må vere knytt til førebuingane og gjennomføringa av valet på ein eller annan måte. Det er ikkje krav om at det for eksempel dreier seg om eit enkeltvedtak.

23.3 Særreglar som gjeld krav om retting i manntalet og klage som gjeld listeforslag

For enkelte typar forhold har vallova visse særreglar om klage. Det gjeld for det første krav om retting i manntalet i § 2-7. Den som meiner at vedkomande sjølv eller nokon annan uriktig er blitt innført eller utelaten frå manntalet i kommunen, kan krevje at valstyret rettar feilen. Sjå nærmare om høvet til å krevje retting i manntalet i kapitlet om røysterett og manntal. For det andre er det ein særregel i § 6-8 om listeforslag. Klager over vedtak i valstyret/fylkesvalstyret om å godkjenne eller forkaste eit listeforslag må setjast fram innan sju dagar etter at dei godkjende listeoverskriftene er offentleggjorde. I tillegg til forslagsstillarar som er rørte ved av

vedtaket, kan også eit registrert politisk parti sentralt klage over eit vedtak, dersom dei meiner at eineretten til partinamnet deira er krenkt. Sjå nærmare om dette i kapitlet om listeforslag og behandlinga av desse.

23.4 Klagefrist

Klagefristen er sju dagar etter valdagen, jf. § 13-1 og § 13-2, andre ledd i begge. Det er likevel høve til å setje fram klager over forhold som gjeld valførebuingane og gjennomføringa, også tidlegare. Det mest føremålstenlege vil naturleg nok vere at klaga blir sett fram så tidleg som mogleg, slik at eventuelle feil kan rettast med verknad for valet. Klaga må innan sju dagar etter valdagen vere komen inn til eit av dei organa klaga skal setjast fram for, jf. punkt 23.7. Det er ikkje nok at klaga er postlagd innan fristen.

Fristen for å fremje ei klage over valoppgjeret er sju dagar etter at valoppgjeret er godkjent av fylkestinget eller kommunestyret.

23.5 Krav om skriftlegheit

Etter § 13-1 og § 13-2, tredje ledd i begge, er det eit krav at klaga skal vere skriftleg.

23.6 Kvar klagen skal setjast fram

Klager ved stortingsval skal setjast fram for valstyret i kommunen, fylkesvalstyret, Statsforvaltaren, departementet eller Stortingets administrasjon.

Ved kommunestyreval skal klaga setjast fram for valstyret i kommunen. Ved fylkestingsval skal klaga setjast fram for fylkesvalstyret. Ei klage som gjeld forhold av betydning for begge vala, kan setjast fram anten for valstyret eller for fylkesvalstyret.

Uansett gjeld prinsippet om at forvaltningsorganet har rettleiingsplikt og skal sende saka til rett instans dersom ho er komen feil stad.

23.7 Kven som er klageinstans

23.7.1 Stortingsval

Vallova § 13-1 fjerde ledd regulerer kven som behandlar klager ved stortingsval. Stortinget er klageinstans når det gjeld klager om røysterett og retten til å røyste. Riksvalstyret skal gje ei fråsegn til Stortinget om klagesakene. Andre klager blir behandla av riksvalstyret. Riksvalstyret sender vedtaka sine i klagesaker til Stortinget.

23.7.2 Kommunestyreval og fylkestingsval

Departementet er klageinstans for klager over kommunestyreval og fylkestingsval, jf. § 13-2 fjerde ledd. Vedtaka departementet gjer i klagesaker, er endelege. Dei kan ikkje førast inn for domstolane til overprøving. Bakgrunnen er behovet for ei snarleg og endeleg avgjerd.

23.8 Klagebehandlninga og følgjene av denne

For klagebehandlninga gjeld alminnelege forvaltningsrettslege prinsipp.

Valstyret/fylkesvalstyret skal prøve saka og vurdere om ei klage skal få medhald. Dersom ei klage ikkje får medhald, skal saka sendast over til riksvalstyret (ved stortingsval) eller departementet (ved lokalval) til behandling.

Valmyndigheitene kan gjere om avgjerdene/vedtaka sine på vanleg måte, innanfor grensene som forvaltningslova set. Vedtaksorganet kan oppheve eller endre enkeltvedtak dersom klaga blir vurdert som grunngjeven, jf. forvaltningslova § 33. Det same gjeld for klageinstansen, jf. forvaltningslova § 34. Det er på nærmare vilkår høve til å rette enkeltvedtak også utan at det er klaga, jf. forvaltningslova § 35. Elles er det fritt opp til valmyndigheitene å rette eventuelle feil, enten det er klaga eller ikkje.

Riksvalstyret avgjer om ei klage skal takast til følge, i dei tilfella der det har avgjerdsmyndigheit i klagesaker. Elles gjev riksvalstyret fråsegn til Stortinget. Departementet fungerer som sekretariat for riksvalstyret i klagesakene.

Stortinget avgjer om stortingsvalet er gyldig, jf. vallova § 13-3 første ledd. I samband med det kan Stortinget i klagesaker også vurdere og eventuelt gjere om avgjerder i riksvalstyret.

Vallova § 13-2 fjerde ledd regulerer høvet departementet har til å kjenne eit val ugyldig. Dersom det ved kommunestyreval er gjort feil som ein går ut frå har hatt betydning for mandatfordelinga mellom listene, og som ikkje kan rettast, skal valet i kommunen kjennast ugyldig. Dersom det ved fylkestingsval er gjort feil som ein reknar med har verka inn på mandatfordelinga mellom listene, og som ikkje kan rettast, skal departementet kjenne valet i ein kommune eller i heile fylket ugyldig.

23.9 Klager over forhold som ikkje kan rettast

Mange forhold knytte til førebuinga og gjennomføringa av valet vil det ikkje vere mogleg å rette på det tidspunktet når klaga blir sett fram. Valstyret/fylkesvalstyret kan då ikkje ta klaga til følge. Det er fordi ein feil i så fall må rettast ved å kjenne valet ugyldig, noko valstyret/fylkesvalstyret ikkje har kompetanse til.

Valstyret/fylkesvalstyret skal førebu saka. Behandlinga av slike klagesaker hastar. Derfor må det straks etter at ei slik klage er motteken, det vil seie før valstyret/fylkesvalstyret har behandla klaga, sendast kopi av klaga til departementet. Samtidig bør kommunestyret eller fylkestinget orienterast ved lokalval.

Ved lokalval tek departementet stilling til om det er gjort feil som ein må rekne med har hatt betydning for mandatfordelinga. Dersom ein må rekne med at ein eventuell feil er av betydning for mandatfordelinga, kjenner departementet valet ugyldig og påbyr omval. Reknar ein med at ein feil ikkje har betydning for mandatfordelinga, sender departementet underretning om det til valstyret/fylkesvalstyret, som legg dette til grunn når det fremjar si innstilling for det nyvalde kommunestyret/fylkestinget.

Ved stortingsval er det Stortinget sjølv som gjer vedtak om valet er ugyldig, og påbyr eventuelt omval.

24 OPPBEVARING, AVHENDING OG TILINKJESGJERING AV VALMATERIELL

24.1 Innleiing

Vallova § 15-2 gjeld oppbevaring, avhending og tilinkjesgjeriing av valmateriell. Etter denne føreseigna skal alt valmateriell når valet er over, behandlast i samsvar med føresegnene i arkivlova og forskrifta gjeven i medhald av denne lova. Det vil derfor vere arkivfaglege omsyn som bestemmer korleis valmateriellet skal behandlast når valet er avslutta. Det er viktig å skilje mellom valmateriell som har vore i bruk, og valmateriell som er ubrukt.

24.2 Ubrukt valmateriell

Valmateriell som ikkje har vore i bruk, kan ikkje vurderast som arkivmateriell. Slikt materiell fell inn under føresegnar om arkivavgrensing gjevne i forskrift om offentlege arkiv § 14. Dette gjeld både ubrukte konvoluttar, ubrukte røystesetlar og ubrukte manntalseksemplar.

24.3 Brukt valmateriell

For valmateriell som har vore i bruk, har Riksarkivaren (i brev av 9. september 2003 på førespurnad frå departementet) med heimel i arkivlova § 9 fastsett at følgjande materiell kan kasserast:

24.3.1 Konvoluttar

Både røystesetelkonvoluttar og omslagskonvoluttar – anten dei er forkasta eller godkjende – kan kasserast på ein trygg måte når valresultatet er endeleg. Departementet går ut frå at det same må gjelde for omslag til røystegjevingar som blir lagde i særskilt omslag.

24.3.2 Røystesetlar

Røystesetlar som er forkasta, kan kasserast på ein trygg måte når valresultatet er endeleg. Røystesetlar som er godkjende, skal derimot oppbevarast til valperioden er over, før dei kan kasserast på ein trygg måte. Det er ikkje nødvendig å oppbevare røystesetlar på papir i fire år, dersom dei opptalde røystesetlane kan oppbevarast like trygt på eit elektronisk medium.

EVA Skanning gjer ikkje biletfiler av dei godkjende røystesetlane tilgjengelege, og har ikkje funksjonar til å trekke dette ut frå databasen. EVA Skanning lagrar alle teljingar som er gjennomførte. Dette inkluderer også teljingar som er overførte til EVA Admin, men som ikkje blir godkjende, teljingar som aldri blir overførte og teljingar som blir utførte og sletta etterpå. Det medfører at all skanning blir lagra i EVA Skanning. Dette vil ikkje gje eit rett bilete av dei godkjende røystesetlane, då desse i mange tilfelle vil vere å finne frå fleire skanningar. Departementet tilrår derfor at røystesetlane blir arkiverte på ein trygg måte på papir i 4-årsperioden, dersom ikkje

dei opptalde røystesetlane kan oppbevarast like trygt på eit anna elektronisk medium enn EVA, som ikkje er eit sak- og arkiveringssystem. Kva for eit medium dette til kvar tid er, vil vere ei arkivfagleg vurdering i samsvar med føresegnar i arkivlova og forskrift om offentlege arkiv.

24.3.3 *Valkort*

Valkorta kan tilinkjesgjerast på ein trygg måte når valresultatet er endeleg.

24.3.4 *Avkryssa manntalslister*

Avkryssingsmanntalet skal oppbevarast til to valperiodar er over, før det kan kasserast på ein trygg måte.

25 VALOBSERVASJON

25.1 Rammeverket – dei internasjonale forpliktingane våre

Noreg er som medlemsstat i mellom anna FN, Europarådet og Organisasjonen for sikkerheit og samarbeid i Europa (OSSE) gjennom ulike internasjonale dokument forplikta både til å invitere og til å ta imot nasjonale og internasjonale valobservatørar. Rammeverket er SN-konvensjonen om sivile og politiske rettar, Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK), OSSEs København-dokument frå 1990 og OSSEs sikkerheitspakt for Europa frå 1999 («Charter for European Security»), for å nemne dei viktigaste dokumenta.

Konvensjonar, rekommandasjonar og charter som Noreg har slutta seg til, er juridisk bindande. I tillegg finst standardar og retningslinjer som ikkje er direkte juridisk bindande. Dei er likevel skrivne med utgangspunkt i juridisk bindande dokument.

Ei av dei viktigaste internasjonale føresegnene når det gjeld valobservasjon, er artikkel 8 i det såkalla København-dokumentet frå 1990 ⁶. Dette dokumentet vart vedteke på ein konferanse mellom utanriksministrane i deltakarlanda i OSSE den 5. juni 1990 i København. Dokumentet slår fast prinsipp om vern og styrking av menneskerettar og grunnleggjande fridommar som viktige mål for demokratiske statar. Etter artikkel 8 er OSSE-statar forplikta til å ta imot valobservatørar frå andre medlemsland – private institusjonar og organisasjonar, internasjonale og nasjonale observatørar. I tillegg kan dei ta aktivt initiativ til valobservasjon. Desse forpliktingane om valobservasjon er seinare gjentekne i ulike internasjonale dokument.

25.2 Vallova § 15-10

For å klargjere ansvaret Noreg har når det gjeld valobservasjon, og for å leggje forholda til rette for besøk av valobservatørar, har vallova fått ei føresegn om valobservasjon i § 15-10.

⁶ <http://www.osce.org/odihr/elections/14304?download=true>

Etter denne føresegna kan departementet akkreditere nasjonale og internasjonale valobservatørar frå institusjonar og organisasjonar til å observere gjennomføringa av val til Stortinget eller til kommunestyre og fylkesting. Det er også vedteke ein tilsvarande heimel i § 85a i forskrift om val til Sametinget.

Føresegna om valobservasjon i vallova § 15-10 gjeld offentlege og private institusjonar og organisasjonar – både nasjonale og internasjonale. Føresegna gjev ikkje ein rett for privatpersonar til å drive valobservasjon på sjølvstendig grunnlag. Det er likevel ingenting i vegen for at privatpersonar som for eksempel ønskjer innblikk i valgjenomføringa eller opplæring i valobservasjon, får høve til det av lokale valmyndigheiter. Det kan også bety høve til å vere til stades i eit vallokale i korte periodar. Eit slikt nærvær skal ikkje reknast som ein formell valobservasjon.

Privatpersonar kan også ønskje å vere til stades når røystesetlane blir opptalde. Oppteljing av røystesetlar skjer formelt i møte, jf. kommunelova kapittel 11, og møta er i utgangspunktet opne for alle. Det er valmyndigheitene lokalt som, av omsyn til forsvarleg oppteljing, bestemmer korleis dette skal skje.

Departementet understrekar at det er viktig at vi har eit valsystem som er ope og gjennomsiiktig for alle interesserte. Gjennomføring av val er ei viktig demokratisk handling som vi ønskjer at heile befolkninga skal ha den største tillit til. Dei lokale valmyndigheitene bør derfor arbeide for å leggje forholda til rette for enkeltpersonar som ønskjer å observere vala.

25.3 Føremålet med valobservasjon

Val handlar om grunnleggjande sivile og politiske rettar, og valobservasjon bidreg dermed til å verne desse rettane. Ifølgje OSSE er eit godt gjennomført val ein politisk konkurranse som skjer i omgjevnader prega av tillit, openheit og ansvarlegheit, og som gjev veljarar eit val mellom ulike politiske alternativ. Ein god, demokratisk valprosess føreset respekt for ytringsfridom og frie medium, etterleving av lov, rett til å etablere politiske parti og konkurrere om å bli vald, ikkje-diskriminering og likestilling for alle borgarar, fridom frå truslar og ei rekkje andre grunnleggjande menneskerettar som alle deltakarlanda i OSSE har forplikta seg til å verne og fremje. Valobservasjon styrkjer ansvarlegheit og openheit, og forsterkar dermed både den nasjonale og den internasjonale tilliten til valprosessen.

Målet med valobservasjon er å vurdere om valet og valprosessen er i samsvar med nasjonal og internasjonal lovgjeving og andre universelle prinsipp for demokratiske val.

Gjennom «Charter for European Security» har Noreg ikkje berre fornya forpliktinga til å invitere til valobservasjon, men også forplikta seg til å følgje opp / implementere OSSE sine synspunkt og tilrådingar (*«We agree to follow up promptly the OSCE's election assessment and recommendations»*).

Nasjonale eller internasjonale institusjonar og organisasjonar kan inviterast til eller sjølv ta initiativ til å kontrollere at valgjennomføringa i landet skjer i samsvar med nasjonalt og internasjonalt regelverk. Det skjer gjennom å observere heile eller delar av valgjennomføringa. Valobservatørar skal observere og rapportere til den institusjonen eller organisasjonen dei representerer. Dei har inga myndigheit til å instruere eller assistere eller til å blande seg inn i røystegjevinga, oppteljinga eller andre sider ved valavviklinga.

Valobservatørar frå OSSE må følgje ODIHRs «The Observer Code of Conduct», som set klare krav til og grenser for valobservatørane. Også FN, Europarådet og Venezia-kommisjonen har utforma eigne prinsipp for internasjonal valobservasjon og såkalla åtferdskodeksar. Kort oppsummert skal valobservatørane aktivt samarbeide med valmyndigheitene i vertslandet og ikkje vere til hinder for at valprosessen går som planlagt. Dei skal vere politisk og økonomisk uavhengige på alle måtar. Rolla deira er å følgje med på kva som skjer i løpet av valprosessen, og rapportere til offentlegheita etterpå om valet har vore fritt og i samsvar med nasjonale og internasjonale forpliktingar.

Dei valansvarlege i vertslandet, på statleg og lokalt nivå, skal på si side syte for at observatørane får fri tilgang til alle stadium i valavviklinga. Dei skal også ha tilgang til å vurdere den delen av valet som skjer elektronisk, bruk av ny teknologi og så vidare. Valobservatørane skal kunne bevege seg fritt i landet og få møte dei organisasjonane og personane dei ønskjer.

25.4 Særleg om OSSE/ODIHR

OSSE er Organisasjonen for sikkerheit og samarbeid i Europa. ODIHR («Office for Democratic Institutions and Human Rights») er deira institusjon for demokratiske institusjonar og menneskerettar og har ansvar for valobservasjon. OSSE-regionen strekkjer seg frå Sentral-Asia i aust til USA i vest og omfattar totalt 57 land inkludert Noreg.

25.4.1 Om OSSE/ODIHRs ulike former for valobservasjon

Alle medlemsstatar er forplikta til å invitere OSSE/ODIHR til å gjennomføre valobservasjon. OSSE bruker ulike metodar når dei driv valobservasjon. I etterkant av ein invitasjon sender gjerne OSSE/ODIHR nokre representantar for å gjennomføre ein såkalla «Needs Assessment Mission» (NAM). Føremålet er å studere vallovgjevinga i landet og sjå nærmare på korleis den administrative valprosessen er organisert og blir gjennomført. På bakgrunn av dette første besøket skriv OSSE/ODIHR ein NAM-rapport. Her vurderer OSSE/ODIHR om det skal gjennomførast full valobservasjon (kort eller langvarig) i landet, eller om det eventuelt berre skal gjennomførast ein meir avgrensa observasjon med vekt på enkelte tema og område. Ved eit NAM er teamet normalt til stades ein kortare periode før valdagen og på sjølve valdagen.

Dersom OSSE/ODIHR vedtek å gjennomføre full valobservasjon, blir det gjennomført ein såkalla «Election Observation Mission» (EOM). Denne kan vere kort- eller langvarig. Dersom det blir vedteke berre å gjennomføre ein meir avgrensa observasjon, blir det gjennomført ein såkalla «Election Assessment Mission» (EAM). Slike Assessment Missions blir typisk utførte i land med lange demokratiske tradisjonar. I begge tilfella blir det sendt eit team av valekspertar til landet.

25.5 Internasjonale forpliktingar, standardar og retningslinjer for val generelt

Myndighetene i dei enkelte landa er ansvarlege for å implementere og gjennomføre internasjonale forpliktingar nasjonalt. Lovgjevinga og gjennomføringa av val her i landet skal såleis mellom anna sikre:

- periodiske val
- frie val
- pålitelege og gjennomsiktlige val
- rettferdige val
- universell og lik røysterett
- hemmeleg røystegjeving
- korrekt oppteljing og resultat

Vallovgjevinga og valsystemet vårt er bygd opp rundt desse prinsippa. Det kjem klart til uttrykk i føremålsføresegna i vallova, der det heiter at «*Formålet med loven er å legge forholdene til rette slik at borgerne ved frie, direkte og hemmelige valg skal kunne velge sine representanter til Stortinget, fylkesting og kommunestyre*».

Ei god oversikt med detaljert gjennomgang av alle forpliktingane våre finst i OSSE-dokumentet «Existing Commitments for Democratic Elections in OSCE Participating States», oktober 2003.

Eit viktig prinsipp i den europeiske valtradisjonen er kravet til hemmeleg røystegjeving. Hemmeleg røystegjeving utan utilbørleg press er ein menneskerett nedfelt i ei rekkje internasjonale konvensjonar og andre ikkje-juridisk bindande normer og forpliktingar. Rammeverket inkluderer mellom anna FNs menneskerettsdeklarasjon frå 1948, FNs konvensjon om sivile og politiske rettar, OSSEs København-dokument frå 1990 og Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK).

I SN-konvensjonen om sivile og politiske rettar frå 1966 står det mellom anna:

Artikkel 25

Ein kvar borgar skal, utan noka form for forskjellsbehandling som nemnt i artikkel 2 og utan urimelege avgrensingar, ha rett og høve til:

(a) å ta del i varetakinga av offentlege saker, direkte eller gjennom fritt valde representantar;

(b) å avgje røyst og bli vald ved frie periodiske val som skal byggje på

alminneleg og lik røysterett og hemmeleg røystring, som sikrar at veljarane sin vilje kjem fritt til uttrykk;

(c) på alminnelege og like vilkår ha tilgang til offentlege tenester i sitt land.

I kommentaren til konvensjonen heiter det at statar skal ta forholdsreglar for å garantere hemmeleg røystegjeving, og at veljaren skal vere verna frå alle former for tvang eller press til å avsløre kva vedkomande har røysta.

Det er utarbeidd ei rekkje standardar når det gjeld val. I Europa har OSSE og Europarådet stått sentralt i dette arbeidet. Ein viktig standard er retningslinjene som vart fastsette av Venezia-kommisjonen (under Europarådet) i 2002 i «Code of Conduct on Electoral Matters». Denne standarden er ikkje direkte bindande for medlemsstatane, men byggjer på prinsipp vi er bundne av, og blir brukt hyppig som referanse når valsystema i medlemslanda blir vurderte. Ei norsk omsetjing finst på www.valg.no.

Departementet tilrår alle som er ansvarlege for valgjennomføringa i sin kommune, å setje seg inn i denne standarden for gjennomføring av val.

25.6 Akkreditering av valobservatørar

25.6.1 Søknad om akkreditering

Nasjonale og internasjonale organisasjonar som ønskjer å gjennomføre valobservasjon her i landet, må søkje departementet om å bli akkreditert for det, jf. vallova § 15-10. Departementet si rettleiing for valobservatørar fortel kva krav som er stilte til søknader om akkreditering.

Å akkreditere betyr å gje fullmakt. Eit akkrediteringsbevis frå departementet gjev til kjenne at vedkomande person formelt har fått fullmakt til å observere heile valgjennomføringa. Eit akkrediteringsbevis gjeld for det enkelte valet det er søkt akkreditering for, og gjeld for enkeltpersonar.

Valobservatørar bestemmer sjølve kvar og kva dei ønskjer å observere. Ein søknad om akkreditering skal derfor ikkje innehalde opplysningar om det.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet skriv ut akkrediteringsbevis til alle valobservatørar som oppfyller krava. Enkelte av dei som søker om å vere valobservatørar, kan samtidig be om å få ha med seg ein tolk. Departementet skriv derfor ut akkrediteringsbevis også til desse.

Departementet vurderer om det er aktuelt å samle valobservatørane til informasjonsmøte for å informere om det norske valsystemet og svare på spørsmåla observatørane måtte ha. Det kan også vere aktuelt å føreslå institusjonar og personar det kan vere nyttig for dei å oppsøkje, og så vidare. Slik informasjon er særleg viktig dersom observasjonen skjer utanom dei profesjonelle internasjonale organisasjonane.

25.6.2 Akkrediteringskort

Akkrediteringskorta er utforma i samsvar med designprogrammet til departementet i fargane gull, kvitt og oransje og utstyrte med kvite snorer. Dette er kort som valobservatørane alltid skal ha på seg i møte med valmyndigheiter, andre aktuelle partar og i sjølve vallokalet. På akkrediteringskorta er det oppført namn (førenamn og etternamn), fødselsdato og kva organisasjon vedkomande representerer. Det er også oppført eit ID-nummer på korta slik at departementet har ei oversikt over talet på observatørar og identiteten deira. Dersom det oppstår tvil om ein person har gyldig akkrediteringsbevis, må departementet kontaktast på det telefonnummeret som står på kortet.

Når departementet har utferda akkrediteringskort til valobservatørar, blir alle kommunane i landet orienterte om det via www.regjeringen.no. Departementet fører eit register over alle akkrediterte valobservatørar. Det er ei oversikt over kven som er akkrediterte ved det aktuelle valet, og kva organisasjonar dei representerer. Oversikta blir lagd ut på www.regjeringen.no og oppdatert fortløpande.

25.6.3 Rettleiar for valobservatørar

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har laga ei rettleiing for valobservasjon i Noreg. Rettleiinga finst på både norsk og engelsk. Ho gjev informasjon om prosedyren for å søkje om akkreditering, korleis organisasjonar eller institusjonar som ønskjer å observere, skal gå fram, kva som kan observerast under valet, og reglar for korleis observasjonen skal gå føre seg («Code of Conduct for Observers»). Teksten inneheld også lenkjer til ulike dokument som vallov, valforskrift og valhandbok. Brosjyren er tilgjengeleg på www.valg.no under temasida om valobservasjon⁷.

25.7 Valobservatørane sine forpliktingar

Av førearbeida til vallova (Ot.prp. nr. 32 (2008–2009) punkt 4.4) går det fram at tilrådingar frå FN, OSSE/ODIHR, Europarådet og Venezia-kommisjonen skal leggjast til grunn ved valobservasjon i Noreg. Slike retningslinjer er gjerne kalla «Code of Conduct for Observers». Sjølv om standardar og tilrådingar er utvikla av ulike institusjonar, er dei prinsipp, og innhaldet dei byggjer på, er samanfallande. Vi føreset derfor at valobservatørar som kjem til Noreg, kjenner til dette regelverket. Eit viktig og samanfattande dokument her er «Declaration of Principles for International Election Observation and Code of Conduct for International Election Observers», SN 2005⁸. Ei lang rekkje institusjonar har slutta seg til dette dokumentet, og det er forpliktande for Noreg. Hovudelementa er gjevne att her. Dei er også omtalte i departementet si rettleiing for valobservatørar.

⁷ <https://www.regjeringen.no/nb/tema/valg-og-demokrati/valgportalen-valg-no/valgordningen1/valgobservasjon/id573442/>

⁸ Tilgjengeleg på www.valg.no.

Hovudelement i retningslinjer for valobservatører – valobservatørane skal:

- respektere suvereniteten til landet og internasjonale menneskerettar («*respect sovereignty and international human rights*»)
- respektere lovgjevinga og valmyndigheitene i landet («*respect the laws of the country and the authority of electoral bodies*»)
- respektere integriteten til det internasjonale valobservasjonsteamet («*respect the integrity of international election observation mission*»)
- halde ved lag streng politisk upartiskheit til alle tider («*maintain strict political impartiality at all times*»)
- ikkje hindre valprosessen («*do not obstruct election processes*»)
- syte for rett identifikasjon («*provide appropriate identification*»)
- oppretthalde nøyaktigheit ved observasjon og profesjonalitet i konklusjonane sine («*maintain accuracy of observation and professionalism in drawing conclusions*»)
- avstå frå å gje kommentarar til publikum eller media før oppdraget er fullført («*refrain from making comments to the public or the media before the mission speaks*»)
- samarbeide med andre valobservatører («*cooperate with other election observers*»)
- syte for rett personleg åtferd («*maintain proper personal behaviour*»)
- ikkje bryte desse retningslinjene («*violations of the code of conduct*»)
- forplikte seg til å følgje desse retningslinjene (dei som deltek i valobservasjonsoppdraget, må lese og forstå desse retningslinjene og signere på at dei forpliktar seg til å følgje dei) («*pledge to follow the code of conduct (Every person who participates in this election observation mission must read and understand this Code of Conduct and must sign a pledge to follow it.)*»)).

Vi føreset at valobservatørane som blir akkrediterte av departementet, set seg inn i norsk vallovgeving og reglane som gjeld for gjennomføring av val.

Valobservatørane er forplikta til å følgje reglane i vallova. Særleg viktig er det at observatørane har kunnskap om korleis dei skal oppføre seg i vallokalet.

Observatører som har fått akkreditering, har tilgang til alle trinn i valprosessen, inkludert vallokale ved førehands- og valtingsrøystegjeving og stader der ein tel opp røystene. Akkrediterte valobservatører har også tilgang til å observere når fylkeskommunane driv kontroll og tel opp røystesetlar, og når rikssvalstyret reknar ut utjamningsmandat ved val til Stortinget.

Når valobservatørane kjem til eit vallokale, bør dei visast til leiaren for røystestyret. Spørsmål rundt avviklinga av valet bør gjerne i størst mogleg utstrekning rettast til leiaren av røystestyret, men andre valfunksjonærar må også hjelpe til.

Av omsyn til veljarane er det viktig at valobservatørane er «synlege», og at det ikkje er mogleg å misforstå eller feiltolke nærværet deira. Veljarar som har spørsmål om valobservasjonen, må sjølvstøtt få svar.

Dei internasjonale standardane for val – prinsippet om hennemeleg val og så vidare – ligg alltid til grunn for korleis valobservasjonen skal skje. Dei respektive valstyra har eit eige ansvar for at desse prinsippa blir etterlevde i praksis.

25.8 Lokale myndigheiter sine forpliktingar

Alle norske kommunar må ved alle val vere førebudde på å ta imot nasjonale og internasjonale valobservatørar. I samsvar med vallova § 15-10 om valobservasjon er kommunane forplikta til å ta imot alle akkrediterte valobservatørar og leggje til rette for valobservasjon. Forpliktinga gjeld også fylkeskommunane.

Valobservatørar bestemmer sjølv kvar og kva dei ønskjer å observere. Søknaden om akkreditering inneheld derfor ikkje opplysningar om det. Opplysningar om stad og kva delar av valprosessen dei ønskjer å følgje, er derfor i utgangspunktet ukjent for departementet, med mindre dei sjølv har ønskt å opplyse om det.

Kommunen bør informere sine eigne valarbeidarar om at valobservatørar kan kome på besøk. Det kan vere at observatørane ønskjer å møte kommunen på førehand for å få informasjon direkte frå lokale valmyndigheiter. Kommunen må då hjelpe til med å få i stand eit møte og elles prøve å bidra i den utstrekninga det er påkravd. Elles skal gjennomføringa i vallokala og sjølv oppteljinga alltid skje i tråd med regelverket. Slik sett skal det ikkje leggjast til rette på særskild måte sjølv om kommunen veit at dei får besøk av valobservatørar. Den primære oppgåva til dei lokale valmyndigheitene er å syte for at valavviklinga går riktig føre seg. At det kjem valobservatørar, skal derfor ikkje påverke gjennomføringa av valet.

Valobservatørane er forplikta til å følgje nasjonale og internasjonale reglar. Vallova bestemmer i § 9-4 at leiaren for røystestyret har rett til å vise vekk personar som forstyrrar valavviklinga. Desse reglane omfattar også valobservatørar. Valstyret må for eksempel passe på at ingen – heller ikkje valobservatørar – får opphalde seg i eit vallokale på ein slik måte at veljarane kan oppleve nærværet deira som ei form for overvaking eller forsøk på påverknad.

26 LOKALE FOLKERØYSTINGAR

Avvikling av lokale rådgjevande folkerøystingar er innarbeidd praksis i det norske lokaldemokratiet, sjølv om slike folkerøystingar ikkje er lovregulerte. For å synleggjere denne moglegheita er det etablert ei prinsippføresegn for lokale folkerøystingar i kommunelova § 12-2. Lovheimelen er generell, slik at han ikkje skal oppfattast som avgrensande for kommunane.

Vallova har ingen føresegnar som regulerer gjennomføringa av lokale folkeavrøystingar. Valmyndigheitene i dei enkelte kommunane er sjølv ansvarlege for gjennomføringa. Det kan vere naturleg å ta utgangspunkt i føresegnene i vallova og gjere dei gjeldande så

langt dei passar.

Kommunestyret må sjølv fastsetje regelverket for ei folkerøysting etter kommunelova § 12-2, inkludert reglane for kven som har røysterett, og høvet til å klage. Det er naturleg å leggje til grunn prinsippa som vallovgjevinga er baserte på, både nasjonalt og internasjonalt. Venezia-kommisjonen vedtok i mars 2007 «Code of good practice on referendums»⁹. Dei er baserte på internasjonale prinsipp for valgjennomføring, og gjeld ved val på både nasjonalt og lokalt nivå. Det inneber mellom anna at kommunen bør sikre at prinsippet for allmenn røysterett og hemmeleg røystegjeving blir etterlevd også ved folkerøystingar, slik kravet er ved ordinære politiske val.

Lokale folkerøystingar kan haldast samtidig med ordinære val. Røystegjevinga i vallokalet må i så fall organiserast slik at det ikkje er fare for at veljarane tek feil av kva val dei røystar ved. Ein måte å sikre dette på er å bruke eigne røysteavlukke og valurner til folkerøystinga.

Det er etter kommunelova § 16-1 rapporteringsplikt for kommunane som gjennomfører lokale folkerøystingar. Statistisk sentralbyrå står for innsamling av data. Det skjer i samband med den årlege KOSTRA-rapporteringa (kommune–stat–rapporteringa), som har svarfrist i februar året etter røystinga.

27 ULIKE FØRESEGNER

27.1 Generelt

Kapittel 15 i vallova inneheld ulike føresegner knytte til valgjennomføringa.

27.2 Forsøk

Vallova § 15-1 inneheld reglar om forsøk i samband med val. Etter første ledd kan Kongen etter søknad gje samtykke til at:

- val kan gjennomførast på andre måtar enn det som er fastsett i vallova
- ein kan halde direkte val av andre folkevalde organ enn Storting, fylkesting og kommunestyre

Forsøk er altså berre aktuelt dersom ein ønskjer å gjennomføre valet på ein annan måte enn det lova/forskrifta føreskriv.

Bakgrunnen for føresegna er behovet for å kunne avvikle val på andre måtar enn dei tradisjonelle. Det kan vere nødvendig å prøve ut forslag som inneber nytenking rundt vala, utan at det i første omgang blir innført obligatoriske ordningar gjennom lov. For å hauste nødvendige erfaringar som i sin tur kan danne grunnlag for eventuelle lovendringar, kan ein setje i verk forsøk. Forsøk kan gje svar på om vi bør gjere endringar i valordninga for å styrkje interessa for val og lokaldemokrati.

⁹ <http://www.venice.coe.int/webforms/documents/default.aspx?pdffile=CDL-AD%282007%29008-e>

Slike forsøk kan tenkjast å gjelde framgangsmåten ved valavviklinga. Her kan vi for eksempel nemne elektronisk avkryssing i manntalet. Eit anna tema for forsøk kan vere lågare røysterettsalder ved lokalval. Det kan også vere snakk om val av andre folkevalde organ enn dei som tradisjonelt blir valde ved direkte val, for eksempel ordføraren.

27.2.1 Avgrensingar

Lov av 26. juni 1992 nr. 87 om forsøk i offentlig forvaltning (forsøkslova) inneheld generelle reglar om forsøk i offentleg forvaltning. Forsøkslova regulerer både kva forsøka kan gå ut på, og korleis dei skal gjennomførast. Forsøkslova set grenser for kva slags regelverk det kan søkjast fritak frå. Lova kan ikkje brukast til å få fritak frå grunnleggjande føresegner i kommunelova om organisering av verksemda i kommunar og fylkeskommunar, og heller ikkje frå saksbehandlingsreglane i forvaltningslova. Ei viktig avgrensing ligg dessutan i at ein ikkje kan godkjenne forsøk som inneber å avgrense rettar eller utvide plikter som enkeltpersonar har etter den gjeldande lovgjevinga.

Prinsippa i forsøkslova skal leggjast til grunn ved forsøk etter vallova. Det er såleis ikkje mogleg å gje løyve til forsøk som er i strid med dei grunnleggjande prinsippa i vallova.

Etter vallova § 15-1 andre ledd kan Kongen fastsetje nærmare vilkår for forsøket og gjennom det bestemme kva lovføresegner det kan gjerast avvik frå. Myndigheita til Kongen er delegert til Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Saker som inneber avvik frå grunnleggjande føresegner i vallova, som forsøk med nedsett røysterettsalder ved lokalval, skal likevel avgjerast av Kongen i statsråd.

27.2.2 Søknader

Forsøka etter vallova § 15-1 kan byggje på søknader frå kommunane. Forsøka må godkjennast av Kongen (departementet). I samband med godkjenninga må det utarbeidast eigne forskrifter for gjennomføringa av forsøket. Det må i forskrifta stå kva føresegner som skal gjelde i staden for føresegner i gjeldande vallov og valforskrift, eller som gjer tilføyingar eller presiseringar til desse.

27.3 Berekning av fristar

Vallova § 15-5 fastset reglar om å berekne og halde fristar.

I første og andre ledd er det gjeve reglar om dei tilfella der fristar er knytte til faste datoar og dei fell på ein laurdag eller ein heilagdag. Er den aktuelle laurdagen eller heilagdagen utgangspunktet for fristen, begynner fristen å gå frå den nærmast påfølgjande kvardagen. Er datoen for når fristen går ut, ein laurdag eller ein heilagdag, går fristen ut den nærmast påfølgjande kvardagen.

Vallova § 15-5 tredje ledd slår fast at dersom ein dato som er det tidlegaste eller seinaste tidspunktet for ei handling etter lova, fell på ein laurdag eller ein heilagdag, kan den aktuelle handlinga tidlegast utførast den nærmast påfølgjande kvardagen. Tilsvarande gjeld der det seinaste tidspunktet for ei handling fell på ein laurdag eller ein heilagdag. Her må den aktuelle handlinga seinast vere utført på den sist påfølgjande kvardagen.

Dette inneber at dersom 31. mars fell på ein laurdag eller ein søndag, går

innleveringsfristen for listeforslag ut måndag 1. april. Fell 31. mars på skjærtorsdag, langfredag, påskeaftan, 1. eller 2. påskedag, kan listeforslag leverast inn 3. påskedag.

27.3.1 Oversitting

Ifølgje § 15-5 fjerde ledd kan ei melding, ei erklæring eller ei klage som blir gjeven etter at ein frist har gått ut, berre behandlast dersom årsaka til at ein leverer etter fristen, er forhold som den som pliktar å halde fristen, ikkje hadde herredømme over eller kunne føresjå.

For eksempel kan ein godta at nokon har gått over fristen, der lova krev at ei klage skal vere komen inn til valstyret eller fylkesvalstyret innan eit bestemt tidspunkt, i dei tilfella der grunnen er forseinka postgang, jf. eksempelvis §§ 13-1 andre ledd og 13-2 andre ledd. Også feilinformasjon frå offentlege myndigheiter som har som ei av sine oppgåver å gje opplysningar om reglane i vallova, må aksepterast som ein relevant orsaksgrunn. Eiga villfaring når det gjeld reglane i vallova, kan ein derimot normalt ikkje godta som orsaksgrunn.

27.4 Utgiftene ved stortingsval

Det følgjer av vallova § 15-9 at statskassen dekkjer utgifter til den lovpålagde verksemda til kommunane og fylkeskommunane ved stortingsval.

Kommunane får dekt utgiftene gjennom inntektssystemet. Innlemminga i inntektssystemet inneber at dei enkelte kommunane ikkje får refundert utgiftene sine etter faste satsar, men at beløpet blir fordelt mellom kommunane og fylkeskommunane etter kostnadsnøkkelen i inntektssystemet for kommunane og fylkeskommunane.

28 ANNA LOVGJEVING SOM GJELD FOR VAL

28.1 Forvaltningslova og offentleglova

28.1.1 Innleiing

Forvaltningslova har føresegnar om saksbehandlinga i offentleg verksemd. Lova gjeld for verksemd som blir driven av forvaltningsorgan «*når ikke annet er bestemt i eller i medhold av lov*», jf. § 1.

Offentleglova har føresegnar om offentlegheit av saksdokumenta i forvaltninga. Etter § 2 gjeld lova for staten, kommunane og fylkeskommunane.

Utgangspunktet er at føresegnene i forvaltningslova og offentleglova gjeld for dei organa som har fått myndigheit etter vallova. Når ei konkret tolking av vallova leier til løysingar som vik frå dei alminnelege føresegnene i forvaltningslova eller offentleglova, går løysinga i vallova føre.

28.1.2 Offentlegheit

Vallova har få reglar som direkte gjeld offentlegheit. Dei aktuelle føresegnene gjeld:

- utlegging av manntalet til offentlig gjennomsyn (§ 2-6)
- utlegging av listeforslaga til ettersyn etter kvart som dei kjem inn (§ 6-6 første ledd)
- offentliggjeriing av godkjende vallister (§ 6-7)
- teieplikt om røystegjevinga til enkeltpersonar (§ 15-4 andre ledd, § 8-4 åttande ledd og § 9-5 femte ledd)
- forbod mot å gje opplysningar om røystesetelforbruk (§ 8-5 andre ledd og § 9-4 andre ledd)
- tilgang til manntalet og valmateriellet elles (§ 15-3)
- forbod mot å offentliggjere valresultat og prognosar som er laga på grunnlag av undersøkingar som er utførte den søndagen eller måndagen valet går føre seg, før tidlegast måndag klokka 21.00 (§ 9-9)

Valforskrifta § 13 slår fast at opplysningar om kven som har skrive under på eit listeforslag etter vallova § 6-3 andre ledd, er underlagde teieplikt. Dette er opplysningar om «*noens personlige forhold*», jf. forvaltningslova § 13 første ledd nr. 1. Oversikter over namna til underskrivarane kan derfor ikkje leverast ut til pressa eller andre. Derimot skal opplysningar om kven som er tillitsvalde for listeforslaga, reknast som offentlege opplysningar.

Vallova har ingen føresegner som regulerer saksbehandlinga i valstyre og fylkesvalstyre. Desse organa er folkevalde organ etter kommunelova, og er følgjeleg regulerte av føresegnene om saksbehandling i denne lova (kommunelova kapittel 11), inkludert § 11-5 om opne eller lukka dører.

28.1.3 Innsyn i søknad om fritak frå å stå på valliste

Forslagsstillarane er part i saka, og dei har derfor innsynsrett i søknader frå kandidatar om fritak, jf. forvaltningslova § 18. Elles kan ein få partsstatus og dermed innsynsrett ved klage. Etter vallova § 13-2 kan alle som har røysterett i vedkomande fylke/kommune, klage på vedtak ved fylkestingsval/kommunestyreval.

28.1.4 Offentlegheit i samband med oppteljing av røyster

Utgangspunktet er at oppteljinga skjer i eit møte som i utgangspunktet er ope. Likevel har ikkje publikum uavgrensa tilgang til å vere til stades under oppteljinga. Personar kan visast vekk dersom dei opptrer på ein måte som verkar forstyrrande på ei forsvarleg gjennomføring av oppteljinga. Dersom møta i valstyret/fylkesvalstyret skal lukkast, må det heimlast i kommunelova § 11-5.

28.1.5 Innsyn i røystesetlane

Røystesetlar som er nytta ved røystegjevinga, er ikkje offentlege etter vallova, jf. § 15-3 andre ledd.

28.1.6 Inhabilitet

Utgangspunktet er at føresegnene i forvaltningslova kapittel II gjeld for dei organa som har fått myndigheit etter vallova. Når ei konkret tolking av vallova leier til løysingar som vik frå dei alminnelege føresegnene i forvaltningslova, går løysinga i vallova føre.

Valstyret og fylkesvalstyret består av folkevalde medlemmer. Det vil vere ein normalsituasjon at medlemene er politisk aktive, eller til og med listekandidatar. Det fører ikkje i seg sjølv til at medlemen er inhabil til å delta i generelle avgjerder, som godkjenning av sjølve vallistene, prøving og oppteljing av røyster eller godkjenning av valoppgjeret. Medlemen er likevel inhabil til å delta i enkeltavgjerder som gjeld om ein sjølv eller nokon nærstående kan veljast, eller søknader om fritak.

I enkeltsaker elles kan det liggje føre forhold som kan vere eigna til å svekkje tilliten til at ein medlem er upartisk. Som eit eksempel kan vi nemne sterke motsetnads- eller avhengigheitsforhold. Om dette er «*særegne forhold*» som etter forvaltningslova § 6 andre ledd kan føre til inhabilitet, må vurderast i kvart enkelt tilfelle.

I eit tilfelle der eit parti har levert liste etter at fristen i vallova har gått ut, har departementet gått ut frå at ein medlem av valstyret som var vald frå dette partiet, ikkje var inhabil til å delta i møte der listene vart vurderte for godkjenning.

Spørsmåla om inhabilitet må vurderast etter dei same reglane for medlemmer i røystestyret som for medlemmer i valstyret.

28.2 Straffelova

Vallova har ikkje eigne straffeføresegner. Eventuelle brot på føresegnene i lova blir fanga opp av straffelova kapittel 19 (om vern av offentlig myndigheit og tilliten til henne).

28.2.1 Kjøp og sal av røyster og utilbørleg røystepåverknad

Straffelova §§ 151 og 152 handlar om det som tradisjonelt blir kalla kjøp og sal av røyster.

§ 151 rammar det å forsettleg bruke truslar eller yte fordelar til nokon for å få dei til å røyste i ei bestemd retning eller å la vere å røyste. Den straffbare handlinga er fullbyrda allereie når trusselen eller fordelan er gjeven eller lova. Det er ikkje noko krav at mottakaren reint faktisk endrar røystegjevinga si eller avstår frå å røyste.

§ 151 tredje ledd handlar om den som på rettsstridig måte syter for eller medverkar til at ein som har røysterett, reint faktisk ikkje får røysta eller røystar annleis enn tilsikta. Eit eksempel kan vere å opplyse om at vallokalet er ope til kl. 21.00, mens det faktisk stengjer kl. 18.00. Eit anna eksempel kan vere at gjerningspersonen syter for at eit køyretøy som ein veljar er avhengig av for å kome til vallokalet, ikkje startar eller ikkje er tilgjengeleg.

§ 152 rettar seg mot det å forsettleg røyste eller gje tilsegn om å røyste på ein viss måte

eller å avstå frå å røyste som følgje av at vedkomande har fått eller inngått avtale om ein fordel. Føresetnaden er at gjerningspersonen handlar annleis enn han eller ho elles ville ha gjort. Også for «røystesal» er handlinga fullbyrda i og med at avtalen blir inngått. Det er ikkje nødvendig at den aktuelle gjerningspersonen held avtalen.

28.2.2 Urettmessig valdeltaking

Straffelova § 153 rammar det å forsettleg skaffe seg høve til å røyste, trass i at gjerningspersonen ikkje har den retten, og personar som røystar i andre sitt namn eller røystar meir enn ein gong, såkalla urettkomen valdeltaking.

Normalt skjer det ved at ein gjev uriktige opplysningar om for eksempel alder eller bustad. Straffebodet gjeld også det å skaffe seg rett til å røyste i ein annan krins. Det gjeld også om nokon ved ein feil er manntalsført med rett til å røyste, og røystar vitande om feilen.

Også det å snike seg til eit høve til å røyste er straffbart. Det kan for eksempel skje ved at ein får høve til å røyste utan å bli kontrollert mot manntalet. Forholdet er i slike tilfelle straffbart sjølv om gjerningspersonen materielt sett hadde rett til å røyste. Det er også straffbart dersom ein person som ved ein feil ikkje er blitt kryssa av i manntalet, nyttar seg av høvet til å røyste ein gong til. Det er tilstrekkeleg at gjerningspersonen reint faktisk har fått høve til å røyste. Normalt vil det seie at vedkomande har passert manntalskontrollen.

28.2.3 Etterfølgjande påverknad av valresultatet

Straffelova § 154 gjer det straffbart å påverke utfallet av valresultatet etter at røystene er gjevne.

Påverknad er å forsettleg opplyse om eit røystetal som ikkje stemmer med underlagsmaterialet, anten fordi ein bevisst oppgjev tal som ikkje samsvarer med oppteljingsresultatet, eller fordi det bevisst er talt feil. Føresegna omfattar også det å tilinkjesgjere røystesetlar eller å la vere å rekne med nokon av røystene som er gjevne. Det er ikkje eit krav at valresultatet er blitt offentleggjort, og det er heller ikkje eit krav at påverknaden har verka inn på det endelege utfallet av valet, for eksempel i form av ei annleis mandatfordeling.

28.3 Alkohollova

Etter endringa av alkohollova (endra ved lov 12. desember 2014 nr. 69 som tredde i kraft 1. januar 2015) § 3-4 tredje ledd er det ikkje lenger forbode å selje brennevin, vin og sterkøl på valdagen. Det same gjeld for sal og utlevering av øl, jf. alkohollova § 3-7 tredje ledd. Kommunestyret kan innanfor rammene i alkohollova sjølv vurdere kva salstider dei vil tillate på valdagen.

Spørsmål som gjeld reglane i alkohollova, må rettast til Helse- og omsorgsdepartementet.

28.4 Flagging på valdagane

Valdagen er offisiell flaggdag. I samsvar med forskrift om offisielle flaggdagar er valdagen ved stortingsval offisiell flaggdag¹⁰. Sjølv om det ikkje går fram direkte av

forskrifta, tilrår Utanriksdepartementet å flagge også på valdagen ved lokalval.

Eventuelle spørsmål som gjeld føresegnene om flagging på valdagen, må rettast til Utanriksdepartementet.

29 KYRKJEVAL

Det skal haldast kyrkjeval over heile landet, samtidig med kommunestyre- og fylkestingsvalet. Kyrkjevalet er ei fellesnemning på to val: Val til sokneråd (lokalt) og til bispedømmeråd (regionalt).

29.1 Regelverket for kyrkjevalet. Ansvar for gjennomføring av kyrkjevalet

Kyrkjevalet er regulert av reglar som er fastsette av Kyrkjemøtet med heimel i kyrkelova. Kyrkjerådet har utarbeidd ei eiga valhandbok for valmedarbeidarane som har ansvar for kyrkjevalet. Kyrkjerådet har også det generelle ansvaret for informasjon frå sentralt hald til veljarane.

Sokneråda har ansvaret for gjennomføringa av kyrkjevalet på lokalt nivå. Dei skal fungere som valstyre, og har som valstyre ansvaret for at valet blir gjennomført i samsvar med regelverket. Soknerådet skal fastsetje staden for røystegjevinga, oppnemne valfunksjonærar, skaffe utstyr og materiell, syte for gjennomføringa av valet og syte for oppteljing av røystesetlar.

29.2 Tid og stad for røystegjeving ved kyrkjevalet

Kyrkjeval skal haldast samtidig med kommunestyre- og fylkestingsvalet over heile landet. Soknerådet fastset kvar røystegjevinga skal skje ut frå lokale forhold og moglegheiter. Kyrkjevalet skal etter regelverket skje i «umiddelbar nærhet» av vallokala til kommunen, dersom det lèt seg gjennomføre. Der kyrkja ligg like ved vallokalet, vil det vere naturleg å bruke kyrkja eller eit anna kyrkjeleg lokale, men det er det opp til det enkelte soknerådet å ta stilling til. Elles kan det vere naturleg at kommunen stiller lokale til disposisjon til å halde kyrkjeval.

¹⁰ Forskrift om bruk av flagg § 4.

Dersom det er uforholdsmessig vanskeleg å halde kyrkjeval i alle vallokala der det blir halde kommunestyre- og fylkestingsval, kan bispedømmerådet innvilge dispensasjon frå krava om tid og stad for røystegjevinga ved kyrkjevalet. Det kan derfor skje at det ikkje er høve til å røyste til kyrkjevalet like ved alle vallokala der ein røystar til kommunestyre- og fylkestingsvalet.

Eit viktig vilkår for å kunne leggje lokalet like ved vallokale som blir nytta ved kommunestyre- og fylkestingsvalet, er at det blir inngått eit samarbeid mellom sokneråda og valstyret i kommunen. Mange stader skjer kommunestyre- og fylkestingsvalet i kommunale bygningar eller lokale, for eksempel rådhus eller skolar. Der det er naturleg og ikkje til hinder for det, kan kyrkjevalet leggjast til den same staden som kommunestyre- og fylkestingsvalet, det vil seie den same bygninga eller bygningskomplekset. Kyrkjevalet må likevel vere tydeleg åtskilt frå kommunestyre- og fylkestingsvalet. Ei tenkjeleg løysing i slike tilfelle kan vere at ein har felles inngang til vallokala, men at røystegjevinga skjer i åtskilte rom.

Departementet tilrår som hovudregel ikkje å leggje røystegjevinga til kyrkjevalet til det same rommet, med mindre rommet er spesielt eigna, for eksempel i ein stor gymsal. Dersom ein kjem til at det er mogleg å røyste i same rom, må rommet innreias slik at ein unngår samanblanding. Rommet må vere så stort at ein kan røyste til kvart val utan at det oppstår praktiske vanskar. Det må vere separate avlukke og røystestyrebord, og røstesetlane for kvart val må leggjast ut på ein slik måte at det ikkje oppstår fare for samanblanding. Rommet må vere utstyrt med klar og tydeleg informasjon til veljarane. Det må vere forskjellige personar som utfører oppgåver i samband med høvesvis kommunestyre-/fylkestingsvalet og kyrkjevalet. Både soknerådet og valstyret/røystestyret må sjå til at det ikkje oppstår noko uklårt eller samanblanding av kyrkjevalet og lokalvala.

29.3 Samarbeid mellom valmyndigheitene og sokneråda i kommunane Det er ein føresetnad at gjennomføringa av kyrkjevalet ikkje rører ved organ og administrativt personell som deltek i førebuinga og gjennomføringa av kommunestyre- og fylkestingsvalet, på ein slik måte at avviklinga av desse vala blir vanskeleggjord.

Sjølv om kommunane formelt sett ikkje er forplikta til å hjelpe til ved gjennomføringa av kyrkjevalet, tilrår departementet å samarbeide med sokneråda. Kommunane bør prøve å yte praktisk hjelp, men på ein slik måte at det ikkje går ut over gjennomføringa av kommunestyre- og fylkestingsvalet. Det er viktig å finne fram til gode, konkrete løysingar som sikrar ei best mogleg gjennomføring av vala, tilpassa lokale forhold. Det er samtidig viktig at røystestyret og andre valfunksjonærar til kommunestyre- og fylkestingsvalet ikkje samtidig har oppgåver ved kyrkjevalet. Dersom kommunen ønskjer å medverke med personell til å ta imot røyster ved kyrkjevalet, bør ein peike ut andre personar enn dei som har tilsvarande oppgåver ved kommunestyre- og fylkestingsvalet. Kommunane kan stille røysteavlukke og valurner til disposisjon for sokneråda, så lenge det ikkje fører til ulemper for avviklinga av kommunestyre- og fylkestingsvalet.

Når det gjeld den praktiske avviklinga av vala, bør ein leggje opp til ordningar som har omsynet til veljarane i fokus, slik at forholda blir lagde best mogleg til rette for veljarane. Det tilseier at ein bør arbeide for å medverke til at vallokala for kyrkjevalet kan leggjast i tilknytning til vallokala for kommunestyre- og fylkestingsvalet. På den måten kan veljarane røyste til både kommunestyre- og fylkestingsvalet og kyrkjevalet utan altfor store praktiske vanskar. Det er likevel ein føresetnad at vala blir haldne klart åtskilde frå kvarandre og ikkje blir blanda saman.

Det er viktig å etablere gode rutinar lokalt for å få til ei god gjennomføring av vala. Det betyr mellom anna å gje god opplæring og informasjon til røystestyra og til dei som tek imot røyster til kyrkjevalet.